



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Forvaltningsstyret  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Rådhuset  
**Dato:** 14.01.2016  
**Tid:** 15:00

Medlemer som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlem kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Varamedlemer får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.



## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 1/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 2/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 3/16	<b>Søknad om dispensasjon frå § 29-2 i pbl, gbr 45/5</b>
PS 4/16	<b>Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel</b>
PS 5/16	<b>Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan, naust Lid, gbr 4/3 og 4/23</b>
PS 6/16	<b>Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan frådeling hyttetomt gbnr 42/2 Årset</b>
PS 7/16	<b>Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan frådeling hyttetomter Helset gbr 92/3</b>
PS 8/16	<b>Saksframlegg- dispensasjon frå kommunedelplan, frådeling hyttetomt gbr 107/1 Folkestad</b>
PS 9/16	<b>Saksframlegg - Dispensasjon frå kommunedelplan frådeling av bustadtomt gbnr 152/9 Lauvstad</b>
PS 10/16	<b>Saksframlegg- Dispensasjon frå kommunedelplan frådeling av bustadtomt gbnr 167/5 Velsvika</b>
PS 11/16	<b>Spelemiddelsøknader 2016 - Kommunal handsaming</b>
PS 12/16	<b>1519 gbr 167/5 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigeedom - Arne Velsvik</b>

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2008/1701

Arkivkode: 45/5

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

3/16

Forvaltningsstyret

14.01.2016

### SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ § 29-2 I PBL, GBR 45/5

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsstyret finn at vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 ikkje er oppfylt. Søknad om dispensasjon frå pbl § 29-2 og endringssøknad vert derfor ikkje imøtekome.
2. Med heimel i forvaltningslova § 42 vert vedtaket gitt utsettande verknad til klagefristen er ute.
3. Når endeleg vedtak om avslag evt ligg føre, vil det vert sendt ut pålegg om endring.

#### Vedleggsliste:

Vedtak i Forvaltningsstyret den 08.04.2014, sak 17/14

Saksframlegg m/vedlegg til Forvaltningsstyret den 08.04.2014, sak 17/14

#### Saksopplysningar:

Saka vart utsett i Forvaltningsstyret den 08.04.2014. Ein part i saka har no etterlyst framdrift. Vi set opp saka igjen med same tilråding som sist og visar til førre saksframlegg for nærare opplysningar og vurderingar.

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Kjell Arne Aurstad

K.A. Aurstad AS

Per Mulvik AS

Adv. Johs A. Aspehaug

Adv. Bjørn Kristian Hove

Kirsten Engeset

Møyfrid Wollmann

Frida Åmbakk

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POSTI «POSTSTED»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2008/1701	3498/2014	45/5	SVK/ US	10.04.2014

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ  
PARAGRAF 29-2 I PBL**

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 08.04.14, hadde føre ovannemnde som sak 17/14, der det vart gjort slikt vedtak:

***Saka vert utsett.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand  
sekretær

Kopi til:  
Sektorsjef for Utvikling Jørgen Vestgarden

## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Jørgen Vestgarden	Arkivsak nr.:	2008/1701
		Arkivkode:	45/5

---

**Utvalsaksnr** 17/14  
**Utval** Forvaltningsstyret

**Møtedato**  
08.04.2014

### Søknad om dispensasjon frå pbl § 29-2

#### **Handsaming:**

Lars Barstad kom med fylgjande alternativt framlegg:

*Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 gir vi Kjell Arne Aurstad dispensasjon frå kravet til estetisk utforming etter PBL § 29-2 for det oppførde naustet i Geitvika.*

#### **Begrunning:**

*Saka er behandla av fylkesmannen som meinte at naustet var oppført i strid med krava til estetisk utforming etter pbl 29-2. Kommunen vurderte saka som ikkje i strid med same lov.*

*Det er ikkje ulemper med tiltaket hverken for naboar eller miljø.*

*Det er også reist kritikk av fylkesmannens vedtak i ettertid. Byggesak Norge skriv blant anna: Eg finner at fylkesmannens vedtak lider av så store mangler at vedtaket kan anses som ugyldig.*

Gerd Nakken kom med fylgjande framlegg:

*Saka vert utsett.*

#### **Røysting:**

Utsettingsframlegget frå Gerd Nakken vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.04.2014**

*Saka vert utsett.*

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Forvaltningsstyret finn at vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 ikkje er oppfylt. Søknad om dispensasjon frå pbl § 29-2 og endringssøknad vert derfor ikkje imøtekome.*

2. *Med heimel i forvaltningslova § 42 vert vedtaket gitt utsettande verknad til klagefristen er ute.*
3. *Når endeleg vedtak om avslag evt ligg føre, vil det vert sendt ut pålegg om endring.*

**Vedleggsliste:**

DFP-sak 000/02

DS BO 0054/04 m/vedlegg, datert 17.03.2004

Søknad om endring av løyve m/vedlegg, datert 15.04.2009

Avslag og varsel om pålegg, datert 04.11.2009

Klage på vedtak om avslag, datert 24.11.2009

Vedtak i Forvaltningsstyret, datert 24.03.2010

Klage på vedtaket i Forvaltningsstyret, datert 08.04.2010

Oversending av vedtak til Fylkesmannen, datert 19.11.2010

Vedtak av Fylkesmannen, datert 12.05.2011

Referat frå møte med tiltakshavar, datert 25.05.2011

Vedkjem endring av naust, datert 17.06.2011

Fylkesmannen sitt svar på krav om omgjerung av vedtak, datert 12.03.2012

Orientering og varsel om pålegg, datert 15.06.2012

Svar på varsel om pålegg, datert 01.08.2012

Brev frå advokat Hove, datert 18.06.2013

Svar frå Sivilombudsmannen, datert 09.11.2012

Gjeld varsel om pålegg, datert 24.06.2013

Epost frå Per Mulvik AS, datert 24.09.2013

Epost frå Volda kommune, datert 30.09.2013

Søknad om endring av løyve m/vedlegg, datert 15.11.2013.

Epost med utfyllande kommentarar til dispensasjonssøknad, datert 17.02.2014

**Uprenta saksvedlegg:**

Resterande dokument i saka

**Samandrag av saka:**

Tiltakshavar søker om endring av gitt løyve og dispensasjon frå pbl § 29-2 (Visuelle kvalitetar). Ein tilrår at det vert gitt avslag da vilkåra for å gi dispensasjon ikkje er oppfylt.

Tiltakshavar har fått avslag på dette tidlegare og søker på nytt. I prinsippet er dette ny handsaming av dei same forholda som det er søkt om tidlegare, og som fylkesmannen ved klagehandsaming har gjeve avslag på.

Når sakshandsaminga i ein søknad er ført heilt til endes med full klageprøving, så vil det også vere grunnlag for å avvise saka. Eit ev avvissingsvedtak vil vere enkeltvedtak som det kan klagast på. Rådmannen har skissert dette som eit alternativ, men har likevel rådd til å følgje alternativet der søknaden vert realitetshandsama.

**Saksopplysningar:**

22.06.2009 får kommunen ein søknad om endring av løyve, datert 15.04.2009.



04.11.2009 vert det gitt avslag på søknaden om endring.

27.11.2009 får kommunen inn klage på vedtaket om avslag frå tiltakshavar. Naboar klagar også på vedtaket.

24.03.2010 handsamar Forvaltningsstyret klagene og omgjer opphavleg vedtak. Tiltakshavar får løyve til å bygge som omsøkt.

09.04.2010 får kommunen klage frå naboar på vedtaket frå Forvaltningsstyret.

19.11.2010 vert saka sendt over til Fylkesmannen etter at Forvaltningsstyret ikkje finn grunn til å endre vedtaket.

12.05.2011 opphevar Fylkesmannen kommunen sitt vedtak og avslår søknaden.

25.05.2011 vert det i møte med tiltakshavar lagt fram 2 alternativ frå kommunen. Enten vert naustet endra slik at det vert i samsvar med teikningar av opphavleg godkjent naust i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004. Da vil det heller ikkje verte krav til ny byggesøknad sidan byggeløyvet framleis er gyldig. Alternativet er at naustet vert endra, og at det søkast på nytt om endring av løyve.

20.06.2011 får kommunen beskjed om at tiltakshavar vil søkje om endring av løyve.

25.10.2011 ber tiltakshavar via sin advokat om at Fylkesmannen omgjer sitt eige vedtak med grunngeving om at vedtaket er ugyldig.

12.03.2012 finn Fylkesmannen ikkje grunnlag for å omgjere sitt eige vedtak.

15.06.2012 sender kommunen ut varsel om pålegg til tiltakshavar.

06.08.2012 får kommunen beskjed om at saka er sendt til Sivilombudsmannen. Det vert bedt om at kommunen avventar vidare pålegg om endring til svar frå Sivilombudsmannen ligg føre og kommunen vel å avvente vidare oppfølging til svar ligg føre.

18.06.2013 får kommunen beskjed frå advokaten til naboane at saka er avslutta hjå Sivilombudsmannen som konkluderte med at det ikkje var tilstrekkelig grunn til å undersøkje saka nærare.

24.06.2013 gir kommunen beskjed til tiltakshavar at tidlegare utsendt varsel om pålegg framleis gjeld, men ny frist for søknad om endring av løyve, eller opphøring av det ulovlege forholdet vert satt til 01.10.2013.

24.09.2013 vert det bedt om utvida frist til 15.11.2013 og kommunen aksepterar dette.

18.11.2013 får kommunen søknad om endring av løyve.

### **Vurdering og konklusjon:**

Søknad om endring er stempla inn 18.11.2013, mens fristen for å levere inn søknad i ettertid var satt til 15.11.2013. Ein har likevel valt å leggje fram søknaden sidan oversittinga av fristen ikkje hadde noko å seie i praksis.

#### Alternativ handsaming:

- Avvise sak på bakgrunn at same søknad tidlegare er prøvd heilt opp til endeleg handsaming ved fylkesmannen som klageinstans. Fylkesmannen av slo dispensasjon, og når føresetnadene ikkje er endra, så vil det vere grunnlag for å avvise saka. Eit ev avvisingsvedtak kan påklagast.
- Handsame søknaden og godkjenne dispensasjon. Rådmannen finn ikkje å tilrå godkjenning av dispensasjon slik det er søkt om ettersom ein ikkje finn grunnlag for det i lovgjevinga, og at dette så tydeleg også er statuert i fylkesmannen si klagehandsaming tidlegare.
- Handsame søknaden og ikkje imøtekome dispensasjon. Dette er det rådmannen rår til i saka og viser til nærare utgreiing nedanfor.

Pbl § 19-2 gir kommunen høve til å dispensere frå lova og føresegner gitt i medhald av lova. Det er likevel nokon føresetnader for at dispensasjon kan verte gitt:

Omsynet til føresegna det vert dispensert frå, eller føremålsparagrafen i lova, ikkje verte vesentlig tilsidesett. Fordelane ved dispensasjon skal vere klart større enn ulempene.

Det er presisert i nyare forvaltningsavgjersle, til dømes saker hjå Sivilombudsmannen, at dispensasjonsvurderinga skal skje i den rekkefølgja som lova fastset. Viss omsynet til føresegna vert vesentleg tilsidesett er det ikkje naudsynt å vurdere fordelar og ulemper.

Viss ein no først ser på føresegna det vert søkt om dispensasjon frå, pbl § 29-2;

*Et hvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.*

Fylkesmannen sitt vedtak, datert 12.05.2011 har ei god og grundig utgreiing om visuelle kvalitetar;

*(...)Etter føresegna vil vurderingstemaet vere tiltakets eigne visuelle kvalitetar og tiltakets visuelle konsekvensar for dei naturgitte og bygde omgivnadane. I vurderinga skal ein ta utgangspunkt i objektive, faglige kriterium som volum, dimensjoner, formuttrykk og materialbruk, jf. rundskriv H-20/89 frå Kommunaldepartementet.*

*Standarden som stilles er at tiltaket skal tilfredsstillе "rimelige skjønnhetsshensyn". Ordlyden vart skjerpa ved tilføyinga av eit nytt andre punktum i 1995. Det er her bestemt at tiltak som er omfatta av plan- og bygningsloven skal ha ei god estetisk utforming. I rundskriv H-7/97 frå Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet er det lagt til grunn at denne innskjerpinga inneber at føresegna vil ramme tiltak som ikkje gir eit positivt visuelt inntrykk.*

*Det omsøkte tiltaket er plassert i Geitvika, eit område lagt ut som Landbruk-, natur-, og friluftområde (LNF) i kystsonedelplanen for Volda kommune, eigengodkjent 30.01.03. Tiltaket er søkt oppført med bruksformålet naust. Det ligg tre andre naust i Geitvika. Nausta har ein tradisjonell kubisk form og ei grunnflate på om lag 40m<sup>2</sup>. Nausta er utforma med enkelt saltak og er fargesatt i jordfargar.*

*Det omsøkte tiltaket har ein L-form, beståande av to delar i to etasjar. Ein naustdel og ein loftsdel. Naustdelen har ei grunnflate på 50m<sup>2</sup> som saman med loftsdelen gjer at naustet får eit bebyggt areal på 58m<sup>2</sup>. Det omsøkte tiltaket har saltak på to nivå ved at mønet i loftsdelene er heva og forskyve i forhold til mønet i naustdelen. Tiltaket er betydeleg høgare enn eksisterande naust i Geitvika. Loftsdelene er utforma med ark i vestenden. Tiltaket er søkt oppført med torvtak og fargesatt med brun beis.*

*Det omsøkte tiltaket ligg noko høgare enn dei andre nausta i Geitvika og ligg opent til. Tiltaket vert dermed synleg frå store delar av indre Austeffjorden. Dette skjerpar krava til estetikk.*

*I vedlegg E-1 til søknaden har tiltakshavar gjort greie for tiltakets utforming og funksjon. Tiltakshavar viser til at tiltaket er plassert høgare enn eksisterande naust av omsyn til tryggleik mot naturpåkjenningar og at volumverknadane av bygget er søkt redusert ved å bryte opp fasadane. I aust følgjer fasaden terrenget og i vest er fasaden broten opp med ein ark. Fylkesmannen ser at terrengetilpassing mot aust er med på å redusere volumverknadane av bygget sett frå denne sida. Det er likevel vestsida av tiltaket som er mest eksponert og som får størst betyding for tiltakets visuelle kvaliteter.*

*Det er frå vestsida av tiltaket at bygningskroppens form, arka og det oppløfta taket vert mest synleg. Det er denne sida av tiltaket som skil seg mest frå dei andre nausta i Geitvika. Tiltaket har vidare eit vesentleg større volum enn eksisterande naust i Geitvika. Kombinasjonen av ein utkraga andre etasje og bruken av ark gjer at vestfasaden får eit meir vertikalt preg som forsterkar volumverknaden av tiltaket.*

*Etter Fylkesmannens syn gjer skilnadene i utforming frå dei andre nausta i Geitvika at tiltaket skil seg ut på ein uheldig måte. Desse skilnadane vert ytterlegare forsterka av tiltakets store volum og får større betyding som følgje av tiltakets eksponerte plassering. Visuelt sett vert tiltaket dominerande i forhold til den smålåtne byggestilen som gjeld i Geitvika.(...)*

Ettersom det på nytt vert søkt om dispensasjon basert på dei same føresetnadene som gjaldt sist saka vart handsama, så ser ein ikkje at Volda kommune sin administrasjon kan ha grunnlag for å overprøve dei vurderingane som fylkesmannen gjorde i tidlegare handsaming. Fylkesmannen oppsummert der med at føresegna det vart søkt dispensasjon frå vert vesentleg tilsidesett. Første føresetnad for å kunne gi dispensasjon er dermed ikkje tilstades, og ein finn ikkje grunn til å gå inn i vurderinga av om fordelane er klart større enn ulempene.

Fylkesmannen sitt vedtak er basert på føresegna § 74-2 i den gamle pbl 85. § 29-2 i ny pbl 08 er sett på som ei vidareføring, og truleg også ei skjerpning, av denne paragrafen.

Denne saka trekt ut i tid. Det har vore fleire rundar med sakshandsaming i kommunen før den gjekk til Fylkesmannen. Fylkesmannen var på synfaring før det vart gjort endeleg vedtak. Tiltakshavar bad Fylkesmannen vurdere omgjerding av eige vedtak, men konklusjonen vart

den same. Etter det vart saka klaga inn for Sivilombudsmannen som konkluderte med at det ikkje var tilstrekkelig grunn til å undersøkje saken nærare og avslutta saka frå deira hold. Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast vidare. Tiltakshavar søker likevel om nøyaktig det same tiltaket som fekk avslag hjå Fylkesmannen.

Dersom det ikkje vert gitt dispensasjon må naustet verte endra slik at det vert i samsvar med teikningar av opphavleg godkjent naust. Sidan det vil vere store økonomiske konsekvensar for tiltakshavar bør eit pålegg om endring kome i etterkant av ein evt klagehandsaming. I første omgang vert derfor rådd til vedtaket ikkje settast i verk før klagefristen er ute, jf forvaltningslova § 42. Ved ei evt klagehandsaming vil det vere ei tilråding om utsett verknad til klaga er endeleg avgjort. Samstundes bør ein ikkje opne for nye rundar med endringssøknadar. Før dispensasjonssøknaden vart sendt inn var det eit ønskje frå tiltakshavar om eit møte med kommunen. I møte la tiltakshavar fram sin søknad og vi kom klart råd om endre søknaden slik at det ikkje vart søkt i praksis det same som søkt om tidlegare. Tiltakshavar valte ikkje å følgje dette rådet.

Eit endeleg vedtak om avslag vil innebere at naustet må endrast så snart vedtaket ligg føre. Denne utsendinga er å rekne som eit varsel om pålegg, jf forvaltningslova § 16 om at tiltakshavar skal ha førehandsvarsel før eit pålegg vert gitt.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen vesentlege.

**Økonomiske konsekvensar:**

Viss vedtaket vert påklaga og endra av Fylkesmannen til gunst for ein part, må kommunen dekke evt saksomkostningar som har vert naudsynte for å få endra vedtaket. Det vil også vere ein økonomisk kostnad for tiltakshavar å endre eksisterande naust til opphavleg godkjent naust.

Grunna desse økonomiske konsekvensane bør vedtaket ikkje settast i verk før klagefristen er ute, jf forvaltningslova § 42.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen vesentlege.

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

**Utskrift til orientering:**

Kjell Arne Aurstad  
Adv. Johs A. Aspehaug  
Adv. Bjørn Kristian Hove  
Nick Engeset



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Jørgen Vestgarden	Arkivsak nr.:	2008/1701
		Arkivkode:	45/5

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
	Forvaltningsstyret	08.04.2014

### Søknad om dispensasjon frå pbl § 29-2

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsstyret finn at vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 ikkje er oppfylt. Søknad om dispensasjon frå pbl § 29-2 og endringssøknad vert derfor ikkje imøtekome.
2. Med heimel i forvaltningslova § 42 vert vedtaket gitt utsettande verknad til klagefristen er ute.
3. Når endeleg vedtak om avslag evt ligg føre, vil det vert sendt ut pålegg om endring.

**<<Skriv innstilling ovanfor denne teksten – ikkje slett denne meldinga – den kjem ikkje med på utskrifta>>**

#### Vedleggsliste:

DFP-sak 000/02  
DS BO 0054/04 m/vedlegg, datert 17.03.2004  
Søknad om endring av løyve m/vedlegg, datert 15.04.2009  
Avslag og varsel om pålegg, datert 04.11.2009  
Klage på vedtak om avslag, datert 24.11.2009  
Vedtak i Forvaltningsstyret, datert 24.03.2010  
Klage på vedtaket i Forvaltningsstyret, datert 08.04.2010  
Oversending av vedtak til Fylkesmannen, datert 19.11.2010  
Vedtak av Fylkesmannen, datert 12.05.2011  
Referat frå møte med tiltakshavar, datert 25.05.2011  
Vedkjem endring av naust, datert 17.06.2011

Fylkesmannen sitt svar på krav om omgjerung av vedtak, datert 12.03.2012  
Orientering og varsel om pålegg, datert 15.06.2012  
Svar på varsel om pålegg, datert 01.08.2012  
Brev frå advokat Hove, datert 18.06.2013  
Svar frå Sivilombudsmannen, datert 09.11.2012  
Gjeld varsel om pålegg, datert 24.06.2013  
Epost frå Per Mulvik AS, datert 24.09.2013  
Epost frå Volda kommune, datert 30.09.2013  
Søknad om endring av løyve m/vedlegg, datert 15.11.2013.  
Epost med utfyllande kommentarar til dispensasjonssøknad, datert 17.02.2014

### **Uprenta saksvedlegg:**

Resterande dokument i saka

### **Samandrag av saka:**

Tiltakshavar søker om endring av gitt løyve og dispensasjon frå pbl § 29-2 (Visuelle kvalitetar). Ein tilrår at det vert gitt avslag da vilkåra for å gi dispensasjon ikkje er oppfylt.

Tiltakshavar har fått avslag på dette tidlegare og søker på nytt. I prinsippet er dette ny handsaming av dei same forholda som det er søkt om tidlegare, og som fylkesmannen ved klagehandsaming har gjeve avslag på.

Når sakshandsaminga i ein søknad er ført heilt til endes med full klageprøving, så vil det også vere grunnlag for å avvise saka. Eit ev avvisingsvedtak vil vere enkeltvedtak som det kan klagast på. Rådmannen har skissert dette som eit alternativ, men har likevel rådd til å følgje alternativet der søknaden vert realitetshandsama.

### **Saksopplysningar:**

22.06.2009 får kommunen ein søknad om endring av løyve, datert 15.04.2009.

04.11.2009 vert det gitt avslag på søknaden om endring.

27.11.2009 får kommunen inn klage på vedtaket om avslag frå tiltakshavar. Naboar klagar også på vedtaket.

24.03.2010 handsamar Forvaltningsstyret klage og omgjer opphavleg vedtak. Tiltakshavar får løyve til å bygge som omsøkt.

09.04.2010 får kommunen klage frå naboar på vedtaket frå Forvaltningsstyret.

19.11.2010 vert saka sendt over til Fylkesmannen etter at Forvaltningsstyret ikkje finn grunn til å endre vedtaket.

12.05.2011 opphevar Fylkesmannen kommunen sitt vedtak og avslår søknaden.

25.05.2011 vert det i møte med tiltakshavar lagt fram 2 alternativ frå kommunen. Enten vert naustet endra slik at det vert i samsvar med teikningar av opphavleg godkjent naust i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004. Da vil det heller ikkje verte krav til ny byggesøknad sidan byggeløyvet framleis er gyldig. Alternativet er at naustet vert endra, og at det søkast på nytt om endring av løyve.

20.06.2011 får kommunen beskjed om at tiltakshavar vil søkje om endring av løyve.

25.10.2011 ber tiltakshavar via sin advokat om at Fylkesmannen omgjer sitt eige vedtak med grunngeving om at vedtaket er ugyldig.

12.03.2012 finn Fylkesmannen ikkje grunnlag for å omgjere sitt eige vedtak.

15.06.2012 sender kommunen ut varsel om pålegg til tiltakshavar.

06.08.2012 får kommunen beskjed om at saka er sendt til Sivilombudsmannen. Det vert bedt om at kommunen avventar vidare pålegg om endring til svar frå Sivilombudsmannen ligg føre og kommunen vel å avvente vidare oppfølging til svar ligg føre.

18.06.2013 får kommunen beskjed frå advokaten til naboane at saka er avslutta hjå Sivilombudsmannen som konkluderte med at det ikkje var tilstrekkelig grunn til å undersøkje saka nærare.

24.06.2013 gir kommunen beskjed til tiltakshavar at tidlegare utsendt varsel om pålegg framleis gjeld, men ny frist for søknad om endring av løyve, eller opphøyring av det ulovlege forholdet vert satt til 01.10.2013.

24.09.2013 vert det bedt om utvida frist til 15.11.2013 og kommunen aksepterar dette.

18.11.2013 får kommunen søknad om endring av løyve.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Søknad om endring er stempla inn 18.11.2013, mens fristen for å levere inn søknad i ettertid var satt til 15.11.2013. Ein har likevel valt å leggje fram søknaden sidan oversittinga av fristen ikkje hadde noko å seie i praksis.

#### Alternativ handsaming:

- Avvise sak på bakgrunn at same søknad tidlegare er prøvd heilt opp til endeleg handsaming ved fylkesmannen som klageinstans. Fylkesmannen avsto dispensasjon, og når føresetnadene ikkje er endra, så vil det vere grunnlag for å avvise saka. Eit ev avvisingsvedtak kan påklagast.
- Handsame søknaden og godkjenne dispensasjon. Rådmannen finn ikkje å tilrå godkjenning av dispensasjon slik det er søkt om ettersom ein ikkje finn grunnlag for det i lovgjevinga, og at dette så tydeleg også er statuert i fylkesmannen si klagehandsaming tidlegare.
- Handsame søknaden og ikkje imøtekome dispensasjon. Dette er det rådmannen rår til i saka og viser til nærare utgreiing nedanfor.

Pbl § 19-2 gir kommunen høve til å dispensere frå lova og føresegner gitt i medhald av lova. Det er likevel nokon føresetnader for at dispensasjon kan verte gitt:

Omsynet til føresegna det vert dispensert frå, eller føremålsparagrafen i lova, ikkje verte vesentlig tilsidesett. Fordelane ved dispensasjon skal vere klart større enn ulempene.

Det er presisert i nyare forvaltningsavgjersle, til dømes saker hjå Sivilombudsmannen, at dispensasjonsvurderinga skal skje i den rekkefølga som lova fastset. Viss omsynet til føresegna vert vesentleg tilsidesett er det ikkje naudsynt å vurdere fordelar og ulemper.

Viss ein no først ser på føresegna det vert søkt om dispensasjon frå, pbl § 29-2;

*Et hvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.*

Fylkesmannen sitt vedtak, datert 12.05.2011 har ei god og grundig utgreiing om visuelle kvaliteter;

*(...)Etter føresegna vil vurderingstemaet vere tiltakets eigne visuelle kvaliteter og tiltakets visuelle konsekvensar for dei naturgitte og bygde omgivnadane. I vurderinga skal ein ta utgangspunkt i objektive, faglige kriterium som volum, dimensjoner, formuttrykk og materialbruk, jf. rundskriv H-20/89 frå Kommunaldepartementet.*

*Standarden som stilles er at tiltaket skal tilfredsstillе "rimelige skjønnhets hensyn". Ordlyden vart skjerpa ved tilføyinga av eit nytt andre punktum i 1995. Det er her bestemt at tiltak som er omfatta av plan- og bygningsloven skal ha ei god estetisk utforming. I rundskriv H-7/97 frå Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet er det lagt til grunn at denne innskjerpinga inneber at føresegna vil ramme tiltak som ikkje gir eit positivt visuelt inntrykk.*

*Det omsøkte tiltaket er plassert i Geitvika, eit område lagt ut som Landbruk-, natur-, og friluftområde (LNF) i kystsonedelplanen for Volda kommune, eigendokjent 30.01.03. Tiltaket er søkt oppført med bruksformålet naust. Det ligg tre andre naust i Geitvika. Nausta har ein tradisjonell kubisk form og ei grunnflate på om lag 40m<sup>2</sup>. Nausta er utforma med enkelt saltak og er fargesatt i jordfargar.*

*Det omsøkte tiltaket har ein L-form, beståande av to delar i to etasjar. Ein naustdel og ein loftsdel. Naustdelen har ei grunnflate på 50m<sup>2</sup> som saman med loftsdelene gjer at naustet får eit bebygd areal på 58m<sup>2</sup>. Det omsøkte tiltaket har saltak på to nivå ved at mønet i loftsdelene er heva og forskyve i forhold til mønet i naustdelen. Tiltaket er betydeleg høgare enn eksisterande naust i Geitvika. Loftsdelene er utforma med ark i vestenden. Tiltaket er søkt oppført med torvtak og fargesatt med brun beis.*

*Det omsøkte tiltaket ligg noko høgare enn dei andre nausta i Geitvika og ligg opent til. Tiltaket vert dermed synleg frå store delar av indre Austefjorden. Dette skjerpar krava til estetikk.*

*I vedlegg E-1 til søknaden har tiltakshavar gjort greie for tiltakets utforming og funksjon. Tiltakshavar viser til at tiltaket er plassert høgare enn eksisterande naust av omsyn til tryggleik mot naturpåkjenningar og at volumverknadane av bygget er søkt redusert ved å bryte opp fasadane. I aust følgjer fasaden terrenget og i vest er fasaden broten opp med ein ark. Fylkesmannen ser at terrengetilpassing mot aust er med på å redusere volumverknadane av bygget sett frå denne sida. Det er likevel vestsida av tiltaket som er mest eksponert og som får størst betydning for tiltakets visuelle kvaliteter.*

*Det er frå vestsida av tiltaket at bygningskroppens form, arka og det oppløfta taket vert mest synleg. Det er denne sida av tiltaket som skil seg mest frå dei andre nausta i Geitvika. Tiltaket har vidare eit vesentleg større volum enn eksisterande naust i Geitvika. Kombinasjonen av ein utkraga andre etasje og bruken av ark gjer at vestfasaden får eit meir vertikalt preg som forsterkar volumverknaden av tiltaket.*

*Etter Fylkesmannens syn gjer skilnadene i utforming frå dei ander nausta i Geitvika at tiltaket skil seg ut på ein uheldig måte. Desse skilnadane vert ytterlegare forsterka av tiltakets store volum og får større betydning som følgje av tiltakets eksponerte plassering.*



*Visuelt sett vert tiltaket dominerande i forhold til den smålåtne byggestilen som gjeld i Geitvika.(...)*

Ettersom det på nytt vert søkt om dispensasjon basert på dei same føresetnadene som gjaldt sist saka vart handsama, så ser ein ikkje at Volda kommune sin administrasjon kan ha grunnlag for å overprøve dei vurderingane som fylkesmannen gjorde i tidlegare handsaming. Fylkesmannen oppsummert der med at føreseigna det vart søkt dispensasjon frå vert vesentleg tilsidesett. Første føresetnad for å kunne gi dispensasjon er dermed ikkje tilstades, og ein finn ikkje grunn til å gå inn i vurderinga av om fordelane er klart større enn ulempene.

Fylkesmannen sitt vedtak er basert på føreseigna § 74-2 i den gamle pbl 85. § 29-2 i ny pbl 08 er sett på som ei vidareføring, og truleg også ei skjerpning, av denne paragrafen.

Denne saka trekt ut i tid. Det har vore fleire rundar med sakshandsaming i kommunen før den gjekk til Fylkesmannen. Fylkesmannen var på synfaring før det vart gjort endeleg vedtak. Tiltakshavar bad Fylkesmannen vurdere omgjering av eige vedtak, men konklusjonen vart den same. Etter det vart saka klaga inn for Sivilombudsmannen som konkluderte med at det ikkje var tilstrekkelig grunn til å undersøkje saken nærare og avslutta saka frå deira hold. Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast vidare. Tiltakshavar søker likevel om nøyaktig det same tiltaket som fekk avslag hjå Fylkesmannen.

Dersom det ikkje vert gitt dispensasjon må naustet verte endra slik at det vert i samsvar med teikningar av opphavleg godkjent naust. Sidan det vil vere store økonomiske konsekvensar for tiltakshavar bør eit pålegg om endring kome i etterkant av ein evt klagehandsaming. I første omgang vert derfor rådd til vedtaket ikkje settast i verk før klagefristen er ute, jf forvaltningslova § 42. Ved ei evt klagehandsaming vil det vere ei tilråding om utsett verknad til klaga er endeleg avgjort. Samstundes bør ein ikkje opne for nye rundar med endringssøknadar. Før dispensasjonssøknaden vart sendt inn var det eit ønskje frå tiltakshavar om eit møte med kommunen. I møte la tiltakshavar fram sin søknad og vi kom klart råd om endre søknaden slik at det ikkje vart søkt i praksis det same som søkt om tidlegare. Tiltakshavar valte ikkje å følgje dette rådet.

Eit endeleg vedtak om avslag vil innebere at naustet må endrast så snart vedtaket ligg føre. Denne utsendinga er å rekne som eit varsel om pålegg, jf forvaltningslova § 16 om at tiltakshavar skal ha førehandsvarsel før eit pålegg vert gitt.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen vesentlege.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Viss vedtaket vert påklaga og endra av Fylkesmannen til gunst for ein part, må kommunen dekke evt saksomkostningar som har vert naudsynte for å få endra vedtaket. Det vil også vere ein økonomisk kostnad for tiltakshavar å endre eksisterande naust til opphavleg godkjent naust.

Grunna desse økonomiske konsekvensane bør vedtaket ikkje settast i verk før klagefristen er ute, jf forvaltningslova § 42.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen vesentlege.

Jørgen Vestgarden  
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Kjell Arne Aurstad

K.A. Aurstad AS

Per Mulvik AS

Adv. Johs A. Aspehaug

Adv. Bjørn Kristian Hove

Nick Engeset

Møyfrid Wollmann

Frida Åmbakk

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

0001/02

**INNFØRING AV GEBYR FOR HANDSAMING AV PRIVAT REGULERINGSPLAN  
DISPENSASJONAR**

**Vedtak:**

*Volda kommune gjer med heimel i plan og bygningslova §109 vedtak om innføring av gebyr for handsaming av :*

*Private regulerings og bebyggelsesplanar -,  
reguleringsendringar og dispensasjonssaker*

*Slik det framgår av " Gebyrregulativ for forvaltningstenester", datert 3.01.02.*

**Behandling:**

**Røysting:**

Adm.sjefen si tilråding vart samrøystes vedteke

0002/02

**OPPFØRING AV HYTTEBYGG OG FRÅDELING AV NAUSTTOMT I GEITVIKA  
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLANEN OG DET GENERELL BYGG**

**Vedtak:**

- 1. Med grunnlag i søknad og gjennomført høyring i dispensasjonsak, gjev Det faste utval i plansaker, DFP, med heimel i plan og bygningslova §7, dispensasjon frå gjeldande arealbruk i kommuneplan og dispensasjon frå byggeforbod i 100-m – beltet langs sjø, for oppføring av hytte og naust i samsvar med skøyte for gnr. 45 bnr. 5.*
- 2. DFP legg til grunn at sikkerheit med omsyn til snøras vert ivareteke gjennom tiltak i samsvar med vilkår sett i brev av 1.11.01 frå fylkesgeologen.*

**Behandling:**

**Røysting:**

Adm.sjefen sit tilråding vart samrøystes vedteke

0003/02

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR PÅBYGG AV  
3. ETASJE, STORGATA 8**

**Vedtak:**

- 1. Det Faste utval i Plansaker, DFP, finn ut frå rammer gitt i gjeldande reguleringsplan og dei merknader som ligg føre i samband med nabovarsel/høyring i saka, ikkje at det er grunnlag for å gje dispensasjon frå plan for oppføring av ein 3. etg. på eigedomen Storgt. 6 og 8, "Remøygården", ut frå dei planar som ligg føre i søknad motteke 19.sept. 2001.*
- 2. DFP vil rå til at byggherren vurderer ei redusert utbygging med ei tilbaketrekt 3.etg eller eit valma tak over 2.etg. som gjev eit noko redusert byggevolum/byggehøgde og gesimshøgder som er betre tilpassa omkringliggande bygningar.*
- 3. DFP viser til at ei generell auka byggehøgde /etasjetal i kvartalet bør fastleggast gjennom ein revisjon av reguleringsplan for området. DFP vil ta initiativ til ein slik planrevisjon, men viser og til det høve som plan og bygningslova §30 gjev for fremjing av privat reguleringsforslag.*

Postadresse:  
Postboks 145  
6101 VOLDA

Besøksadresse:  
Stormyra 2  
VOLDA

Telefon: 70 05 88 82  
Telefaks: 70 05 87 01

0003003

Arkivsaknr.: 04/00697  
Arkivkode: Gbr. 45/5  
Sakshandsamar: Rune Wetterhus

**LØYVE TIL OPPFØRING AV FRITIDSBUSTAD UNDER EIGEDOMEN GNR. 45, BNR. 5, OG NAUST UNDER EIGEDOMEN GNR. 45, BNR. 1 I VOLDA KOMMUNE.**  
SAK: DS BO 0054/04,

**VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 93 vert søknad om løyve til tiltak godkjent. Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Tiltaket må utførast i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) med tilhøyrande forskrifter, og med gjeldande reguleringsplan med føresegner for området.
- Ansvarleg sækjar må syte for at bygningen vert plassert i plan og høgd i samsvar med plan- og bygningslova § 70, og godkjend situasjonsplan. Plasseringa skal dokumenterast gjennom målsett plasseringsskisse seinast ved ferdigmelding av bygningane. (Jfr. Plan- og bygningslova § 70)
- Bygningane kan ikkje takast i bruk før kommunen har gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest. (Jfr. plan- og bygningslova § 99)
- Det vert ikkje tillate å legge inn vatn i fritidsbustaden før utsleppsløyve for privat avløpsanlegg eller annan utsleppsfri avløpsløyving er godkjent av kommunen. (Jfr. plan- og bygningslova §66)

**SAKSUTGREIING:**

Det ligg føre søknad om løyve til tiltak etter pbl §93 for oppføring av fritidsbustad på eigedomen gnr. 45, bnr. 5 og ein vesentleg skredvernvoll aust for tomta, delvis plassert på eigedomen gnr. 45, bnr. 1. I tillegg omfattar søknaden oppføring av naust på gnr. 45, bnr. 1 i samsvar med tinglyst rett.

**Planstatus:**

Området er ikkje regulert. I kommuneplanen er området vist som Landbruks-, natur - og friluftsområde - sone A. Det faste utval i plansaker har i sak 0002/02, datert 21.01.02 gitt dispensasjon frå vedteken arealbruk, og opna for utbygging av eigedomen gnr. 45, bnr. 5 til fritidsformål, samt for frådeling av nausttomt og oppføring av naust.

**Tilkomst/parkering:**

Tilkomst til eigedomen er privat veg til riksveg. Statens vegvesen har i brev datert 17.01.01 gitt føresetnader for avkøyrsløse frå riksvegen. Parkering

**Plassering:**

Situasjonsplan gir ikkje nøyaktig plassering av fritidsbustaden på tomta. Det er opplyst at minste avstand til eigedomsgrense skal vere 8m. Mål på situasjonsplan viser avstand på om lag 5m. Eg føreset at bygget blir plassert minst 4m frå eigedomsgrense i samsvar med reglane om plassering gitt av plan- og bygningslova § 70. Ut over dette finn eg grunnlag for at plasseringa, men føreset at endeleg plassering vert meddelt kommunen i form av plasserings-dokumentasjon seinast ved ferdigmelding av bygningane. Plassering av bygningane i høgd er oppgitt i søknaden. Ut frå området sin karakter finn eg at det kan akseptierast avvik frå omsøkt høgd på ± 0,5m utan ny handsaming av kommunen.

**Vatn og avløp:**

Det er opplyst at det skal leggest inn vatn i fritidsbustaden, og at det skal etablerast privat avløpsanlegg. Det er vidare opplyst at det ikkje skal installerast vassklosett. Avløpsanlegg vert soleis antatt å gjelde bortleiving av gråvatn.

Etter det eg kan finne er det ikkje søkt utsleppsløyve etter forureiningslova for denne eigedomen. Det er heller ikkje i søknaden gitt opplysningar som gir kommunen grunnlag for å vurdere om vilkår for utsleppsløyve er til stades. Det vert difor å sette vilkår om forbod mot inlegging av vatn i bygningen før avløpsløyving er klarert og evt. utsleppsløyve ligg føre.

**Arealoppgåve/grunnlag kommunale eigdomsavgifter**

Bruksareal(BRA) er \*m<sup>2</sup> og leigearealet \* m<sup>2</sup>. Det er ein enkel/ dobbel skorstein i bygget.

**Estetikk:**

**Nabovarsling:**

Det er ikkje motteke merknader frå varsla naboar eller gjenbuarar.

Det ligg føre merknad frå

**Skredfare:**

Etter NGI sitt faresonekart er det ikkje fare for stein- eller snøskred på staden/ i området. Parsellen er såleis vurdert som tilfredsstillande med omsyn til flaum, ras, o.l. I skriv av \* har søkjaren sagt frå at slike farer ikkje er til stades.

**KOMMENTAR:**

**DOKUMENT:**

Søknad om løyve til tiltak m/vedlegg, motteke

**VOLDA KOMMUNE**

**Avdeling for Kart, Oppmåling og Byggesak**

**Rune Wetterhus**  
avdelingsleiar

**Utskrift:**

Utskrift med vedlegg til (ansvarleg SØK).

Utskrift også til:

**Kopi:**

ØRE, VØR.

**Vedlegg:**


Stempla søknaddokument og teikningar.

Godkjende søknader om ansvarsrett.


Godkjende kontrollplaner.

Prinsippskisse for utforming av kummar og avkøyrslar.


Arbeidstilsynet - "Sikker adkomst for feier", datert 21.05.01.




Tak sett ovanfra



Fasade øst




Fasade sør



Fasade vest

10000



Fasade nord

5000

<b>K.A. Aurstad AS</b>					Lellevegen 25 6150 Øvris +47 70 04 71 50 Mob: 906 41250	
Overview ref: 0						
Designed by	Checked by	Approved by - date	Filnavn	Dato	Skala	
				06.11.2003	1:100	
Kjell Arne Aurstad Randi Hjorthaug Aurstad				<b>Plan: Naust</b>		
				TEGN.NR:1.1	Edition 01	Ark A3
ACCORDING TO INTERNATIONAL LAWS THIS DRAWING/SPECIFICATION IS THE PROPERTY OF K.A. Aurstad AS. THE DRAWING/SPECIFICATION AND CONTENTS CAN NOT BE MADE PUBLIC, COPIED OR OTHERWISE USED, WITHOUT OUR WRITTEN CONSENT.						

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2008/1701	Avd. KOB
Løpernr.	Shs.

## Søknad om endring av tillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) § 93

Vedtaksdato (fylles ut av kommunen)	22 JUN 2009	Kommunens saksnr 2008/1701
Arkivbet:	BYGG	
Klassering P:	45/5	
Klassering S:		

Til kommune: (Søknad med vedlegg fylles ut og leveres i 1 eksemplar, ev ekstra sett etter avtale med kommunen)  
Volda kommune

5x

Hvis tiltaket berører eksisterende eller framtidige arbeidsplasser, skal Arbeidstilsynet motta en komplett søknad om endring av tillatelse

Tillatelsen det søkes om endring av
Vedtaksdato 17.03.2004

Søknaden gjelder						
Elendom/ byggsted	Gnr	Bnr	Festnr	Seksjonsnr	Bygningsnr	Bolignr
	45	1				
Adresse Geltvik				Postnr 6110	Poststed AUSTEFJORDEN	

**Beskrivelse av endring**  
Søknaden gjeld endring av utforming, etasjetal og areal på naustbygning oppført på gnr. 45, bnr. 1.

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg dersom endringer i tidligere vedlegg	Gruppe	Nr fra - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknader	B	—	<input checked="" type="checkbox"/>
Gjenpart av nabovarsel	C	1 — 2	<input type="checkbox"/>
Kart, situasjonsplan, rekvisisjon av kart- og delingsforretning	D	1 — 2	<input type="checkbox"/>
Redegjørelser og tegninger	E	1 — 4	<input type="checkbox"/>
Søknader om ansvarsrett og kontroll, godkjenningsbevis, søknad om lokal godkjenning	F	—	<input checked="" type="checkbox"/>
Kontrollplan for viktige og kritiske områder, kontrollerkjøringer	G	—	<input checked="" type="checkbox"/>
Uttalelser fra andre offentlige myndigheter	I	—	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	J	1 — 4	<input type="checkbox"/>

Underskrift	
Ansvarlig søker (SØK) for tiltaket	Tiltakshaver
Foretak K.A.Aurstad AS	Navn Kjell Arne Aurstad
Dato 15.04.09	Dato 15.04.09
Underskrift <b>K.A. Aurstad AS</b> Torvmyrane 31 - 6150 Ørsta Tlf 700 47150 - Fax 700 47151	Underskrift <i>Kjell Arne Aurstad</i>
Gjentas med blokkbokstaver	Gjentas med blokkbokstaver KJELL ARNE AURSTAD




VEDLEGG E2

Fasade Syd


Fasade Vest

Fasade Nord

Fasade Aust

Revisjon	Revisjonslekt	Sign.	Rev.dato
<p><b>RIB</b> Per Mulvik AS            Postboks 86            Halkjelsgt.16            6101 VOLDÅ            941 987 516</p> <p>Sentralt: 70 07 49 90            Direkte: 70 07 49 93            Mobil: 915 898 79            Fax: 70 07 49 91            E-post: idar@mulvik.no</p>			
<p>Prosjektname:  <b>NAUST AURSTAD</b></p>			
<p>Oppdragsfører:  <b>KJELL ARNE AURSTAD</b></p>			
<p>Prosjektleder:              www.mulvik.no</p>			
<p>Titel:  <b>FASADAR NAUST</b></p>		<p>Tekna av: IH            Date: 20.02.2009</p>	
<p>Fase:  <b>BYGGEMELDINGSTEIKNING</b></p>		<p>Kontr.av:            Date:            Erstatter tekn.:</p>	
Prosjektnr.:	Tekn.nr.:	Målestokk:	Rev
1470	100	1:100	





VEOLEGG 23

Naust  
BRA=45,6 m<sup>2</sup>

2 fløya naust-dør  
bxh=3,7 x 3 m

Dør:  
10x21M

V:  
10x10M

V:  
10x10M

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.data

RIB Per Mulvik AS Sentral: 70 07 49 90  
Postboks 86 Direkt: 70 07 49 93  
Halkjelgt. 16 Mob: 915 898 79  
4101 VOLDA Fax: 70 07 49 91  
941 987 516 E-post: idar@mulvik.no

Prosjektnavn:  
**NAUST AURSTAD**

Oppdragsgivar:  
**KJELL ARNE AURSTAD**

Prosjekterande:




Tittel: <b>NAUST PLAN NAUST-DEL</b>	Teikna av: IH
	Dato: 20.02.2009
	Kontrollert av:
	Dato:
Erstatlar teikn.:	

Fase:  
**BYGGEMELDINGSTEIKNING**

Prosjektnr.: <b>1470</b>	Teikn.nr.: <b>101</b>	Målestokk: <b>1:50</b>	Rev
-----------------------------	--------------------------	---------------------------	-----

1 PLAN  
1:50  
Naust-del



VEDLEGG E 4

Revisjon	Revisjonsnotat	Sign.	Rev.dat
----------	----------------	-------	---------

RIB Per Mulvik AS  
 Postboks 86  
 Høkkjølgt. 16  
 6101 VOLDA  
 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90  
 Direkte: 70 07 49 93  
 Mob: 915 898 79  
 Fax: 70 07 49 91  
 E-post: klor@mulvik.no

Prosjektnavn:  
**NAUST AURSTAD**

Oppdragsgiver:  
**KJELL ARNE AURSTAD**



Tittel: <b>NAUST          PLAN LOFTS-DEL</b>	Tekna av: H
	Dato: 20.02.2009
	Kontr. av:
	Dato:
Erstatter tekn.:	

Fase:  
**BYGGEMELDINGSTEIKNING**

Prosjektnr.: 1470	Tekn.nr.: 102	Målestokk: 1:50	Rev:
----------------------	------------------	--------------------	------



**VOLDA KOMMUNE**  
**Avd. kart, oppmåling og byggesak**

Kjell Arne Aurstad

Engesetvegen 39  
6150 ØRSTA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Saksnr.</i>	<i>Avd/sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2008/1701	8092/2009	45/5		KOB/ LKE	04.11.2009

**AVSLAG OG VARSEL OM PÅLEGG**

Svar på søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93

Byggestad:	Geitvika	Gnr/Bnr:	45/5 og 45/1
Tiltakshavar:	Kjell Arne Aurstad	Adresse:	Engesetvegen 39, 6150 Ørsta
Ansvarleg søkjar:	K.A. Aurstad AS	Adresse:	Torvmyrane 31, 6150 Ørsta
Tiltak:	Endring av naust – ny loftsetasje med ark		

**VEDTAK:**

**Etter gjeldande fullmakt og i medhald av plan- og bygningslova § 74 nr. 2 vert det gitt avslag på søknad om endring av løyve til tiltak motteke 22.06.2009.**

**Tiltaket tilfredstiller ikkje krav om rimelege skjønnhetshensyn både i seg sjølv og i høve til omgjevnadane, god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgjevnadar.**

**Med visning til forvaltningslova § 16 og i medhald av plan og bygningslova § 113 vert De med dette varsla om at kommunen vurderer å gi pålegg om retting av tilhøva som ikkje er godkjent dersom det ikkje er gjort innan 14.12.2009.**

**De har innanfor same frist rett til å uttale Dykk i saka før pålegg vert fatta.**

Med helsing

**Liv Karin Egset**  
**avd.leiar**

## **SAKSUTGREIING:**

### **Tiltaket:**

Søknaden omfattar endring av opprinneleg godkjent naust.

Naust vart godkjent oppført i ein etasje i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004.

Opprinneleg naust vart søkt oppført med størrelse 5 x 10 m, og er i seg sjølv ein relativt stor naustbygning. Bruksarelet er utrekna til 47 m<sup>2</sup>, bebygd areal er 50 m<sup>2</sup>. Det er søkt om oppføring av loftsetasje med ark, endringa medfører ei auke i bruksareal på 20 m<sup>2</sup> og ei auke i bebygd areal på 8 m<sup>2</sup>.

Det er oppgitt i søknaden at det er lagt inn leidningar for vatn og avløp i naustbygningen. Det ligg ikkje føre løyve til å legge inn vatn og avløp i naust eller fritidsbustaden.

Naustet er plassert om lag 1 m høgare enn omkringliggande naust på grunn av sjøvasstand/springflo. I byggesaka vart naustet godkjent oppført på kote 2,5 ± 0,5, eg legg til grunn at høgda er innanfor dette.

### **Vurdering:**

Tiltak skal etter § 74 nr 2 planleggjast og utførast slik at dei etter kommunen sitt skjønn tilfredstiller rimelege skjønnhetsomsyn både i seg sjølv og i høve til omgjevnadane. Tiltak skal etter lova ha ein god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte omgjevningar.

Naustet er allereie stort og ligg eksponert. Loftsetasjen medfører ei vesentleg auke i bygningen sitt volum og areal, og gjer bygget enno meir synleg både sett frå sjøsida og mot nord og vest. Sett mot aust er fasaden oppbrote med ei stor ark, som gjev bygget ein utsjånad som har utspring i dei gamle sjøbodane. Det er ei form som ikkje har lokal tilknytning i nærmiljøet og eg finn inga særleg grunn eller behov for ei slik utforming. Naustet i seg sjølv har forholdsvis god plass til lagring av sjø- og fiskeutstyr.

Bygningen har ein utforming som går langt ut over tiltakets funksjon, og naustet viser ikkje i stor nok grad respekt for naturgitte og bygde omgjevningar.

Omkringliggande naust ligg vesentleg lågare i terrenget og er mykje mindre. Større og annleis båtar enn for få år sidan fører til naust med andre proporsjonar. Det setter større krav til bygningens innpassing i terreng og innverknad på omgjevnadane.

Tiltak skal og ha ein god estetisk utforming. I dette ligg at byggets karakter, volum, form, materialbruk og farge er element som skal vurderast.

I seg sjølv har det nye naustet ein form og funksjon som sikkert er ynskjeleg for å stette egne krav, og utforminga i seg sjølv er etter mi meining utført på ein god måte. Men volum, omfang og dimensjonar er av ein slik karakter at dei går ut over dei krav som er sett. Loftsetasje og ark aukar volum, omfang og dimensjon på naustet og gjev etter mi meining eit uheldig heilhetsinntrykk. Naustet har i utgangspunktet eit stort volum og ligg på ei høgde, noko som talar for at ein bør utvise respekt og varsomheit i høve omgjevnadane.

Tiltaket er ikkje i strid med avstandsbestemmelsane i § 70, verken før eller etter endringa, men ein må vere merksam på at etter endringa vil bygningen verte rekna som større bygning med krav om 4 m til eigedomsgrense og 8 m til næraste bygning. Slik det vart godkjent i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004 var naustet fortsatt å rekne som mindre bygning med krav om

1 m til eigedomsgrense og 2 m til næraste bygning. Slikt sett vil endringa ha konsekvensar for privatrettsleg sak om tomtestørrelse og vidare planlegging i strandsona.

Torvtak og brunbeisa naust vil setje seg betre i terrenget, og ein oppmodar om at dette vert nytta.

Betongplattung utanfor naustet er uheldig og burde vore unngått. Denne må sjåast i samanheng med resten av kaianlegget, som er omfatta av ei anna sak og vert ikkje vurdert ytterligare her.

#### **Merknader:**

Det ligg føre merknader frå varsla naboar ved advokat Bjørn Kristian Hove. Merknadane går ut på følgjande:

- Det er ikkje gitt byggeløyve for naust, kommunen mangla naudsynt grunnlag for gyldig vedtak.
- Når arbeidene på naustet vart påstarta var løyvet utgått.
- Det er strid om utbyggjar har rett til å bygge naust på eigedomen.
- Denne høgdeplassering av naustet er ikkje godkjent, naustet er plassert og bygd annleis enn omsøkt.
- Tiltaket er i strid med PBL § 74 nr 2.
- Tiltaket medfører ulovleg privatisering av strandsona.

#### **Kommunen sine kommentarar til merknadane:**

Ein legg til grunn at den etterspurde dokumentasjon er kome sakshandsamar i hende, slik at det låg føre naudsynt grunnlag for løyve og at gyldig vedtak er gitt i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004.

Byggeløyvet som var gitt vert å sjå på som eit tiltak. Noko som har vore gjort for liknande utbyggingar. Det er ut frå dette og slik eg ser det pågått arbeid meir eller mindre kontinuerlig over lang tid på eigedomen, og at løyvet ikkje var utgått når arbeidene på naustet starta.

Eg antar at det låg føre sannsynlege grunnar til å bygge naust på eigedomen GBR 45/1, og at løyvet er gyldig. Naboane kvitterte på nabovarsel i 2000 og seinare i 2003 for dispensasjon og utbygging, og var soleis godt kjent med tiltaket. Dersom det i ettertid har oppstått ukklarheit mellom naboane er dette av privatrettsleg art og er uvedkomande for sjølve byggesaka.

I byggesaka vart naustet godkjent oppført på kote  $2,5 \pm 0,5$ , og eg meiner det er sannsynleg at plasseringa er gjort i høve dette. Det kan sjå ut som om naustet har vorte rotert litt i høve det som vart omsøkt. Eg meiner dette er såpass lite, og det er ikkje grunnlag for ny søknad.

Tiltaket er etter mi vurdering i strid med PBL § 74.2, og endringa vert ikkje godkjent. Det vert sett krav om at ulovleg oppført loft/ark på naustet vert fjerna.

Eg er einig i at utbyggjar i stor grad har privatisert delar av strandsona med utbygginga si. Dette vert hovudsakleg ført i ei separat sak, og eg vel å ikkje kommentere det ytterligare i denne saka.

Etter ein heilheitsvurdering meiner eg at tiltaket ikkje tilfredstiller krav om rimelege skjønnhetsomsyn både i seg sjølv og i høve til omgjevningane. Begge krav må i lova vere oppfylt for at tiltaket skal kunne godkjennast. Det vert soleis gitt avslag på omsøkte endringar og det vert samstundes gitt førehandsvarsel om at kommunen vurderar å gje pålegg om retting.

**Varsel om pålegg:**

Med visning til forvaltningslova § 16 vert det varsla om at kommunen vurderar å gje pålegg om fjerning av loftsetasjen i medhald av plan og bygningslova § 113, 1.ledd, dersom dette ikkje er fjerna innan 14.12.2009.

De har innanfor same frist rett til å uttale Dykk i saka før pålegg vert fatta.

Det vert vidare gjort merksam på at De sjølv har ansvar for å umiddelbart gje melding til bygningsmynde når tilhøva er retta i samsvar med gitte løyver.

**Dokumentliste:**

Søknad om endring av løyve m/ vedlegg, datert 15.04.2009, motteke 22.06.2009.

Brev frå advokat Hove på vegne av naboar, datert 19.06.2009 og 16.07.2009

Brev frå Per Mulvik AS på vegne av utbyggjar, datert 11.06.2009

Utskrift av sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004

**Utskrift:**

Ansv. søkjar	K.A.Aurstad AS	Torvmyrane 31	6150	ØRSTA
Tiltakshaver	Kjell Arne Aurstad	Engesetvegen 39	6150	ØRSTA
På vegne av naboane	Adv. Bjørn Kristian Hove	Postboks 815	6001	ÅLESUND
Nabo/gjenbuar	Frida Åmbakk		6150	ØRSTA
Nabo/gjenbuar	Møyfrid Wollmann	Engesetgeila 6	6100	VOLDA
Nabo/gjenbuar	Nick Engeset	Kapteinsvegen 5	6100	VOLDA

**Vedlegg:**


Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

**Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2008/1701.**

Ørsta 24.11.2009

Kjell Arne Aurstad  
Engesetvegen 39a  
6150 ØRSTA

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
v/ Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2008/1701	Avd. KOB
Løpenr.	Sns LKE
27 NOV 2009	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	45/5
Klassering S:	

**KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 253/09 – SØKNAD OM LØYVE TIL ENDRING AV NAUST PÅ EIGEDOMEN  
GNR. 45, BNR 1 I VOLDA KOMMUNE.**

Viser til avslagsvedtak datert 04.11.2009, motteke 05.11.2009.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 74 nr. 2 grunngjeve med at tiltaket etter omsøkte endringar ikkje stettar rimelege estetiske omsyn i seg sjølv eller i høve til omgjevnadane, og heller ikkje er utforma i samsvar med funksjon eller med respekt for naturgitte omgjevnader.

Eg vil innleiingsvis vise til vedlegg E-1 til søknad om endring som inngåande gjer greie for dei estetiske kvalitetane til dette byggetiltaket.

Når det gjeld plassering av naustet i plan og høgde er det i endringssøknaden vist ei vridning av naustet som medfører at dette ligg tyngre inn i terrenget enn opphavleg planlagt. Dette medfører at høgde og volumverknaden særleg frå landsida vert vesentleg redusert.


I tillegg er naustet plassert med golvnivå på cote 2,05. Dette er så lavt som teknisk forsvarleg, og ned mot lavaste tillatte høgdeplassering. Det vert å vise til saksutgreiinga der det er referert til godkjent høgdeplassering på cote 2,5 ± 0,5m. Den lave plasseringa resulterer i at største mønehøgde i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygningen er 5,15m. Dei generelle høgderestriksjonane gitt av plan- og bygningslova § 70 er til samanlikning 8,0m.

Ved ein nøye gjennomgang av saksutgreiinga finn eg uttrykt at utforminga etter sakshandsamar sitt syn er utført på ein god måte, dette i samsvar med signal gitt ved munnleg orientering om planane sommaren 2008. Problemstillinga vert dermed oppfatta å vere storleik og volumverknad saman med arka som fasadeelement. Vidare at naustet har god plass til lagring av sjø og fiskeutstyr og har ei utforming langt utover tiltaket sin funksjon.

Når det gjeld volumet vil eg vise til at det er oppført, og følgjeleg truleg også godkjent, naust med vesentleg større volum i Austefjorden dei seinare åra. Minst 3 av desse er synlege frå denne nausttomta, på begge sider av fjorden. Felles for desse andre nausta er at dei er oppført med full loftsetasje og med gavl direkte mot sjøsida. Volumverknaden av desse andre nausta er naturleg nok vesentleg større enn av dette naustet der denne effekten er redusert med brot i takflata. Når det gjeld arka er denne eit arkitektonisk element som gir naustet slektskap med hytta, samstundes som dørene i arka gir høve til inn- og uttransport mot sjøsida. Dette heilt i tråd med loftet sin funksjon som areal for lagring av utstyr til bruk på og ved sjøen. Trongen for lagring av slikt utstyr er svært individuell, både i art og omfang, og påstanden i saksutgreiinga om at dette er tilstrekkeleg i sjølve naustetasjen finn eg å vere langt utanfor det sakshandsamar skal og kan vurdere.

Ut frå dei vurderingane som er som er gitt i vedlegg til søknaden, storleik og volum av andre naust i nærområdet og utilstrekkeleg grunngjeving av vedtak heimla i plan- og bygningslova § 74 nr. 2 finn eg grunn til å påklage vedtaket med krav om at dette vert omgjort, og omsøkt endring vert godkjent.

Med helsing



*for*  
Kjell Arne Aurstad

Vedlegg:

- Vedlegg E-1 til søknad om endring av løyve, datert 16.06.2009.





«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POSTI «POSTSTED»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2008/1701	2844/2010	45/5	SVK/ TG	24.03.2010

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - KLAGE PÅ VEDTAK 253/09 - AVSLAG PÅ ENDRING AV NAUST I GEITVIKA VED FRITIDSBUSTAD PÅ EIGEDOMEN GBR 45/5**

Vi melder med dette frå at Forvaltingsstyret den 23.03.2010, hadde føre ovannemnde som sak 16/10, der det vart gjort slikt vedtak:

***Forveltingsstyre finn etter ein samla vurdering av opplysningane i saka, og etter ein samla vurdering at naustet tilfredstiller rimelige skjønnhetshensyn og at det er godt nok estetisk utforma etter p. og b. lova §74.2. Forvaltingstyret godkjenner naustet med loft etter teinigar datert 20.02.2009***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Torill Gåsvik  
sekretær

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar	Liv Karin Egset	Arkivsak nr.:	2008/1701
:		Arkivkode:	45/5

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
16/10	Forvaltningsstyret	23.03.2010

## **KLAGE PÅ VEDTAK 253/09 – AVSLAG PÅ ENDRING AV NAUST I GEITVIKA VED FRITIDSBUSTAD PÅ EIGEDOMEN GBR 45/5**

### ***Handsaming:***

Egil Straume reiste spørsmål om han var ugild i saka. Han gjekk frå ved røystinga om ugildskap.

### **Røysting inhabilitestspørsmål:**

Det var samrøystes vedteke at han var ugild i saka.

Malvin Fremmerlid kom med slikt framlegg til vedtak:

*Forveltingsstyre finn etter ein samla vurdering av opplysningane i saka, og etter ein samla vurdering at naustet tilfredstiller rimelige skjønnhetshensyn og at det er godt nok estetisk utforma etter p. og b. lova §74.2. Forvaltingstyret godkjenner naustet med loft etter teinigar datert 20.02.2009.*

### **Røysting i saka:**

Malvin Feremmerlid sitt fram legg til vedtak varyt vedteke med 7 røyster. Administrasjonen si tilråding fekk 1 røyst(Randi Sandnes) og fall.

### **Vedtak i Forveltingsstyret - 23.03.2010**

*Forveltingsstyre finn etter ein samla vurdering av opplysningane i saka, og etter ein samla vurdering at naustet tilfredstiller rimelige skjønnhetshensyn og at det er godt nok estetisk utforma etter p. og b. lova §74.2. Forvaltingstyret godkjenner naustet med loft etter teinigar datert 20.02.2009.*

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å endre vedtak gjort i sak 253/09, datert 4.11.09. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for avgjerd.*

### **Vedleggsliste:**

1. Avslag på endring av naust, sak 253/09, datert 4.11.09
2. Klage frå Frida Åmbakk (eigar av GBR 45/1) v/advokat Hove, datert 25.11.09, motteke 26.11.09
3. Klage frå tiltakshavar Kjell Arne Aurstad, datert 24.11.09, motteke 27.11.09
4. Situasjonsplan
5. Vedlegg (E1) til søknad, vurdering frå søkjar, datert 16.06.2009
6. Teikningar av det omsøkte naust med loft, datert 20.02.2009
7. Nabovarsel, tilhøyrande byggesak DS BO 0054/04
8. Opprinnelege naustteikningar, tilhøyrande byggesak DS BO 0054/04
9. Etterlyst dokumentasjon; reviderte naustteikningar, terrengsnitt og skøyte m.m.

### **Samandrag av saka:**

Det vart gitt løyve til oppføring av naust i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004. Naustet var 50 m<sup>2</sup>, og godkjent oppført i ei etasje.

Tiltakshavar førte i ettertid opp loft på naustet utan at det låg føre naudsynt løyve til dette, og naboane vart ikkje varsla om endringa.

Arbeidene vart stansa, og tiltakshavar fekk høve til å sende inn søknad om løyve i ettertid. Administrasjonen gav avslag på søknad om løyve til oppføring av påbygg på naust i sak 253/09, datert 4.11.09. Avslaget vart heimla i Plan- og bygningslova § 74 med grunnlag i nokre grunnleggjande moment:

- Naustet tilfredstiller ikkje krav om rimelige skjønnetshensyn både i seg sjølv og i høve til omgjevningane.
- Utforminga er ikkje estetisk godt nok utforma etter ei samla vurdering av tiltakets funksjon og respekt for naturgitte og omkringliggjande bebyggelse.

Nabo Frida Åmbakk v/advokat Hove har klaga på kommunen sitt avslag på loftet, og godtek ikkje naustet slik det vil verte sjåande ut etter at loftet vert fjerna. Og bakgrunn for dette er følgjande:

1. Det ligg ikkje føre nabovarsling/gyldig byggesaksbehandling for naustet.
2. Det ulovleg bygde naustet er ikkje i samsvar med nabovarsel og endringssøknad.
3. Tiltakshavar manglar rett til å bygge på eigedomen GBR 45/1.

Klage frå tiltakshavar Kjell Arne Aurstad går hovudsakleg ut på følgjande:

1. Meiner dei estetiske kvalitetane er gjort rede for og difor må kunne godkjennast.
2. Ein har foretatt ei vridning av naustet som gjer at høgdeplassering og volumverknad sett frå landsida vert redusert.
3. Viser til andre naust langs fjorden som er godkjent med loft.
4. Utilstrekkelig grunngeving i saksutgreiinga.

### **Saksopplysningar:**

Eg vil vise til saksutgreiing i sak 253/09, datert 4.11.09, eg meiner det ikkje er tilført nye moment i klagene. Alle element er vurdert i byggesaka og eg finn ikkje grunn til å endre mi tilråding.

Eg vil likevel presisere begrunninga for avslaget som vart gitt, og kommentere klagene.

Nærliggande naust ligg vesentleg lågare i terrenget og er mykje mindre. Behov og krav til naust har endra seg siste åra og har ført til at naust får andre proporsjonar enn tidligare. Det setter større krav til bygningens innpassing i terreng og innverknad på omgjevnadane.

Alle byggetiltak skal ha ein god estetisk utforming. I dette ligg at byggets karakter, volum, form, materialbruk og farge er element som skal vurderast. Eg meiner at dette vart vurdert i sak 253/09, datert 4.11.09, og viser til saksutgreiinga der.

Naustet har i utgangspunktet eit stort volum og ligg på ei høgde, noko som talar for at ein bør utvise respekt og varsomheit i høve omgjevnadane.

Det opprinnelege naustet vart godkjent med ferdig golv på kote 2-3. Tiltakshavar har oppgitt at naustet er plassert med golvnivå på kote 2,05, det er ikkje foreteke kontroll av denne høgda. Ut frå innsendte teikningar skulle loftsmønnet då ligge på omlag kote 7,65, og dette er i tråd med uformelle målingar som kommunen har gjort.

Loft på naust er mange ganger naudsynt på grunn av plassmangel, naust og nausttomter er ofte små og ein må bygge i høgda for å kunne få plass til sjø- og fiskeutstyr.

Men i dette tilfellet medfører loftskonstruksjonen at takhøgda i første etasje vert redusert. Og det vil sei at første etasje får eit redusert bruksområde. Argument om at loftet er tenkt påbygd for å gje naustet meir areal vert ikkje heilt korrekt.

Tiltakshavar har ikkje gjort rede for bruksføremålet til loftet, og på grunn av den reduksjonen første etasje har fått setter eg spørsmålsteikn ved framtidig bruk av naustet.

Det opprinnelege naustet er på 50 m<sup>2</sup>, som er grensa for at bygget kan reknast som eit mindre bygg. Ein må vere merksam på at etter endringa vil bygningen verte rekna som ein større bygning med krav om større avstandar til nabobebyggelse og eigedomsgrenser, noko som **vil ha** konsekvensar for grunneigar og naboar, og vidare planlegging av strandsona.

Torvtak og brunbeisa naust vil setje seg betre i terrenget, og ein oppmodar om at dette vert nytta på naustet.

#### Sakshandsamar sine kommentarar til klage frå nabo Frida Åmbakk v/advokat Hove:

1. På den nabovarslinga som ligg føre er det påført berre eit gards- og bruksnummer, men når kommunen mottek saker som går over fleire eigedomar er det vanleg at ein berre påfører saka det eine gards- og bruksnummeret, og då velger ein ofte det som høyrer naturleg til resten av saka. I dette tilfellet vart saka påført GBR 45/5, sjølv om naustet skulle plasserast på GBR 45/1.
2. Slik eg ser det og ut frå mine vurderingar i byggesak er plassering av naustet gjort på grunnlag av innsendt dokumentasjon og i tråd med dette, og kommunen kan berre anta at nabo har fått den same informasjonen som det kommunen har fått. Dei naustteikningane som kommunen fekk var datert 06.11.03. På nabovarselet har naboane kvittert i september 2003, der står det at saka gjeld "hytte, naust og fonnvern", det er påført brutto gr.flate på 89 m<sup>2</sup> og 50 m<sup>2</sup>. Eg føreset at naboane har fått korrekt nabovarsel ut frå dei opplysningane som stod på nabovarselet. Sakshandsamar etterlyste nye naustteikningar, terrengsnitt og informasjon om dokumentasjon av eigedomstilhøva i brev av 16.03.2009. Eg antar at sakshandsamar har hatt telefonkontakt med tiltakshavar og fått den etterspurde dokumentasjonen i hende same dag, slik at løyvet kunne skrivast ut dagen etter. Etter mi vurdering ligg all den etterlyste dokumentasjonen i byggemappa, men det er dessverre

ikkje datert, og dette vart gjort før kommunen byrja å skanne all korrespondanse. Det ligg to sett med nesten like teikningar av naustet i byggemappa, dei er datert med same dato, men på det eine settet er det påført kotehøgde. Det ligg føre terrengsnitt som vart etterlyst, og det ligg føre diverse kopiar av eigedomstilhøva/naustrett. På sistnemnte dokuemntasjon er det påført ”vedlegg J2 og J3”, desse er ikkje ført opp på lista over vedlegg til sjølve søknaden, og det kan sjå ut som om det er påført vedleggsnummer i ettertid. Det er ut frå dette sannsynleg at den etterspurte dokumentasjonen er levert sakshandsamar i hende. viser til desse dokument vedlagt denne saka.

Når det gjeld påstand om at byggehøgda ikkje er korrekt med det omsøkte, vil eg påpeike at det er ein føresetnad at byggehøgda på naustet (den delen utan loft) er oppført i tråd med løyve frå 2004. Dette er noko kommunen kan kontrollere og ta stilling til ved ferdigstilling av bygningen.

3. Kommunen har ein begrensa plikt til å undersøke dei privatrettslege tilhøva i ei byggesak. Det ligg føre eit skøyte der det er vist til ein naustrett, og grunneigar har samtykkja på nabovarsel, der det er påført at det gjeld både fritidsbustad, fonnvern og naust. Naustretten er sannsynleggjort ovanfor kommunen, det er ikkje naudsynt at dei privatrettslege sidene må vere avklart for at kommunen skal kunne handsame ei sak etter plan- og bygningslova. Vidare minner eg partane om at det ikkje er tilstrekkeleg å ha eit offentligrettsleg løyve etter plan- og bygningslova for å kunne føre opp naust på annan manns eigedom, tiltakshavar må sjølv sagt syte for at dei privatrettslege løyver er på plass. Dette er ei sak mellom partane og er kommunen uvedkomande.

Klagar godtek ikkje naustet slik det vil verte sjåande ut etter at loftet vert fjerna, men naustet er godkjent i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.04. Eg meiner at det løyvet som vart gitt ovanemnde sak er gyldig, og at dette løyvet gjeld både fritidsbustad, fonnvern og naust. Vidare kan eg ikkje sjå at nokon av dei momenta klagar har framsett ville hatt innverknad på kommunen si handsaming av søknaden, og finn ikkje grunnlag til å oppheve kommunen sitt vedtak i sak 0054/04, datert 17.03.2004.

#### Sakshandsamar sine kommentarar til klage frå tiltakshavar Kjell Arne Aurstad:

1. Ansvarleg søkjar har i søknaden gjort rede for dei estetiske kvalitetane til byggetiltaket. Eg gjer merksam på at dette er søkjar sine vurderingar og er sett frå søkjar si side. Kommunen sin sakshandsamarar gjer vurderingar i alle byggesaker og har også i denne saka gjort seg opp ei vurdering av tiltaket, og eg finn ikkje at tiltaket kan godkjennast slik det ligg føre.
2. Det er sterkt beklageleg at det er gjort ei endring på plassering (ei vridning) av naustet utan at kommunen, og naboane, vart varsla om dette før arbeidene starta. Likevel har kommunen godkjent denne endringa for det opprinnelege naustet i sak 253/09, datert 4.11.09. Eg meiner at det likevel ikkje er grunnlag for å kunne godkjenne loftet då dette er ei heilskapleg vurdering basert på mange faktorar.
3. Det ikkje er uvanleg å godkjenne naust med loft, dette er ei vurdering som vert gjort i kvart enkelt tilfelle, og det har også vore gitt avslag på naust med loft og ark. Alle tiltak skal søkjast på førehand og ein vil då ofte finne løysingar som kan godkjennast før saka vert handsama. Det er også slik at om eit naust med loft er godkjent i andre saker er ikkje det eit kriterie for at alle naust med loft skal kunne godkjennast. Alle saker er forskjellige og skal etter lova vurderast i kvart enkelt tilfelle.

4. Eg meiner at tiltaket er grundig vurdert og at det er gitt tilstrekkeleg grunngeving i sak 253/09 for avslag på oppføring av loft. Og tiltakets funksjon skal og vert sjølvst vurdert i alle byggesaker.

**Vurdering og konklusjon:**

Tiltak skal etter § 74 nr 2 planleggjast og utførast slik at dei etter kommunen sitt skjønn tilfredstiller rimelege skjønnhetsomsyn **både** i seg sjølv og i høve til omgjevnadane. Tiltak skal etter lova ha ein god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte omgjevningar.

Eg meiner at tiltaket ikkje tilfredstiller dei krav ein må kunne krevje når det gjeld sett i forhold til både naustet i seg sjølv og omgjevnadane, nærliggande naust, terreng og strandsone. Eg meiner utforminga heller ikkje harmonerar med naustet sin naturlege funksjon.

Eg minner om at loftet er oppført ulovleg, utan løyve og utan at naboar har vorte varsla. Dette er i seg sjølv eit alvorleg lovbrøt. Likevel er det åpna i lova for at ein kan sende søknad for det ulovlege tiltak og få dette handsama i ettertid.

Men det er slik at ein då skal sjå vekk frå at det allereie er oppført og vurdere saka på likt grunnlag for alle saker.

Slik eg ser det ville dette loftet ikkje vorte godkjent slik det er omsøkt dersom søknaden var innsendt før arbeidet var gjort, og difor meiner eg at det er rett å ikkje godkjenne tiltaket no.

**Eg finn ikkje at klagene har tilført saka nye moment, og finn soleis ikkje grunnlag for å oppheve kommunen sitt vedtak i sak 0054/04, datert 17.03.2004.**



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Liv Karin Egset  
avd.leiar

**Utskrift av endeleg vedtak:**

K.A. Aurstad, Torvmyrane 31, 6150 ØRSTA

Kjell Arne Aurstad, Engesetvegen 39, 6150 ØRSTA

Møyfrid Wollmann, Engesetgeila 6, 6100 VOLDA

Nick Engeset, Kapteinsvegen 5, 6100 VOLDA

Frida Åmbakk, 6150 ØRSTA

Adv. Bjørn Kristian Hove, Postboks 815, 6001 ÅLESUND

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# ADVOKATENE AARSÆTHER, HOVE OG BORGUND

I KONTORFELLESKAP  
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2008/1701	Avd. KOB
Løpennr.	Sns. LKE
- 9 APR 2010	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	45/5
Klassering S:	

Ålesund, 8. april 2010  
BKH/ahh

## Ad "Melding om politisk vedtak – Klage på vedtak 253/09 – Avslag på endring av naust i Geitvika ved fritidsbustad på eiegenomen gbr 45/5"

Jeg viser til Volda kommunes brev hit 26. mars 2010 med slik overskrift som referert ovenfor.

Ved brevet presenteres forvaltningsstyrets vedtak 23. mars 2010 som et nytt enkeltvedtak i saken, gjenstand for klage.

Det kan ikke være riktig.

Knyttet til kommunens vedtak 4. november 2009 i sak 253/09 forelå to klager, herunder klage herfra 25. november 2009 på vegner av klagerne Frida Åmbakk, Nick Engeset og Møyfrid Wollmann. Av saksdokumentene fremkommer at Kjell Arne Aurstad påklaget vedtaket ved klage datert 24. november 2009.

Av forvaltningsstyrets vedtak 23. mars 2010 fremkommer forutsetningsvis at klagen herfra ikke er tatt til følge. Verken administrasjonen eller politisk organ har funnet "klagen begrunnet", jfr. fvl. § 33 annet ledd.

Nå så er tilfellet, skal saken ekspederes klageinstansen for endelig klageavgjørelse, jfr. fvl. § 33 fjerde ledd.

Jeg tør således be om at klagesakene nå sendes Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endelig klageavgjørelse.

For tilfellet kommunen – mot formodning – ikke skulle slutte opp om ovenstående rettsforståelse, formuleres nærværende **også som klage** over Forvaltningsstyrets ovennevnte vedtak. Dette idet alt tidligere fremholdt i naustsaken herfra gjøres til del av nærværende klage, og med slik påstand som tidligere formulert.

Med vennlig hilsen

  
Bjørn Kristian Hove  
advokat





**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POSTI «POSTSTED»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2008/1701	9470/2010	45/5	SVK/ TG	19.11.2010

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - KLAGE PÅ SAK 16/10 - GODKJENNING AV  
NAUST MED LOFT**

Vi melder med dette frå at Forvaltningsstyret den 16.11.2010 , hadde føre ovannemnde som sak 66/10, der det vart gjort slikt vedtak:

***Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å endre vedtak gjort i sak 16/10, datert 23.03.2010.  
Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for avgjerd.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Torill Gåsvik  
sekretær

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar	Yngve Koppen	Arkivsak nr.:	2008/1701
:		Arkivkode:	45/5

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
66/10	Forvaltningsstyret	16.11.2010

## KLAGE PÅ SAK 16/10 - GODKJENNING AV NAUST MED LOFT

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

*Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.*

### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 16.11.2010**

***Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å endre vedtak gjort i sak 16/10, datert 23.03.2010. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for avgjerd.***

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å endre vedtak gjort i sak 16/10, datert 23.03.2010. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for avgjerd.*

### **Vedleggsliste:**

1. Brev til partane, datert 23.09.2010
2. Brev frå Fylkesmannen, datert 21.07.2010, motteke 23.07.2010
3. Brev til Fylkesmannen, datert 26.04.2010
4. Brev frå advokat Hove på vegne av naboane, datert 08.04.2010, motteke 09.04.2010
5. Vedtak i Forvaltningsstyre, sak 16/10, datert 23.03.2010, med dei dokument som der låg føre

### **Samandrag av saka:**

Det vart gitt avslag på oppføring av loft på naust, saka vart handsama delegert i sak 253/09, datert 04.11.2009.

Dette vedtaket vart påklaga av "begge partar", både tiltakshavar og nabo og handsama i Forvaltningstyret i sak 16/10, datert 23.03.2010. Vedtaket vart omgjort og loftet vart godkjent:

***“Forvaltningsstyre finn etter ein samla vurdering av opplysningane i saka, og etter ein samla vudering at naustet tilfredstiller rimelige skjønnhets hensyn og at det er godt nok estetisk utforma etter p. og b. lova §74.2. Forvaltningsstyret godkjenner naustet med loft etter teikningar datert 20.02.2009.”***

Saka vart ekspedert som eit nytt enkeltvedtak med klagefrist. Det kom brev frå nabo v/advokat Hove som meinte at saka skulle vere sendt Fylkesmannen direkte etter siste vedtaket. Eg vurderte dette som korrekt og saka vart sendt vidare til Fylkesmannen utan ytterligere handsaming av kommunen.

Kommunen mottok svar frå Fylkesmannen, datert 21.07.2010, der saka vart sendt attende til kommunen for ny klagehandsaming.

Partane fekk ny klagemoglegheit i brev datert 23.09.2010. Det er ikkje motteke ytterligere klager eller dokumentasjon frå partane og saka vert handsama med grunnlag i klage frå naboane v/advokat Hove som klage på sak 16/10, datert 23.03.2010.

### **Saksopplysningar:**

Vedtak 253/09, vart påklaga av begge partar, med forskjellig vinkling, Forvaltningsstyret omgjorde vedtaket og eg vurderte at klagen til eine parten vart avvist og difor skulle saka oversendast klageinstansen direkte, jf forvaltningslova (forv) § 33, 4.ledd.

Men Fylkesmannen er ikkje av same oppfatninga, og kommunen tar difor ei handsaming av klagen før den igjen vert oversendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen etterspør gyldig byggeløyve for det eksisterande naustet. Eg viser til tidlige saker og saksutgreiing der.

Då sakshandsamar for den opprinnelege byggesaka har slutta, har ikkje administrasjonen klart å finne ut kva som vart gjort i saka og nye sakshandsamarar har antatt at dette var på plass. Eg har antatt at det vart gitt munnleg byggeløyve og at vedtaket vart påstarta den dagen det er datert, etter at etterlyst dokumentasjon kom sakshandsamar i hende. Det løyvet vi viser til er det einaste skriftlege dokumentet kommunen har som viser kva løyve som vart gitt. Ein antar situasjonen i avdelinga var så kaotisk og hektisk på dette tidspunktet og på grunn av manglande kapasitet i avdelinga over lengre tid at sakshandsamar ikkje fekk laga ferdig det skriftlege løyvet.

Ein ser at dette har skjedd ved fleire høve, desverre, men som oftast vert det likevel fanga opp når ansvarlege søkjarar etterlyser det skriftlege løyvet etter ei tid. I dette høvet ser det ut som om det er rutiner som desverre kan ha svikta.

Eg kan her vise til forv. § 23 der det står at vedtak skal vere skriftleg om ikkje det av praktiske grunnar vil vere særskilt byrdefullt for forvaltningsorganet. Situasjonen i avdelinga på denne tida (og over lengre tid) var kaotisk, for få ressursar og lite bemanning, og ein vurderte at med grunnlag i dette, og at det ikkje låg føre merknad frå naboar/andre partar, var det munnlege løyvet tilstrekkeleg. Men ein har lagt det skriftlege løyvet som ikkje er underskrive til grunn fordi ein der ser at dei viktigaste momenta er vurdert og ein antar ansvarleg søkjar har fått denne informasjonen munnleg.

Vidare seier Fylkesmannen i sitt brev datert 21.07.2010:

*“Fylkesmannen vil også minne om grunngevingsplikta for enkeltvedtak i forvaltningslova §§ 24 og 25. Det går her fram at grunngevinga blant anna som hovudregel skal nemne dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøvinga av forvaltningskjønnet. Når det gjeld endringsvedtaket med sak nr 16/10, kan eg ikkje sjå at Forvaltningsstyret har gjort greie for dei hovudomsyn som er vektlaagt i avgjerda av at tiltaket innfrir krava til estetikk i pb1. § 74, nr 2.”*

Sakshandsamar si utgreiing er gjort i tidligare sak 253/09, datert 04.11.2009 og sak 16/10, datert 23.03.2010, og det vert å vise til.

**Vurdering og konklusjon:**

**Eg finn ikkje at klagene har tilført saka nye moment, og finn soleis ikkje grunnlag for å oppheve Forvaltningstyret sitt vedtak i sak 16/10, datert 23.03.2010.**

Jarle B. Krumsvik  
administrasjonssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

K.A. Aurstad, Torvmyrane 31, 6150 ØRSTA  
Kjell Arne Aurstad, Engesetvegen 39, 6150 ØRSTA  
Møyfrid Wollmann, Engesetgeila 6, 6100 VOLDA  
Nick Engeset, Kapteinsvegen 5, 6100 VOLDA  
Frida Åmbakk, 6150 ØRSTA  
Adv. Bjørn Kristian Hove, Postboks 815, 6001 ÅLESUND

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2008/1701	Avd. KAB
Løpnr.	Srs. JV
16 MAI 2011	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P: 45/S	
Klassering S:	

## Fylkesmannens behandling av klage på vedtak i Volda kommunes sak 16/10, om endring av naust i Geitvika – Klager: Frida Åmbakk m.fl. v/adv. Bjørn Kristian Hove

Fylkesmannen viser til kommunens ekspedisjon av 19.11.10.

Kjell Arne Aurstad har ved søknad datert 15.04.09 søkt om endring av utforming, etasjetal og areal på naustbygning på gnr 45 bnr 1.

Kommunen behandla søknaden den 04.11.09, og under sak 253/09 vart søknaden avslått med heimel i plan- og bygningsloven (pbl.) § 74 nr. 2.

Vedtaket vart påklaga av tiltakshavar i brev av 24.11.09, samt av Frida Åmbakk m.fl. ved adv. Bjørn Kristian Hove i brev av 25.11.09.

Forvaltningsstyret behandla klage i møte den 23.03.10, og under utvalssak nr. 16/10 vart vedtaket i sak 253/09 endra, søknaden godkjent og byggjeløyve vart gitt.

Saken vart etter dette sendt til Fylkesmannen. Fylkesmannen har med brev av 21.07.10 sendt saka tilbake til kommunen for klagebehandling.

Forvaltningsstyret behandla klagen frå Frida Åmbakk m.fl. i møte den 16.11.10, og under utvalssak nr. 66/10 held Forvaltningsstyret fast på vedtaket i sak 16/10. I samsvar med plan- og bygningsloven § 15 er saken deretter oversendt fylkesmannen som klageinstans.

Når det gjeld bakgrunnen for saken elles vises det til saksdokumenta.

### Fylkesmannens merknader

Klagen er framsett innafor lovbestemt klagefrist og vilkåra for å behandle dette som klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider ved saka og kan, dersom klagen vert tatt til følgje, endre vedtaket eller oppheve det og sende saka tilbake for ny behandling i kommunen.

*Private rettar*

Adv. Hove har gjort gjeldande at Aurstad ikkje har naudsynte private rettar for å oppføre naust på gnr 45 bnr 1.

Plan- og bygningsmyndigheitenes oppgåve er å sjå til at det aktuelle tiltak ikkje strider mot plan- og bygningslovgivinga, og skal i utgangspunktet ikkje ta stilling til privatrettslege forhold, den kompetansen ligg til domstolane. Dette utgangspunktet har likevel blitt nyansert gjennom langvarig forvaltningspraksis, det vises her til Sivilombudsmannens årsmelding for 2002 s. 35 flg., med ytterlegare nyansering i årsmelding for 2005 s. 30 flg. og s. 274.

Det går her fram at plan- og bygningsmyndigheitene har rett og plikt til å gjere avgrensa undersøkingar i ei vurdering av tiltakshavars rettslege interesse i å få søknaden avgjort. Dersom det synes klart at tiltakshavar ikkje har eller vil få nokon rett til å disponere i samsvar med tiltaket, må plan- og bygningsmyndigheitene kunne avvise saka. Dersom det synes uklart om tiltakshavar har eller ikkje har rett til å disponere, vil dette kunne utløyse ei viss undersøkingsplikt for forvaltninga, jf. Sivilombudsmannens årsmelding for 2002 s. 38. Er dei privatrettslege forholda etter undersøkingar framleis uklare, vil plan- og bygningsmyndigheitene måtte vurdere om det er sannsynleg at tiltakshavar har dei naudsynte rettar som trengs for å ha ei rettsleg interesse i å få søknaden behandla. Det vert likevel presisert at plan- og bygningsmyndigheitenes syn på rettsforholda ikkje er avgjerande for dei faktiske rettsforholda.

Det omsøkte tiltaket er oppført på gnr 45 bnr 1 i Volda kommune. Tiltakshavar er eigar av gnr 45 bnr 5, ein eigedom som tidlegare er fråskilt frå gnr 45 bnr 1. Når tiltaket er oppført på ein annan enn tiltakshavars eigedom, må tiltakshavar synleggjere at han har dei naudsynte private rettar som trengs for å kunne oppføre tiltaket.

I skøyte over gnr 45 bnr 1 frå Alf Elias Geitvik til Harry og Kjellaug Geitvik, tinglyst 16.05.66, står det skrive at "Om Arne Geitvik ynskjer det, skal han ha rett til ei hyttetomt på 8ar, og ei nausttomt på garden."

I skyldskifte over gnr 45 bnr 1, tinglyst 08.05.67, vart hyttetomta frådelt. Ved skøyte over eigedommen gnr 45 bnr 5, tinglyst 08.05.67, vart eigedommen overført til Arne Geitvik som gåve.

Eigedommen gnr 45 bnr 5 vart sidan overført frå Arne Geitvik til Fred Val Andersen og Bärbel Geitvik Andersen. Skøytet vart tinglyst november 1982. I skøytet er eigedommen beskrive som "Lykkebo m/nausttomt".

Når eigedommen gnr 45 bnr 5 vart overført frå Fred Val Andersen og Bärbel Geitvik Andersen til Kjell Arne Aurstad, vart eigedommen beskrive som "Hyttetomt m/naustrett" i skøytet datert 29.08.96.

Det er på det reine at Arne Geitvik hadde ein rett til ei nausttomt på gnr 45 bnr 1 i 1966. Det er også på det reine at Arne Geitvik framleis meinte å ha ein rett til ei nausttomt i 1982 og at han har meint å overdra denne retten til Fred Val Andersen og Bärbel Geitvik Andersen saman med gnr 45 bnr 5. Vidare er det på det reine at retten er overdratt til noverande eigar av gnr 45 bnr 5 Kjell Arne Aurstad.

Det er likevel uklart om retten Arne Geitvik fikk var ein servitutt eller om den i realiteten var ein løysingsrett som vil vere gjenstand for forelding. Dermed er det også knytt ein viss usikkerheit til om Arne Geitviks rett var forelda, slik at han ikkje lenger hadde ein naustrett å overdra i 1982. Fylkesmannen finn det derfor ikkje klart at Aurstad har rett til å oppføre naust på gnr 45 bnr 1. Etter ei konkret vurdering finn Fylkesmannen likevel at søknaden i dette tilfellet bør realitetsbehandlast.

#### *Gyldig byggjeløyve*

Adv. Hove har gjort gjeldande at det ikkje ligg føre eit gyldig byggjeløyve for naust.

Fylkesmannen har i brev av 21.07.10 vist til at det ikkje er dokumentert at det ligg føre gyldig byggjeløyve for det opphavlege naustet, og at dette er ein føresetnad for å kunne godkjenne påbygget på naustet.

Kommunen har i ettertid oversendt eit dokument med vedtak i sak DS BO 0054/04 datert 17.03.04. Etter sin tittel omfattar vedtaket både skredvoll, hytte og naust. Vedtaket er likevel ikkje signert og kan synes å vere ufullstendig.

Adv. Hove viser til brev av 16.03.04, signert av Rune Wetterhus sakshandsamar i sak DS BO 0054/04. I brevet vert det vist til at eigedomstilhøva for naustets plassering på gnr 45 bnr 1 og naustets utforming og plassering ikkje er tilstrekkeleg dokumentert og at saken vert lagt på vent.

Aurstad viser til at ein leverte inn terrengsnitt gjennom tomta og vollen, oppdaterte teikningar av naustet og kopi av skøytet same dag. Dokumentasjonen er samanfatta i brev mottatt av Fylkesmannen 03.05.11.

Fylkesmannen viser til kommunens brev til adv. Hove datert 06.07.09 og kommunens saksutgreiing til møte 23.03.10. Kommunen har lagt til grunn at naustet var omfatta av byggjeløyvet datert 17.03.04.

Etter Fylkesmannens syn er det framleis usikkert om det ligg føre eit gyldig byggjeløyve for naustet. Fylkesmannen finn likevel ikkje at fråværet av ein gyldig byggjeløyve er til hinder for å behandle søknaden. Fylkesmannen viser til at det er søkt om å endre både utforming av bygningskroppen, taket og fasadeuttrykket. Om ein ser på søknaden som ein ny søknad eller som ein søknad om fullstendig endring av eit gitt løyve, er utan betyding for realitetane i saka.

#### *Krava til estetikk*

Det sentrale spørsmålet i saka er om det omsøkte tiltaket har ei utforming som oppfyller dei krav som følgjer av pbl. § 74 nr. 2.

Pbl. § 74 nr. 2 peiker på både vurderingstema og kva standard som må leggest til grunn.

Etter føresegna vil vurderingstemaet vere tiltakets eigne visuelle kvalitetar og tiltakets visuelle konsekvensar for dei naturgitte og bygde omgivnadane. I vurderinga skal ein ta utgangspunkt i objektive, faglige kriterium som volum, dimensjoner, formuttrykk og materialbruk, jf. rundskriv H-20/89 frå Kommunaldepartementet.

Standarden som stilles er at tiltaket skal tilfredsstillere "rimelige skjønnhetshensyn". Ordlyden vart skjerpa ved tilføyninga av eit nytt andre punktum i 1995. Det er her bestemt at tiltak som er omfatta av plan- og bygningsloven skal ha ei god estetisk utforming. I rundskriv H-7/97 frå Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet er det lagt til grunn at denne innskjerpinga inneber at føresegna vil ramme tiltak som ikkje gir eit positivt visuelt inntrykk.

Det omsøkte tiltaket er plassert i Geitvika, eit område lagt ut som Landbruk-, natur-, og friluftområde (LNF) i kystsonedelplanen for Volda kommune, eigendokument 30.01.03. Tiltaket er søkt oppført med bruksformålet naust. Det ligg tre andre naust i Geitvika. Nausta har ein tradisjonell kubisk form og ei grunnflate på om lag 40m<sup>2</sup>. Nausta er utforma med enkelt saltak og er fargesatt i jordfargar.

Det omsøkte tiltaket har ein L-form, beståande av to delar i to etasjar. Ein naustdel og ein loftsdel. Naustdelen har ei grunnflate på 50m<sup>2</sup> som saman med loftsdelen gjer at naustet får eit bebygd areal på 58m<sup>2</sup>. Det omsøkte tiltaket har saltak på to nivå ved at mønet i loftsdelen er heva og forskyve i forhold til mønet i naustdelen. Tiltaket er betydeleg høgare enn eksisterande naust i Geitvika. Loftsdelen er utforma med ark i vestenden. Tiltaket er søkt oppført med torvtak og fargesatt med brun beis.

Det omsøkte tiltaket ligg noko høgare enn dei andre nausta i Geitvika og ligg opent til. Tiltaket vert dermed synleg frå store delar av indre Austefjorden. Dette skjerpar krava til estetikk.

I vedlegg E-1 til søknaden har tiltakshavar gjort greie for tiltakets utforming og funksjon. Tiltakshavar viser til at tiltaket er plassert høgare enn eksisterande naust av omsyn til tryggleik mot naturpåkjenningar og at volumverknadane av bygget er søkt redusert ved å bryte opp fasadane. I aust følgjer fasaden terrenget og i vest er fasaden broten opp med ein ark. Fylkesmannen ser at terrengetilpassing mot aust er med på å redusere volumverknadane av bygget sett frå denne sida. Det er likevel vestsida av tiltaket som er mest eksponert og som får størst betyding for tiltakets visuelle kvaliteter.

Det er frå vestsida av tiltaket at bygningskroppens form, arka og det oppløfta taket vert mest synleg. Det er denne sida av tiltaket som skil seg mest frå dei andre nausta i Geitvika. Tiltaket har vidare eit vesentleg større volum enn eksisterande naust i Geitvika. Kombinasjonen av ein utkraga andre etasje og bruken av ark gjer at vestfasaden får eit meir vertikalt preg som forsterkar volumverknaden av tiltaket.

Etter Fylkesmannens syn gjer skilnadene i utforming frå dei andre nausta i Geitvika at tiltaket skil seg ut på ein uheldig måte. Desse skilnadane vert ytterlegare forsterka av tiltakets store volum og får større betyding som følgje av tiltakets eksponerte plassering. Visuelt sett vert tiltaket dominerande i forhold til den smålåtne byggestilen som gjeld i Geitvika.

På bakgrunn av dette er Fylkesmannen komme til at det omsøkte tiltaket ikkje oppfyller krava til rimelege skjønnheitsomsyn i forhold til sine naturgitte og bygde omgivnader etter pbl. § 74 nr. 2.

Klage frå naboar har delvis ført fram.



**Fylkesmannens vedtak**

Med heimel i plan- og bygningsloven § 15, jf. forvaltningsloven § 34 og Fellesrundskriv 8/86 frå Kommunaldepartementet og Miljøverndepartementet, opphevar Fylkesmannen Volda kommunes vedtak i sak 16/10 og avslår søknaden.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningsloven § 28.

Partane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing



Helge Møgstad (e.f.)  
Underdirektør



Bård Berge  
Rådgivar

Kopi til:

Adv. Bjørn Kristian Hove	Pb. 815 Sentrum	6001	ÅLESUND
Nick Engeset	Kapteinsvegen 5	6100	VOLDA
Kjell Arne Aurstad	Engesetvegen 39	6150	ØRSTA
Møyfrid Wollmann	Engesetgeila 6	6100	VOLDA
Frida Åmbakk		6150	ØRSTA



# VOLDA KOMMUNE

## Avd. kart, oppmåling og byggesak

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POSTI «POSTSTED»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/sakshandsamar	Dato
2008/1701	5092/2011	45/5	KOB/ JV	25.05.2011

### REFERAT FRÅ MØTE MED TILTAKSHAVAR

Byggestad:	Geitvika, 6100 VOLDA	Gnr/Bnr:	45/5 og 45/1
Tiltak:	Endring av naust i Geitvika		
Tiltakshavar:	Kjell Arne Aurstad	Adresse:	Engesetvegen 39, 6150 ØRSTA
Ansvarleg søkjar:	Per Mulvik AS	Adresse:	Pb. 86, 6101 VOLDA

Etter Fylkesmannen si oppheving av Volda kommune sitt vedtak i sak 16/10 og avslag på søknad tok tiltakshavar og ansvarleg søkjar initiativ til eit møte med Volda kommune. Det vart gjennomført 25.05.2011. Forutan om tiltakshavar, Kjell Arne Aurstad, stilte Rune Wetterhus frå ansvarleg søkjar. Frå kommunen stilte Jørgen Vestgarden og Per Heltne (delvis).

Kommunen la fram to alternativ til;

1. Naustet endrast slik at det vert i samsvar med teikningar av opphavleg godkjent naust i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004. Kommunen legg til grunn at naustet var omfatta av dette byggjeløyvet datert 17.03.2004 og at løyvet framleis er gyldig jf. saksutgreiing til møte i Forvaltingsstyret 23.03.2010 og brev til adv. Bjørn Kristian Hove datert 06.07.2009. Da vil det heller ikkje verte krav til ny byggesøknad sidan byggjeløyvet framleis er gyldig.

2. Naustet endrast, men ikkje nok til at det vert i samsvar med teikningar av opphavleg godkjent naust i sak DS BO 0054/04, datert 17.03.2004. Da må det søkast på nytt om endring av løyvet og ny handsaming vil verte satt i gang.

*Etterskrift; Tiltakshavar må melde tilbake til kommunen innan 3 veker kva han vel å gjere.*

Elles vert det uttrykt ønskje om at kommunen (byggesak) starta handsaminga byggetiltak der dispensasjon vart gitt i sak 95/10 i Det faste planutvalet 06.10.2010. Dette gjeld berre vedtekne dispensasjonar som ikkje vart påklaga. Kommunen kunne bekrefte at handsaming av disse kan starte.

**Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2008/1701 .**

Med helsing


Jørgen Vestgarden  
avdelingsleiar

Kopi til:

Adv. Bjørn Kristian Hove	Pb. 815 Sentrum	6001	ÅLESUND
Nick Engeset	Kapteinsvegen 5	6100	VOLDA
Møyfrid Wollmann	Engesetgeila 6	6100	VOLDA
Frida Åmbakk		6150	ØRSTA
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Bård Berge	Fylkeshuset	6404	MOLDE

Interne kopimottakarar:

Samordnings- og utviklingsstaben	Per Heltne
Administrasjonssjefen	Jarle B. Krumsvik

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2008/1701	Avd. KOB
Løpenr.	Sns. JV
20 JUN 2011	
Arkivdet: BY66	
Klassering P: 45/5	
Klassering S:	

VOLDA 17.06.2011  
Tlf.Rune 70 07 49 98  
Tlf.sentral 70 07 49 90  
Mobil 99 10 47 85  
E-post [rune@mulvik.no](mailto:rune@mulvik.no)  
Org.nr. 941 987 516 MVA

Volda kommune  
Rådhuset  
  
6100 VOLDA

Deres ref.: Arkivsak 2008/1701

Vår ref.: Rune Wetterhus

### Vedkjem endring av naust Geitvika.


Vi viser til referat etter møte 25.05.2011, der det vart gitt 3 vekers frist for tilbakemelding.

Tiltakshavar melder at han vil fremje ny endringsssøknad i høve gjeldande byggeløyve.

Av omsyn til prosjektering, nabovarsling og søknadsframstilling, samt ferieavvikling, vert det teke sikte på at ny søknad kan verte lagt fram for kommunen kring 01.10.2011.

Vidare ber vi om ei orientering om status/forventa framdrift i handsaminga av dei omsøkte tiltaka som det no er grunnlag for å realitetshandsame. Dette gjeld tilkomstveg, pumpehus, støttemurar/terrengendring, utsleppsløyve og utsleppsanlegg.


For Per Mulvik AS



Rune Wetterhus  
prosjektingeniør



Advokatfirmaet Thommesen AS  
Haakon VII's gate 10, Postboks 1484 Vika  
0116 OSLO

 <b>VOLDA KOMMUNE</b>	
Saksnr. 2010/506	Avd. KOB
Løpnr.	Sns. JV
13 MAR 2012	
Arkivdel: BYGG	
Klassering P: 45/5	
Klassering S:	

## Volda kommune - gnr 45 bnr 5 og 1- anmodning om omgjøring av avslag på byggesøknad

Jeg viser til deres brev av 25.10.11, der det anmodes om omgjøring av fylkesmannens vedtak av 12.05.11, med sak nr. 2010/3509.

Som grunnlag for omgjøring anføres at fylkesmannens vedtak er ugyldig. Det anføres at fylkesmannen har vurdert et for snevert geografisk område, og at det riktige må være å se naustet i forhold til samtlige naust i Austrefjorden. Det anføres at fylkesmannen feilaktig har vektlagt at naustet er synlig fra deler av indre Austrefjorden, da dette angivelig forutsetter at naustene lengre inn i Austrefjorden har en annen og ens utforming. Vedlagte bildemateriale på ca 60 naust skal vise at dette ikke er tilfelle, og at naustet på ingen måte skiller seg ut fra øvrig naustbebyggelse i fjorden. Med denne bakgrunn anføres at fylkesmannens avgjørelse både bygger på feil faktisk grunnlag og rettsanvendelsesfeil. I tillegg hevdes at vedtaket av den grunn er sterkt urimelig og vilkårlig.

### Fylkesmannens merknader:

Fylkesmannen har med hjemmel i forvaltningsloven § 35, 1. ledd bokstav c hjemmel til å omgjøre eget vedtak, såfremt det er ugyldig.

I følge omgjøringsbegjæringen er fylkesmannens vedtak ugyldig både ut fra at det bygger på feil faktisk grunnlag og lider av rettsanvendelsesfeil. Dette er grunnlagt i at begrepet «omgivelser» i pbl. § 74, nr 2 må forstås som et større geografisk område. I denne saken anføres at det må ses hen til alle naust i Austrefjorden, og at Geitvika alene er for lite.

Ved omgjøringsbegjæringen er det lagt ved et kart over Austrefjorden (vedlegg 2). Cirka målinger fylkesmannen har gjort viser at det fra høgspenlinja og tilbake, dreier seg om 25 km strandlinje.

Av pbl. § 74, nr 2 følger at:


*«Kommunen skal se til at ethvert arbeid som omfattes av loven, blir planlagt og utført slik at det etter kommunens skjønn tilfredsstillende rimelige skjønnhetshensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene. Tiltak etter denne lov skal ha en god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgivelser.»*

I lovteksten er det ikke presisert hva som ligger i begrepet «omgivelser». En naturlig språklig forståelse av omgivelser tilsier at det her er snakk om nærmiljøet til tiltaket. Dette presiseres av uttalelser i rundskriv H-20/89, pkt 5. Her fremgår blant annet: «Det må foretas en avgrensning ut i fra hvilke omgivelser som oppleves i sammenheng med det byggemeldte tiltaket.» Videre heter det: « Estetisk og fysisk tilknytning til nabobebyggelse vil være relevante momenter med vekt på strukturen i eksisterende bebyggelse, topografi og historisk utbyggingsmønster.»

Etter dette kan fylkesmannen ikke se at det innebærer en uriktig rettsanvendelse å vurdere tiltaket opp mot øvrig bebyggelse i Geitvika. Følgelig kan jeg heller ikke se at galt faktum er lagt til grunn for vår avgjørelse, eller at avgjørelsen er sterkt urimelig eller vilkårlig.

Det har således ikke kommet frem nye opplysninger som tilsier at fylkesmannens vedtak er ugyldig, og fylkesmannen finner derfor ikke grunnlag for å omgjøre eget vedtak etter forvaltningslovens § 35.

Med hilsen



Hilde Mogstad (e.f.)  
Underdirektør



Linn Hilde Haukeberg

Vedlegg: saksdokumentene

Kopi:

Volda kommune Stormyra 2 6100 Volda



**VOLDA KOMMUNE**  
**Avd. kart, oppmåling og byggesak**

K.A. Aurstad AS

Torvmyrane 31  
6150 ØRSTA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2008/1701	6232/2012	45/5	KOB/ JV	15.06.2012

**ORIENTERING OG VARSEL OM PÅLEGG GBR 45/5**

Byggestad:	Geitvika ., 6100 VOLDA	Gnr/Bnr:	45/5
Tiltakshavar:	Kjell Arne Aurstad	Adresse:	Engesetvegen 39, 6150 ØRSTA
Ansvarleg søkjar:	K.A. Aurstad AS	Adresse:	Torvmyrane 31, 6150 ØRSTA

*Innleiing/orientering*

Viser til vedlagt møtereferat, datert 25.05.2011 og kommentarar til referat, datert 17.06.2011. Det vart opplyst om at tiltakshavar ville fremje ny endringsøknad kring 01.10.2011.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke nokon søknad eller gitt noko løyve til tiltaket. Konklusjonen er derfor at tiltaket er ulovleg inntil det anten vert endra slik at det vert i samsvar med teikningar av opphavleg godkjent naust eller eventuelt vert godkjent av kommunen etter handsaming av søknad i ettertid.

*Innsending av søknad i ettertid*

Det vert med dette høve til å søke det utførte tiltak godkjent ved innsending av søknad om endring av løyve.

Ei godkjenning avheng likevel av om krava i plan- og bygningslova (pbl), eller bestemningar gitt i medhald av denne lov, kan etterkomast. Dette gjelder også bestemningar i byggteknisk forskrift, kommunale vedtekter og arealplanar.

*Varsel om pålegg*

Etter pbl § 32-2 varslast det om at pålegg om retting vil bli vurdert dersom ikkje fullstendig søknad om endring løyve er motteken, eller det ulovlege forholdet er opphøyrte innan 15.09.2012.

Heimel for pålegget er pbl § 32-3. Det vert gitt høve til uttale innan same frist.

Vi gjer vidare merksam på at manglande etterfølging av eit eventuelt pålegg kan følgjast opp med tvangsmulkt, og/eller førelegg som igjen kan få same verknad som rettskraftig dom. Om dette, mot det ein skulle vente seg, skulle bli aktuelt vil det bli varsla særskilt i eige brev.

Postadresse:  
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70058762  
Telefaks:

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727

### *Innsyn*

Etter forvaltningslova § 18 gjer vi merksam på dykkar rett til å gjere dykk kjent med saka sine dokument.

### *Rettleiing frå oss/gebyr*

Ta kontakt med oss om dykk har spørsmål vedrørande dette brevet, eller om dykk ønskjer fleire opplysningar.

Vi gjer merksam på at kommunen si oppfølging av ulovlege tiltak er gebyrbelagt. Regulativet er tilgjengeleg på våre internettsider og på Servicekontoret.

**Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2008/1701.**

Med helsing

Jørgen Vestgarden  
avdelingsleiar

### Vedlegg:

Møtereferat, datert 25.05.2011

Svar på møtereferat frå Per Mulvik AS, datert 17.06.2012

### Kopi til:


Adv. Bjørn Kristian Hove	Pb. 815, Sentrum	6001	Ålesund
Kjell Arne Aurstad	Engesetvegen 39	6150	ØRSTA
Per Mulvik AS	Pb. 86	6101	VOLDA

### Interne kopimottakarar:

Samordnings- og utviklingsstaben Per Heltne



Volda kommune  
Stormyra 6  
6100 VOLDA

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2010/506	Avd. KOB
Løpenr.	Sns JV
- 6 AUG 2012	
Arkivdel: BYGG	
Klassering P: 45/5	
Klassering S:	

VOLDA 01.08.2011

Tlf.sentral 70 07 49 90  
Mobil 99 10 47 85  
E-post [rune@mulvik.no](mailto:rune@mulvik.no)  
Org.nr. 941 987 516 MVA

Deres ref.:2008/1701 KOB/JV

Vår ref.: Rune Wetterhus

### Gjeld varsla pålegg om endring/retting av byggetiltak under eigedomen gnr. 45, bnr. 1 og 5.

Vi viser til varsel datert 15.06.2012.

Vi beklagar at vi ikkje har evna å halde kommunen oppdatert om gangen i denne saka slik vi etter plan- og bygningslova har ei klar plikt til i rolla som ansvarleg søkjar.

Det var med grunnlag i endeleg avgjerd frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal planlagt å gjere endringar og fremje ny søknad for tiltaket på ettersommaren/hausten i 2011.

I mellomtida vart Fylkesmannen si avgjerd sendt advokatfirmaet Thommesen AS for vurdering, noko som førte til at Fylkesmannen vart førelagt påstandar om feil ved sakshandsaminga, og vart oppmoda om å handsame saka på nytt. Dette vart avvist av Fylkesmannen utan spesiell grunngjeving.

Med dette som bakgrunn har tiltakshavar i samråd med advokatfirmaet Thommesen AS funne grunn til å klage Fylkesmannen si handsaming inn for Sivilombodsmannen. Dette vart gjort i brev datert 11.05.2011. Sivilombodsmannen sine vurderingar i saka ligg so langt ikkje føre.

Advokatfirmaet Thommesen AS si klage inneheld påstandar om feil ved Fylkesmannen sine vurderingar som er eigna til å påverke utfallet av saka.

Med bakgrunn i dette ber ein om at kommunen avventar pålegg om endring til svar frå Sivilombodsmannen ligg føre.

For Per Mulvik AS



Rune Wetterhus  
-prosjektingeniør-

Vedlegg:

- Klage frå advokatfirmaet Thommesen AS til Sivilombodsmannen, datert 11.05.2012

Advokat Erlend Haaskjold  
Arntzen de Besche Advokatfirma AS  
Postboks 2734 Solli  
0204 OSLO

**S | O | M**

Vår referanse  
2012/1734

Deres referanse

Vår saksbehandler  
Thea Jåtog

Dato  
09.11.2012

## ENDRING AV NAUST – GNR 45 BNR 1 I VOLDA KOMMUNE

Det vises til ditt brev 1. juni 2012 med vedlegg på vegne av Kjell Arne Aurstad. Det vises også til ombudsmannens sak 2012/1445.

Klagen gjelder vedtak av Fylkesmannen i Møre og Romsdal 12. mai 2011, hvor fylkesmannen omgjorde kommunens tillatelse og avsto søknad om endring av naust. Avslaget ble begrunnet med at tiltaket ikke oppfylte kravene til rimelige skjønnhets-hensyn i forhold til omgivelsene, jf. den nå opphevede plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77 (plbl.) § 74 nr. 2 første ledd.

I klagen har du blant annet anført at det foreligger saksbehandlingsfeil ved at fylkesmannen klagebehandlet et vedtak som ikke var påklaget, samt at fylkesmannen ikke har tatt hensyn til det lokale selvstyret. Videre er det anført som rettsanvendelsesfeil at fylkesmannen har tatt et uriktig utgangspunkt for vurderingen av hvilket geografisk område som utgjør «omgivelsene» til omsøkt eiendom. Det er også anført at «estetikkvurderingen [er] – både skjønnsmessig og arkitektfaglig – mangelfull», samt at den «under enhver omstendighet [har] ført til et *svært urimelig* resultat».

Sakens dokumenter er innhentet fra fylkesmannen, og klagen er gjennomgått her med sikte på å vurdere om det er grunn til å foreta en nærmere undersøkelse.

Du har anført at det ikke forelå en reell klage mot kommunens byggetillatelse 23. mars 2010. På bakgrunn av brev til Volda kommune fra advokat Bjørn Kristian Hove på vegne av naboer 8. april 2010, er det ikke funnet grunn til å foreta nærmere undersøkelser knyttet til denne anførselen.

Følgende fremgår av plbl. § 74 nr. 2 første ledd:

«Kommunen skal se til at ethvert arbeid som omfattes av loven, blir planlagt og utført slik at det etter kommunens skjønn tilfredsstillende rimelige skjønnhets-hensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene. Tiltak etter denne lov skal ha en god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt

for naturgitte og bygde omgivelser. Skjemmende farger er ikke tillatt og kan kreves endret.»


Fylkesmannen var på befaring 27. april 2011 hvor «[o]mrådet ble besiktiget, herunder eiendommen for byggetiltaket og bebyggelsen i nærheten». I vedtak 12. mai 2011 foretok fylkesmannen deretter en konkret vurdering av omsøkt tiltak opp mot vilkårene i pbl. § 74 nr. 2. Under henvisning til blant annet tiltakets eksponerte plassering, høyde, høydeplassering og utforming mot vestsiden konkluderte han med at tiltaket «ikkje oppfyller krava til rimelege skjønneheitsomsyn i forhold til sine naturgitte og bygde omgivnader».


Fylkesmannen synes i sin vurdering å ha tatt utgangspunkt i en riktig forståelse av lovbestemmelsen. Begrensningen av tiltakets relevante omgivelser etter lovbestemmelsen til de tre øvrige naustene i Geitvika gir ikke grunn til ytterligere undersøkelser herfra.

Ombudsmannen reiser i utgangspunktet ikke på befaring og må bygge på det skriftlige materialet i saken, herunder kart, tegninger og tilsendte fotografier, og vurdere om bygningsmyndighetens standpunkt fremstår som saklig begrunnet. Fylkesmannen har i denne saken vært på befaring og har i vedtaket gjort en konkret og relativt grundig vurdering av tiltaket opp mot bestemmelsen. Etter en konkret vurdering er det på denne bakgrunn ikke funnet tilstrekkelig grunn til å iverksette ytterligere undersøkelser i saken. Det vises til sivilombudsmannsloven 22. juni 1962 nr. 8 § 6 fjerde ledd. Etter denne bestemmelsen avgjør ombudsmannen om en klage gir «tilstrekkelig grunn til behandling».

Gjennomgangen av saken avsluttes med dette her.

For ombudsmannen

  
Lisa Vogt-Lorentzen  
kontorsjef

  
Thea Jåtog  
seniorrådgiver

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**ADVOKATENE**  
**AARSÆTHER, HOVE OG TYNES**

I KONTORFELLESKAP  
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Ålesund, 18. juni 2013  
BKH/nkh

**Ad ulovlig bygd naust i Geitvika – Krav om ulovlighetsoppfølging.**

Jeg viser til sakens dokumenter – herunder mine brev 08. juni 2012 og 29. januar 2013. Nevnte brev følger av omsyn til god orden **vedlagt** i kopi.

Dertil vises til Volda kommunes brev hit 31. januar 2013. Ved brevet opplyses at kommunen ”har valgt å la saka ligge inntil SOM har ferdighandsama saka”. Dette med bakgrunn i at Kjell Arne Aurstad opplyses å ha brakt ”Naustsaken” inn for Sivilombudsmannen (SOM).


Etter det jeg forstår har Sivilombudsmannen avsluttet saken 09. november 2012. Jeg **vedlegger** om dette til orientering Sivilombudsmannens brev stilet advokat Erlend Haaskjold 09. november 2012. Som det fremgår av Sivilombudsmannens brev er klagen fra Aurstad ikke tatt til følge og saken er **avsluttet** hos Sivilombudsmannen.

Jeg minner således på nytt om mine påminnelser og legger til grunn at kommunen nå **straks** besørger lovpålagt ulovlighetsoppfølging – herunder ser til at det ulovlig bygde fjernes.

Med vennlig hilsen

  
Bjørn Kristian Hove  
advokat

**Vedlegg**

 <b>VOLDA KOMMUNE</b>	
Saksnr. 2008/1701	Adv. KOB
Løpenr.	Shs. JV
18 JUN 2013	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	45/5
Klassering S:	



**VOLDA KOMMUNE**  
**Avd. kart, oppmåling og byggesak**

Per Mulvik AS

Holmen 7  
6100 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2008/1701	6337/2013	45/5	KOB/ JV	24.06.2013

**GJELD VARSEL OM PÅLEGG, GBR 45/1 OG 5**

Byggestad:	Geitvika ., 6100 VOLDA	Gnr/Bnr:	45/5
Tiltak:			
Tiltakshavar:	Kjell Arne Aurstad	Adresse:	Engesetvegen 39, 6150 ØRSTA
Ansvarleg søkjar:	K.A. Aurstad AS	Adresse:	Torvmyrane 31, 6150 ØRSTA

Viser til brev frå dykk, datert 01.08.2011, motteke 06.08.2012, der de ber om å avvente pålegg til svar frå Sivilombudsmannen (SOM)ligg føre.

Sivilombudsmannen har i brev, datert 09.11.2012, konkludert med at det ikkje er tilstrekkelig grunn til å undersøkje saken nærare og avslutta saka. Sjå vedlagt brev frå SOM.

På bakgrunn av dette gjeld framleis vår ”Orientering og varsel om pålegg gbr 45/5”, men ny frist for søknad om endring av løyve, eller opphøyring av det ulovlege forholdet vert satt til **01.10.2013.**

**Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2008/1701.**

Med helsing

Jørgen Vestgarden  
avdelingsleiar

Vedlegg;  
Brev frå SOM, datert 09.11.2012

Kopi til:  
Kjell Arne Aurstad                      Engesetvegen 39    6150    ØRSTA  
Adv. Bjørn Kristian Hove    Pb. 815, Sentrum    6001    Ålesund

---

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
6100 Volda	Telefon: 70058762	Org. nr: 939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro: 3991.07.81727

**Fra:** Jørgen Vestgarden  
**Sendt:** 30. september 2013 14:50  
**Til:** 'Rune Wetterhus'  
**Kopi:** Kjell Arne Aurstad (kjell.arne@ka-aurstad.no); V-Postmottak; Advokat Bjørn Kristian Hove (bjorn.kristian.hove@wah.no)  
**Emne:** SV: Arkivsak 2008/1701 - Naust på egedomen gnr. 45, bnr. 5 i Volda kommune  
  
**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

De får utvida fristen til 15.11.2013 sidan arbeidet med endringssøknad no er i gang.

Det vil ikkje verte gitt nokon forlenga frist utover dette.

Da dette er å sjå som eit enkeltvedtak gjer eg merksam på dykkar klagerett. Klagefristen er på 3 veker og skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til Volda kommune.

Mvh  
 Jørgen Vestgarden  
 Sektorleiar Utvikling  
 Volda kommune  
 Tlf 70 05 87 62/90 47 09 15

**Fra:** Rune Wetterhus [<mailto:rune@mulvik.no>]  
**Sendt:** 24. september 2013 12:54  
**Til:** V-Postmottak  
**Kopi:** Jørgen Vestgarden; Kjell Arne Aurstad ([kjell.arne@ka-aurstad.no](mailto:kjell.arne@ka-aurstad.no))  
**Emne:** Arkivsak 2008/1701 - Naust på egedomen gnr. 45, bnr. 5 i Volda kommune

Viser til varsel om pålegg datert 24.06.2013 med frist for retting/ny søknad om endring av løyve sett til 01.10.2013.

Tiltakshavar opplyser at Leite og Howden arkitekter er engasjert for å utarbeide underlag for revidert søknad, men at underlaget ikkje vil ligge føre tidsnok til å gjennomføre søknadsprosedyre innanfor fastsett frist.

Vi ber difor om at fristen vert lengd fram til 15.11.2013.

Med vennlig hilsen  
**PER MULVIK AS**

Rune Wetterhus

---

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.  
 For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

---

Kommunen sitt saksnr.

2008/1701

**Søknad om endring av gitt løyve eller godkjenning**

etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-2

Vedkjem endringa av tiltaket eksisterande eller framtidige arbeidsplassar slik at det må hentast inn nytt samtykke frå Arbeidstilsynet?

 Ja Nei

Hvis "ja" må slikt vedtak hentast inn før det kan bli gitt igangsetjingsløyve. Byggblankett 5177 med vedlegg.

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2008/1701	KOB
Løpenr.	JV
18 NOV 2013	
Arkivdel: BYGG	
Klassering P: 45/5	
Klassering S:	



Søknaden gjeld							
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	45	9			300346429		VOLDA
	Adresse				Postnr.	Poststad	
	GEITVIKA				6100	AUSTEFJORDEN	

Beskriving av endring(ar)	
<input type="checkbox"/>	Endringer av ansvarsrettar (ny ansvarsrett, skifte av ansvarsrett, avslutta ansvarsrett)
<input type="checkbox"/>	Endring av ansvarleg søkjar, endring av tiltakshavar
<input checked="" type="checkbox"/>	Endring av tiltak (dispensasjonar, areal, plassering, formål, bruk, pbl §§ 20-1, 20-2)
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 29-2	

Vedlegg			
Nye vedlegg og tidlegare vedlegg som blir endra	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Opplysningar om ytre rammer og bygningsspesifikasjonar for tiltaket, byggblankett 5175	A	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (grunningjeving/vedtak) (pbl kap 19)	B	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader)	C	1 - 3	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkøyringsplan	D	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Teikningar	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Utgreiingar/kart	F	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Søknader om ansvarsrett	G	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Gjennomføringsplan	G	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Bustadspesifikasjon i matrikkelen	H	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Uttaler frå anna offentleg myndigheit	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	1 - 1	<input type="checkbox"/>

Underskrifter			
Ansvarleg søkjar for tiltaket (for tiltak etter pbl § 20-1)		Tiltakshavar (berre for tiltak utan ansvarleg søkjar etter pbl § 20-2)	
Føretak PER MULVIK AS		Namn KJELL ARNE AURSTAD	
Kontaktperson RUNE WETTERHUS	Telefon 99104785	Kontaktperson KJELL ARNE AURSTAD	Telefon 90641355
E-post rune@mulvik.no		E-post kjell.orne@ka-aurstad.no	
Dato 15.11.2013	Underskrift 	Dato	Underskrift
Gjenta med blokkbokstavar RUNE WETTERHUS		Gjenta med blokkbokstavar	

## **SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 29-2.**

Det vert å vise til vedtak gjort av Forvaltningsstyret i Volda kommune, sak 16/10 og vedtak gjort av Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 12.05.2011 der Fylkesmannen opphevar Volda kommune sitt vedtak i sak 16/10 og avslår søknad om endring av tiltak grunngjeve med at tiltaket etter endring ikkje oppfyller krava til «rimelige skjønnhensyn» forhold til naturgitte og bygde omgjevnader. (plan og bygningslova § 74-2)

Det faktum at kommunen ved Forvaltningsstyret i sak 16/10 godkjende byggetiltaket medfører at den omsøkte bygningen etter kommunen sitt skjøn innehar visuelle kvalitetar som stettar loven sine krav. Når Fylkesmannen kjem til motsett konklusjon indikerer dette at avviket i forhold til lovbestemmelsen er marginal.

Med bakgrunn i dette er det ynskjeleg å prøve grunnlaget for dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-2.

### **Dispensasjonsadgangen**

Plan- og bygningsloven § 19-2 gir kommunen høve til å dispensere frå loven, og føresegner gitt i medhald av loven. Føresetnader for at dispensasjon kan gjevast er:

- Hensynet til lovens formålsbestemmelse eller bestemmelsen det vert dispensert frå må ikkje verte vesentlig tilsidesett.
- Fordelane ved dispensasjon skal vere klart større enn ulempene.

Lovens formålsbestemmelse lyder:

**«Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.**

***Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.***

***Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.***

***Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.***

***Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.»***

Den bestemmelsen det vert søkt dispensasjon fra lyder:

**«Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode**



*visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.»*

Det vert lagt vekt på at kommunen ved forvaltningsstyret og Fylkesmannen har handsama saka og kome til ulik konklusjon. Dette må tolkast slik at avvika mellom bygningen sine visuelle kvalitetar og lovbestemmelsen sine krav er marginal. Av dette følgjer at dispensasjon frå bestemmelsen i pbl. § 29-2 medfører at denne bestemmelsen berre marginalt vert tilsidesett.

Det vert vidare å vise til lovens formålsparagraf der langsiktige løysingar er vektlagt. Føreset at bygningen har ei utforming i tråd med utviklingstrendane for slike bygningsmiljø, vert lovens formålsparagraf ikkje tilsidesett som følgje av dispensasjon.

Ulempene ved å godkjenne denne bygningen slik den er oppført er i følgje dei argument som er framlagde i saka relativt små. Bygningen medfører ingen tap av sentrale kvalitetar som lys, luft eller utsikt med den avstanden som er til omkringliggende bygningar og opphaldsareal. Vi kan ikkje sjå at det er framført andre ulemper enn at bygningen er større enn annan etablert bebyggelse lokalt på staden, og at den har ei eksponert plassering.

Fordelane ved dispensasjon er at tiltakshavar kan oppfylle sine legitime behov for plass til lagring av båt og sjørelatert utstyr. Ved arealmangel vert konsekvensen erfaringsmessig at utstyr som ikkje får plass innandørs vert lagra ute, under presenningar m.m. Etter vårt skjønn er dimensjonering av bygning og utforming av bygning i tråd med behov og bruk sentralt for å unngå lagring som er til sjenanse for omgjevnadane.

Konklusjonen er at fordelane ved riktig dimensjonert og funksjonell innandørs lagring med klar margin er i overvekt i høve til faktiske ulemper som følgje av bygningen sitt volum, både for tiltakshavar, naboar og i høve allmenne interesser.

#### **Fylkesmannen si grunngjeving for avslag:**

Vi vil innleiingsvis kommentere at Fylkesmannen har nytta store deler av si saksutgreiing på å ta stilling til private rettar og status til byggeløyyvet på eigedomen. Sjølv om Fylkesmannen har teke saka til realitetshandsaming, er det uklart i kva grad desse tilhøva har hatt innverknad på den samla vurderinga, og dermed utfallet av saka.

I Fylkesmannen si utgreiing er det ikkje gitt spesielle kommentarer til bygningens sine egne visuelle kvalitetar, herunder materialbruk, farge eller samsvar mellom utforming og funksjon. Dette må ein forstå slik at bygningen i seg sjølv stettar kravet til gode visuelle kvalitetar.

Fjernverknaden av tiltaket er kommentert ved at bygningen er eksponert og synleg frå store deler av indre Austefjorden, noko som i følgje Fylkesmannen skjerpar krava til estetikk. Det vert frå vår side å anføre at det i seinare tid er godkjent og oppført ei rekke naust langs Austefjorden som er like eksponerte, og med vesentleg større volum. Fjernverknaden av dette naustet kan etter dette ikkje vektleggast i vesentlig grad.

Hovudmomentet i Fylkesmannen si grunngjeving er at bygningen ut frå høgdeplassering, utforming og volum er dominerande i forhold til det som vert nemnt som den «smålåtna byggestilen som gjeld i

Geitvika.» Med dette legg Fylkesmannen til grunn at den etablerte byggeskikken i Geitvika skal danne grunnlag for utforminga av nybygg på staden.

Dei nausta det her vert samanlikna med er etter det vi erfarer oppført ca. 1970 og er enkle bygningar baserte på dei behov, og oppført etter dei byggereglar som var gjeldande for om lag 40 år sidan.

### **Utviklingstrekk.**

Naust og fritidseigedomar oppført både i Austefjorden og i andre deler av kommunen seinare år viser at det er ein tydeleg trend mot større volum og høgare bygningsmessig standard, basert på endringar både i kjøpekraft, behov og byggereglar. Lokal forvaltningspraksis viser at kommunen generelt både aksepterer og legg til rette for slik utvikling i byggeområda mot sjø.

Det er ut frå den generelle utviklinga grunn til å anta at dei eldre nausta i Geitvika i framtida vil verte gjenstand for oppgraderingar utløyst av vedlikehaldsbehov, skade eller endring av arealbehov eller bruksrelaterte behov. Desse bygningane har ein enkel konstruksjon og standard, og følgjeleg begrensa teknisk verdi. Dette medfører at relativt små reparasjonar eller endringar vil kunne medføre at bygningen i det vesentlege vert fornya, og at dagens byggereglar, herunder krav til høgdeplassering vert gjort gjeldande som følgje av dette. Det er då naturleg at dagens typiske areal- og bruksbehov vert lagt til grunn ved planlegging av tiltak på desse bygningane. Det er såleis grunn til å anta at «den smålåtne byggestilen» i Geitvika kan verte sett under press i løpet av relativt kort tid. Teikn til standardauke ser ein alt i form av fleire godkjende byggetiltak på fritidseigedomen gnr. 45, bnr. 7.

### **Grunngjeving for dispensasjonssøknad.**

Bruk av det etablerte bygningsmiljøet i Geitvika som mal for utforming av nye bygg er ikkje hensiktsmessig eller berekraftig på lengre sikt. Dette vert å underbygge med at det er radikal endring både i byggereglar og i bruks- og arealbehov for slike bygningar dei siste 40 åra.

Ei bygning skal utformast i pakt med si tid og den funksjon den skal fylle. I tillegg skal bygningen stette dagens materielle krav herunder krav til akseptabel risiko ved naturulukke. Dette medfører ei konflikt i forhold til visuell tilpassing mot eldre bebyggelse bygd under heilt andre føresetnader.

Bygningen er i tråd med gjeldande trend der det vert etterspurt og tilrettelagt for fritidsbusetnad med høge krav til komfort, standard og areal. Det er grunn til å tru at bygningen si utforming er i samsvar med god framtidig byggeskikk for området.

### **Konklusjon.**

Usekje mellom kommunen og Fylkesmannen om kor vidt omsøkte naust stettar krava til «alminnelige skjønnetshensyn» indikerer at bygget berre marginalt er i strid med lovbestemmelsen.

I lovens formålsbestemmelse er langsiktig planlegging sentralt. Utforminga av bygningen er i samsvar med trenden i lokal forvaltning med aksept for auka byggevolum i dei bebygde delene av strandsona, og på sikt i samsvar med god byggeskikk i området.

Fordelane ved dispensasjon er at bygningen får form og funksjon som dekker tiltakshavar sine behov, og mellom anna kan unngå skjemma og sjenerande utandørs lagring. Ulempene ved dispensasjon er avgrensa til marginale visuelle konsekvensar knytt til bygningsvolumet.

Dispensasjonssøknaden vert grunngeven med at utforming av ny bygning i eit eldre bygningsmiljø må medføre kompromiss idet det ikkje er mogleg å utforme ei bygning i strandsonen som stettar alle materielle krav, alle funksjonelle krav, og som i tillegg kan underordne seg uttrykket til bygningar oppført i ei anna tid, for andre formål og basert på andre krav.

Ut frå dette meiner vi at formkrava for å handsame søknad om dispensasjon er oppfylt.

Per Mulvik AS  
Holmen 7  
6100 Volda

E-post: [rune@mulvik.no](mailto:rune@mulvik.no)

Ålesund, 12. november 2013  
BKH/nkh

**Ad mottatt nabovarsel knyttet til tiltak på gnr. 45 bnr. 9 i Volda kommune.  
Naboprotest fra følgende naboer: Nick Engeset, Frida Åmbakk og Møyfrid  
Wollmann.**

Jeg viser til utsendt nabovarsel vedrørende ulovlig oppført naust i Geitvika. Ved nabovarselet beskrives tiltaket slik:

*"Søknaden gjelder endring av naust oppført på eigedomen gnr. 45 bnr. 9. Det vert søkt dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-2 om krav til visuelle kvalitetar for byggverk ("skjønnhetsparagrafen"). Intensjonen med søknaden er oppnå godkjenning av bygningen slik den er oppført, og utan endringar."*

Det ulovlige bygget er undergitt manifest saksbehandling av offentlige myndigheter over lang tid – herunder med bakgrunn i merknader og klage fra mine ovennevnte parter.

Jeg har på vegner av mine parter i dag tilskrive kommunen slik fremgår av **vedlagt** kopi av mitt brev stilet kommunen dags dato.

Knyttet til nabovarselet vedrørende bebudet søknad om dispensasjon skal kort og godt bemerkes at der intet er ved tiltaket som kvalifiserer for anvendelse av dispensasjonsbestemmelsen. Det må være en grense for alt.

Ingen av vilkårene knyttet til anvendelse av dispensasjonsbestemmelsen pbl. § 19-2 innfris.

En dispensasjon vil vesentlig tilsidesette hensynene bak estetikkbestemmelsen og forøvrig hensynet i lovens formålsbestemmelse.

Dertil fremstår som soleklart at "fordelene" ved en dispensasjon klart ikke vil være større enn ulempene etter en samlet vurdering.

Om dette viser jeg til det som fremkommer av Fylkesmannens klageavgjørelse sin tid og til øvrige opplysninger i saken og sakens forhistorie m.v.

Dertil er det betimelig å minne om Fylkesmannen i Møre og Romsdals brev stilet Volda kommune 25. mai 2010 og hvor det i en annen kontekst i tilknytning til aktuelt naust uttales følgende:

*"Vi har ikkje merknader til søknaden som gjeld veg til hytta, og diverse støttemurer i kring denne. Når det gjeld naustet er det gjeve dispensasjon for ei nausttomt tidligare og byggjeløyve for bygget 23. mars 2010. Det blir omtala som eit naust, men slik det framstår liknar det meir på eit fritidshus, men det har eit tilbygg som har naustfunksjon. Vi meiner kommunen ikkje bør tillate naustbygg med ei utforming som i praksis blir oppfatta som fritidshus... .."*

At aktuelt "naust" ikke kvalifiserer for dispensasjon burde være såvidt entydig klart, at ytterligere merknader / protester herfra burde være unødvendig.

På slik bakgrunn og under henvisning til tidligere saksdokumenter og uttalelser herfra, protesteres på det mest bestemte mot innvilgelse av varslet dispensasjonssøknad.

Med vennlig hilsen



Bjørn Kristian Hove  
advokat

**Vedlegg**

**Merknad til nabovarsel frå adv. Bjørn Kristian Hove på vegner av naboane Nick. Engeset, Frida Åmbakk og Møyfrid Wollmann**

Viser til merknad datert 12.november 2013.

Vi kan ikkje sjå at merknaden inneheld nye moment som gjeld ulemper for naboane som følgje av tiltaket eller søknaden. Vi kan heller ikkje sjå at det tidlegare i saka er framført at tiltaket vil få spesielle ulemper for desse.

Når det gjeld vilkåra for dispensasjonshandsaming er vårt syn på desse gjort greie for i dispensasjonssøknaden. (vedlegg B-1)

Med bakgrunn i dette ser vi ikkje grunn til å endre søknaden som følgje av motteken merknad.

## OMGJØRING AV KOMMUNENS VEDTAK OM Å GI DISPENSASJON FOR OPPFØRING AV NAUST.

### HISTORIKK

#### 15.04.09

Kjell Arne Aurstad søker om endring av tillatelse til oppføring av naust på gnr. 45 bnr 1.

#### 04.11.09

Kommunen behandler søknad som sak nr. 253/09 og avslår søknad med henvisning til pbl § 74 nr.2

#### 24.11.09

Vedtaket i sak nr. 253/09 påklages av Kjell Arne Aurstad, samt Frida Åmbak m.fl.

#### 23.03.10

Kommunen behandler klagen, som sak 16/10, og omgjør vedtaket i sak 253/09, søknad om endring av tillatelse godkjent og byggetillatelse gitt Saken ble oversendt fylkesmannen i samsvar med pbl. § 15 den **19.11.10**.

#### 12.05.11

Med hjemmel i pbl § 15, og med henvisning til forvaltningsloven § 34 mv., opphevet fylkesmannen kommunens vedtak i sak 16/10 og avslår søknaden. I Fylkesmannens saksfremstilling heter det at Fylkesmannen har kommet til at det omsøkte tiltak ikke oppfyller krav til rimelige skjønnhetshensyn i forhold til sine naturgitte og bygde omgivelser etter pbl § 74 nr. 2.

### Rettsgrunnlaget

Det fremgår av pbl § 19-2 at kommunen kan gi dispensasjon dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

- Første ledd første setning gir kommunen myndighet til etter søknad å dispensere fra bestemmelser i loven, forskrifter eller planer gitt i medhold av loven.
- Dispensasjon må grunngis (jf. § 19-1)
- Hensynene bak bestemmelsen det søkes dispensasjon fra må ikke bli vesentlig tilsidesatt

- Fordelene klart større enn ulempene (det vil si, klar overvekt for dispensasjon)
- Skjønnsutøvelsen er underlagt omfattende begrensninger som følger av andre ledd. Det kreves at hensynene bak den bestemmelsen det dispenseres fra ikke blir **vesentlig tilsidesatt**. I tillegg må det foretas en **interesseavveining**, der fordelene ved tiltaket må vurderes opp mot ulempene
- Krever søknad. I de tilfeller det samtidig søkes om tillatelse må det fremgå av søknaden at det samtidig søkes om dispensasjon
- Lovkrav at dispensasjonssøknaden må grunngis. Relevante grunner vil kunne være areal- og ressursdiponeringshensyn. Kommunen må sammenholde/avveie disse mot de offentlige interesser som kommunen skal ivareta. Der det er behov for ytterligere begrunnelse, og den ikke er gitt eller er ufullstendig, kan kommunen under henvisning til sin utredningsplikt etter forvaltningsloven § 17 kreve ytterligere opplysninger

### **Dispensasjonsvurderingen**

Plan- og bygningsloven § 19 stiller klare krav til dispensasjonsvurderingen. Følgene forhold skal bekreftes:

- er hensyn vesentlig tilsidesatt?
- er hensyn bak lovens formålsbestemmelse tilsidesatt (jf. pbl § 1-1)?
- er fordeler klart større enn ulemper?
- vekt på konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet?
- vekt på nasjonale regionale rammer og mål?
- negativ uttalelse fra fagmyndigheter?

### **Krav til kommunens saksbehandling og vedtakets rettsvirkning:**

Plan- og bygningsloven fastsetter krav til kommunens saksbehandling.

- Kommunen plikter å ta søknad om dispensasjon som oppfyller vilkårene i plan- og bygningsloven § 19-2 opp til behandling, foreta interesseavveining og gi dispensasjon når hensynet bak bestemmelsen det søkes dispensasjon fra ikke blir vesentlig tilsidesatt (et rettskrav).
- En fullstendig søknad skal behandles av kommunen snarest mulig.
- En gitt tillatelse er beskyttet mot senere bygge- og deleforbud og omregulering.
- Kommunen har anledning til å nedlegge bygge- og deleforbud. Denne hjemmelen ble ikke benyttet.
- Kommunen kunne ha gitt klagen utsettende virkning dersom den mente at klage fra rettslig klageinstans inneholdt vesentlige argument. Klagen fra klager ble ikke gitt utsettende virkning. Det kan etter dette ikke ha vært særlig tvil om kommunens . interesseavveining i saken i forhold klagers påstander.

Både kommunen og Fylkesmannen har brukt lang tid på å saksbehandle saken. Det gikk fire måneder fra første vedtaket i kommunen ble påklaget til kommunen fattet vedtak. Det gikk ytterligere seks måneder fra kommunen oversendte sitt omgjøringsvedtak til Fylkesmannen til Fylkesmannen fattet vedtak. Dette oppfyller ikke kravene til god og effektiv saksbehandling.

### **MINE KOMMENTARER TIL FYLKESMANNENS SAKSBEHANDLING**

Fylkesmannen har ikke drøftet hvorvidt saken oppfyller vilkårene for å kunne behandles som søknad om dispensasjon etter pbl § 19. Fylkesmannen har etter mitt skjønn bare vurdert om tiltaket oppfyller kravene til visuelle kvaliteter.



Fylkesmannen gjør privatrettslige forhold til et sentralt tema i sin redegjørelse. Hvorvidt søker har nødvendig rett til å disponere eiendommen er et privat rettslig forhold som forvaltningsorganet ikke skal ta hensyn. Jeg viser i denne sammenheng til plan- og bygningsloven § 21-6 hvor det heter:

*”Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Dersom det framstår som klart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, kan søknaden avvises. Eventuell tillatelse etter denne lov innebærer ingen avgjørelse av privatrettslige forhold. Kommunen kan fastsette frist for tiltakshaver for supplering av søknaden.”*

Hvorvidt søker at nødvendige rettigheter som søknaden innebærer vil bare ha interesse i forbindelse med en eventuell avvisning av byggesaken. Kommunen har etter dette ikke funnet tilstrekkelig grunnlag for å avvise saken men tok denne opp til behandling, jamfør sak nr. 253/09 og 16/10.

Det er uklart om dette forholdet kan ha hatt betydning for fylkesmannens omgjøringsvedtak, ettersom det er lagt så stor vekt på de private rettslige forhold i fylkesmannens saksfremstilling.

### **Sakens realiteter**

Det reises to rettslige problemstillinger:

- om vurdering av tiltakets oppfyllelse av rimelige krav til visuell kvalitet etter plan- og bygningsloven § 74 (nå § 28-4), er del av rettsanvendelsesskjønnet, og
- om tiltaket i seg selv og i forhold til omgivelsen oppfyller rimelige krav til gode visuelle kvaliteter

### **Spørsmål om visuelle kvaliteter er del av rettsanvendelsesskjønnet**

En rekke forhold vil være del av vurderingsgrunnlaget av om tiltaket oppfyller rimelige krav til visuelle kvaliteter, som lokal byggeskikk, strøkskarakter, formspråk, bygningsform, materialbruk, fargebruk mv.). Dernest hva en anser vil være god byggeskikk i framtida med endrede krav/forventninger til visuelle kvaliteter, funksjonalitet mv. Dette er forhold som kommunen styrer med plangrunnlag (kommuneplan, områdeplan) med planbestemmelser. Hva som er å anse som gode visuelle kvaliteter vil etter dette kunne variere fra et planområde til et annet. Kommunen kan etter dette ha noe ulik tilnærming til spørsmålet om gode visuelle kvaliteter innenfor ulike områder av kommunen.

Dette er del av kommunens interesseavveining i byggesaken, og kan derfor ikke antas å være del av rettsanvendelsesskjønnet, men del av kommunens frie skjønn.

### **Spørsmål om tiltaket oppfyller rimelige krav til gode visuelle kvaliteter**

Ved ansvarsreformen, som ble innført i plan- og bygningsloven i 1997, ble ansvaret for å oppfylle krav til visuell og arkitektonisk kvalitet i tiltaket lagt på ansvarlig prosjekterende for arkitekturprosjektering. I tillegg skal kommunen påse at tiltaket oppfyller rimelige krav til gode visuelle kvaliteter, jfr. pbl § 74. At det ansvarlige

foretaket har de nødvendige kvalifikasjoner ivaretas ved kommunens behandling av ansvarsrettsøknadene og tildeling av ansvarsretter.

Det kan stilles spørsmål om et overordnet forvaltningsorgan har de nødvendige kvalifikasjoner, og dermed kompetanse, til å overprøve både det ansvarlige foretakets sin faglige vurdering og kommunens skjønnsutøvelse når det gjelder spørsmålet om visuelle og arkitektoniske kvaliteter.

### **MIN OPPSUMMERING**

Jeg finner at fylkesmannens vedtak lider av så store mangler at vedtaket kan være å anse som ugyldig.

Fylkesmannen har i sin dispensasjonsvurdering ikke redegjort for vilkårene for dispensasjon som følger av pbl § 19:

- er hensyn bak bestemmelsen det søkes dispensasjon fra vesentlig tilsidesatt?
- er hensyn bak lovens formålsbestemmelse tilsidesatt (jf. pbl § 1-1)?
- er fordeler klart større enn ulemper?
- vekt på konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet?
- vekt på nasjonale regionale rammer og mål?
- negativ uttalelse fra fagmyndigheter?

Slik jeg ser det foreligger det betydelig faglig uenighet mellom kommunen og Fylkesmannen om hva som er å anse som gode visuelle kvaliteter ved tiltaket. Tatt i betraktning av denne tvilen fremstår omgjøring, etter min oppfatning, som et uforholdsmessig vedtak. **Fylkesmannen har heller ikke i sin saksfremstilling drøftet hensynet til kommunens selvstyre og dermed heller ikke lagt vekt på dette i sin slutning.**

Kommunen ga ikke pålegg om byggestopp da klagen ble fremsatt. Kommunen ga heller ikke klagen utsettende virkning. For meg synes det som om kommunen ikke på noe tidspunkt, har ansett klagers anførsler å være av en slik karakter at dispensasjon ikke burde gis. Dette står i stor kontrast til Fylkesmannens slutninger.

Etter dette kan det vurderes å sende saken over til Sivilombudsmannen for uttalelse.

Brumunddal 13.10.2013

Sivilingeniør Sigurd Hoelsbrekken

Byggesak Norge AS

Formål	Vurdering av Fylkesmannens omgjøringsvedtak
Utføres av	Siv.ing Sigurd Hoelsbrekken
Når	Grunnlag for å vurdere ev. oppfølging av Fylkesmannens vedtak om omgjøring av kommunens vedtak om gitt dispensasjon
Henvisninger til krav	Plan- og bygningsloven Kapittel. 19
Versjon 1	13.10.2013
Versjon 2	
Versjon 3	
Egenkontroll	Siv.ing Sigurd Hoelsbrekken i samsvar med Byggesak Norge AS kvalitetssystem

**Fra:** Jørgen Vestgarden  
**Sendt:** 21. februar 2014 15:39  
**Til:** V-Postmottak  
**Emne:** VS: Kjell Arne Aurstad - naust, sak 2008/1701

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

---

**Fra:** Johs A. Aspehaug [<mailto:jaa@ovgj.no>]  
**Sendt:** 17. februar 2014 14:35  
**Til:** Jørgen Vestgarden  
**Kopi:** [kjell.arne@ka-aurstad.no](mailto:kjell.arne@ka-aurstad.no)  
**Emne:** Kjell Arne Aurstad - naust

Vi viser til tidligere kontakt og korrespondanse.

Det er nødvendig å knytte noen kommentarer til dispensasjonssøknaden fra Kjell Arne Aurstad hva angår hans naust i Geitvika.


Søknaden har som premisse at fylkesmannen har funnet at naustets utforming er i strid med skjønnhetsparagrafen. Det skal understrekes at Aurstad er grunnleggende uenig i vedtaket, og at det i tillegg til å være uriktig, også er meget svakt faglig fundert. Til dette kommer at kommunen på sin side ikke vurderte det på samme måte som fylkesmannen, men valgte å godkjenne naustet uten å lagge til grunn at skjønnhetsparagrafen var aktuell.

Dette viser, i det minste, at vurderingen har falt ulikt ut hos ulike aktører, og det er en meget forsiktig påstand å fremsette at «overtredelsen» i forhold til skjønnhetsparagrafen uansett er marginal.

Det er i dette lys dispensasjonssøknaden må sees. Med en vurdering som ligger helt på grensen av hva som rammes av loven, vil en dispensasjon fra skjønnhetsparagrafen i dette tilfellet hverken tilsidesette hensynene bak bestemmelsen eller lovens formålsbestemmelse. Fordelene for Aurstad er klart større enn ulempene for de øvrige som er involvert. I dette bildet må det også vurderes hvilke tiltak andre involverte har tillatt seg.

Kommunen bør også være klar over at det har pågått privatrettslige tvister knytte til Aurstads bygging i området, tvister som hele veien er løst ved at Aurstad har vært villig til å yte mer enn rause bidrag økonomisk for å få til løsninger i minnelighet. Man kan stille seg spørsmålet om det er ønsket om ytterligere økonomiske uttellinginger som er motivet bak aktivitetsnivået som utøves.

Når det gjelder oppfølging av Nic Engesets bygging i strandsonen, er det åpenbart formålstjenlig med en befarung. Vi stiller gjerne på denne.

 cid:C94F3BDE-8EBE-46D4-A25E-2A78EE16D56C@home

Denne e-post med eventuelle vedlegg er kun ment for adressaten (e).  
 Ved urettmessig mottak bes avsender straks orientert, og hele meldingen slettet.

This e-mail and the information it contains is legally privileged and confidential. It is intended for the persons (s) named above.  
 Unauthorized reading and copying of this e-mail is strictly prohibited. Please delete this e-mail and notify the sender, if this e-mail cannot be handed over to the addressee.

---

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.  
 For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

---

Denne epost har blitt kontrollert for virus av Serit  
 This e-mail has been scanned for viruses by Serit

---



# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Regine Solberg Aklestad	Arkivsak nr.:	2015/632
		Arkivkode:	141

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/16	Driftsstyret	13.01.2016
4/16	Forvaltningsstyret	14.01.2016

## **INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL**

### **Administrasjonen si tilråding:**

#### **Saka vert fremja utan tilråding.**

**Konklusjonane frå arbeidsmøta vil bli samanstillt i notat "*innspel frå driftsstyret/-forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel*", som vil fylgje planframlegget ved vidare handsaming.**

### **Vedleggsliste:**

1. Oppgaveark, innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel
2. Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, datert 07.07.2015
3. Utfordringsnotat for Volda kommune 2015, datert 07.07.2015

### **Uprenta saksvedlegg:**

#### **Samandrag av saka:**

I samband med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel ynskjer vi ein brei deltaking og involvering. Ein ynskjer såleis også deltaking og innspel frå driftsstyret og forvaltningsstyret til dette arbeidet.

Tidlegare godkjent planprogram Volda kommune ynskjer innspel frå driftsstyret og forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet inneheld åtte hovudtema og ei rekke aktuelle problemstillingar.

Oppgavearket i vedlegg 1 inneheld eit utdrag av problemstillingane i planprogrammet.

Oppgåvearket er laga som ei førebuing til møta, og vi ynskjer at medlemmane i rådet svarer på desse spørsmåla på førehand. Medlemmane treng ikkje svare på alle spørsmåla, men bør prioritere å nytte tid på det dei meiner er viktig. På møta vil planleggar frå kommunen gå gjennom dei åtte hovudtema, og samle innspel frå utvala. Arka skal også samlast inn.

Innspela skal samlast i eit notat "*innspel frå driftsstyret/forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel*", og vil overrekkast kommunestyret saman med andre innsamla innspel.

### **Saksopplysningar:**

Gjeldande kommuneplan for Volda kommune består av ein langsiktig del (samfunnsdel) som vart vedteken av Volda kommunestyre 24. april 1997, og ein arealdel som vart vedteken av kommunestyret 31. mai 1990. Volda kommunestyre har vedteke oppstart av rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel, og planprogrammet for samfunnsdelen vart godkjent av kommunestyret 27. august 2015.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. I planprogrammet er det gjort greie for siktemålet med planarbeidet, framdriftsplan og opplegg for medverknad. Planprogrammet inneheld også hovudtema for samfunnsdelen.

### **Hovudtema**

Dokumentet "Utfordringsnotat for Volda kommune 2015" er brukt som grunnlag for å diskutere innhald i planprogrammet og hovudtema for vidare kommuneplanarbeid. Kommuneplanen for Volda 2016–2028 skal ut frå dette innehalde åtte hovudtema:

- Attraktivitet
- Busetting
- Volda i regionen
- Volda sentrum
- Folkehelse
- Klima og miljø
- Tenester
- Samfunnstryggleik

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gje ei kort skildring av situasjonen i Volda innanfor dei åtte hovudtema, og definere hovudmål, resultatmål og strategiar for planperioden. Samfunnsdelen skal også innehalde føringar for vidare arbeid med arealdelen. Med utgangspunkt i dei åtte hovudtema skal det utarbeidast ein eigen handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgande åra. Handlingsdelen skal rullerast årleg, og utarbeidast som ein del av den årlege budsjett- og økonomiplanprosessen.

### **Innspel frå driftsstyret og forvaltningsstyret**

Volda kommune ynskjer innspel frå driftsstyret og forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet inneheld åtte hovudtema og ei rekke aktuelle problemstillingar. Oppgåvearket i vedlegg 1 inneheld eit utdrag av problemstillingane i planprogrammet.

Oppgåvearket er laga som ei førebuing til møta, og vi ynskjer at medlemmane i rådet svarer på desse spørsmåla på førehand. Medlemmane treng ikkje svare på alle spørsmåla, men bør prioritere å nytte tid på det dei meiner er viktig. På møta vil planleggar frå kommunen gå gjennom dei åtte hovudtema, og samle innspel frå råda. Arka skal også samlast inn.

Innspela skal samlast i eit notat "*innspel frå driftsstyret/forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel*", og vil bli overrekt kommunestyret saman med andre innsamla innspel.

**Vurdering og konklusjon:**

Volda kommune ynskjer innspel frå driftsstyret og forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel. Saka vert fremja utan tilråding.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Helse- og miljøkonsekvensar skal synleggjerast gjennom planarbeidet.

**Økonomiske konsekvensar:**

Økonomiske konsekvensar skal synleggjerast gjennom planarbeidet.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Beredskapsmessige konsekvensar skal synleggjerast gjennom planarbeidet.

Regine S. Aklestad  
planleggar

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

**VEDLEGG 1: OPPGÅVEARK, INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL**

Volda kommune ynskjer innspel frå driftsstyret og forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet inneheld åtte hovudtema og ei rekke aktuelle problemstillingar.

Dette oppgåvearket inneheld eit utdrag av problemstillingane i planprogrammet. Oppgåvearket er laga som ei førebuing til møta, og vi ynskjer at medlemmane i rådet svarer på desse spørsmåla på førehand. **Medlemmane treng ikkje svare på alle spørsmåla, men bør prioritere å nytte tid på det kvar enkelt meiner er viktig.** På møta vil planleggar frå kommunen gå gjennom dei åtte hovudtema, og samle innspel frå råda.

**Ber om at medlemmane i rådet enten printer ut spørsmålsarket og svarar på spørsmåla for hand, eller svarar på spørsmåla digitalt. Papiversjonar vert samla inn på møtet, digitale versjonar kan sendast på e-post til [regine.solberg.aklestad@volda.kommune.no](mailto:regine.solberg.aklestad@volda.kommune.no), i forkant av møtet.**

Innspela skal samlast i eit notat "innspel frå driftsstyret/forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel", og vil bli overrekt kommunestyret saman med andre innsamla innspel.

## Attraktivitet

### Folk – næring – trivsel

Korleis sikre gode oppvekstvilkår?

Kva mål og visjonar har kommunen for næringsutvikling og verdiskaping?

Kva næringar ynskjer kommunen å legge til rette for og satse på?



Korleis ta vare på og styrke landbruksnæringa?

Korleis utvikle transportsystemet?

Korleis nytte naturen som ein ressurs?

Korleis ta vare på og utvikle gode idretts-, kultur- og fritidstilbod?

Korleis nytte innvandrara som ressursar i lokalmiljøet og sikre god integrering?

Andre innspel til tema attraktivitet:

## Busetting

Kva slags strategi skal kommunen ha for busetting?

Kva type bustadar er det behov for, og kvar?

Korleis sikre god og variert tilgang på bustadar og tomter?

Korleis legge til rette for gode bumiljø?

Korleis få unge som flyttar ut til å kome tilbake?

Korleis sikre eit godt leigemarknad?

Andre innspel til tema busetting:

## Volda i regionen

Korleis styrke Volda og Ørsta som eit regionalt funksjonsknutepunkt?

Korleis trekkje ut synergjar frå kommunereformprosessen?

Korleis ta vare på, utvikle og utnytte sjukehuset, høgskulen, kommunen og andre institusjonar som ressursar?

Korleis styrke og bevare kultur- og naturverdiar?

Andre innspel til tema Volda i regionen:

## Volda sentrum

Kva mål og visjonar har vi for Volda sentrum?

Kva element er viktige for Voldas særpreg og identitet?

Korleis gjere Volda sentrum attraktivt?

Korleis få til gode samarbeidsavtalar mellom fylkeskommune, kommune, næringsliv og frivillige?

Korleis utvikle sentrumsområde med forankring i lokal identitet og tilhøyrse?

Andre innspel til tema Volda sentrum:

## Folkehelse

Korleis førebygge psykisk uhelse, spesielt blant unge jenter?

Korleis førebygge overvekt, spesielt hos barn og unge?

Korleis legge til rette for gode oppvekst- og levekår?

Korleis førebygge mobbing, einsemd, angst, rus og livsstilssjukdomar?

Korleis legge til rette for fysisk aktivitet i kvardagen?

Korleis styrke innbyggjarane sin livskvalitet?

Andre innspel til tema folkehelse:

## Klima og miljø

Korleis gjennomføre tiltak for å betre miljøet og redusere klimagassutslipp?

Kva strategi har vi for ein berekraftig arealbruk?

Korleis legge til rette for miljøvenleg transport?

Korleis ta vare på naturen som ein ressurs?

Korleis ta vare på det biologiske mangfaldet?

Andre innspel til tema klima og miljø:

## Tenester

Korleis sikre tilfredsstillande dekningsgrad og standard på kommunale velferdstenester innanfor økonomisk handlingsrom?

Korleis skape kultur for innovasjon?

Korleis møte framtidige krav til omstilling og effektivisering?

Korleis møte forventna auka press på kommunale tenester?

Kva tenester er Volda kommune gode på?

Kva tenester bør vi verte betre på?

Korleis arbeide for eit godt omdøme?

Andre innspel til tema tenester:

## Samfunnstryggleik

Kva mål og strategiar skal kommunen ha for arbeidet med samfunnstryggleik?

Korleis skal kommunen leggje til rette for tryggleik for innbyggjarane?

Korleis skal kommunens beredskapsorganisasjon drivast og vedlikehaldast?

Korleis skal kommunen arbeide for å møte framtidige utfordringar?

Kva kan kommunen gjere for å begrense framtidige utfordringar?

Andre innspel til tema samfunnstryggleik:





# PLANPROGRAM SAMFUNNSDELEN

Kommuneplan for Volda kommune


Dato: 7. juli 2015

Vedtøken av Volda kommunestyre

27. august 2015

# 1 INNHALD

1	INNHALD	s. 2
2	BAKGRUNN	s. 3
2.1	Kva er ein kommuneplan?	s. 3
2.2	Ny kommuneplan for Volda kommune	s. 4
2.3	Om planprogram	s. 5
3	FØRINGAR OG FORVENTNINGAR	s. 6
3.1	Nasjonale føringar	s. 6
3.2	Regionale føringar	s. 7
3.3	Lokale føringar	s. 8
4	UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER	s. 9
4.1	Om Volda	s. 9
4.2	Hovudtema og sentrale problemstillingar	s. 12
5	MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT	s. 16
5.1	Organisering og opplegg for medverknad	s. 16
5.2	Framdriftsplan	s. 17
5.3	Vidare prosess	s. 17
5.4	Utgreiingar	s. 17
5.5	Ressursbehov	s. 17
6	KJELDER	s. 18



# 2 BAKGRUNN

## 2.1 Kva er ein kommuneplan?

**Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:**  
"Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig."

**Om kommuneplanens samfunnsdel i plan- og bygningslova, § 11-2 og 11-3:**  
"Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.


Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer."

**Om kommuneplanens arealdel i plan- og bygningsloven § 11-5:**  
"Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for

hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt."

**Om handlingsdelen i Miljøverndepartementets vegleiar "Kommuneplanprosessen":**  
- Likestilling og inkludering
- Internasjonalisering
- Miljø og klima

### 3.2.3 Andre regionale føringar

- Regional delplan for folkehelse 2014–2017.  
Vedteken av Fylkestinget 10. desember 2013. T-78/13.
- Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.  
Vedteken av Fylkestinget 10. april 2000. T-11/00.
- Regional delplan tannhelse.  
Vedteken av Fylkestinget 15. oktober 2013. T-59/13.
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader.  
Vedteken av Fylkestinget 15. juni 2015. T-32/15.
- Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi.  
Vedteken av Fylkestinget 15. juni 2015. T-33/15.
- Regional plan for vassforvaltning for Møre- og Romsdal vassregion 2015–2021.  
Ute til høyring og offentlig ettersyn.
- Regional delplan for klima og energi 2014–2020.  
Planprogram ute til høyring og offentlig ettersyn.
- Regional delplan for samfunnstryggleik og beredskap.  
Planprogram ute til høyring og offentlig ettersyn. U-67/12.

### 3.2.4 Lokale planar og føringar

- Kommuneplanen
  - o Volda mot år 2000, Kommuneplan 1989–2000 (arealdelen)
  - o Kommuneplan 1996–2008, Langsiktig del (samfunnsdelen)

Samfunnsdelen inneheld omtale av status, utviklingstrekk og utfordringar innanfor:

- Volda som helse- og miljøkommune
- Naturgrunnlaget
- Folketalsutvikling
- Busetjingsmønster/Offentleg service
- Sosiale og kulturelle tilhøve
- Næringsliv og sysselsetjing
- Kommunikasjonar og samferdsel
- Organisasjon og administrasjon
- Kommunal økonomi

For kvart av dei ni tema er det definert hovudmål og retningslinjer kommunen skal arbeide mot og etter.

- Godkjente kommunedelplanar:
  - o KDP for Berknes/Lid
  - o KDP for Bjørkedalen 2003–2006
  - o KDP for Dalsbygda
  - o KDP for Dravlaus
  - o KDP for Folkestad og Folkestaldalen 2008–2012
  - o KDP Fyrde/Aurstad
  - o Kommunedelplan for Grøndalen
  - o KDP for Hjartåbygda/Aldalen
  - o KDP for Høydal
  - o KDP for Kystsona 2003–2006
  - o Kommunedelplan for Selvika/Skjeret
  - o KDP for Steinsvik og Åmelfot
  - o KDP for Straumshamn
  - o KDP for Ulvestadbygda
  - o KDP for Volda sentrum – inkludert Mork/Furene og Vikebygda
  - o KDP E39 Volda–Furene (ikkje vedteken)
  
- Tematiske kommunedelplanar:
  - o Omsorgsplan 2014–2017
  - o Klimaplan for Volda kommune 2010–2020
  - o KDP Fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak 2014–2018
  - o Kommunedelplan for trafikktrygging i Volda kommune 2013–2016
  - o Bustadsosial handlingsplan 2010–2014
  - o Rehabiliteringsplan 2005–2009
  - o Barnehageplan for Volda kommune 2003–2007

- Andre fagplanar:
  - o Handlingsprogram for busetjing og integrering av flyktningar 2012–2014
  - o Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
  - o Hovudplan Avfallsplan 2000–2003
  - o Lønnspolitisk plan for Volda kommune
  - o Pandemiplan
  - o Plan for kriseleiinga i kommunen
  - o Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012–2016
  - o Smittevernplan
  - o Tiltaksplan for psykisk helse i Volda kommune 2007–2010
  - o Interne sektorplanar
  
- Andre relevante dokument:
  - o Attraktivitetsanalyse Ørsta og Volda. Befolkningsutvikling, næringsutvikling og scenarier.
  - o Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet.
  - o Frivilligmelding
  - o Grunnlagsdokumentet for Sunne kommuner – WHO`s norske nettverk
  - o Hovudnett for sykkel i Volda og Ørsta med tiltaksplan
  - o Kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015
  - o Tettstadsanalyse Volda sentrum
  - o Utfordringsnotatet knytt til Kommunal planstrategi 2012–2015

Kjeldelista til slutt i dokumentet inneheld ei fullstendig oversikt over nytta rapportar, dokument og kjelder.

## 4 Status og utfordringar i Volda

### 4.1 Befolkningsutvikling

Volda har, lik landet elles, hatt ei befolkningsvekst dei siste åra. I 2014 var det 8 909 innbyggjarar i Volda kommune. I tillegg er det til ei kvar tid busett ca. 1500–2000 studentar i Volda. Mange av studentane meldar ikkje flytting, og er dermed ikkje tatt med i mange av statistikkane for kommunen.

Volda kommune har hatt ei relativ folkevekst på 6,4 % i perioden 2004–2014, dette tilsvarer gjennomsnittleg vekst i Møre og Romsdal (6,9 %). For landet har folketalet auka med 11,6 % i same periode. I følge Statistisk sentralbyrås (SSB) mellomalternativ (MMMM) vil folketalet i Volda fortsette å stige framover, sjå Tabell 1. I 2030 spår dei at det vil vere 1590 fleire innbyggjarar i Volda, det vil seie i alt 10 498 innbyggjarar.

#### **Folketal og framskrive folketal (MMMM) fordelt på aldersgrupper**

	2014	2020	2025	2030	2040
<b>0 år</b>	87	+ 30	+ 31	+ 31	+ 28
<b>1–5 år</b>	517	+ 75	+ 129	+ 133	+ 118
<b>6–12 år</b>	776	+ 21	+ 71	+ 173	+ 175
<b>13–15 år</b>	332	+ 24	+ 17	+ 48	+ 91
<b>16–19 år</b>	538	- 70	- 24	- 65	+ 44
<b>20–66 år</b>	5308	+ 339	+ 503	+ 683	+ 966
<b>67–79 år</b>	880	+ 231	+ 341	+ 386	+ 483
<b>80+</b>	471	- 16	+ 59	+ 201	+ 390
<b>Totalt endring</b>		+ 634	+ 1127	+ 1590	+ 2295
<b>Totalt folketal</b>	8909	9543	10036	10498	11204


Tabell 1: Framskrive folketal Volda kommune, etter mellomalternativet (SSB tabell 10213).

Tabell 1 viser framskrive folketal fordelt på ”funksjonelle aldersgrupper”. Fordelinga i dei funksjonelle aldersgruppa gjer det enkelt å sjå kor mange til dømes barnehagebarn, barneskulebarn og ungdomsskuleelevar vi kan forvente å få i Volda dei neste åra. Dei ulike aldersgruppene har forskjellige krav og forventningar til kommunale tenester.

#### 4.1.1 Fleire eldre

I følge framskrivningane til SSB vil gruppa eldre (70 år eller meir) doubles dei neste 30 åra, på landsbasis. Det er ein konsekvens av at dei store etterkrigskulla blir eldre, samtidig som levealderen aukar. I Volda er det venta at 20 % av befolkninga er over 67 år i 2040 (tilsvarande 15 % i 2014). Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester; til dømes helse, pleie og omsorg, kultur- og fritidsaktivitetar og økonomi. Utviklinga vil også få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk.

### **Innbyggjarar i arbeidsfør alder (20–66 år) per innbyggjarar 80 år og over, Volda kommune.**



År	Innbyggjarar 20–66 år per innbyggjar 80 år og oppover
2014	11,3
2020	12,4
2040	7,3

Tabell 2: Forventa innbyggjarar i arbeidsfør alder per innbyggjarar over 80 år (nykommune.no).

Tabell 2 viser ein reduksjon i forholdstalet mellom dei to aldersgruppa; frå 11,3 i 2014 til 7,3 i 2040. Det betyr at det blir færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggjar 80 år og over.

Kjelder:

(nykommune.no)

(Tønnesen, Syse, & Aase, 2014)

#### 4.1.2 Fleire menn enn kvinner

##### **Kvinner per 100 menn, 20–39 år**


Volda	90,7
Eiksundregionen	88,9
Møre- og Romsdal	90,2
Noreg	95,0

Tabell 3: per 100 menn, 20–39 år (2014) (SSB tabell 07459).

I 2014 var det 95 kvinner per 100 menn i Noreg i aldersgruppa 20–39 år, sjå Tabell 3. For fylket var tilsvarande tal 90,2 kvinner per 100 menn, og for Volda kommune var det 90,7 kvinner per 100 menn. Berre Finnmark har færre kvinner per menn i denne aldersgruppa enn Møre og Romsdal. Årsak til at det er eit stort overskot med menn i Møre og Romsdal har samanheng med arbeidsmarknad i fylket. Jobbmoglegheiter finn ein innafor tradisjonelle mannsdominerte arena og fleirtalet av innvandrarane er menn.



### Kvinner per 100 menn, 20–39 år, 2004–2014



Figur 1: Kvinner per 100 menn (Kommunestatistikk Volda 2014).

Frå 2006–2011 skilte Volda kommune seg ut frå resten av fylket, og hadde fleire kvinner per menn enn landsgjennomsnittet, sjå Figur 1. Volda kommune har mange arbeidsplassar innan helse, skule og det offentlege, medan nabokommunane har fleir arbeidsplassar innan industri, offshore og maritime arbeidsplassar. Den relativt jamne kjønnsbalansen og ein arbeidsmarknad som tiltrekte seg kvinner i etableringsfasen var eit positivt trekk som Volda kommune ynskte å vidareutvikle og bruke aktivt i arbeidet med å skape eit meir allsidig arbeidsmarknad i regionen, og gjere Volda kommune til ein attraktiv stad å bu. Det er uvisst kvifor talet har endra seg dei siste åra.

Vekst i privat og offentleg tenesteyting er i stor grad kunnskapsbasert og kompetansekreivjande. Også industribedriftene i regionen har blitt meir og meir kunnskapsorienterte bedrifter. Utfordringa for mange bedrifter i regionen er difor å få tak i dei rette folka. Det er fleire kvinner enn menn som tek høgare utdanning. Kompetansearbeid og tenestenæringar trekkjer til seg fleire kvinner enn industriproduksjon. Volda har ein arbeidsmarknad som kvinner tradisjonelt finn meir attraktivt. Dette gjer Volda eit konkurransefortrinn og bør vidareutviklast til å skape eit meir allsidig arbeidsmarknad i regionen.

Kjelder:

(Grimsrud & Giskeødegård, 2014)

(Kommunestatistikk Volda 2014)

(SSB, Folkemengd, etter kjønn, alder og kommune, 2012)

(SSB tabell 07459)

(SSB tabell 08915)

(Temp 2011)

### 4.1.3 Fødselstal

I Volda har det vore ein nedgang i talet på fødde; i 1990-årene vart det fødd i snitt 109 barn kvart år og på 2000-talet vart det fødd i snitt 95 barn kvart år. Utviklinga på tal fødde viser at det blir fødd stadig færre barn også i fylket. Frå 1991 til 2010 er talet fødde i Møre og Romsdal redusert med 15 %. Nedgangen heng saman med at talet på kvinner i aldersgruppa 15–49 går ned.

Det skjer ei sentralisering i landet frå bygd til tettstad, tettstad til by og liten by til større by. Dette ser ein igjen også i Volda kommune, der det til dømes berre vert født to barn i Dalsfjord og ni barn i Austefjord i perioden 2007–2011. I Volda tettstad vert det født 406 i same periode (fødselstala inkluderer ikkje, asylsøkjjarbarn eller "studentbarn"). For bygdene i Volda er det ei vedvarande utvikling med færre og færre fødde.

Fødselstala vil få konsekvensar mellom anna for framtidig skulestruktur. Ei anna konsekvens er at stadig færre har røtene sine i distriktet. Tilknytning til ein stad er viktig for val av bustad. Denne strukturelle endringa vil sannsynlegvis få konsekvensar for komande generasjonars bustadval.

Kjelder:


(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(SSB tabell 06913).

### 4.1.4 Innvandring

Nettoinnflytting har vore meir avgjerande for å sikre ei positiv folketalsutvikling enn fødseloverskot. Det er først og fremst innvandring frå utlandet som sikrar ei positiv folketalsutvikling i fylket og i Volda kommune. I 2013 var nettoinnvandring frå utlandet til Volda kommune på 135 personar, medan innlandsflytting var på -60 personar og fødseloverskotet på 6 personar, sjå Figur 2.

**Folketilveksten i Volda kommune etter type siste 10 åra**



Figur 2: Folketilvekst (Kommunestatistikk Volda 2014).

I 2013 var 7,6 % av Volda sine innbyggjarar innvandrarak. Tabell 4 visar dei fem vanlegaste landbakgrunnane. Samla sett kom 48,4 % av innvandrarakane i kommunen frå ulike land i Europa, medan innvandrarakar frå Afrika og Asia utgjorde under halvparten av busette innvandrarakar i Volda.

Landbakgrunn	Tal på personar
Somalia	66
Eritrea	61
Tyskland	44
Filippinene	42
Polen	39

Tabell 4: Dei fem vanlegaste landbakgrunnane, Volda kommune (SSB tabell 09817).

Volda skil seg ut frå fylket når det gjelder innvandringsgrunn, sjå Tabell 5. Møre og Romsdal har høg arbeidsinnvandring (40 %), men i Volda er innvandringa knytt til arbeid berre 19 %. Volda har derimot ein høgare del flyktningar enn fylket. Volda har også høg innvandring knytt til utdanning.

	Arbeid	Familie	Flukt	Utdanning	Andre
<b>Noreg</b>	30 %	40 %	23 %	6 %	1 %
<b>Møre og Romsdal</b>	40 %	39 %	15 %	4 %	2 %
<b>Volda</b>	19 %	26 %	40 %	14 %	1 %

Tabell 5: Innvandringar etter innvandringsgrunn. Busette per 1. januar 2012 (SSB, Innvandrere etter innvandringsgrunn, 2012).

Det er knytt stor usikkerheit til framskriving av innvandring til Noreg, men ein kan forvente at innvandring også dei næraste åra vil bidra til befolkningsvekst før den etter kvart vil gå ned. Å vere attraktiv som bustadkommune også for innvandrarakar vil i stor grad kunne vere med på å sikre folketalsauka i kommunen. For å sikre ei framtidig folketalsauke er det vesentleg å legge til rette for at dei som kjem flyttande til Volda vert verande og at fleire finn kommunen attraktiv å busette seg i.

Kjelder:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(SSB tabell 09588)

(SSB tabell 06913)

(SSB tabell 07110)

(SSB tabell 09817)

#### 4.1.5 Flyttemønster

Utviklinga held fram mot ei sentralisering nasjonalt, regionalt og lokalt i Volda kommune. I følge tal frå SSB bur 71,5 % av alle innbyggjarane i Volda, i område definert som tettbygd strøk. Tilflyttare til Volda ynskjer primært å busette seg sentralt; i gangavstand til barnehage, skule, jobb, handelsområde og fritidsaktivitetar. Nærheit til natur- og friluftsområde er også ein kvalitet i Volda tettstad. I bygdene går folketalet jamt nedover, sjå Tabell 6.

	2004	2014	Endring 2004–2014	Endring % 2004–2014
Volda tettstad*	5565	6368	803	14,4
Velsvik	61	54	-7	-11,5
Ulvestad	325	286	-39	-12,0
Dravlausbygda	221	200	-21	-9,5
Innselset	38	29	-9	-23,7
Åmelfot og Steinsvik	91	80	-11	-12,1
Dalsbygd	136	102	-34	-25,0
Folkestad	327	279	-48	-14,7
Fylsvik	168	140	-28	-16,7
Bjørkedal	146	137	-9	-6,2
Høydal	77	69	-8	-10,4
Fyrde	205	170	-35	-17,1
Kalvatn	125	97	-28	-22,4
Hjartåbygda	115	115	0	0,0
Egset og Mork	421	462	41	9,7
Eikrem og Ytrestøyl	125	117	-8	-6,4
Lid og Yksnøy	228	181	-47	-20,6
Uoppgitt grunnkrets	3	23	20	
<b>Heile kommunen</b>	<b>8377</b>	<b>8909</b>	<b>532</b>	<b>6,4</b>

Tabell 6: Folkemengde etter grunnkrins, Volda kommune 2004–2014 (SSB tabell 04317).

\* Volda tettstad inkluderar grunnkrinsane: Halkjelsvik, Øyra, Hauane, Myrane, Nedre Heltne, Røyslid, Engeset og Klepp, Norddalen, Nedre Rotset og Greivnsnes, Øvre Rotset, Øvre Heltne og Vikebygd, og Øvre Vikebygda.

Kjelder:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(SSB tabell 04317; SSB tabell 10213)

#### 4.1.6 Unge og flytte- og bumønster

Fylket har ei stor utflytting blant unge og denne tendensen ser ut til å auke. Tilgang på relevant arbeid og ynskje om vidare utdanning er for mange avgjerande for om dei vel å flytte eller ikkje. Fylket har stor nettoutflytting blant unge og unge vaksne, særleg i aldersgruppa 20–29år. Dei større byane og deira studietilbod trekker til seg dei unge, og spesielt kvinner. Utdanningstilbod i tettstadane tapar for byane.

Rekruttering av dei ”kloke hovuda” er ei utfordring for regionen. Rapporten ”Er høgskolene regionale kvalifiseringsinstitusjoner?” peikar på at høgskulenes lokalisering har stor betydning for rekruttering til

arbeidsmarknaden i sin region, og at eit desentralisert høgskuletilbod fører til at ferdigutdanna tilbyr sin arbeidskraft i det fylket og den regionen dei veks opp i. 90 % av dei som studerar i same regionen som dei har vakse opp i, arbeidar i same region etter ferdig utdanning. Høgskulane har såleis ei sentral betyding for rekruttering av arbeidskraft med formell kompetanse til velferdsprofesjonane (lærer, førskulelærer og ulike typar sosial arbeidarar) i regionen. Berre 35 % av dei som flytter ut av fylket for å studere kjem tilbake til Vestlandet for å arbeide.

Litt i underkant av 50 % av dei studerande på Høgskulen i Volda kjem frå andre stader i landet enn frå fylket, og Høgskulen i Volda har høgare nasjonal rekruttering enn dei to andre høgskulane i Møre og Romsdal. Sjølv om Høgskulen i Volda tiltrekker seg studerande frå andre delar av landet, kjem høgskulen dårlegare ut når det gjeld rekruttering til arbeids- og bumarknaden i fylket, enn dei andre høgskulane. Innanfor velferdsprofesjonane er det til dømes berre 16 % av dei som kjem som studerande til Høgskulen i Volda, som arbeidar og bur i fylket to år etter ferdig utdanning.

At unge vel å ta utdanning annen stad ein heimbygda er nødvendigvis ikkje ei ulempe for regionen. Utfordringa er å få dei som studerar utanfor fylket til å flytte heim etter ferdig utdanning. Relevant jobb, trivsel og bulyst er faktorar som spelar inn når ein skal velje etableringsstad.

Kjelde:  
(Gythfeldt & Heggen, 2012)

## 4.2 Bustad, hushald og sentralisering

### 4.2.1 Hushald

Strukturen i hushalda har endra seg dei siste tiåra, med mellom anna ein sterk auke i talet på einpersonhushald og par utan heimebuande barn. Ved utgongen av 2014 var det 1870 åleinebuande i Volda. 47,1 % av befolkninga budde i hushald på ein eller to personar. I tillegg er det fleire barn som berre bur med ein av sine foreldre. I 2011 budde 25 % av barna med berre mor eller berre far på landsbasis, det tilsvarande tal i 1989 var 18 %. I Møre og Romsdal budde ca 23,5 % av barna med ein foreldre i 2011. Ein har ikkje tal for Volda, men går utifrå at Volda ikkje skil seg noko særleg ut frå fylket.

Samstundes med ei utvikling mot fleire hushald med få personar ser ein også at den einskilde hushald endrar seg meir enn tidlegare, noko som påverkar bustadbehovet. Dersom kommunen skal kunne tiltrekke seg nye innbyggjarar er det viktig med tilstrekkeleg tal bustadar tilgjengelege for alle gjennom livsløpet. Eit variert bustadtilbod i sentrale områder frå heilt små einingar til store einfamiliébustadar er naudsynt dersom ein vil gje eit tilbod til alle i Volda. Særleg mindre einingar i sentrum, med gangavstand til det meste vil kunne gi eit godt tilbod til eldre, tilflyttare, studentar og unge som skal inn på bustadmarknaden. I sentrumsperiferien og lengre ut er behovet for å tilby barnevennlege einingar og større bustadtypar meir aktuelt.

Kjelder:  
(SSB, Privathusholdninger og personer i privathusholdninger, 2011)  
(SSB tabell 06070)  
(SSB tabell 06079)

#### 4.2.2 Bustadbygging i Volda

Den vanlegaste bustadstypen i Volda er einebustad, sjå Tabell 7. I perioden 2009–2013 vart det bygd fleire konsentrerte bustadar (tomannsbustadar, rekkehus og liknande) enn einebustadar, sjå Tabell 8.

Type bustad	Tal
Einebustad	3005
Tomannsbustad	305
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	524
Bustadblokk	163
Bygning for bufellesskap	555
Andre bygningstypar	104
<b>Totalt</b>	<b>4656</b>

Tabell 7: Bustadar i Volda kommune, 2013.


Type bustad	Auke
Einebustad	114
Tomannsbustad	43
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	79
Bustadblokk	23
Bygningar for bufellesskap	16
Andre bygningstypar	42
<b>Totalt</b>	<b>317</b>

Tabell 8: Auke i bustadtypar i Volda 2009–2013.

Nye mindre bustadeiningar i Volda sentrum har ført til at fleire eldre har selt einebustadane sine og flytta inn i desse, som til dømes Skjellebreia. Dette har ført til ledige einebustadar, som er attraktive for småbarnsfamiliar.

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, men for å kome inn under vekstkommunekategorien og få vekstkommunetilskot må innbyggjarveksten kome over 1,6 % over ein 3-årsperiode. Frå 2011–2014 var veksten i Volda på 1,03%. Volda ligg sentralt geografisk i høve eit akseptabelt pendlingsomland på om lag 60 000 innbyggjarar. Volda har sentrale regionfunksjonar, og bør ha grunnlag for folketalsvekst. Opparbeiding av nye byggjefelt vil kunne stimulere til folketalsvekst. I 2013 vart det igangsett 63 bustadar i Volda kommune, sjå Figur 3.

### Igangsette og fullførte bustadar (2000–2013)



Figur 3: Igangsette og fullførte bustadar 2000–2013 (Kommunestatistikk Volda 2014).

\*Statistikken frå SSB baserer seg på registrerte opplysningar i Matrikkelen. Det er kommunane som har ansvar for dette og på grunn av manglande ressursar har ein eit stort etterslep i Volda kommune på tiltak som skulle vore registrert. Statistikken er derfor noko upresis. Tal for 2000 inkluderar til dømes registreringane frå 1999. I 2011 vart det tatt igjen ein del etterslep, og tabellen syner ein misvisande "byggjebloom" i 2011.

Kjelder:

(Kommunestatistikk Volda 2014)

(SSB tabell 06265)


(SSB tabell 05940)

(Årsbudsjett 2015 – Økonomiplan 2015–2018 Volda kommune)

#### 4.2.3 Bustadpris

Bustadprisane i Noreg har stege med 25 % sidan 2010. SSB forventar at bustadprisane i 2015 vil ligge på same nivå som 2014, før dei sannsynligvis aukar igjen i 2016. I Volda kommune nådde bustadprisane sitt førebelse høgdepunkt i 2013, sjå Figur 4. I 2014 var gjennomsnittleg kvadratmeterpris 15 883kr for ein bustadar og 27 605kr for bustadblokkar, sjå Tabell 9. Eit konkurransedyktig prisnivå er viktig for folks evne og lyst til å busette seg i Volda. Høge grunnpriser på tomter i sentrum kan også virke hindrande på utvikling.

### Sjølveigarbustadar etter bustadtype og tid. Gjennomsnittleg kvadratmeterpris (kr), Volda



Figur 4: Sjølveigarbustadar i Volda (SSB tabell 06035).

	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet
<b>Einebustadar</b>	15 883kr	13 565kr	16 070kr	21 138kr
<b>Bustadblokkar</b>	27 605kr	26 182kr	29 029kr	42 094kr

Tabell 9: Gjennomsnittleg kvadratmeterpris for bustadar.

Kjelder:

(SSB tabell 06035)

(SSB, Økonomiske analyser, 2014)

#### 4.2.4 Kommunale bustadar

Kommunen eig i alt 237 bustadar. 157 av dei kommunale bustadane er til omsorgsformål. 80 er gjennomgangsbustadar der om lag 26 av desse er kjøpt med tilskot frå Husbanken med det føremål å busette flyktningar. Kommunen eig også tre bufellesskap med til saman plass til 14 einslege mindreårige flyktningar. Dei fleste som bur i gjennomgangsbustadane har vanskar med å skaffe seg husvære på grunn av alder og sosial og økonomisk situasjon. Nokre har behov for omsorgsbustadar, til dømes personar med særskilte behov. Dei kommunale bustadane har varierende standard og det er behov for fornying av bustadmassen. Omsorgsbustadane vert hovudsakleg nytta av eldre med ulike hjelpebehov, nokre av bustadane er sett av til psykisk utviklingshemma og personar med psykiske lidningar. Behovet for denne type bustad vil sannsynlegvis auke i takt med fleire eldre i Volda.

Kjelde:

(Bustadsosial handlingsplan 2010–2014 Volda kommune)



#### 4.2.5 Studentbustadar og utleigemoglegheiter i Volda

Om lag 24 % av bustadmassen i Volda er leigde bustadar. På landsbasis utgjer utleigebustadar ca. 23 % av bustadmassen. Høgskulen har om lag 1500–2000 studentar på campus og studentskipnaden har 419 einingar til utleige. Den private utleigemarknaden gjev tilgang på bustadar i Volda sentrum og har ei viktig rolle i busetting av unge tilflyttarar som tek utdanning i Volda, innvandrarar eller andre som er knytt til arbeidslivet i kommunen. Trass i at ein større del av bustadmassen er utleigebustadar er konkurransen på leigemarknaden i sentrum stor.

Kjelder:  
(hivolda.no)  
(SSB tabell 09799)  
(Studentsamskipnaden)

#### 4.2.6 Utvikling og tilrettelegging av bustadareal

I følge Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det forventa at by- og tettstadskommunar vektlegg fortetting og transformasjon i sentrum og rundt kollektivknutepunkt. Utviklinga skal tilpassast forventa klimaendringar. Det er gjennom kommunen sitt planverk det vert lagt til rette for tilstrekkeleg tilgang på areal til bustadbygging. Det å ha nok areal til bustadbygging er ein viktig faktor for å vere ei attraktiv tettstad. Nok bustadareal vil også vere med på å sikre at tomte- og bustadprisane ikkje vert unødige høge.

Det er størst tilflytting til sentrumsområda, og det er også her ein må sikre nok bustadareal. I Volda sentrum er det eit fortettingspotensial. I forhold til utviklingstrekk i samfunnet med ein til to personar per eining, fleire eldre, ynskje om å bu urbant og ei stor gruppe studentar, er det fornuftig å legge til rette for fleire mindre einingar i sentrum.

I kommunedelplan for Volda sentrum inkludert Mork/Furene og Vikebygda er det sett av areal til bustadføre mål. Mange av desse areala krev reguleringsplan og utbygging av tekniske anlegg før tomtane kan byggjast. Sjølv om presset for bustad i dag ligg på små einingar må ein i langsiktig planlegging også legge til rette for einestadar.

Kommunen har etablert bustadfelt med tilgang på ledige tomter på Dravlaus, Steinsvik, Dale, Folkestad, Straumshamn, Bjørkedalen, Fyrde, Hjartåbygda, Mork og Lid. I sentrum er det ledige byggeklare tomter i Bratteberg og i Engeset/Klepp. Nye bustadfelt er under planlegging/utbygging, i Bratteberg (Ottagarden og B58) og i Engeset/Klepp (K10 og Urbakkfoten). Håmyra er nyleg regulert til bustadbygging gjennom privat reguleringsplan, og utbygging av tekniske anlegg vert truleg starta opp i 2015.

## 4.3 Volda i regionen

### 4.3.1 Regionalt knutepunkt

I Regional delplan for attraktive byar og tettstader (som er ute på høyring) foreslår Fylkesrådmannen ei inndeling i fire ABS-regionar i Møre og Romsdal, sjå Figur 5. Eiksundregionen har til saman 47078 innbyggjarar. Med Hornindal og Stryn blir folketalet 55 363.



Figur 5: Foreslått inndeling av ABS-regionar (Regional delplan for attraktive byar og tettstader).

I 2014 var Ørsta og Volda med i "Byregionprogrammet Fase 1". Dette utviklingsprogrammet har som målsetting å auke kunnskapen om samspelet mellom by og omland for å styrke desse områdas regionale vekstkraft. Volda og Ørsta samarbeider på mange områder og ei vidareutvikling av dette vil kunne styrke Volda og Ørsta som regionalt knutepunkt. Mange regionale funksjonar er lokalisert i Volda og Ørsta; til dømes sjukehus, høgskule, flyplass og Søre Sunnmøre tingrett. I forbindelse med byregionprogrammet vart rapporten "Byregionen Volda-Ørsta" utarbeid. Rapporten peikar på at Volda og Ørsta bør samarbeide om ei einssidig satsing på å styrke Volda-Ørsta, ikkje berre i forhold til Søre Sunnmøre, men også i forhold til Ålesundregionen og resten av omverda. Ein av hovudutfordringane for Volda-Ørsta er i følge rapporten å finne felles strategiar for å behalde og styrke det som blir sett på som eit gode ved regionen; nemlig at dei ulike sentra er ulike og dels har komplementære funksjonar, tilbud og image.

Kjelde:

(Regional delplan for attraktive byar og tettstader)

(Byregionen Volda-Ørsta. utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet., 2015)

### 4.3.2 Regionalt samarbeid

Kommunane i Søre Sunnmøre-regionen har hatt eit utstrakt samarbeid politisk og i ei rekkje fagnettverk gjennom Søre Sunnmøre Regionråd.

”Sunnmøre i framtida” var eit regionalt utviklingsprosjekt som hadde som formål å bidra til å auke slagkrafta og kvaliteten i det regionale utviklingsarbeidet, og å utvikle Sunnmøre som ein berekraftig bustads- og arbeidsregion. I deira sluttrapport *”Foresight proses 2010”* vert det skissert to framtidsscenario fram mot 2050; *”Sunnmøre overbeviser”* og *”Sunnmøre filleristes”*. For å redusere moglegheitene til at Sunnmøre filleristes peikar rapporten på at det bør bli tettare strategisk samarbeid mellom kommunane på Sunnmøre ved mellom anna å utvikle og realisere langsiktige kommunale og interkommunale strategiar.

Ein av desse strategiane var å etablere eit felles regionråd for heile Sunnmøre: Sunnmøre Regionråd IKS. Kommunestyret i Volda meldte seg inn i regionrådet i mars 2012, og bad samstundes regionrådet *”slutte opp om ei utvikling av infrastruktur og kollektivtilbod på Søre, og ei vidareutvikling av Volda som kulturkommune og vertskapskommune for sjukehuset, Høgskulen og andre institusjonar”*.

Kommunestyret støttar elles opp om at administrativt samarbeid innafor ABS-område Søre Sunnmøre vert vidareført og vidareutvikla med sikte på betre integrasjon av kjerneoppgåver og administrasjon.

Kjelder:

(Distriktssenteret – Byregionprogrammet)

(Handelsanalyse for Ørsta-Volda)

(LUK-rapporten "Strategiar for regionalt knutepunkt i Furene/Hovdebygda")

(Sunnmøre i framtida – Foresight prosess 2010)

### 4.3.3 Lokalt samarbeid

Volda kommune samarbeider godt med andre kommunar. Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Søre Sunnmøre IKT dekker alle dei sju kommunane på Søre Sunnmøre (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta). Dei same kommunane deltek i Sjustjerna helse og omsorg. Barnevernet for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta vart 1. januar 2014 slått saman til eitt barnevern, med Volda som vertskommune.

Volda har særleg mykje interkommunalt samarbeid med Ørsta kommune. Dei to kommunane har til dømes felles helsestasjon for ungdom, interkommunalt dagsenter, kommuneoverlege, landbrukskontor, NAV-kontor, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), reinhaldsverk og veterinærvakt.

Kjelde:

(NIVI Rapport 2013:3 Status for interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal)

### 4.3.4 Kommunereform

Handsaminga av kommuneproposisjonen for 2015 viste at det er fleirtal i Stortinget for ei kommunereform. Dette er kan hende den største moderniseringa av offentleg sektor på 50 år. Kommunane har fått eit utgreiingsansvar, og Volda kommune er i gang med utgreiing og samtalar med grannekommunar om samanslåing. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedd alle

kommunestyra i fylket fremme ein sak med forslag til framtidig kommunestruktur i løpet av våren 2016.

Mål for reforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Det er i denne prosessen viktig å avklare utfordringar, behov og moglegheiter for Volda som samfunn, og sjå dette i samanheng med ei samfunnsanalyse der Volda er ein del av regionen og eventuelt ei større kommune. Dette bør vurderast i samband med handsaming av planprogrammet for kommuneplanen, og i planstrategien som det nye kommunestyret skal handsame etter komande val.

På bakgrunn av erfaringar med tidlegare samanslåingsprosessar er det rådd til at kommunane i forkant av samanslåinga forhandlar og gjer avtalar om funksjonsfordeling. Kommunereformarbeidet vil vere ein viktig sak for Volda kommune i tida framover.

Kjelde:

(Årsbudsjett 2015 – Økonomiplan 2015–2018 Volda kommune)

#### 4.4 Utviklingstrekk i næringslivet

I 2013 vart det registrert 82 nyetableringar i Volda. Dette gir ei etableringsgrad på 14, med 9 nyetableringar per 1000 innbyggjarar. (Etableringsgraden er talet på nyregistrerte føretak i forhold til eksisterande føretak.) Gjennomsnittet for Møre og Romsdal var ei etableringsgrad på 11, med 8 nyetableringar per 1000 innbyggjarar. Gjennomsnittet for Noreg var etableringsgrad 13, med 10 nyetableringar per 1000 innbyggjarar.

Viktige føresetnader for utvikling av næringslivet i distrikta er geografisk plassering, gode kommunikasjonslinjer, variert og godt bustadmarknad, tilgang til næringsareal, lett tilgang til gode kommunale tenester som lege og barnehage, rikt kultur- og lagliv og mulegheiter for aktivt friluftsliv. Volda har eit godt utgangspunkt for vidareutvikling og styrking av næringslivet.

Dei næringsdrivande må vere aktive gjennom ulike lag og bransjeforeiningar, og ha fokus på eiga utvikling. Kommune, fylke og stat må kunne legge til rette for ei positiv utvikling innan for dei behov som næringslivet har og som kommunen kan gjere noko med. Ei god samhandling mellom Volda kommune og næringslivet er viktig for å få til god utvikling.

Kompetanse i arbeidsstokken og vilje til å vidareutvikle denne er ein viktig suksessfaktor for næringslivet. Tradisjon og kultur for etablering av verksemd og samarbeid med andre lokale verksemdar er også viktige faktorar for lokal utvikling.

Kjelde:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(Årsbudsjett 2015 – Økonomiplan 2015–2018 Volda kommune)

#### 4.4.1 Tilrettelegging for næringsetablering

Arbeidsmarknaden i Volda er tufta på kompetansemiljøet i dei offentlege institusjonane. Det er viktig at kommunen er tilretteleggjar og er tydelege overfor myndigheitene om viktigheita av å ha desse institusjonane i regionen vår også i framtida.

Parallelt med dette er det viktig at Volda har strategiar for å stimulere til arbeidsplassar i det private næringslivet. Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage er rådgjevingsorgan som er sentrale for å hjelpe bedrifter i gang, kople offentlege og private interesser i partnerskap og vere talerøyr for næringslivet sine interesser.

Hausten 2012 vart det gjennomført ei handelsanalyse for Ørsta og Volda. Analysen viser at ut frå befolkningsgrunnlaget skal det vere plass til meir handel i desse kommunane, fortrinnsvis innan møblar, kvitevarer, byggevarer, hagesenter, daglegvarer og utvalsvarer (til dømes klede, sko og sportsutstyr). Ørsta og Volda kommunar har ved hjelp av LUK-midlar (Lokal samfunnsutvikling i kommunane) også fått utarbeidd rapporten "Strategiar for regionalt knutepunkt i Furene/Hovdebygda". Denne rapporten konkluderar med at Ørsta og Volda bør satse på fortetting og styrking av offentlege funksjonar (innan til dømes helse, utdanning, bustadar og detaljhandel) i kvar sine sentrumsområde. Vidare bør det satsas på fleire kollektivstopp, for å kople områda betre saman. Området Furene-Hovdebygda bør utnyttast og vidareutviklas til meir handel i form av "plasskrevjande handel".

Det er eit mål at sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" skal vere med på å stimulere til næringsvekst i Volda sentrum. Reguleringsplan for "Øvre Rotset Næringsområde" vart godkjent i kommunestyremøtet 13. november 2014.

Kjelder:


(Årsbudsjett 2015 – Økonomiplan 2015–2018 Volda kommune)  
(Handelsanalyse for Ørsta-Volda)

#### 4.4.2 Sysselsette etter næring og sektor

30 % av alle sysselsette i fylket er å finne i offentlig sektor, sjå Figur 6. Volda skil seg ut frå fylket ved at heile 46 % av alle sysselsette arbeider innanfor offentlig sektor (nærare 1100 arbeidsplassar). Desse arbeidsplassane inkluderer mellom anna høgskule, lånekassen, prosti, sjukehus og tingrett. Det er primært innan helse, sosial omsorg og utdanning at det har vore sterk vekst dei siste åra. Svakast har veksten vore i offentlig sektor. Figur 7 viser næringsstrukturen i Volda i 2013.

Dei offentlege arbeidsplassane er viktige for Volda både fordi det er mange av dei, men også fordi dei tiltrekk seg og bidreg til utvikling av kompetanse i regionen. Dei er også viktige for tenestetilbod. Det er viktig å legge til rette for utvikling av offentlege arbeidsplassar i Volda. Samtidig er det ein risiko med ein einseitig næringsstruktur, om kommunen vil verte sårbar om det skjer endringar i til dømes høgskule- eller sjukehusstrukturen.

### Næringsstruktur Volda kommune, offentlig og privat sektor




Figur 6: Næringsstruktur offentlig og privat sektor.

Dei to største næringane i fylket er helse- og sosialtenester og industri. På fylkesnivå er 16,5 % av dei sysselsette tilsett innafør industrien, medan i Volda er tilsvarande tal 5,5 %.


Helse- og sosialtenester er den største næringa også i Volda kommune, sjå Figur 7 og Figur 8. Volda er den kommunen i fylket med størst sysselsetting innanfor undervisning. I 2013 var det sysselsett 46 % i offentlig sektor. På landsbasis var tilsvarande tal 34 % og Ørsta 28 %.

### Næringsstruktur 2013



Figur 7: Næringsstruktur 2013 (Kommunestatistikk Volda 2014).

### Syssette etter næring og sektor (2013).



Figur 8: Syssette i Volda kommune (Kommunestatistikk Volda 2014).

Kjelder:

(Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet., 2015)

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(Kommunestatistikk Volda 2014)

(nykommune.no)

(SSB, Nøkkeltall for offentlig sektor, 2014)

#### 4.4.3 Kompetansearbeidsplassar

Vi går mot ein kunnskapsøkonomi. For å vidareutvikle regionen som ein sterk kunnskapsregion må det til eit tettare samarbeid med regionen sitt forskings- og utdanningsmiljø. Med mellom anna Høgskulen i Volda, Kultur næringshagen og Møreforskning har Volda her eit godt utgangspunkt for å komme i posisjon som sentrum for kunnskapsregionen.

Medan tal arbeidsplassar for høgt utdanna i offentlig sektor i stor grad vert bestemt av innbyggartal og busettingsmønster, så er det evna til å utvikle kompetansearbeidsplassar i privat sektor som i første rekke gir regionane i fylket ulik vekstevne. Kompetansearbeidsplassar gir eit meir allsidig arbeidsmarknad med mindre kjønnsdeling i arbeidsliv, næringsliv og verdiskapingsgrunnlag.


Kjelde:

(NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet)

#### 4.4.4 Næringsattraktivitet

I fylgje rapporten *Attraktivitetsanalyse Ørsta og Volda* gjer både Volda og Ørsta det bra innan besøksnæringar og regionale næringar, sjå Figur 9. Samtidig gjer begge kommunane det dårleg i basisnæringane. Basisnæringar er bedrifter som produserar for eit nasjonalt eller internasjonalt marknad, til dømes forskning, IKT, industri, olje- og gassutvinning, primærnæringar og liknande.

Samansetninga av basisnæringane i Ørsta og Volda har ikkje vore gunstig, fordi en stor del av arbeidsplassane har vore i næringar med nedgang. Spesielt innan primærnæringar og industri har det vore sterk nedgang i arbeidsplassar. Reduksjonen har vore dårlegare enn bransjestrukturen skulle tilsei. Volda har noko meir teknologisk tenesteproduksjon, og har derfor hatt ein litt meir gunstig struktur enn Ørsta. Men begge kommunane framstår som lite attraktive kommunar for basisnæringar.



Figur 9: Næringsattraktivitet Volda og Ørsta (Nygaard, 2015).

Kjelde:  
(Nygaard, 2015)

#### 4.4.5 Besøksattraktivitet

Besøksnæringane omfattar dei bedriftene som er avhengig av at kundane er personleg til stades, som til dømes overnatting, handel, kulturtilbod, servering og diverse personlege tenester. Den største kundegruppa for besøksnæringane er kommunens eigne befolkning, og besøksnæringane blir dermed sterkt påverka av befolkningsveksten på staden. Stader med befolkningsvekst vil kunne forvente vekst også i besøksnæringane. Vekst ut over det som er forventa kan kallast *besøksoverskot*. Besøksoverskotet er eit mål på besøksattraktiviteten. I fylgje rapporten til Telemarksforsking *Attraktivitetsanalyse Ørsta og Volda* har både Ørsta og Volda hatt god vekst i besøksnæringane dei siste åra, til tross for forholdsvis svak befolkningsvekst. Det tyder på at besøksattraktiviteten til kommunane har blitt betre. I fylgje rapporten har Volda betre besøksattraktivitet enn både Ulstein og Ålesund, der besøksattraktiviteten er negativ.

Kjelde:  
(Nygaard, 2015)



#### 4.4.6 Volda som handelsstad

Handelsanalyse Ørsta Volda inneheld statistikkar og tal knytt til handel. Statistikkane for daglegvarer og utvalsvarer gjer ikkje eit heilt realistisk bilete av situasjonen, da omsetningstal frå Coop Extra, som opna på Furene november 2011, og Amfi-senteret, som nyopna med ein ekstra etasje handelsareal desember 2012, ikkje er med i analysegrunnlaget. Som det står i rapporten er det vanskeleg å talfeste effekten av desse nyopningane utan kjennskap til omsetningstala. Likevel antyder rapporten at Ulsteinvik er det viktigaste handelssenteret i regionen. Volda og Ørsta har hatt stagnasjon og nedgang i salet av utvalsvarer etter opninga av Eiksundsambandet, medan Ulsteinvik har hatt vekst. Vidare ser det ut som at Ulsteinvik trekkjer til seg fleire handlarar frå Ørsta og Volda, enn det Ørsta og Volda trekkjer til seg frå Søre Sunnmøre.

**Feil! Fant ikke referanseilden.** viser dekningsgrader for kommunar i Ørsta-Voldaregionen i 2011. ekningsgrad frå 90 % og oppover tilseier at ein kommune har eigendekning på handelstilbodet, sett i forhold til befolkningas kjøpekraft. For små kommunar er det naturleg med dekningsgrad under 100 %, fordi lokal kjøpekraft ikkje er stor nok til at det kan etablerast konkurransedyktige handelstilbod og stor bredde i vareutval. Tilsvarande vil større kommunar (spesielt bykommunar) ha dekningsgrader over 100 % da deira handelstilbod også betener nabokommunane.

Kommune	Detaljvarer	Dagligvarer	Utvalsvarer	Møbel, hvitevarer, mm	Byggevarer og hagesenter
Ørsta-Volda <sup>1</sup>	86-92 %	90-96 %	75-81 %	96-103 %	91-98 %
Ørsta	95 %	94 %	79 %	143 %	82 %
Volda	77-89 %	86-89 %	71-82 %	43-50 %	102-108 %
Ulstein	121 %	113 %	134 %	135 %	97 %
Hareid	44 %	64 %	25 %	31 %	30 %
Herøy	62 %	76 %	62 %	1 %	79 %
Vanylven	77 %	86 %	25 %	112 %	175 %
Eid	97 %	104 %	105 %	35 %	123 %
Stryn	101 %	111 %	112 %	31 %	111 %
Sykkylven	62 %	80 %	49 %	15 %	91 %
Homindal	37 %	67 %	-	-	-
Sande	34 %	69 %	-	-	-

<sup>1</sup>Ørsta og Volda sett under ett

Tabell 10: Oversikt over dekningsgrader for kommunene Ørsta-Voldaregionen, Ytre Søre Sunnmøre, Vanylven og Nordfjordeid i 2011.

Volda har lågare dekningsgrad enn Ørsta. Både Ulstein og Stryn har høgare dekningsgrad enn Volda og Ørsta sett under eitt. Rapporten konkluderar med at om bygdebyane Ørsta og Volda skal kunne framstå som attraktive handelssenter må dekningsgraden aukast til over 100 %. Slik sett er det grunnlag for meir handel i begge sentrumsområda, fortrinnsvis innanfor utvalsvarar, men også noko meir daglegvarehandel; spesielt i Volda.

Sjå også kapittel 4.6.7 Handel.

Kjelde:

(Handelsanalyse for Ørsta-Volda)

## 4.5 Arbeidskraft og kompetanse

### 4.5.1 Arbeidsløyse

Trass i stor økonomisk usikkerheit i store deler av verda er arbeidsløysa i Noreg og fylket låg. I august 2014 var 2,9 % av arbeidsstokken i Noreg arbeidslause, medan 2,4 % av arbeidsstokken i fylket var arbeidslause. For Volda var tilsvarende tal 1,9 % heilt ledige.

Finanskrisa i 2008 medførte eit auke i arbeidslause frå 1,3 % til 2,4 % i fylket. Det er industrikommunane som merker konjunktursvingingane mest. Låg arbeidsløyse vil bidra til god utvikling for tenesteytande næringar. Dersom oljeprisane vert vedvarande låge kan det påverke arbeidsmarknaden i den maritime næringa. Dette kan også få negative ringverknadar for Volda.

Kjelder:

(NAV: Utviklingen på arbeidsmarkedet)

(SSB tabell 10594)

(SSB tabell 10593)

### 4.5.2 Innvandrarar og arbeid

Nasjonalt går den registrerte arbeidsløysa blant innvandrarar ned. Likevel er prosentdel innvandrarar som går ledig vesentleg høgare enn prosentdel ledige av arbeidstyrken. Dette er også tilfellet i Volda. I Volda var 67,7 % av det samla talet på personar i aldersgruppa 15–74 år i arbeid i 2013. Blant innvandrarar i same aldersgruppa var berre 53,9 % i arbeid.

Innvandrarar busett i Volda står i større grad utafor arbeidslivet enn i nabokommunane som til dømes industrikommunen Ulstein. Volda har ein annan næringsstruktur som i hovudsak etterspør kompetansearbeidskraft med høge krav til norskkunnskap. Det gjer det meir utfordrande å sysselsetje innvandrarar. Vanskar i høve mobilitet (få har sertifikat) gjer det også vanskelegare å kome i arbeid. Med betre kollektivtilbod vil innvandrarar busett i Volda ha betre høve for å kunne arbeide i industrien, i andre kommunar. Ein anna årsak til at innvandrarar i Volda står utanfor arbeidslivet, er at ei større del av innvandrane er flyktningar medan nabokommunane tiltrekker seg fleire arbeidsinnvandrarar.

Framskrivningane til SSB viser behovet for arbeidskraft med høgare utdanning og formalisering av kompetanse vil auke kraftig dei neste åra. Import av arbeidskraft frå utlandet er naudsynte tiltak for å sikre nok folk. Ei utfordring for kommunen, regionen og næringslivet er å sikre god integrering av innvandrande, slik at ressursane vert utnytta. Språk er ei av dei største utfordringane. Innvandrarar som til dømes kjem på grunn av familiegjening har ikkje formell rett eller plikt til norskopplæring. Norskopplæring blir da avhengig av motivasjonen til den enkelte innvandrar, næringslivet sin innsats og kommunane sine incentiv. Kulturforskjellar er ei anna utfordring. Det kan til dømes vere vanskar med å forstå det norske samfunn, og forståing og aksept for gjeldande krav i arbeidslivet. Mange av innvandrane som kjem til Volda har ikkje formell kompetanse. Dette tilseier at aktuelle arbeidsplassar vert der kompetansekrava er lave, til dømes innanfor sal, service, reinhald og assistentjobbar innanfor pleie- og omsorg. Religiøse forskjellar kan vere ei utfordring innanfor desse områda. Vanskar knytt til til dømes sal av alkohol, handsaming av svinekjøt eller vanskar med stell av anna kjønn gjer at aktuelle arbeidsplassar vert enda færre.


I følgje ein undersøking, "Integrering i arbeidslivet" utført av Ørsta næringskontor er næringslivet positive til å ta inn innvandrarak i praksis dersom nokre kriteria er på plass: langvarig praksisplass (min 12 månadar), ingen utgifter i opplæringsperioden og oppfølging i perioden. Betre samarbeid mellom kommune og næringsliv vil vere ein måte å få innvandrarak inn på arbeidsmarknaden.

Kjelder:  
 (SSB tabell 07115)  
 (SSB tabell 07285)

### 4.5.3 Arbeidsplassdekning og pendling

Volda hadde i 2013 ei arbeidsplassdekning på 99 %. Fylkesgjennomsnittet var på 96 %. Koplar vi arbeidsplassdekning saman med pendlinga, seier det noko om kvar det er attraktivt å bu og arbeide, men også kvar bedrifter vel å lokalisere seg. Til dømes har Ulstein ei høg arbeidsplassdekning (124 %) og ei stor innpendling (45,2 %). Volda har ei innpendling på 34,6 % og ei utpendling på 35,6 %. Det er ei høg utveksling av arbeidskraft mellom Volda og Ørsta, sjå Figur 10. Personar som pendlar inn til Volda har først og fremst arbeid i offentleg forvaltning og annen tenesteyting, medan dei som pendlar ut hovudsakeleg arbeidar i industrien.

**Hovudstraumar, inn- og utpendling, Volda kommune 2013**



Figur 10: Hovudstraumar pendling (Kommunestatistikk Volda 2014).

Kjelder:  
 (Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

#### 4.5.4 Sjukefråvær og uføre

Dei siste fem åra har sjukefråværet både i Møre og Romsdal og i Noreg gått ned. I 2014 var legemeldt sjukefråvær i fylket om lag på same nivå som resten av landet (5,3 % i fylket, 5,2 % i landet). I Volda var sjukefråværet noko høgare (5,5 %).

I 2014 mottok 9,2 % av Noregs befolkning i alderen 18–67 år uførepensjon. Dette er eit høgare tal enn både fylket og Volda kommune. Tilsvarande tal for fylket var 8,3 % og for Volda 6,2 %.

Kjelder:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(NAV: Legemeldt sykefravær 2005–2014)

#### 4.5.5 Arbeid og folkehelse

Attraktive aktivitetstilbod fører til auka trivsel og betre helse. Friske arbeidstakarar sparer både arbeidsgjevarar og samfunn for store kostnader. Utrekingar gjort av Helsedirektoratet viser at den totale helsegevinsten ved at fleire vel aktiv transport er 52 kroner per kilometer for gåande, og 26 kroner per kilometer for syklende. Arbeidsgjevarar i Volda kommune bør fortsette å støtte opp om idretts- og aktivitetstilbod i kommunen. Arbeidsgjevarar bør også oppmuntre og legge til rette for at fleire arbeidstakarar går eller sykklar til arbeid. Sikker sykkelparkering under tak, garderobar på arbeidsplassen og sykle-til-jobb-aksjonar kan vere effektive verkemiddel.

Kjelde:


(Miljødirektoratet)

(Sykkelvennlig arbeidsplass)

#### 4.5.6 Utdanning og unge

29,7 % av Noregs befolkning over 16 år hadde høgare utdanning i 2013, sjå Figur 11. Fylket har eit lågare utdanningsnivå enn resten av landet (24,3 %), medan Volda ligg over gjennomsnittet med 34,9 %. Volda er den kommunen i fylket som har størst del innbyggjarar med høgare utdanning. Høgskulen og mange offentlege arbeidsplassar bidreg til dette.

#### **Utdanningsnivået i befolkninga: kommune, region, fylket og landet, 2013. I prosent.**



Figur 11: Utdanningsnivået i befolkninga (Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014).

Når det gjelder utdanning på vidaregåandeskolenivå, ligg Volda på landsgjennomsnittet (ca. 40 %), medan fylket ligg over.

Det er eit aukande problem at fleire elevar droppar ut av vidaregåande skule. I Møre og Romsdal var det, i perioden 2008–2013, 21 % som ikkje fullførte utdanninga. Desse har ofte problem med å kome inn i arbeidsmarknaden seinare.

Kjelder:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(Gythfeldt & Heggen, 2012)

(SSB tabell 09337)

## 4.6 Forskjellige næringer i Volda og regionen

Sjukehuset, høgskulen, vidaregåande skule, tingretten, barnevernstenesta og andre offentlege kompetansesarbeidsplassar i Volda bidreg til å skape breidde i ein elles maritim og industriprega arbeidsmarknad i regionen.

Interessante, inntektsbringande jobbmoglegheiter for par med forskjellig kompetanse er eit avgjerande lokalt kort i kampen om kompetansen. Kommunane på Sunnmøre kan styrke kvarandre ved å ha forskjellige typar arbeidsmarknader. Den konkurransesutsette kompetanseindustrien i havgapet trenger sterke, utviklingsdyktige og robuste, tenesteprodusentar i fjordane. Høgskulen i Volda er ein sentral leverandør av kompetanse og arbeidstakarar til heile fylket, innan viktige velferds- og formidlingsyrkar (til dømes lærarar, barnevernspedagogar, samfunnsplanleggarar, kommunikatørar).

### 4.6.1 Jordbruk

Av Noregs areal er 3 % dyrka og berre 1,3 % egna for matkornproduksjon. Jordbruksarealet per innbyggjar går ned, og kornarealet er lågare enn gjennomsnittet i Europa. Noko av årsaka til dette er færre og meir effektive jordbruksbedrifter. Ein anna viktig årsak er at mykje av den beste jorda ligg der kor presset frå andre interesser er størst; rundt dei største byane.

Nasjonale mål om å halvere omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane har dei siste åra medført ein liten nedgang i omdisponeringa av dyrka og dyrkbar mark, men målet er ikkje oppnådd. I Volda har om lag 1/5 av alt jordbruksareal i perioden 2001–2014 vorte omdisponert til andre formål. Nedbygging av jordbruksareal påverkar mellom anna det biologiske mangfaldet og kulturlandskapet. Effektiviseringa og strukturrasjonaliseringa i jordbruket har vore radikal siste tiåra og denne utviklinga held fram.

Dei siste tiåra har talet på aktive gardsbruk i Møre og Romsdal gått ned med om lag 34 %. Tilsvarende tal for Volda er ein nedgang på 48 %, sjå Tabell 11. Føretaka i jordbruket som er att har i stor grad teke over produksjonen frå dei som sluttar. Det gjer at volumproduksjonen held seg betre oppe enn nedgangen i tal driftseiningar skulle tilseie. Over tid ser ein likevel ein reduksjon i både produsert mjølk og kjøt. For Volda sin del har det vore ein nedgang i kjøtproduksjon på 14 % og ein nedgang i mjølkeproduksjon på 25 % dei siste femten åra. Dei som driv no har i høg grad ei drift som er basert

på leigejord. Tilleggsnæringar som gardsturisme, husflid med vidare kan vere ein medverkande faktor til aktivitet på landbrukseigedomane.

Landbruket i Volda	2001	2014	Endring
<b>Føretak i jordbruket</b>	214 stk	110 stk	-104 (red. 48,6 %)
<b>Jordbruksareal i drift</b>	21.260 daa (herav 14.937 daa fulldyrka)	15.646 daa (herav 11.617 daa fulldyrka)	-5.624 daa ut av drift (red. 26,4 %)
<b>Mjølkeproduksjon</b>	5,5 mill liter	4,1 mill liter	-1,4 mill liter (red. 25,4 %)
<b>Kjøttproduksjon</b>	384 tonn	330 tonn	-54 tonn (red. 14,1 %)
<b>Produktivt skogareal</b>	67.500 daa	71.900 daa	+4.400 daa (vekst 6,5 %)
<b>Årleg tilvekst i skogen</b>	24.200m <sup>3</sup>	36.500m <sup>3</sup>	+12.300m <sup>3</sup> (vekst 50,8 %)

Tabell 11: Landbruket i Volda.

Landbruket er ei viktig næring i Volda kommune. For at denne næringa skal vere liv laga må det arbeidast aktivt for å oppretthalde aktiviteten og produksjonsnivået i det tradisjonelle landbruket. Jordbruket er også ei kapitalkrevjande næring. Dette gjer seg særleg gjeldande i periodar som me no er inne i med sterk strukturrasjonalisering. Store investeringar krev langsiktige rammevilkår, noko kommunen kan medverke til gjennom god og langsiktig arealplanlegging.

Landbruksnæringa må framleis vurderast som ein av grunnpilarane for busetnaden på bygdene i Volda. Bustadfunksjonen må difor tilleggast stor vekt ved sida av næringsdelen. Det er viktig å ta vare både på miljøet og kunnskapsbasen som næringsutøvarane utgjer og produksjonspotensialet som ligg i arealressursane og bygningsmassen. Dette gjeld både som inntektsgrunnlag i lokalsamfunnet og som grunnlag for matproduksjon no og i framtida.

Dei dyrka areala legg grunnlaget for matproduksjonen som skjer i Volda, men ein må og ha med at areala og har ein særleg verdi i beredskapssamanheng og som kulturlandskapselement. Også difor er det viktig at det vert arbeidd aktivt for å finne moglege tilleggsnæringar innanfor landbruket for å styrke bruka og busetnaden. Stikkord kan vere bygdeturisme, havbruk, husflidsproduksjon, båtbygging, grøn omsorg, biobrenselproduksjon, økologisk jordbruk, med vidare Andre tiltak som natur- og kulturbasert turisme og aktivt friluftsliv kan og gi grunnlag for nye satsingsområde i Volda kommune.

Ei viktig tilleggsnæring for landbrukseigedomane er el-kraftproduksjon. I Volda er det bygd mange småkraftverk, og desse er viktig for å styrke busetnaden og verdiskapinga for landbrukseigedomane.

Kjelder:  
(Landbrukskontoret Ørsta-Volda)

#### 4.6.2 Skogproduksjon

Produktivt skogareal, ståande skog og årleg tilvekst i kommunen har aldri vore større enn i dag. Vi har i dag ein ståande kubikkmasse på 788.000 m<sup>3</sup> og med ein årleg tilvekst på 36.500 m<sup>3</sup>. Skogareala er mykje dominert av skogreisinga på 50 og 60-talet. I skogreisinga vart det hovudsakleg planta gran, og i dag er desse plantingane dominerande i så vel kubikkmasse ståande skog som i årleg tilvekst. Denne granskogen er no i sin beste produksjonsfase og kan no suksessivt avverkast.

Dei store kubikkmassane som snarleg er klar for avverking set store krav til organisering av arbeidskraft, logistikk med uttransport på privat og offentleg veg, og utskipping via terminal. Å få oppgradert det kommunale vegnettet og Ørstaterminalen er svært viktig for rasjonell skogsdrift i kommunen. Skogsvegnettet i kommunen som i dag utgjer om lag 30 km treng og opprustning og utbygging. Overordna plan for dette må prioriterast i åra framover.

Det er få yrkesaktive skogeigarar og ein treng difor lokale entreprenørar som kan ta oppdrag med hogst og transport. Det er difor viktig å halde oppe stabil aktivitet framover slik at desse har oppdrag. For framtidig skogproduksjon er det avgjerande med god skogkultur, både for å produsere skogsvirke men og for å produsere klimaskog med tanke på binding av CO<sub>2</sub>. Dette går som ein raud tråd gjennom Strategiplan for skogbruk Møre og Romsdal og i Kystskogmeldinga.

#### 4.6.3 Fiskeri- og havbruksnæringa

Fiskeri- og havbruksnæringa er den nest største eksportnæring etter olje/shipping. Fylket står for ¼ av Noregs samla sjømateksport. Møre og Romsdal er også eit av dei største oppdrettsfylka i landet.

Volda har ei rekkje naturgitte fortrinn for havbruk: minimal ureining, godt skjerma farvatn og eit sunt klima for produksjon av høgverdig sjømat. Havbruk er rekna som ei kystnæring, men må i Volda kommune sitt tilfelle forståast som ei fjordnæring.

Volda har ein Kystsoneplan frå 2003 som omfattar alt sjøareal og strandsona opp til 100 meter, eller næraste hovudveg. Det vart sett følgjande målsetting for planarbeidet:

*”Kystsoneplan for Volda kommune 2003–2006 er ein kommunedelplan som skal hindre bit-for-bit-forvaltning av kystsonen, samtidig som han skal stette arealbehovet for næringslivet på ein slik måte at allmenta sin tilgang på rekreasjon i kystsonen vert sikra.”*

I kommunen sin kystsoneplan er det i dag avsett areal for 15 lokalitetar for havbruk; av dette to skjellanlegg, tre settefiskanlegg og resten matfisk(laks, aure, regnbogeaure og torsk).

Næringa har gjennomgått ei sterk rasjonalisering og strukturendring gjennom dei siste åra. Både eigarstruktur og driftsstruktur er vesentleg endra. Dette har grunnlag både i samordning gjennom sjukdomshandtering, rasjonaliseringsbehov og samordning av drift over kommunegrenser.

Reinsing av avløp og landbasert produksjon er tema som vil vere aktuelle i ein framtidig næringsutvikling. Gjeldande kystsoneplan er såleis ikkje tilpassa dei lokalitetsbehov som næringa i dag står over for. Næringa sjølv har fasa ut mange av dei anleggsområda som var avsett i gjeldande plan. Det er såleis behov for revidering av plana.

#### 4.6.4 Industri

Scana Volda AS er ein av dei største arbeidsplassane i Volda, og er ein del av den maritime klynga. Det er potensiale for vekst i arbeidsplassar i Volda innanfor den maritime næringa, til dømes gjennom kompetansemiljøet innanfor animasjon med utspring frå høgskulen.

Verdien av industriproduksjonen i regionen har gått opp, sjølv om talet på sysselsette har gått ned. Dette har samanheng med auka effektivisering, mekanisering/robotisering og betring av kvalitet. Denne trenden synest å halde fram, og ein kan ikkje rekne med særleg stor auke i talet på sysselsette i industrien. Likevel har den største verksemda i kommunen, Scana Volda AS, dei seinare åra auka talet på tilsette, og er no oppe i rundt 155 tilsette. Årsak til dette er endring frå produksjonsbedrift til ei kompetansebedrift med høgt kvalifiserte tilsette som utviklar høgkvalitetsprodukt og skreddarsydde løysingar samt tilbyr tenester innan servicenæringa.

Det er ei utfordring at nokre av bedriftene i Volda/Ørsta, er såkalla "eksternt" eigd. Det at eigarskapen ikkje er lokal, gjer det lettare for eigarane å flytte produksjonen til område med til dømes lågare avgifter, eller å gjennomføre samlokalisering, anten i Noreg eller utlandet. Produksjonsarbeidsplassane er i så fall dei første som kan gå tapt; jamfør lokal nedgang med nedlegging av bedrifter som Rolls Royce og Helkama/Grepa.

#### 4.6.5 Reiseliv

Reiseliv er ei næring med relativ stabil, moderat vekst i landet. Fylket står for om lag 2 % av landets reiselivsrelaterte omsetning, og ein ser ei auke innan aktivitetsbedrifter som tilbyr opplevingar. Det er grunn til å tro at det aktivitets- og naturbaserte reiseliv vil få stadig større betydning i åra som kjem.

Reislivsnæringa i Volda har gode føresetnadar for å lukkast innan kortferie og det naturbaserte opplevingssegmentet. Dei mange festivalane i regionen er også trekkplaster. Ørsta-Volda Lufthamn er ein viktig i reiselivssamanheng. Volda har også mykje "langtidsturisme" i form av alle studentane som bur i kommunen 9–10 månader i året. Får studentane gode opplevingar og erfaringar i Volda kan dette bidrag til god marknadsføring. Etter ferdig utdanning reisar studentane til ulike deler av landet, og har viktige roller som "omdømmebyggjarar". Studentar tiltrekker seg også besøk medan de er her (får besøk av vener og familie). Trivsel i Volda i studietida aukar også sjansen for at dei vel Volda og Sunnmøre som feriemål seinare i livet. Volda kommune har varsla utmelding av Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Utmeldinga trer i kraft frå og med 2016.

#### 4.6.6 Servicenæringa

Servicenæringane har eit stort potensiale innafor forretningsmessig og privat tenesteyting i Volda, det er til dømes plass til fleire advokatar, revisorar, økonomar, ingeniørar, arkitektar med meir.


#### 4.6.7 Handel

Omsetninga innan detaljvarehandelen i Møre og Romsdal låg på 73000 kroner per innbyggjar i 2012. Den største omsetninga skjer i byane; Kristiansund, Molde og Ålesund står for over halvparten av omsetninga i fylket, medan folkemengda berre utgjer 37 %. Handelen i Volda er utsett for sterk konkurranse, spesielt frå Moa/Ålesund og Ulstein. Likevel var Volda kommune den kommunen i Møre og Romsdal som hadde nest høgast omsetningsauke i perioden frå 2004 til 2012 (72 % auke).



Figur 12 viser dekningsgraden for detaljvarehandel i Møre og Romsdal. Kristiansund, Molde, Ålesund og Ulstein har dekningsgrad på 111–158 %, medan Ørsta-Volda har dekningsgrad på 91–110 %.

### **Dekningsgrad for detaljvarehandel i Møre og Romsdal.**



Figur 12: Dekningsgrad for detaljvarehandel (Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014).

Handelsanalysen for Ørsta og Volda viser at både Ørsta og Volda har eit handelsunderskot. Ut i frå befolkningsgrunnlaget er det plass til meir handel, fortrinnsvis innan møblar, kvitevarer, byggevarer, hagesenter, daglegvarer og utsalsvarer (til dømes klede, sko og sportsutstyr).

Volda sentrum har potensiale for å utviklast som handelssenter, det er til dømes fortettingspotensiale og korte avstandar mellom målpunkt. Ved å utvikle sentrumsområdet til eit sentrum der det er attraktivt for folk å opphalde seg, med til dømes fleire og betre møteplassar, kan sentrum tiltrekke seg fleire handlande. Parkering og infrastruktur både for kjørety, syklande og gåande er viktige tema. Det er også viktig at handelsnæringa tilbyr eit variert vareutval for å hindre handelslekkasje. Volda sentrum kan styrkast og vidareutviklast både som kvardagshandelsstad og som destinasjonshandelsstad. Plasskrevjande varer bør lokaliserast utanfor sentrumsområdet (til dømes i Furene-Hovdebygda).

Kjelder:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(Handelsanalyse for Ørsta-Volda)

#### 4.6.8 Sjukehuset

Sjukehuset i er ein av dei største og viktigaste arbeidsplassane i Volda og Ørsta. Helsetilbodet ved sjukehuset femner om Hareid, Herøy, Hornindal, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørsta og store delar av Nordfjord. Da Kvivsvegen opna hausten 2012 vart fødeavdelinga ved Nordfjord sjukehus vart nedlagt fordi befolkninga i Stryn, Hornindal og delar av Nordfjord fekk kort og ferjefri veg til Volda sjukehus. Nærleik til sjukehuset skaper tryggleik for folket i regionen.

Sjukehuset er ein viktig arbeidsplass for kvinner i regionen. Møre og Romsdal har eit stort kvinneunderskot, og det er viktig å styrke og ta vare på eksisterande kompetansesarbeidsplassar for kvinner i regionen. Sjukehuset er også viktig for næringsutvikling og andre arbeidsplassar både i Volda og i resten av regionen. Høgskulen i Volda tilbyr til dømes relevante fag og studieretningar for sjukehuset.

Kjelde:

(Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet., 2015)

#### 4.6.9 Volda vidaregåande skule, Høgskulen i Volda, studiebygdA og Møreforskning

Skulane i Volda har ein lang tradisjon. Volda private millomskule og gymnasium (no Volda vidaregåande skule AF) vart skipa i 1910 og var det første gymnasiet på landsbygda i Noreg. Volda Handelsskule (no Volda vidaregåande skule HK) vart skipa i 1933, også den som den første av sitt slag i Noreg utanom byane. Voldens Privatseminarium (seinare Volda lærarskule og i dag ein del av Høgskulen i Volda) vart grunnlagt i 1895. I 1923 var lærarskulen i Volda den største i Skandinavia.

Høgskulen i Volda er den største høgskulen i fylket, med 2987 registrerte studentar og 298 tilsette i 2013. Høgskulen har hatt ein auke i studenttalet dei siste åra. Det er også Høgskulen i Volda som har høgast grad av vitskapeleg produksjon i fylket.

Høgskulen i Volda er viktig både for lokalsamfunnet og regionen mellom anna som arbeidsplass, omdømmebyggjar og omsetjing i regionen. Dei mange kulturelle aktivitetane med utspring i studentmiljøet er med på å gjere regionen attraktiv. Andre institusjonar (som Møreforskning og studentsamskipnaden) er lokalisert i Volda, som følgje av at høgskulen ligg i Volda.

Høgskulen i Volda er i gang med eit campusutviklingsprosjekt, og held på med ein gjennomgang av mellom anna arealbehov, nybygg, trafikk- og parkeringsløyisingar og uteområde. Dei arbeidar også med å sjå på samarbeidsmoglegheiter med det private og offentlege næringslivet, kulturliv og sambruk av lokale. Campusprosjektet har foreslått fylgjande visjon for Høgskulen i Volda: "Kompetanse for framtida i studiebygdA".

Regjeringa har varsla at dei ynskjer ein ny struktur i universitets- og høgskulesektoren. Dei ynskjer seg færre institusjonar og tettare samarbeid/samanslåing av høgskular og universitet i Noreg. Dette kan bety at Høgskulen i Volda vil sjå annleis ut i framtida, mellom anna med omsyn til fagområde.

StudiebygdA er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen i Volda, Sunnmøre Kultur næringshage, Studenttinget i Volda, Studentsamskipnaden for Sunnmøre, Volda næringsforum, Frivilligsentralen i Volda og Volda kommune. Hovudmålet er å styrke studiestaden Volda og Høgskulen i Volda si rolle i regionen. Prosjektet fokuserar på evne til rekruttering og utvikling av kompetanse gjennom integrasjon mellom arbeidsliv, frivillig sektor, innbyggjarar, studentar og nye tilflyttarar.

Volda vidaregåande skule, høgskulen, studiebygdA og Møreforskning er med på å framheve Volda som ein særmerkt studiestad på nordvestlandet. Med utgangspunkt i det etablerte fagmiljøet kring høgskulen ligg forholda svært godt til rette for at ein vil kunne lykkast med ei satsing innanfor forskings- og kunnskapsorientert næringsutvikling.

Kjelder:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

(Høgskulen i Volda: Campusutviklingsprosjektet)

(Regjeringen: Oppdragsbrev til statlige utdanningsinstitusjoner)

(StudiebygdA)

(Volda VGS)

#### 4.6.10 Sunnmøre kulturnæringshage

Sunnmøre kulturnæringshage er eit innovasjonsselskap i Volda som arbeider for nyskaping og vekst innanfor kulturbaserte næringar. Dei har som målsetting å vere eit knutepunkt for dei kreative næringane i fylket, og har fokus på næringar innan film, video, animasjon, fotografi, PR, kommunikasjon, media, IKT og design. Volda kommune er medeigar i selskapet.

Sunnmøre kulturnæringshage driftar også Volda kommunes hoppid.no-kontor. Hoppid.no er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Ungt Entreprenørskap og kommunane i fylket. Målet er å skape nye og levedyktige bedrifter, mangfald i arbeidslivet, auka verdiskaping og å styrke Møre og Romsdal som gründerfylket.

Kjelder:

(Hoppid.no)

(Sunnmøre Kulturnæringshage)

#### 4.6.11 Volda næringsforum

Volda Næringsforum vart skipa i 2011, og er eit samarbeidsorgan mellom Volda kommune og privat- og offentleg næringsliv i Volda. Forumet skal vere med på å fremje vekst og utvikling innan næringslivet, og medverke til samarbeid mellom næringsdrivande, kommunale, fylkeskommunale og statlege organ. Volda næringsforum er prosjektleiar for sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" (sjå kapittel 4.15.14.7.4).

Kjelde:

(Volda Næringsforum)

#### 4.6.12 Søre Sunnmøre Tingrett

Søre Sunnmøre Tingrett er ein annan offentleg institusjon med lange tradisjonar i Volda. Tingretten ligg geografisk strategisk plassert og er saman med dei andre offentlege institusjonane med på å framheve Volda som det leiande administrasjonssenteret i regionen. For å styrke dette bør Tingretten få utvida geografisk nedslagsfelt (Hareid og Nordfjord). Framtidig etablering og utvikling av advokatmiljø på Søre Sunnmøre vil vere avhengig av at Søre Sunnmøre Tingrett vert verande i Volda. Skal tingretten bli verande vil ein ha behov for nye lokalitetar for verksemda. Det er no planar om å samlokalisere Søre Sunnmøre Tingrett og Søre Sunnmøre Jordskifterett i Volda-Ørsta.

#### 4.6.13 Offentleg verksemd

Volda er frå gammalt av administrasjonssenter på Søre Sunnmøre, og dei offentlege verksemdene har auka sysselsetjinga dei siste 20 åra. Dette gjeld særleg kommunen, sjukehuset og høgskulen. Utviklingstrekk i samfunnet peikar på at offentleg verksemd vil ha stor betydning i arbeidslivet framover, og det vil vere viktig å oppretthalde og vidareutvikle desse institusjonane.

### 4.7 Samferdsel og infrastruktur

#### 4.7.1 Nokre nøkkeltal

##### Volda kommune har:

- 145 km kommunale vegar
- Ca. 100 km vegar med fast dekke
- Ca. 45 km grusvegar
- 4 km gang- og sykkelvegar
- 58 km kommunal veg med veglys, ca. 2400 lyspunkt
- Ca. 30 bruer
- 102,5 km vassrøyr
- 10 vassverk
- 128 km avløypsrøyr
- 8 kloakkbehandlingsanlegg

#### 4.7.2 Utviklingstrekk samferdsel i Møre og Romsdal

Frå 2003 til 2013 var trafikkveksten i Møre og Romsdal større enn på landsbasis. På ti år vokste trafikken i fylket 2,2 %, medan det var ein auke på 1,7 % nasjonalt. Ferjetrafikken har også auka i same periode, og det er særskilt stor auke i tungbiltrafikken. Tal frå SSB viser at det er fleire bilar per innbyggjar i Møre og Romsdal enn det er i landet elles, sjå Tabell 12.

	<b>Møre og Romsdal</b>	<b>Noreg</b>
<b>Tal bilar per 1000 innbyggjarar 2003</b>	469	481
<b>Tal bilar per 1000 innbyggjarar 2013</b>	582	572

Tabell 12: Bilar per innbyggjar (Møre og Romsdal fylkeskommune: Regional delplan for klima og energi).

Spesielt i byane i Møre og Romsdal er trafikkmengda i ferd med å bli stor, og det er aukande problem med kø, forureining og ulykker. I tillegg krev bilene mykje areal i sentrumsområda. Gjennom satsinga på bypakkar i Mørebyane ynskjer fylkeskommunen, saman med kommunane og Statens vegvesen at all vekst i personbiltrafikken skal takast av kollektiv, sykkel og gange. Også i Volda er det kamp om areala i sentrum, og det er grunn til å tro at det er potensiale for å auke kollektiv-, sykkel og gangtrafikken.

Kjelde:  
(Møre og Romsdal fylkeskommune: Regional delplan for klima og energi)

### 4.7.3 Eiksundsambandet og andre hovudferdselårer

Da Eiksundsambandet opna i 2008 fekk kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein fastlandforbindelse, og det var venta auka pendling mellom kommunane på Søre Sunnmøre. I 2007 var det i følgje SSB 131 personar som pendla frå Hareid, Herøy, Sande og Ulstein til Volda, sjå Tabell 13. I 2013 var det 161 personar som pendla same strekninga. Det er fleire som pendlar andre vegen (frå Volda og ut til øyane). Bompenggeinnkrevinga tok slutt 14. juni 2014, og vil truleg føre til auka pendling.

Kvivsvegen vart ferdigstilt hausten 2012, og reduserte reisetida mellom Volda og mellom anna Eid, Hornindal, Stranda og Stryn. Også her har det vore noko auka pendling, sjå Tabell 13. Her er trafikken omtrent like stor begge vegar.

	2007	2010	2013
Frå Volda til Hareid, Herøy, Sande og Ulstein	89		214
Frå Hareid, Herøy, Sande og Ulstein til Volda	131		161
Frå Volda til Hornindal, Stryn, Eid, Stranda		47	73
Frå Hornindal, Stryn, Eid, Stranda til Volda		49	70

Tabell 13: Pendling til og frå Volda før og etter opning av Eiksundsambandet og Kvivsvegen.

Eiksundsambandet og Kvivsvegen har medført auka pendling og nærheit mellom kommunane på Søre Sunnmøre. Etter opning av Eiksundsambandet og Kvivsvegen har også flypassasjertrafikken auka. Hovden flyplassen er dermed den fjerde største lokale flyplassen i Noreg.

Kjelde:  
(SSB tabell 03321)  
(Avinor: trafikkstatistikk)

### 4.7.4 Sentrumsutvikling og infrastruktur

Etablering av Volda tunnel vil opne for nye moglegheiter med omsyn til sentrumsutvikling i Volda. Fortetting og bustadutvikling kan saman med strategisk lokalisering av skuler, grøntstruktur, kulturtilbod og andre offentlege tenestetilbod bidra til å styrke Volda sentrum som ein tettstad med urbane kvalitetar. Ei utfordring vil vere å definere rolla til Furene/Hovdebygda og utvikle området utan at det går på kostnad av etablert sentrum i Volda. Nytt næringsområde på øvre Rotset vil trekkje bedrifter og handel nærare Volda sentrum.

Eit nært samarbeid og samhandling knytt til infrastruktur, busetnad og næringsutvikling mellom Volda og Ørsta kommune vil vere særst viktig for å kunne lukkast med dette arbeidet samt dra felles nytte av den sentrale plass kommunane har i den nye infrastrukturen i regionen.

### 4.7.5 Kollektivtrafikk

Volda og Ørsta kommune har eit etter måten godt kollektivtilbod gjennom den etablerte Ringruta. For regionen er også Timeekspresen eit godt etablert tilbod til byane i fylket, til Bergen, og Trondheim. I tillegg har ein eit godt ekspressbuss/nattbusstilbod til Oslo og Bergen.

Gjennom dette, i tillegg til flyplassen med direkte ruter til Oslo og Bergen, må ein seie at kommunen har relativ gode kollektivkommunikasjonar.

Seinare år har det vore klar vekst i talet på passasjerar som reiser med buss mellom Volda og Ørsta, og frå Volda/Ørsta til Ytre Søre Sunnmøre. Betre tilrettelagd kollektivtilbod for arbeidstakarar, skuleelver, eldre og flypassasjerar vil vere ei viktig styrking av kollektivtrafikken og ei miljøgevinst, noko som vil vere i tråd med nasjonale forventningar.

Ferjesambandet Volda–Lauvstad og Folkestad–Volda bidreg til god kommunikasjon mellom mange av bygdene og Volda tettstad. Ei jamn ferjefrekvens som er kordinert med til dømes flyavgangar på Hovden og eit ferjetilbod med seine avgangar i helgane er eit virkemiddel i å gjere det attraktivt å bu på bygdene.

Tiltak som tilrettelegging for utvida ringbussrute i Volda over Håmyra/Engeset, i Hovdebygda gjennom Rystefeltet, og til/frå flyplassen gjennom Torvmyrvegen vil vere viktige element som kan bidra til auka passasjergrunnlag og betra tilbodet.

Ei utfordring vil vere å tilpasse kollektivtilbodet til den endring som skjer i infrastruktur og reisemønster ved Eiksundsambandet, Kvivsvegen, og forventa endring i mellom anna pasient tilgang frå Nordfjord.

Staten sin politikk og folk sine bupreferansar fører til ei sentralisering av landet. Det vert ei utfordring for kommunar som Volda med desentralisert busetjing og svak kommuneøkonomi å oppretthalde kommunale tenestetilbod i alle bygdene. Til dømes er kollektivtilbodet lokalt til bygdene i kommunen ei utfordring etter som passasjergrunnlaget her vert stadig lågare og er vanskeleg å forsvare ut frå økonomiske kriteria.

Dette utfordrar igjen fylkeskommunen og den statlege satsinga på samferdsel og eit kollektivtilbod som knyter bygdene nærare sentrum og dei kommunale tenestetilboda.

#### 4.7.6 Gang- og sykkelveg

Gang- og sykkelveg og stiar gjer det lettare å vere i fysisk aktiv i kvardagen, og sikrar samstundes trygg og miljøvennlig ferdsl.

Volda sentrum har eit utvikla gang/sykkelvegssystem i sentrum og ut mot bustadfeltet. Men det er relativt mange brot i det elles bra planlagde gangvegssystemet.

Utbetring av slike "missing link-ar" er viktig for å skape trygge skuleveggar og tilgang til sentrum, arbeid og fritidsaktivitetar. Eit generelt betra gang- og sykkelvegtilbod, som inkluderar eit heilskapeleg sykkelamband mellom Volda og Ørsta, vil kunne bidra til at fleire kan velje sykkel framfor bil til og frå jobb. Dette vil minke belastning på vegnettet, samtidig som det er helsefremjande og gir ei mindre miljøbelastning.

#### 4.7.7 Elbilar og ladepunkt

Sidan 1990 har klimagassutslepp frå transportsektoren auka med 27 %. Kollektivtransport, sykling og gange er viktige middel for å redusere utsleppa, men særskilt i distrikta vil bilen framleis ha ein viktig rolle. Frå 2013 til 2014 var den totale veksten i elbilar i Møre og Romsdal på 129 %. I Volda var det 24

elbilar og 12 ladepunkt i 2014. Reiselivsbedrifter melder at ladepunkta i fylket er i jamleg bruk, og at elbilturistar kjem eins ærend for å prøve nye ladepunkt.

Kjelde:

(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)

#### 4.7.8 Næringslivet og transport

Transportarbeidet i Noreg veks, og denne utviklinga er forventa å skulle fortsette. Store deler av næringslivet i regionen er transportintensivt og krev gode transportmuligheiter for råvarer og produkt. Fylket er det tredje største eksportfylket i landet og store deler av godstransporten går som vegtransport gjennom Volda og Ørsta.

Eit nasjonalt hovudmål er å få meir av denne transport over på jernbane og sjø. Særleg skogsnæringa, som har eit stort potensial i Volda og regionen, vil med tilrettelegging av effektive hamner langs kysten bidra til effektivisering, vesentleg reduksjon i transportkostnader samt vere god miljøpolitikk. Ei rapport utarbeida av Sintef peikar på Volda/Ørsta som ei av 14 kaiterminalar som ein bør prioritere å utbygge for å legge forholda til rette for rasjonell virkeslevering frå skog til industri.

Gode kommunikasjonar er viktig for næringslivet, bulyst og trivsel i kommunen, og for verdiskapinga både lokalt og i regionen.

Dei nye overordna vegsambanda gir godt grunnlag for slik positiv utvikling for transport i regionen. Lokalt er det for bygdene viktige utfordringar knytt til behov for rassikring, gode ferjetilbod, og kollektivtilbod.

### 4.8 Kultur, idrett og friluftsliv

#### 4.8.1 Kultur

Kultur er viktig for å skape attraktive lokalsamfunn. I gjeldande fylkesplan (2013–2016) og for komande regional fylkesplan Møre og Romsdal 2013–2016 vert det sett fokus på følgjande satsingsområde: Kompetanse, verdiskaping, kultur og samferdsel. I gjeldande plan heiter det mellom anna: *”Kulturaktivitet og kulturoppleving er også ein berebjelke for lokal identitet, trivsel og utvikling. Kultur er derfor viktig for å skape attraktive lokalsamfunn for næringsutvikling, og busetting.”*

Kulturnæringa i fylket er sentrert rundt satsingsområda film og video samt festivalar og kunstnarisk verksmed.

Dei med høgare utdanning og kvinner nyttar kulturtilboda i fylket mest. For å rekruttere høgt utdanna arbeidskraft og kvinner er det viktig med eit godt kulturtilbod i fylket. For dei fleste er det tilbodet i heimkommunen som er viktigast. Om lag halvparten er nøgd med sitt kulturtilbod i heimkommunen (Sunnmøre ca. 47 %).

Større festivalar og arrangement i dei større byane er viktige trekkplaster, som til dømes Jazzfestivalen og Matfestivalen. Det er som konsert- og festivalpublikum og som publikum eller deltakarar i idrettsarrangement at folk reisar ut av eigen kommune for å delta. Kino, museum,

utstillingar, teater, revyar, bruk av alpin- og skianlegg og naturopplevingar er andre kultur- og naturopplevingar som får folk til å reise ut av sin kommune for å delta på.

Kjelder:

(Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016)

(Kultur- og fritidstilbod for alle? Kulturpendlarar, fritidspendlarar og andre kulturbrukarar i Møre og Romsdal)

(Regionale utviklingstrekk Møre og Romsdal)

#### 4.8.2 Kulturtilbod i Volda

Samanlikna med andre kommunar på same storleik har Volda eit uvanleg høgt aktivitetsnivå i kulturlivet. Høgskulen og studentmiljøet i kommunen bidreg sterkt til dette. Volda kommune er og i den heldige stillinga at kulturtilbodet i all hovudsak vert drifta av lokale aktørar, som til dømes Rokken, kyrkje og trussamfunn, lag og organisasjonar. Aktivitetane dei private aktørane skaper, utgjer tyngdepunktet i Volda si kulturnæring.

Årlege arrangement og festivalar i Volda:

- Den norske dokumentarfilmfestivalen (Dokfilm) (i samarbeid med Volda Filmteater)
- Dei nynorske festspela
- X2 i samarbeid med Ørsta
- Naturfestivalen i samarbeid med Ørsta
- AnimationVolda (i samarbeid med Volda Filmteater)
- Kyrkjemusikkveka
- Veka
- Voldadagane (Handelsstanden arrangerer)
- Kulturminnedag

Fleire av desse festivalane har potensiale til å utvikle seg til nasjonale arenaar innan sin sjanger, medan andre vil i første rekke levere gode kulturopplevingar til eit regionalt publikum. Samla står desse aktivitetane for ei omsetjing på fleire titals millionar kroner per år. I tillegg til dette kjem overrissingseffekten på handel og sørvisnæringa. I fylgje ei analyse Møre og Romsdal fylke har utarbeidd, utgjer dette ein tileggsgevinst som tilfell lokalt næringsliv på heile 40 % av omsetnaden til kulturarrangementa. Ei målretta og godt planlagd satsing på kulturnæringane vil difor kunne gi ringverknadar for lokalsamfunnet og det er viktig at Volda kommune legg forholda til rette for at desse arrangementa får høve til å utvikle seg vidare.

I tillegg til ei rekke festivalar og arrangement har Volda fleire andre kultur- og fritidstilbod som til dømes bibliotek, Frivilligsentralen, galleria, golfbane, grendahus, kino gjennom Volda Filmteater, Kometland, kulturskulen på samfunnshuset, skatepark, symjehall, Volda Skisenter (med skiskyttararena), Volda ungdomsklubb og ei rekke idrettstilbod innan blant anna ballett, barnegymp, fotball, handball, judo, klatring, skisport, symjing, tennis, turn, volleyball.

#### 4.8.3 Bibliotek

I stadsutviklingsperspektiv er bibliotektilbod viktige fordi dei representerer store verdier i lokalsamfunna som mellom anna møteplassar og lærings- og kulturarena. Folkebibliotekavdelingar har minka i fylket i perioden 1999–2009. Ressursane til dei kommunale biblioteka i fylket er små. Utlån frå folkebiblioteka er stabilt frå år til år medan utlån frå fag- og skulebiblioteka syner ein svak



auke. Mangel på ressursar, utdanna fagpersonell og tilgjengelegheit visast igjen i bruk av biblioteka i fylket, som ligg i botn når det gjeld tal utlån per innbyggjar.

Biblioteket i Volda har nye lokale og høge besøkstal (ca. 35 000 besøkande i året). Særleg blant innvandrarakar ser ein eit auke i tal besøkande. Biblioteket er eit viktig del av integreringsarbeidet, og eit lågterskeltilbod som mange grupper i samfunnet har stor glede av.

Bibliotek er i dag meir enn utlån av bøker. Det er ei uformell møteplass på tvers av aldersgrupper og sosiale lag i samfunnet, ein stad der ein får hjelp, rettleiing og informasjon, tilegner seg kunnskap og mange kjem for å låne eller nytte seg av digitale medium, internett, tidskrifter og aviser.

For å tilfredstille nasjonale og regionale krav, samt brukarane sine forventningar til bibliotekstenesta er det viktig at biblioteket er synleg, med fysiske rammar tilpassa ein moderne bruk og dei nye forventningane til bibliotekstenesta.

#### 4.8.4 Forventningar til kulturtilbodet

Med stadig høgare utdanningsnivå og relativt mykje fritid i Volda, vil eit godt, breitt kulturtilbod vere eit viktig moment for å fremje bulyst og gjere det attraktivt for utdanna personar og barnefamiljar til å etablere seg i Volda. Brukarar av kulturtilbod stiller høge krav til både kvalitet og bredde og det vil vere viktig for Volda kommune å arbeide vidare med dette.

#### 4.8.5 Friluftsliv

Å vere ute og bevege seg i friluft er helsefremjande, bidreg til god motorisk utvikling og er lærande og stimulerande. Ei utfordring er å gjere friluftsliv attraktivt og freistande for dei som i dag ikkje nyttar seg av dette, og då særleg ungdom, funksjonshemma og grupper som av ulike grunnar ikkje er ute i naturen. For å freiste og nå unge handlar det kanskje meir om spanande og utfordrande aktivitetar, som er meir "actionprega". Til dømes aktivitetar som terrengsykling, klatring og ski. Folk med nedsett funksjonsevne kan ha behov for universelt tilrettelagd tilbod lett tilgjengeleg frå der dei bur eller med lett tilkomst til aktivitetstilboda. Som ledd i utjamning av sosial ulikskap i helse er det også behov for lett tilgjengelege tilbod i nærområda der folk bur, og som ikkje krev store investeringar i utstyr eller planlegging. Ein føresetnad for at ein som vaksen finn glede i å bevege seg ute i friluft er ein barndom der friluftsliv og fysisk aktivitet er ein del av oppveksten. Difor er det avgjerande at det finst gode og utviklande aktivitetsområde for barn og unge i bustadfelt, sentrum, i barnehagar og skular.

Hovudtrekka i det norske friluftslivsmønsteret har vore relativt stabilt dei siste 20 åra, og er prega av stort mangfald. Ni av ti nordmenn kan reknast som friluftslivsbrukarar. Likevel har veksten i deltaking blant dei eldre aldersgruppene stoppa opp. Mens dei aller yngste er aktive, har ungdom ein tendens til å svikte dei tradisjonelle friluftaktivitetane.

Levekårsundersøkinga syner at nordmenn brukar mest tid til idrett og friluftsliv om sommaren og minst om vinteren. Same undersøkinga syner også at vi i gjennomsnitt brukar ein time og tre kvarter på mosjonsturar per uke. Utviklinga frå 1980 til 2000 viser at vi brukar mindre tid på skiturar og meir på spaserturar. Desse tendensane gjelder både kvinner og menn.

Utdanning er avgjerande for turaktiviteten. Yrkesaktive og studentar er jamt over meir aktive friluftsbukarar enn arbeidsledige, uføre og pensjonistar. Menn er meir aktive enn kvinner. Folk busett i grigrendte strøk driv meir "nyttig" friluftaktivitetar som bær- eller sopptur, jakt, fiske enn dei i byane.

Friluftsliv fremjar helse og trivsel og gir positive naturopplevingar, rekreasjon og høve til sosialt samvær. Dette er også svært viktig med tanke på miljøforståing og positive haldningar til berekraft og miljøomsyn. Alle bør difor ha tilgang til grøne nærområde, parkar og friluftsområde med god kvalitet. Tettstadsanalysen for Volda Sentrum peikar på strategiar og virkemiddel for å sikre gode tilhøve for dette. Særleg i område med utbyggingspress bør ein ha eit spesielt fokus på å sikre grøne lungar og grøne ferdselsårer ut til friluftsområda. I løpet av dei siste åra har tilgjengeleg areal for friluftsliv vorte 2,1 % mindre, sett landet under eitt.

Volda er omgitt av ein natur som innbyr til fysisk aktivitet og naturopplevingar. Kommunen har sidan slutten på 80-talet gjort mykje for å legge til rette for friluftsliv. Volda har eit relativt godt etablert tur- og stinett som utgjør eit system av grøne ferdselsårer i busettinga, skogen og i kulturlandskapet. Eit nytt nærturkart for Volda sentrum vart lansert i august 2014 for å gjere det lettare for både tilflyttarar og andre å kome seg ut i skog og mark og for å stimulere til meir friluftsliv i kvardagen. Men her er også mange "missing link" som ved sikring og tilrettelegging vil kunne bidra til å gjere tilbodet meir komplett og dermed stimulere til at fleire tek i bruk friluftsmulegheitene i Volda. Eit døme på dette er behovet for etablering av turveg på nord- og austsida av Rotevatnet der reguleringsarbeid var sett i verk i 2012. Denne turvegen er svært viktig med tanke på eit tilgjengeleg friluftsliv for alle i nærmiljøet, og med tilgang for både trillande og syklende. Det er også behov for betre merking av turstiar i kommunen. Dette arbeidet er så smått i gang, og det er eit mål at grendalag, frivillige lag og organisasjonar og kommunen søkjer om midlar til merking av turstiar og samarbeider om merking både i sentrum og på bygdene.

Frå statleg hald vert det sett inn store ressursar for å stimulere kommunane til å intensivere arbeidet på dette feltet. På bakgrunn av dette har Volda kommune vedteken kommunedelplan for Fysisk aktivitet og anlegg for friluft, idrett og næringsmiljøtiltak. Denne planen inneheld også ein *handlingsplan for friluftslivsområde*. Dette vil inngå som del av ein statleg planbase og er tenkt nytta som grunnlag for framtidige prioriteringar/investeringar og for å klargjere aktuelle område for statlege ordningar for både kjøp av grunn og til finansiering av tilretteleggingstiltak.

Aktuelle satsingsområde i handlingsplan for friluftslivsområde i Volda kommune er: Friområda ved Botnasanden, Elvadalen, Heltneelva, Kråkeneset (Lid), Åseneset (Mork/Ekset), Strandfjøra, Berkneset, Andaneset, skiløype Rotevassdalen og turveg rundt Rotevatnet.

Kjelder:

(Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2014–18)

(miljøstatus.no)

(Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging)

(Naturindeks for Norge 2010)

(SSB, Idrett og friluftsliv, levekårsundersøkelsen 2011)

#### 4.8.6 Idrett

Det er aukande interesse for å delta i idrettsliv i Noreg. 26 % av befolkninga i alderen 16–79 år er medlemmer av eit idrettslag, og 40 % av dei som driv med fysisk aktivitet minst ein gong i månaden er

medlemer i eit idrettslag. Dei siste ti åra har talet på medlemer i Noregs Idrettsforbund auka med om lag 24 %. Veksten er størst blant menn og i aldersgruppa 20 år og eldre. I aldersgruppa 13–19 år er det ein svak nedgang (1 %) i same periode. Dei med høg utdanning, yrkesaktive og studentar er mest aktive. Utdanning har positiv betydning både for deltaking i mosjonsaktivitetar og idrett. I alle aldersgrupper er dei med høg utdanning meir aktive enn dei med låg utdanning. Av personar med grunnskuleutdanning er 17 % medlemer av eit idrettslag, medan 37 % av dei med universitets- eller høgskuleutdanning er medlemer.

Forskningsbasert kunnskap syner at strukturelle tiltak som til dømes å legge til rette for fysiske tilhøve og tiltak i nære omgjevnadar til der folk bur, har eit potensiale for å jamne ut sosial ulikskap. Dette gjeld både i friluftslivs- og idrettssamanheng.

Volda tettstad har varierte idrettstilbod. Fotball, golf, handball, skigåing, symjing og volleyball er av dei største idrettsgreinene i Volda. Andre idrettstilbod er ballett, barnegym, bordtennis, judo, klatring, tennis og turn. Det meste av idrettstilbodet har utspring i frivillige lag og organisasjonar, og Volda kommune er avhengig av desse for å oppretthalde og sikre eit breitt og godt idrettstilbod. Voldahallen ligger sentralt i Volda og vert mykje nytta, sjølv om den har behov for oppgradering. Dei siste åra har det også vore ei medviten satsing på utvikling av skuleanlegga som viktige arenaer for idrettsaktivitet. Skuleområda som nærmiljøanlegg og idrettstilbod er viktig både i sentrum og på bygdene.

Sjølv om mange driv med idrett i Volda er det mange barn som fell i frå når dei vert litt eldre og idretten går frå å være primært sosial arena til å være ein arena for prestasjonar og resultat. Her er situasjonen i Volda som i resten av landet.

Ei utfordring er å oppretthalde eit idrettstilbod til dei som ikkje har interesse eller talent til å drive med idrett på høgt nivå. Det er naudsynt med breidde i idrettstilbodet for å gje flest moglege tilbod om å drive med aktivitetar dei trivast med, på ulike nivå. Blant dei eldre aldersgruppene (25 <) er tendensen at ein driv med uorganisert idrett og meir friluftsrretta aktivitetar. Igjen er det høgt utdanna og yrkesaktive som er mest aktive på denne fronten. Organisert lågterskeltilbod for ungdom og vaksne vil kunne bidra til auka aktivitet blant eit breiare lag av innbyggjarane også i Volda. Trilletur for småbarnsforeldre, symjeopplæring og treningsgruppe for innvandarkvinner og ulike turgrupper er gode eksempel på organiserte lågterskeltilbod. Etablering av Frisklivssentralen Aktiv i Volda er ei kommunal satsing for å fremje helse og førebygge sjukdom, skade og sosiale problem. Målet med Frisklivssentralen er fleire leveår med god helse i befolkninga og mindre helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn.

Viktigaste og truleg den mest effektive bidraget til auka lågterskeltilbod og ikkje prestasjonsretta aktivitet vil vere å få dette integrert som ein viktig del av den ordinære drifta i frivillige lag og organisasjonar, som del av miljøskaping-, fråfallstiltak og som potensial for rekruttering av leiarar og administratorar på alle nivå.

Grunnlaget for kommunen sine prioriteringar innan idrett vert lagt gjennom kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Kjelder:  
(SSB, Kulturstatistikk 2010)

## 4.9 Barn, unge og oppvekst

Gode helsetenester og gode barnehage-, skule- og fritidstilbod er viktig for å sikre ein trygg og god oppvekst. Gode nærmiljø og moglegheiter til å utøve fritidsaktivitetar er naudsynt for å sikre barn og ungdom gode levekår, utviklingsmuligheiter og trygge oppvekstmiljø. Ein god oppvekst aukar sannsynet for at ein også vil la sine egne barn vekse opp i det same miljøet.

### 4.9.1 Helsestasjon, barnehage og skule

Svangerskapsomsorg, helsestasjon- og skulehelsetenestene er lovpålagte tenester. Arbeid i helsestasjonen er underlagt "*Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester mm.*" og "*Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten*". Plan for helsestasjonen i Volda 2014 - 2017 vart vedteken i kommunestyret 27.03.14. Tidleg identifisering av behov og tidleg innsats er eit viktig overordna mål for tenesteområdet.

Både jordmødrer og helsesystrar har fokus på førebyggjande og helsefremmande tiltak i samarbeidet med barn, ungdom og foreldre. Tidleg identifisering av behov og tidleg innsats er eit viktig overordna mål.

Svangerskap og barselomsorga i Volda har god kvalitet. Nye retningslinjer "*Nytt liv og trygg barseltid for familien*" skal styrke samhandling mellom helseføretaket og kommunane grunna tidleg utskriving frå fødeavdelingane. Å etablere *JordmoraHeim* som ei fast ordning, er ei viktig satsing i svangerskapsomsorga framover.

Undersøkingar viser at sjukdomsbilde er endra og utfordringane framover spesielt må rettast mot barn og unge si psykiske helse, kosthald og fysisk aktivitet, vald/overgrep og minoritetshelse. Sjå kapittel 2.11 Helse.

Ungdata-undersøkinga viser at ungdom i Volda slit meir no enn tidlegare. Lettare tilgang til helsesøster på skulane, målretta gruppetilbod og høve til utvida samarbeid vil gjere det lettare å møte desse utfordringane.

Tal på asylsøkjjarar har frå oppstart auka frå 120 til 190 faste plassar per mars 2015. Helsesøster gjennomfører helsesamtale og vaksinerings med alle. Auke i talet på plassar i asylmottaket aukar også presset på dei tenestene helsestasjonen skal yte for denne gruppa. Målretta gruppetilbod for asylsøkjjarane har vist seg å vere viktig for integrering . Dette må ein satse meir på framover.

Helsestasjonslokala i sentrum er ikkje optimale for brukarane, og heller ikkje for dei tilsette. På sikt håpar vi at helsestasjonen får tilbod om betre lokale til sine tenester.

Volda har 13 heildagsbarnehagar, sju kommunale og seks ikkje-kommunale. I tillegg til heildagsbarnehagane har Volda ein open barnehage. Kommunen har god barnehagedekning, og alle som søker får barnehageplass. Barn frå Ørsta får barnehageplass i dei ikkje-kommunale barnehagane i Volda. Ein registrerer at det er eit auka press i området Mork/Egset, og det er ikkje alle i området som får barnehageplass i Mork barnehage.

*Voldaprojektet* er ein del av forskingsprosjektet "*Barn i Midt-Noreg*", og prosjektperioden er 2013–2017. Alle barnehagane i Volda er med. Prosjektet skal gje personalet i barnehagane meir kunnskap om psykisk helse hjå barn i barnehagen. Samstundes vil det bli gjennomført forskning for å sjå effekten av opplæringa, og for å få meir informasjon om psykisk helse hjå barn i denne aldersgruppa. Gjennom forskingsprosjektet vil barnehagane i Volda vere ein viktig bidragsytar for å få ny kunnskap om psykisk helse hjå barn.

Dei kommunale barnehagane har behov for renovering for å nærme seg dei krava ein stiller fysiske arbeidstilhøve i dag. Det er også eit behov for å kunne legge til rette for arbeidsplassar til barnehagelærarane.

Det er ein auke i barn, både i barnehagane og i skulane, som har behov for ekstra hjelp på grunn av nedsett funksjonsevne. Å sikre godt tilbod til desse krev eit godt samarbeid gjennom tverrfagleg samarbeid og kvalifisert personale.

Volda har åtte grunnskular (ca. 1100 elevar). Elevtalet i grunnskulen vil halde seg nokså stabilt dei neste åra, basert på tal frå folkeregisteret. Tilflytting og fråflytting kan endre dette biletet. Fram mot skuleåret 2020/2021 viser tala frå folkeregisteret ein reduksjon i elevtalet. Tendensen viser nedgong i elevtalet på bygdene, medan elevtalet aukar noko i sentrum inkludert Lid/Mork skulekrins. Ved sentrumsskulane kan kapasiteten verte utfordra på nokre av klassestega dei næraste åra. Elevtalsutviklinga i Lid/Mork skulekrins viser at Mork skule vil gå frå firedeling til femdeling om kort tid, og det er naudsynt å utvide kapasitet ved skulen. Det kan gjerast ved å setje i stand lokala i øvste høgda på skulen, eller ved påbygg/brakkar. I framtida kan det verte behov for å auke kapasiteten ved Bratteberg skule. Det er difor viktig å sikre areal kring skulen til eventuell framtidig utbygging.

Auka merksemd kring fysisk aktivitet i og utanom undervisninga aukar behova for tilrettelagde areal i nærområdet og på skulane sine areal. Volda har utfordringar når det kjem til å tilby gode fysiske rammer for skulebarn i Volda sentrum, både med omsyn til sjølve skulebygga og dei fysiske tilhøve knytt til uteområda og anlegg for fysisk aktivitet i skulen. I skrivande stund ser det ut til at ein ny Øyra skule vil verte realisert, og mange av barneskuleelevane i sentrum vil med det få langt betre undervisningslokale og fysiske rammer kring grunnskuleopplæringa. Skulen blir i fyrste omgang bygd utan kroppsøvingsskole og symjehall. Volda kommune er derfor avhengig av å få leige symjebasseng av høgskulen. Per i dag er det ein avtale år for år, og det vert arbeidd for å få ein meir langsiktig avtale for leige av bassenget på Idrettsbygget. Skulane i Austefjord, Folkestad og Dalsfjord har eigne symjebasseng.

Barn og unge er store delar av dagen i barnehage og skule. Dei tilsette har difor eit stort ansvar for å legge til rette for at barn og unge skal ta gode val i forhold til helsa si. Sunt kosthald og gode vanar med fysisk aktivitet er viktig for at barn og unge skal kunne utnytte sitt faglege og sosiale læringspotensiale. Eit samarbeid mellom skule og heim om å gå eller sykle til og frå skulen, bør også prioriterast i framtida. Dette set også krav til utbygging av gang- og sykkelveggar. Det vil føre til meir fysisk aktivitet og betre trafikktrygging.

Gjennom rikspolitiske retningslinjer og større lovpålagde krav til barns medverknad i planlegging ynskjer ein å få til betre ivaretaking av barn og unges interesser. Volda har eit aktivt ungdomsråd. I

tillegg har kommunen ein 15 % stilling til barnerepresentant, som skal ivareta barn og unge sine interesser i plansaker.

På leiarmøtet var vi innoom utfordringsnotatet, og om det bær stå noko om behovet for areal til Bratteberg skule i framtida. Eg har følgjande forslag som er utheva. Det kan kome i forlenginga av den andre teksten eg har klipt ut frå notatet.

Kjelder:

(Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten)

(Helse- og omsorgstjenesteloven)

(ungdata.no)

Plan for helsestasjonen i Volda 2014–2017

#### 4.9.2 Barnevern

Barnevernet i Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda vart slått saman til eit barnevern frå 1. januar 2014. Volda kommune er vertskommune, noko som inneber at Volda kommune har ansvar for administrasjon og drift av den nye tenesta. Frå april 2015 er alt fagpersonale og kontorfunksjonar samla i 2.etasje i Volda rådhus.

Målet med denne omorganiseringa er å få eit barnevern som kan gi betre tenester til barn og familiar. Tidleg innsats, der målet er å førebygge at barn lever over tid i omsorgssituasjonar som er til skade for deira helse og utvikling, er eit nasjonalt satsingsområde. Barnevernstenesta har derfor øymerka ein stillingsressurs til tverrfagleg førebyggjande arbeid, der ein skal etablere eit meir systematisk samarbeid med andre som arbeider med barn og unge i dei fire samarbeidskommunane.

Barnevernstenesta sine hovudmål er gitt i Lov om barnevernstenester, og er todelt:

- Sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid
- Bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.

For i størst mogleg grad å kunne nå desse måla, vil barnevernstenesta halde fram med arbeidet for å utvikle gode hjelpetiltak til barn og familiar. Det er også viktig å arbeide strategisk for å samarbeide med andre instansar for å bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår (førebyggjande arbeid).

Tenesta består av om lag 30 fagtilsette, i tillegg til kontorfagleg personale. I 2013 var det registrert om lag 450 barn frå dei fire samarbeidskommunane med ulik type hjelp og tenester frå barnevernet.

Kjelder:

(Felles barnevern for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta)

(Lov om barneverntjenester)

(Årsbudsjett 2015 – Økonomiplan 2015–2018 Volda kommune)

#### 4.9.3 NAV

NAV er ein teneste som skal bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og fremme overgang til arbeid og aktiv verksemd. NAV består av både statlege og kommunale tenester. NAV Volda og NAV Ørsta vart slått saman frå mai 2014, og Ørsta er vertskommune.

Kjelde:

(NAV)

## 4.10 Levekår og livskvalitet

### 4.10.1 Livskvalitet

Opplevd livskvalitet kan vere ein viktig faktor for tilflytting til ein stad. Det er vanleg å framheve følgjande verdiar som avgjerande for eit godt og meningsfylt liv: materiell tryggleik, stabile venskaps- og familietilhøve, meningsfylt arbeid, god helse, personleg fridom og interessante fritidsaktivitetar. Dette er sjølvsegte verdiar for dei fleste, medan det for mange grupper i samfunnet kan vere utfordrande å oppnå tilfredstillande livskvalitet gjennom eige livsløp.

Den subjektivt oppfatta livskvaliteten for den einskilde, vil gjerne syne igjen i meir målbare indikatorar for levekår. Typiske indikatorar for levekår er ofte tal på personar som treng sosialhjelp, levealder, tal på uførepensjonistar og mottakarar av attføringsstønad, valdskriminalitet, arbeidsløyse og personar på overgangsstønad.

### 4.10.2 Sosialhjelp og stønad

Per mars 2014 var det registrert 99 mottakarar av sosialhjelp i Volda kommune. I forhold til innbyggartalet har Volda kommune færre som treng sosialhjelp samanlikna både med Møre og Romsdal og landet elles. Volda har få mottakarar og økonomisk yting per innbyggjar er låg. Når det gjeld innbyggjarar som mottek stønad lengre enn seks månader og personar som har sosialstønad som hovudinntektskjelde, er vi på linje med situasjonen for samanliknbare kommunar, fylket og landet elles.

Kjelder:

(Hesledirektoratet; kommunehelseprofiler)

(Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014)

### 4.10.3 Uførepensjon

Per mars 2014 var det registrert totalt 372 mottakarar av uførepensjon i Volda kommune, dvs. 6,2 %. I perioden 2010–2012 var det registrert 2,2 % med uførepensjon i aldersgruppa 18–44 år og 16,3 % i aldersgruppa 45–66 år. Tala syner at Volda har færre uføretrygda enn både Møre og Romsdal (8,3 %) og landet elles (9,2 %). Auke i folketal og fleire eldre vil påverke tal personar på uførepensjon og gje auka press på mellom anna helse- og omsorgssektoren.

Tiltak for å få langtidssjukemelde tilbake i arbeid i samband med helsefremmande tiltak vil kunne medverke til reduksjon av uførepensjon, og då særleg for den yngre del av befolkninga.

Kjelder:

(Hesledirektoratet; kommunehelseprofiler)

(Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014)

NAV Ørsta Volda

#### 4.10.4 Pleie og omsorgstenester

Det har dei siste åra vore ei auke av brukarar under 67 år som mottok pleie- og omsorgstenester.

Tabell 14 viser tal for Møre og Romsdal:

	2008	2013	Auke
> 67 år	3342	5507	65 %
< 67 år	8876	10160	14 %

Tabell 14: Antall brukarar i Møre og Romsdal som mottok pleie- og omsorgstenester. Møre og Romsdal.

Kjelder:  
(SSB tabell 06969)

#### 4.10.5 Sjukefråvær

Frå 2.kvartal 2013 til 2.kvartal 2014 gjekk det legemelde sjukefråværet i Møre og Romsdal opp frå 5,1 % til 5,3 %. For Volda var tilsvarande tal 5,7 % for 2. kvartal i 2013 og 5,5 % for 2. kvartal 2014. Medan det var ein liten auke i fylket, var det tilsvarande ein liten nedgang i Volda.

Generelt er fleire kvinner sjukemelde enn menn. Dette skuldast delvis svangerskapsrelaterte sjukefråvær (1/4 av sjukemeldingane). Andre viktige faktorar ser ut til å være ulikskapar i inntekt, fleksibilitet i arbeidstid, kjenneteikn ved arbeidskontraktane og sosioøkonomiske skilnader. Samarbeid mellom Volda kommune og bedriftshelsetenesta Stamina Helse om tiltaket *Gravid – ein ressurs på jobb*, gjer at kommunen har tett oppfølging av gravide og stort fokus på tilrettelegging av arbeidstilhøva.

Kjelder:  
(Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014)  
(Kommunestatistikk Volda 2014)  
(NAV: Legemeldt sykefravær 2005–2014)

#### 4.10.6 Behov for hjelp

Innafor barnevern, sosialhjelp og tenester i helse og omsorg er det ei auke i tal mottakarar av støtte/hjelp. Med forventa vekst av eldre i Volda vil ein få auka press på desse tenestene. Det er gjerne dei over 80 år som treng tenester i form av omsorgsbustadar, heimetenester og sjukeheimsplassar, men også yngre med omfattande hjelpebehov er brukarar av ulike tenester. Dette kan ein også forvente dei komande åra.

Det er også ein liten auke i tal årsverk innafor dei nemne sektorane. Kommunen vil få ei utfordring med å møte brukarane sine krav og behov innafor gitt økonomisk ramme og med dagens kompetanse og rekrutteringsmuligheiter.

Skilje mellom dei som "fell utanfor" samfunnet og dei som ikkje gjer det aukar og dette særleg i den yngre delen av befolkninga. Til dømes er det færre i dag som gjennomfører vidaregåande skule. Dette er eit stort problem etter som fleire og fleire arbeidsplassar i dag krev formell kompetanse. Klarer ein i tidleg alder å fange opp dei som slit og fell ut av utdanningsløypa, vil ein sannsynleg konsekvens vere reduksjon av personar som seinare vil ha behov for stateleg og kommunal hjelp.



I Volda er det ei relativt stor gruppe som har nedsett arbeidsevne og av den grunn slit med å vere i arbeid. Per mars 2014 var det 373 personar med nedsett arbeidsevne, derav 53 unge under 30 år. Dette gjeld fleire kvinner enn menn. Prosentdel med nedsett arbeidsevne aukar med alder og med fleire eldre kan ein også vente ei auke i dette talet. Ei utfordring er, i samarbeid med næringslivet, å finne tilrettelagde arbeidsplassar til dei med nedsett arbeidsevne. Folk med nedsett arbeidsevne er nødvendigvis ikkje arbeidsdyktige, men kan vere ein ressurs gjennom delvis yrkesdeltaking eller tilrettelagt arbeid.

Kjelder:

NAV Ørsta Volda

(Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014)

## 4.11 Helse

### 4.11.1 Helsetilstand og sosiale skilnadar

Levealderen i Noreg er blant dei høgaste i verda og aukar stadig. Dette har samanheng med låg spedbarnsdødelegheit, betre levekår, at ein er i stand til å behandle stadig fleire sjukdomar og redusert dødelegheit av hjerte- og karsjukdomar. Auka levealder blant befolkninga vil medføre auke i nokon sjukdoms- og lidingsstypar, då særleg innanfor kroniske lidingar. Eit godt tilrettelagt samfunn der folk kan meistre liva sine og vere aktive i eige liv lengst mogleg, kan redusere ulempa ved auke i denne type lidingar.

Det er store sosiale skilnadar knytt til helse, og disse skilnadane aukar. Befolkninga som har frå middels til høg inntekt og utdanning har fått betydelig auka forventa levealder, medan forventa levealder har endra seg mindre for grupper med kort utdanning og låg inntekt.

Det er fleire ulike årsakssamanhengar som ligg til grunn for denne samanhengen. Både forskjellar i materielle forhold (til dømes fysisk arbeidsmiljø), ulike psykososiale mekanismar (til dømes einsemd, stress, usikker økonomi, jobbsituasjon) og helseåtfærd (til dømes rus, tobakk, kosthald, fysisk aktivitet) bidreg i stor grad til å skape og oppretthalde sosiale skilnader i befolkninga si helse.

I folkehelseprofilen for Volda kommune 2014 kjem Volda i hovudsak godt ut. Dette indikerer at folk i Volda har relativt god helse samanlikna med landet. Men det kan vere ein del lokale forhold som ikkje vert fange opp i barometeret. Sjølv om Volda kjem godt ut på folkehelsebarometeret, har Volda lokale utfordringar og negative tendensar i høve folkehelse, til dømes unge jenter som slit psykisk (sjå [Statusrapport Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014](#), [Ungdata](#) og [Ung i Volda og Ørsta 2003–2013](#) og [Ung på Sunnmøre 2013](#)).

Kjelder:

(Folkehelseprofil 2014 Volda)

(Sosial ulikhet i helse: En norsk kunnskapsoversikt)

(Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014)

(ungdata.no)

(Ung i Volda og Ørsta 2003-2013)

(Ung på Sunnmøre 2013)

#### 4.11.2 Folkehelselova og tiltak i Volda

Ei befolkning med god helse er grunnlag for eit berekraftig samfunn og region i vekst, det vil difor vere viktig å arbeide måleretta med tiltak som kan fremje god helse, slik at dei i arbeidsfør alder faktisk er arbeidsføre og at dei eldre er funksjonsfriske så lenge som råd.

God helse vert ikkje først og fremst skapt i helsesektoren. Ein må difor ha fokus på at det er på andre livsarenaer og i andre sektorar grunnlaget for den gode folkehelsa vert skapt (barnehage, skule, arbeidsliv og fritid).

Med helse- og omsorgstenestelova og folkehelselova (01.01.12) kom det krav til kommunane og fylkeskommunane i landet om å ha auka fokus på folkehelse i samfunnet. Dette gjeld på alle nivå. Loven er rettsleg verkemiddel for å nå samhandlingsreforma sine mål om å mellom anna fremje folkehelse, førebygge sjukdom og utjamne sosial ulikskap i helse.

Dette fører mellom anna til at fleire avdelingar i kommunen må utarbeide nye rutinar i tråd med det nye lovverket. Ansvaret kring folkehelse er flytta frå helsetenesta til "kommunen som sådan". Etter omorganisering i kommuneorganisasjonen er folkehelsekoordinator flytta frå helseavdelinga til rådmannen sin stab, og er såleis nært knytt til alle sektorar. Folkehelse står på dagsorden i leiarforum minst to gonger i året, og folkehelsekoordinator samarbeider nært med leiarane i høve kartlegging av helseutfordringar, rapportering og prioritering av tiltak. Folkehelsekoordinator er også med i kommunen sitt administrative planforum kvar fjortande dag, og er administrativ kontaktperson i Sunne kommuner.

Folkehelse som del av planarbeidet er heimla i Plan- og bygningslova (PBL) §3-1: - *Legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljøer og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet.* Pkt. f: - *Fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller samt bidra til å forebygge kriminalitet.*

Det er eit krav at ein skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden til befolkninga og dei positive og negative faktorar som kan verke inn på folkehelsa. Lova krev også at helsekartlegginga skal danne grunnlag for kommunen sitt planarbeid og for heilskepeleg tiltak i den kommunale verksemda. I 2012 skulle Helsedirektoratet *Utarbeide en rapport om fremgangsmåte og metoder for å få fram kunnskap* fra de kommunale helse- og omsorgstjeneste, jf. folkehelseovens §5 bokstav b (Forarbeid til God oversikt – en føresetnad for god folkehelse. En veileder til arbeidet med oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer). I samband med dette vart Volda kommune bedt om å vere pilotkommune for å gjennomføre ei kartlegging av folkehelsestatus i Volda. Dette arbeid vart gjennomført våren og hausten 2012 og vart ein god start på helsekartlegginga i Volda. I løpet av 2013 og 2014 vart ein mal for rapportering av helsekartlegging utarbeidd, og registrerte data frå alle sektorar og andre kjelder vart samla og systematisert. Hausten 2014 fekk kommunestyret lagt fram Volda kommune sin første Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014.

Arbeidet med folkehelse skal inn på alle nivå og i alle sektorar. For å møte lovpålagde krav har fylkeskommunen utarbeidd Regional delplan for folkehelse 2014–2017. Volda kommune imøtekjem i dag mange av dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging når det gjeld folkehelse. Noko av årsaka til dette er at Volda kommune i fleire år har jobba med helsefremjande tiltak samla under Aktiv i Volda, deltaking i prosjektet "Helse i Plan" og gjennom Volda sitt medlemskap og engasjement

i Sunne kommuner (sjå kapittel 4.11.3 ). Volda kommune var også ein av dei første kommunane som vart med i God Helse – partnerskap for folkehelse i Møre og Romsdal fylke.

Volda har vore oppteken av førebyggjande og helseframande arbeid gjennom mange år, noko som har gitt synlege resultat: Eit eksempel er Aktiv i Volda og etablering av *Frisklivssentralen Aktiv i Volda*, *Voldaprojektet* (barnehagane) *Tidleg inn* (helsestasjonen), *Førebyggjande heimebesøk 80+*, *Kvardagsrehabilitering*, *Frå mellombels til varig bustad* med vidare Mange døme på gode helsefremjande og førebyggjande tiltak i sektorane er rapporterte i Omsorgsplan 2014–2017, Demensplan 2014–2017, Statusrapport God helse 2013 Møre og Romsdal fylkeskommune og Statusrapport Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014.

Kommunen har også i mange år hatt sakshandsamingsmal som krev at alle sakshandsamarar vurderer helse- og miljøkonsekvensar i all saksutgreiing. Dette tiltaket støttar også opp om eit av hovudmåla i samfunnsdelen av kommuneplanen godkjent i 1997:

- Helse- og miljøomsyn skal byggjast inn i all kommunal verksemd med sikte på å fremje helse, førebyggje sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald (Volda kommune Kommuneplan 1996-2008, s. 2)

Kjelder:

(Folkehelseloven)

(God Helse partnerskapet)

(God oversikt – en føresetnad for god folkehelse. En veileder til arbeidet med oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer)

(Helse- og omsorgstenesteloven)

(Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda kommune)

(Statistikk og oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar (Volda kommune))

(Volda kommune Kommuneplan 1996-2008)

(Omsorgsplan 2014-2017)

(Plan- og bygningsloven)

(Statusrapport God helse 2013 Møre og Romsdal fylkeskommune)

(Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014)

### 4.11.3 Volda som "Sunn kommune"

Volda kommune var i 1994 med å skipe "Norsk Nettverk av Helse- og Miljøkommuner" og er framleis aktivt medlem. I 2010 vart namnet endra til "Sunne kommuner – WHO's norske nettverk". Volda kommune er knytta til WHO's helsefremjande nettverk i Europa.

#### **Frå grunnlagsdokumentet til Sunne kommuner**

Hovudutfordringa for ei helse- og miljøkommune er å setje helse og miljø i fokus i all verksemd, og skape ein kontinuerleg prosess med sikte på auka trivsel og tryggleik for befolkninga og støttande og berekraftige lokalsamfunn. Globalt vert det arbeidd for ei retningsendring for å sikre livsgrunnlaget for eksisterande og komande generasjonar. Dette må omsetjast til lokal aktivitet som har til føremål å verne om økosystemet, bevare kulturelt og biologisk mangfald, fremje helse, førebygge sjukdom og skade på menneske og miljø. Ein føresetnad for å lukkast i dette arbeidet er at kommunane utviklar ei heilskapleg og sektorovergripande samordning i all sin verksemd, sentralt forankra i kommunen si politiske og administrative leiing. Helsefremjande tenking må bevisstgjerast i alle fagprofesjonar og nedfellast i kommunale planar og offentleg aktivitet.

Oppgaveløysingar av førebyggjande karakter stiller store krav til koordinering og samarbeid mellom mange aktørar, offentlege som private. Mobilisering og involvering av lokalsamfunna i målretta prosessar for å ta vare på miljø og helse er avgjerande for å lukkast. Nasjonale mål og handlingsplanar har liten verdi utan individet sin medverknad og vilje til livsstilsendingar. Offentlege og private verksemdar har her ei klar oppgåve og utfordring.

Kommuneplanen for Volda, som vart vedteken i 1997, inneheldt hovudmål og retningslinjer for Volda som helse- og miljøkommune. Volda var tidleg ute med å ha med dette i planarbeid, og har blitt brukt som døme av andre kommunar seinare. At Volda blir sett på som ein aktiv kommune i folkehelsearbeid er god omdømmebygging for kommunen, og det er noko kommunen kan vere stolte av. Folkehelse bør vidareførast som eit viktig tema i kommuneplanarbeidet.

Kjelder:  
(Sanne kommuner)  
Kommuneoverlegen

#### 4.11.4 Miljøkvalitet

Dårleg miljøkvalitet er i følge WHO årsak til 14 % av sjukdom som er mogleg å førebyggje i Noreg. Tilrettelegging for friluftsliv, leik, rekreasjon og auka fysisk aktivitet kan førebygge helseplager og sjukdom i befolkninga. Dei siste åra har det vore ei omfattande satsing på å auke omfang areal tilrettelagt for fysisk aktivitet og rekreasjon i og omkring tettstadar. For Volda sin del er det gjort ein del gjennom Helse- og miljøprosjektet med tilrettelegging av areal og tiltak gjennom Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014–2018.

Sett i forhold til sosial ulikskap i helse, er det dei med lågast utdanning og løn som har største utfordringane i forhold til inaktivitet og livsstilsrelaterte sjukdomar. Alvorlege sjukdomar som kreft, hjarte-karsjukdom, lungesjukdom og allergiske lidningar kan verte utløyst av eller forverra av påverknad frå miljøet. Tilrettelegging for friluftsliv, leik, rekreasjon og auka fysisk aktivitet kan førebygge helseplager og sjukdom i befolkninga. Difor er det avgjerande viktig å fokusere på lågterskeltilbod, tilrettelegging av friluftsområde og breiddeidrett/aktivitet når ein legg til rette for fysisk aktivitet og rekreasjon.

Kjelder:  
(Folkehelsemeldinga – God helse felles ansvar. St.34 (2012-2013))  
(Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2018)  
(Miljødepartementet)  
(Sosial ulikhet i helse (Høgskolen i Oslo og Akershus), 2014)

#### 4.11.5 Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma skisserer store utfordringar på folkehelseområdet dei neste åra. Bakgrunn for heile reforma er at helsevesenet ikkje har eit berekraftig nivå grunna vesentleg auke i utgifter og ein statistisk stor auke i tal eldre komande tiår. Difor må ein sette i verk tiltak som reduserer behovet for helsetenester. Tal sjukehusopphald har auka frå nittitalet og fram til i dag. Eldre står for ein tredjedel av alle innleggingar. Folketalet vil truleg auke sterkt fram til 2060, og aldersrelaterte sjukdomar vil difor auke. Volda samfunn og kommune vert påverka av denne reforma og står over for ei rekke utfordringar i høve dette. Reforma legg opp til auka fokus på førebygging og tidleg innsats, og oppgåver vert flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Med auka fokus på førebygging, er det

viktig med godt samarbeid mellom mange tenestemråde, særleg når det gjeld arbeid knytt til barn og unge. Gode nettverk og tilbud innanfor andre samfunnssektorar som kultur, organisasjonsliv og frivilligheit er naudsynt for integrering og viktig for å bevare god livskvalitet, motvirke einsemd, «utanforskap» og få vere aktiv i eige liv (fysisk, psykisk, sosialt og åndeleg) i alle aldrar og så lenge det er gjennomførbart.

Så langt det er muleg og forsvarleg, må tenesteproduksjonen og tenking ta vare på, understøtte og forsøke å frigjere den friske delen av mennesket, som til dømes «Frisk aldring». Også når det meldar seg problem må det vere stort fokus på å fremje helse gjennom frisklivstenking, meistringsstrategiar og kvardagsrehabilitering.

Kartlegging av helseutfordringar er viktig for å få oversikt og kunnskap om den generelle helsetilstanden i kommunen. Oppfølging av kartlegginga med til dømes førebyggjande tiltak vil vere viktig i arbeidet med å møte utfordringar knytt til folkehelsa. Ei utfordring er å sikre nok og riktig plass/lokale til utviding av tenester (legesenter, forsterka sjukeheim, rehabilitering, andre helsetenester). Dagens lokalitetar er alt utnytta utover det som er hensiktsmessig. Tre fastlegar har under oppbygging sine lister framleis ledig kapasitet.

Nedanfor kjem ein kort innom utviklingstrekk for dei lidingar, sjukdomar og plager ein forventar vil prege folkehelsebildet i Volda i tida framover:

### ***Psykiske lidingar***

Psykiske lidingar er anslått av WHO til å bli den viktigaste årsaka til sjukdomsbelastning på verdsbasis i 2020. I vestlege land er det forventa at depresjon vil utgjere den største byrda. Dette skuldast at depresjon ofte oppstår i ung alder, rammer mange, ofte fører til langtidssjukefråver, tilbakefall osv.

I 2013 var 5,9 % av befolkninga under 18 år i kontakt med fastlege på grunn av psykiske vanskar/lidningar og/eller rusmiddelproblem. I tillegg fekk 0,3 % legevakttenester for tilsvarande problematik. I overkant av 5 % av barne- og ungdomsbefolkninga mottok i same periode behandling i psykisk helsevern for barn og unge eller hjå avtalespesialistar.

I 2011 var 12,9 % av diagnostiserte tilfelle i Volda relatert til psykiske lidingar. Statistikken for Volda når det gjeld bruk av legemiddel mot psykiske lidingar (antipsykotika, antidepressiva, sovemiddel og beroligande middel) syner litt auke frå 2007–2012. Men tala ligg godt under tal både for Møre og Romsdal og landet elles. Ungdata og rapporten "Ung i Volda og Ørsta 2003–2013" viser at det dei siste ti åra har vore ein klar negativ utvikling når det gjeld opplevde psykiske belastningar, særleg hos jenter. Dette tilseier at vi i større grad må ha merksemd på psykiske belastningar blant barn og unge.

Kjelder:

Samhandlingsrapport 2013-2014

(Kommunehelsa statistikkbank)

(ungdata.no)

(Ung i Volda og Ørsta 2003-2013)

### ***Livsstilsrelaterte sjukdomar***

Det internasjonale sjukdomsbyrdeprosjektet viser at to av tre tapte leveår i Noreg skuldast kreftsjukdomar eller hjarte-kar lidingar. Hjertesjukdom, hjerneslag, lungekreft, tjukktarmskreft og KOLS er dei fem største årsakene til tapte leveår. Kjente risikofaktorar for desse sjukdomsgruppene

er usunt kosthald, røyking, skadeleg alkoholforbruk og stillesitting. Verdas helseorganisasjon (WHO) har anslått at endringar i kosthald, fysisk aktivitet og røykevanar kan førebygge 80 % av hjarteinfarkt, 90 % av type 2 diabetes og over 30 % av kreft. Overslag frå sjukdomsbyrdeprosjektet tyder på at kosthaldet er ein viktig faktor også for sjukdomsbyrden i Noreg.

Kjelde:  
(Folkehelse rapporten 2014)

### **Overvekt og fedme**

Førekomsten av overvekt og fedme aukar raskt i dei fleste aldersgrupper og overvekt førekjem hyppigare blant grupper med låg enn høg sosial status, og dermed aukar også risikoen for livsstilsrelaterede sjukdomar i befolkninga.

Hovudfunna i Barnevektstudien tyder på at førekomsten av overvekt og fedme i gjennomsnitt har stabilisert seg blant barn i Noreg. Utfordringa er derimot at ein stor del barn med overvekt, fedme og bukfedme er i grupper knytt til familiens sosioøkonomiske status, foreldra sin sivilstand og om dei bur i små eller store kommunar (by/land).

Førekomsten av overvekt og fedme var 1,5 til 2 gongar høgare blant tredjeklassingane frå små kommunar samanlikna med elevar i store kommunar. Forskjellen i førekomst av bukfedme mellom små og store kommunar var enda større enn for overvekt og fedme.

Helsestasjonen i Volda har gjennom vektkontroll av 3. og 8. klassingane registrert at fleire barn og unge har overvekt og fedme i Volda enn gjennomsnittet i Noreg.

Det er fare for at utviklinga av overvekt og fedme i delar av barnebefolkninga vil kunne bidra til å oppretthalde og auke sosial ulikskap i helse framover, og dermed påverke livslengda. Overvekt og fedme i barneåra kan få alvorlege konsekvensar for barn si helse og er ein risikofaktor for sjukdom i vaksen alder. Saman med fysisk inaktivitet er overvekt og fedme viktige årsaker til type 2-diabetes. Kontrollerte innsatsstudiar har vist at endring av kost og mosjonsvanar i tråd med nasjonale råd i stor grad kan førebygge type 2-diabetes.

Kjelder:  
(Folkehelse rapporten 2014)  
(Rapport: Barns vekt i Norge 2008-2010-2012. Høyde, vekt og livvidde blant 3.klassinger, 2014)  
(Rapport: Utviklingen i norsk kosthold)  
(Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014)

### **Muskel og skjelettlidingar**

Muskel- og skjelettlidingar er utbreidd og utgjer eit stort helseproblem. Det er ofte kroniske plagar og lidingar som er årsak til om lag halvparten av sjukefråveret og ein tredel av uførepensjonar i landet. Sjølv om enkelte av muskel- og skjelettlidingane har samansette og komplekse årsaker som gjer behandling vanskeleg, viser forskning at fysisk aktivitet kan medverke til å førebygge, utsette og lindre plagene for alle gruppene av muskel- og skjelettlidingar.

I perioden 2010–2012 var det i Volda 96,9 registrerte muskel- og skjelettsjukdomsdiagnosar per 1000 i alderen 0–74 år og kjønn samla. Tala ligg godt under både Møre og Romsdal og landet elles, men det er likevel grunn til å ta dette på alvor.

Kjelde:  
(Kommunehelsa statistikkbank)

### **Kreft**

Tilfelle av kreft aukar i Noreg. Ei årsak kan mellom anna vere fleire eldre i samfunnet. I Volda var det 52 nye tilfeller av kreft i 2012 og 48 i 2010. Ved utgangen av 2012 vart det registrert 394 personar med diagnose kreft i Volda, medan det i utgangen av 2010 var 365. Stadig fleire lever lenger med sin kreftsjukdom. Volda kommune har hatt *kreftkoordinator* i to år, og søker om statlege midlar til framhald for nye to år. Kreftkoordinator er ein ressursperson for kreftsjuke og deira pårørande, og kan vere bindeledd mellom dei kommunale tenestene og spesialisthelsetenesta. Kreftkoordinator er også ein fagleg ressursperson for helsepersonell i kommunen.

Kjelde:  
(Kreftregisteret)

### **Demens**

Over 70 000 personar har demens i Noreg. Førekost av demens aukar med alderen. Med forventna auke på tal eldre, forventar ein at tal personar med demens vert dobla. Ei større del av folkehelseutfordringane i Volda vil vere relatert til demens.

Nasjonale føringar tilrår politisk forankring på demensutgreiing og oppfølging av personar med demens og at det opprettast kommunalt demensteam innan 2015. Kommunedelplan Demensplan 2014–2017 syner fokusområde framover i høve til utvikling av demensomsorga. Måla er støttande tiltak tidleg nok og oppfølging på eit lågast mogleg omsorgsnivå. Planen har også som mål å etablere gode rutinar for utgreiing av demens og oppretting av demensteam i løpet av 2015.

Kjelde:  
(Demensplan 2014-2017 for Volda)

## **4.12 Universell utforming**

Om lag 15 % av befolkninga har ein eller annan form for nedsett funksjonsevne. Endringar i samfunnet med fleire eldre, livstillsjukdomar med vidare vil tvinge frem eit større fokus på universell utforming (uu). Uu betyr at produkt, bygning og utemiljø er tilpassa slik at dei kan brukast av dei aller fleste utan vidare tilpassingar grunna funksjonshemming. Uu skal sikre tilgjenge for alle og på likeverdige vilkår.

Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vere universelt utforma innan 2025. Det er sett ei rekke tidsfesta mål for å kunne oppnå dette. Innan 2015 bør kommunane ha vedteke kommuneplan med retningslinjer for universell utforming. Regjeringa prioriterar fire innsatsområde: uteområde/planlegging, bygningar, transport og IKT. Det er mella anna kome ny norsk standard for universell utforming av uteområde, for å legge til rette for at fleire kan drive friluftsliv og andre utandørsaktivitetar. Det forventas at kommunane følgjer opp dette.

Møre og Romsdal er pilotfylke for uu. Ein konsekvens av det er krav knytt til tildeling av fleire økonomiske tilskot fylkeskommunen gjev til ulike aktørar. Tiltak og prosjekt i kommunane med fokus og satsing på uu vert brukt som verkemiddel.

Uu har vore sentralt i kommunen sitt planarbeid og som ein del av Helse i plan-prosjektet sidan 2006. Kommunen har jobba aktivt med kompetanseheving for politiske utval, administrasjonen og private

aktørar, og utarbeidd sjekklister for universell utforming som hjelp for kommunen sine egne sakshandsamarar innafor fleire fagområde. Desse sjekklister må reviderast i takt med endra lover og retningslinjer.

I større grad enn tidlegare er medverknad ein sentral del av PBL. Ulike nettverk og samarbeidsfora er difor viktig å ta med i den kommunale planprosessen. Likens er presentasjonen av og tilgjenget til planane sentralt for at folk skal kunne ta del i planprosessen. Tilgjenge til planar på kommunen si heimeside har vore eit prioritert arbeid siste åra. Universell utforming vert vurdert som eige tema i alle aktuelle planar. Kommunen har ingen eigen plan eller retningslinjer for universell utforming.

Kjelder:

(Regionale utviklingstrekk Møre og Romsdal)

#### 4.12.1 UU i kommunale bygningar og anlegg

Nye kommunale bustadar skal støtte krava til uu. Dei fleste eldre bustadar og kommunale bygningar og anlegg stettar ikkje krava til universell utforming. Det er ei utfordring å oppgradere eksisterande bygningsmasse og anlegg så dei vert universelt utforma. Her må understrekast at universell utforming gjeld både miljø (førebygging av astma og allergi ved val av maling, ventilasjon, planter osv.), i høve orientering i omgjevnadane og det fysiske miljøet, syn (ledelinjer, førebygging av fysiske hindringar i omgjevnadane osv.), hørsel (til dømes akustikk) og rørsle (trapper, kantar osv.).

### 4.13 Klima og miljø

Noreg har som mål fram til 2020 å redusere utsleppa av klimagassar med 30 % av 1990-nivået. Framskrivingar i Nasjonalbudsjett 2011 anslår at dei samla klimagassutslippene vert auka med ca 15 % frå 1990 til 2020. Petroleumsverksemd, vegtrafikk og industri står for største del av dagens auke.

Økonomisk vekst er ein av dei viktigaste drivarane for energibruk, trass økonomisk vekst i perioden 1999–2009 har energiforbruket ikkje vist ein aukande trend.

Kjelde:

(Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging)

#### 4.13.1 Klimaendringar


Klimaendringane har slått inn også i Møre og Romsdal. Desse er førebels ikkje dramatiske for oss, men gir noko endra rammevilkår på ein del samfunnsområde. Det er sett i gang ein del tiltak som skal bidra til at einskildpersonar, kommunar og statlege og fylkeskommunale etatar kan bidra til å redusere klimagassutsleppa på kort og lang sikt. Det er òg vurdert og sett i gang ein del tiltak for å førebu verknader av framtidige endringar i klimaet.

Data frå Meteorologisk Institutt viser at temperaturen og nedbørsmengda på Vestlandet (representativ òg for Møre og Romsdal) er blitt vesentleg høgare dei siste 100 åra. Dette er ein gjennomgåande trend for heile perioden, men er blitt spesielt tydeleg i løpet av dei 20 siste åra. Auke i temperaturen vil på lang sikt føre til at landskapet i fylket kan bli vesentleg endra. Ytterlegare klimaendringar kan føre til endring i dyrelivet. Friluftslivet vil også endre seg i fylket, ved at vi ligg i ein del av landet som vert både våtare og varmare. Dette vil spesielt vere merkbar for skigåing og andre skisportsaktivitetar.



### 4.13.2 Klimaplanar

Gjennomsnittleg utslepp per innbyggjar i Møre og Romsdal høgare enn snittet for landet. Transport, industri og stasjonær forbrenning står for dei største utsleppa, sjå Figur 13. I Regional delplan for klima og energi 2015–2020 som er ute til høyring har Møre og Romsdal fylkeskommune satt som mål at klimagassutsleppa i Møre og Romsdal skal reduserast med meir enn 10% frå 2009–2020. Dei har også som mål at det skal i løpet av planperioden skal vere gjennomført minst fem konkrete tiltak i kvar kommune for å betre miljøet og redusere klimagassutslipp.



Figur 13: Fordeling av klimagassutslepp på ulike sektorar i Møre og Romsdal 2009–2012 (Møre og Romsdal fylkeskommune: Regional delplan for klima og energi).

Klimaplan for Volda kommune 2010–2020 peikar på status og utfordringar nasjonalt og lokalt innfor ei rekkje sektorar som transport, landbruk og næringsliv. I den reviderte handlingsplanen 2013–2016 er det satt mål til konkrete tiltak som skal gjennomførast i perioden. Kommunen har konkrete planar for energiøkonomisering av bygningsmassen. Denne satsinga vil ha trippel effekt; betre inneklima for tilsette og brukarar, økonomisk sparing og positiv effekt for det globale miljøet. Arbeide for utbygging av gang- og sykkelveggar og rette meir fokus på ”sykling til jobben” for kommunalt tilsette er andre tema i handlingsplanen.

Kjelde:

(Møre og Romsdal fylkeskommune: Regional delplan for klima og energi)

### 4.13.3 Energi

Historisk sett har fylket hatt god tilgang til fornybar elektrisk kraft. Men dei siste åra har vi forbrukt meir energi en kva som vert produsert i fylket, og vi har vore avhengige av import av ikkje fornybar energi. Med meir usikker/ustabil elektrisk kraftforsyning vil det vere fornuftig å gjere seg mindre avhengig av denne type kraft. I regional energi- og klimaplan vert det peika på potensial for auka bruk, etablering og utbygging av fjernvarmeanlegg og lokale varmesentralar innanfor sentrum og

tettstadssoner. Bruk av trebrensel i bioenergianlegg er eit stort potensiale for fylket. Desse tiltaka vert også påpeika som aktuelle for Volda i Klimaplan for Volda kommune 2010–2020. Volda har også eit potensial i å utnytte og utvikle vassborne varmesystem. Det har vore og vil sannsynlegvis også framover vere satsing og investering på småkraftverk på bygdene i Volda, noko som vil kunne medverke til ei positiv utvikling av bygdene i Volda.

#### 4.13.4 Avfall

Tall frå SSB viser at avfall frå hushalda i Volda har auka med 31 % frå 2003–2013, sjå Tabell 15. Dette er omtrent på landsgjennomsnittet, men 10 % meir enn i fylket.

	2003	2013	Auke i %
Volda	309	406	31 %
Møre og Romsdal	365	441	21 %
Noreg	325	422	30 %

Tabell 15: Avfall frå hushalda (SSB tabell 05456).

Volda og Ørsta reinhaldsverk samlar inn restavfall, papir og papp og plastemballasje hos husstandane i Volda. Dei vurderar å innføre obligatorisk innsamling av glas og metall og matavfall, og har som mål å oppnå minst 10 % auke av innsamla mengde farleg avfall innan 2018.

Kjelder:  
(SSB tabell 05456)  
(Volda og Ørsta Reinhaldsverk)

#### 4.13.5 Truga og framande artar

I Noreg finnes det finst truleg omkring 55 000 ulike artar av planter, dyr og andre organismar. Nokre av desse er truga av utrydding, og står på den nasjonale «Raudlista». Andre er framande artar som kan truge naturmangfaldet, og er samla i «Svartelista». Ved arealplanlegging, utbygging og andre tiltak, er det av omsyn til naturmiljøet eit lovkrav at ein skal ha kunnskap om kva for biologisk mangfald som er i området. I tillegg skal ein unngå å plante og spreie framande artar. I Møre og Romsdal er parkslirekne, brunskogsnegl, kjempespringfrø, rynkerose og mink av dei mest problematiske artane. I artsdatabanken.no er funn av både raudlista og svartelista artar kartfesta.

Kjelde:  
(Artsdatabanken)

### 4.14 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane har eit generelt og grunnleggjande ansvar for ivaretaking av innbyggjarane sin tryggleik innanfor sine geografiske område. Kommunen utgjør det lokale fundament i den nasjonale beredskapen. Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunane å gjennomføre ei heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som skal bidra til at kommunane vurderer samfunnstryggleik i eit meir heilskapeleg perspektiv. Volda har ROS analyser og ei velfungerande beredskapsgruppe.

Kjelde:  
(Veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt)

#### 4.14.1 Brann

Nye kommunikasjonslinjer og busetnadsmønster er positivt for dei fleste og vil i mange tilfeller kunne vere med på å auke beredskapen i enkelte bygdelag. Volda kommune har eit vel fungerande brannvern som er dimensjonert for det som kan skje innanfor krav til utrykkingstid.

Det er viktig at det ikkje vert bygd institusjonar med krav til utrykkingstid (10 minuttar) utanfor sentrum, heller ikkje høgghus som gjer redning eller sløkking vanskeleg utan høgdeutstyr.

#### 4.14.2 Fjellskred, flom og havnivå

Ved ein auke i temperatur og/eller nedbør vil ein få flaum oftare, og størrelsen på flaumane vil generelt auke. Dette vil kunne ha betyding for infrastruktur som vegar, leidningsnett og straumforsyning. Førekomst av ras vil ikkje nødvendigvis auke, men Statens Vegvesen har observert at stad og mønster for ras endrar seg når ein får klimaendringar. Fylkes-ROS for fjellskred omtaler utsette områder i fylket. Det er identifisert tre fjellparti i Volda med potensial for store fjellskred, Keipedalen, Skylefjellet i Dalsfjorden og Solahylla i Bjørkedalen.

Periodevis kutta kommunikasjonslinjer på grunn av til dømes skred i Dalsfjorden utgjer ein sårbarheit for Volda kommune og det er viktig å vere førebudd på slike hendingar.

I Volda kommune visar den kartlegging og ROS vurderingar som er gjort at Volda ikkje har særlege utsette risiko- og sårbarheitsområde. Men for dei område der det ikkje er gjort vurderingar og kartlegging kan det vere ukjende risiko- og sårbarheitsområde.

Kjelde:

(Risiko- og sårbarheitsanalyse for fjellskred i Møre og Romsdal)

#### 4.14.3 Kriseberedskap

Volda kommune har store objekt som sjukehus og flyplass som kan utgjere ei risiko. Sannsynet for dette er liten og fleire sektorar og miljø i Volda har i dag rutinar og jamlege øvingar for å handtere eventuelle krisesituasjonar som til dømes ulykke på flyplassen, straumbrot på sjukehuset, større trafikkuhell eller liknande.

#### 4.14.4 Kriminalitet

Talet på meldte lovbrøt er langt færre i Møre og Romsdal enn resten av landet. Berre Sogn og Fjordane har færre meldte lovbrøt. I perioden 2008 til 2010 har talet på meldte lovbrøt gått ned i fylket. Flest meldte lovbrøt finn ein i dei store byane. Meldte lovbrøt i Volda ligg under fylkesgjennomsnittet.

Sjølv om Volda plasserar seg langt nede på statistikkane har ein utfordringar i høve lovbrøt i Volda også. Det siste året har tal narkotikalovbrøt auka i både Volda og Ørsta. Noko av årsaka til dette kan vere samlokalisering av lensmannskontora og målretta innsats mot narkotika og vinningskriminalitet. Ressursknappheit i utkantstrøk gjer det vanskeleg å samarbeide i store saker. Det vert også peka på at narkotikaproduksjonen leggst til avsidesliggende stader med dårlig politidekning.

Mykje av kriminaliteten er knytt til ei fast gruppe innbyggjarar som slit med mange problem i kvardagen, som psykiske lidingar, arbeidsløyse med vidare.

#### 4.14.5 Miljørisiko

Ulykker inkludert transport av farleg gods, skipshavari og liknande vil kunne utgjere ei miljørisiko for Volda kommune. Sannsynet for at slike ulykker inntreffer er mindre, men ein bør ha beredskap og rutinar for å møte slike hendingar.

#### 4.14.6 Trafikkulykker og trafikktrygging

I 2014 vart det registrert åtte trafikkulykker i Volda kommune, med til saman null døde, fire hard skadde og sju lettare skadde.

Stadig aukande trafikkettleik både på hovudvegnettet og dei viktigaste samlevegane i kommunen gir ein auka trafikkrisiko og gir nye utfordringar for utbetring av vegnettet.

Opprusting av vegnettet har ikkje blitt fylgt opp i samsvar med denne trafikkauken. Behova for separering av trafikk og betre tilrettelegging for mjuke trafikantar aukar med aukande trafikkettleik.

Med opning av Kvisvegen og i åra fram til ny Volda tunnel vil ein sannsynlegvis merke ei auke av godstransport og anna biltrafikk gjennom sentrum. Dett vil gje utfordringar i høve støy, forureining og trafikktryggleik, og vert å sjå på som eit auke i risiko og sårbarheit for trafikktryggingen i Volda sentrum.

Ny kommunedelplan for trafikktrygging 2014–2017 vart lagt ut til offentleg ettersyn 27. mai 2014, men er ikkje vedteken.

Kjelde:  
(SSB tabell 10209)

### 4.15 Arealforvaltning og tettstadsutvikling

Plan- og bygningslova (PBL) er den overordna lova for all byggje- og anleggsverksemder og forvaltning av areal. I tillegg er det ei rekkje statlege retningslinjer og bestemmingar som skal følgjas. I arealforvaltninga er det mange omsyn som må vegast opp mot kvarandre. Plan- og bygningslova legger vekt på å fremje ei bærekraftig utvikling til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Bærekraftig utvikling er ei samfunnsutvikling som stettar dagens behov utan at det går ut over mulighetene for komande generasjonar til å få dekkja sine. På bakgrunn av dette ynskjer regjeringa å oppnå betre samordning av areal- og transportplanlegginga i kommunane.

Presset mot arealressursane i fylket er stort, særleg i tettbygde strom. Bustadar, landbruksareal, industri og samferdselsstruktur konkurrerer ofte om dei same areala. Fjord og sjøareal har også dei seinare åra kome under press. I utmark og høgareliggande strom er presset noko mindre, men også her kan ulike arealformål konkurrere mot kvarandre; til dømes areal knytt til reiseliv, hyttebygging, kraftutbygging og skogbruksnæringa. Ei anna utfordring er fragmentering av naturområda.

Den tydelege sentraliseringa i samfunnet opnar for ei drøfting av framtidig strategi og politikk. Med auka krav og forventningar til mellom anna offentleg tenestetilbod, bukvalitet, arbeidsmarknad og

fritidstilbod, blir det naturleg å diskutere korleis Volda kommune skal kunne tilby eit godt nok tilbod til alle sine innbyggjarar. Eit anna spørsmål som må stillast er korleis kommunen sin økonomi og kapasitet skal fordelast i vidareutviklinga av Volda tettstad og bygdene. Arealforvaltning kan også vere eit sentralt virkemiddel for utvikling på bygdene. I drøftingar er det også viktig å ha fokus på samhandlinga og den tette koplinga mellom Ørsta og Volda som felles bustads-, handels-, og arbeidsmarknad, og som sentralt regionalt knutepunkt.

Volda kommune behandlar mange dispensasjonssøknadar kvart år. Det er behov for ein heilskapen og oppdatert arealplan for heile kommunen. Dette vil redusera dispensasjonssøknadane og frigjere ressursar.

#### 4.15.1 Volda tettstad

Dei fleste offentlege tenestetilboda ligg i Volda tettstad, og det er her det bur flest folk. Volda sentrum har urbane kvalitetar og det er korte avstandar. Det tek til dømes åtte minutt å gå frå Høgskulen i Volda til Studenthuset Rokken i Volda sentrum. Korte avstandar mellom bustad, arbeidsplass, skule, barnehage, fritidsaktivitetar, naturområde og andre målpunkt er med på å gjere Volda til eit attraktivt stad å bu. Dette er også eit godt utgangspunkt i vidare tettstadsutvikling.

E39, Eiksundsambandet, Kvivsvegen, timeekspresen og flyplassen er viktige kommunikasjonslinjer, og bidreg til at Volda har god kontakt med regionen og resten av landet.

Statens vegvesen arbeider med planer for E39 gjennom Volda. Dei anbefaler ein ny trase for strekninga Volda–Furene (i tunnel), som inneberer at E39 blir flytta ut av sentrum. Desse planane kan opne for nytenking i sentrum.

I Nasjonal transportplan er det sett som mål at sykkeltrafikken skal utgjere minst 8 % alle reiser innan 2023 (Nasjonal transportplan 2014–2023). Det er ikkje gjort teljingar i Volda, men det er grunn til å tru at sykkeltrafikken i Volda utgjer langt under 8 %. I dokumentet Hovudplan for sykkel i Ørsta og Volda blir det mellom anna peika på at avstanden mellom Ørsta og Volda sentrum er kort (om lag 8 km). Ørsta og Volda har felles bustad- og arbeidsmarknad med stor grad av arbeidspending mellom sentrumsområda, og det er eit stort potensiale for auka sykkelbruk.

”Mellom bygningane i Volda” er eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda næringsforum og Volda kommune. Sentrumsprosjektet arbeidar med å gjere Volda sentrum til eit attraktivt stad, og har engasjert Gehl Architects til å utarbeide ein utviklingsplan for sentrum. Denne planen skal vere ferdig juni 2015.

I Volda tettstad er det utfordringar knytt til bustadutvikling, fortetting, næringsområde, landbruk, kulturlandskap, grønstruktur og gode trafikale løysingar. Utvikling av næringsområde Furene-Hovdebygda og Øvre Rotset er også sentrale tema.

Kjelder:

(Nasjonal transportplan 2014–2023)

(Hovudnett for sykkel i ørsta og volda)

## 4.16 Pressa arealforvaltningstypar i Volda

### 4.16.1 Landbruk

I arbeidet med arealforvaltning knytt til landbruk må ein ha tanke for tre tilhøve: 1. Jordvern. 2. Næringsutvikling på gardsbruk. 3. Bygdeutvikling.

Volda har eit fragmentert landbruksareal (skog og jord) då eigedomane i hovudsak er små og i tillegg er svært teigdelte. Fragmenteringa gir utfordringar i arealforvaltninga og gjer at ein må ha mange omsyn med i vurderingane som skal gjerast.

Landbruksnæringa treng at *kjerneområde landbruk* med omsynssover vert registrert. Det er viktig at mest muleg av den dyrka og dyrkbare jorda vert verna for framtidige generasjonar.

Næringsutvikling på gardsbruk kan vere både tradisjonelt landbruk og såkalla nye næringar på bruka der ein nyttar arbeidskraft, areal og/eller bygningar til andre aktivitetar. For å sikre utviklingsmoglegheiter for dei som satsar i næringa må ein ta i vare nydyrkingspotensialet ved å verne om den dyrkbare jorda. På bruk som ikkje har husdyr kan det vere aktuelt å opne for endra bruk av ledige driftsbygningar. Mange av gardstuna ligg innanfor 100-meterbeltet frå sjøen. Naturleg fornying og utvikling av desse tuna må sikrast gjennom dispensasjon frå byggeforbodet. Dei beste skogsområda dvs. areal som er eigna for maskinell avvirking må sikrast for vidare intensivt skogbruk.

Strukturrasjonaliseringa i jordbruket fører til stor kapitaltrong og auka behov for leigejord for dei som er att i næringa. Grunneigarar som ikkje driv aktivt jordbruk kan ha andre ynskje for arealbruken enn det aktive gardbrukarar har, og det kan oppstå interessekonfliktar. Det er då viktige at arealforvaltninga sikrar stabilitet og er føreseieleg. Næringa er avhengig av tryggleik innanfor gode rammer for å kunne gjere viktige framtidssval og prioriteringar. Den endra bruksstrukturen fører også til eit endra kulturlandskap.

Jordbruksareal nær tettbygde strok er under press og står i fare for å verte nedbygde, medan perifere og ringare areal lett kan gro att.

### 4.16.2 Natur, kulturlandskap og kulturminne

Natur, kulturlandskap og kulturminne er viktige ressursar for regional og lokal utvikling. Godt ivaretekne kulturminne og miljø er identitetsskapande og gjev opplevingsverdiar som kan vere med å styrke utviklinga i Volda. Slike element inngår ofte i aktive jordbruksareal og tilsyn og stell er ein del av den ordinære drifta.

Kulturlandskapet i Noreg gror raskt att dersom bruken opphøyrer eller vert redusert. I perioden 2001–2014 har den årlege tilveksten i Volda-skogen auka med 50 %, og har kome opp i 36.500 m<sup>3</sup>.

Eldre og mindre jordbruksareal som ligg i overgangen mellom større jordbruksareal og skog/utmark er mest utsette for å gro att. Desse jordbruksareala kan ha artar og naturtypar som står i fare for å forsvinne dersom desse kulturlandskapet gror til med skog. Denne tendensen gjer seg og gjeldande i Volda. Eit aktivt jordbruk med slått og beiting med ulike husdyr gjev aktive bygder og vakre landskap. Når areala vert haldne opne vert dei og meir attraktive for friluftsliv og bruk av ålmenta. Eit aktivt

jordbruk er den beste måten å hindre gjengroing av kulturlandskapet i Volda, og særleg er beiting gunstig for floraen og som motvekt til attgroing.

Ørsta og Volda kommunar er i gang med ei viltregistrering i kommunane. Registreringa skal mellom anna synleggjere viktige beiteområde, hekkeområde, hi og yngleområde for ulike artar.

Tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal minimerast. Klima- og miljødepartementet har som mål at det innan 2020 skal ligge føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for alle kommunane i Noreg. Desse planane skal fungera som grunnlag for å prioritere kva som skal takast vare på. Omlag 200 kommunar i Noreg har utarbeida slike kulturminneplanar av nyare dato. Volda kommune manglar ein slik kulturminneplan.

Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi vart vedteken i fylkestinget 15. juni 2015. Den inneheld mellom anna ei liste over kulturminne og kulturmiljø i fylket som er vurdert til å vere av nasjonal eller regional verdi.

Kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi i Volda:

- Austefjord kyrkje; kulturminne, kyrkjestad.
- Berkneset; kulturmiljø, krigsminnelokalitet.
- Botnen; fornminne, kulturmiljø, rituell-kultisk lokalitet.
- Dravlaus; gravrøyser, kulturmiljø, gravminne.
- Ekset; kulturmiljø, gårdstun.
- Halkjelsvik kyrkjestad; kulturmiljø.
- Hunnes; sengjabud, kulturminne, gardstun.
- Nedre Rotset; kulturmiljø, gardstun.
- Olavskjelde Kile; kulturminne, brønn/kjelde/vannpost.
- Oppgangssag, Bjørkedalen; kulturminne, sagbruk.
- Rotevatn, gravrøys; kulturminne.
- Skinnvika, gravrøyser; kulturmiljø.
- Skrivargarden, Skjerva; kulturminne, gardstun.
- Stabbur Eikrem; kulturminne, gardstun.
- Velsvik røykomnstove; kulturminne, gardstun.
- Volda kyrkje; kulturminne, kyrkjestad.
- Volda prestegard; kulturmiljø.

Kulturminne og kulturmiljø av regional verdi i Volda:

- Båtbygging i Bjørkedalen; kulturmiljø, verft.
- Dalsfjord gamle skule; kulturminne, undervisningsanlegg.
- Dalsfjord kyrkje, Dravlaus; kulturminne, kyrkjestad.
- Felden; kulturminne, rituell-kultisk lokalitet.
- Flatdalsetra, Bjørkedalen; kulturmiljø, seter.
- Gamlegymnaset; kulturmiljø, undervisningsanlegg.
- Gamlegymnastikken; kulturminne, undervisningsanlegg.

- Glimmerbrot, Osdalen; kulturmiljø, steinbrudd.
- Halkjelsvik tettstad; kulturmiljø, handelsplass.
- Kilsfjord kyrkje, Straumshamn; kulturminne, kyrkjestad.
- Korsfurtunet og Brunebuda; kulturmiljø, kulturinstitusjon.
- Kårstadbygget; kulturminne, undervisningsanlegg.
- Nothenge, Høydal; kulturminne, fiskevær-sjøbruksanlegg.
- Nøre Bjørkedal, smie; kulturminne, anna bygningslokalitet.
- Postvegen, Bjørkedalen; kulturmiljø, veganlegg.
- Rønestadbakk, Folkestad; kulturmiljø, gardstun.
- Skrivargarden, Rotset; kulturminne, gardstun.
- Skule Yksnøya; kulturminne, undervisningsanlegg.
- Steingarder i Vikebygda; kulturmiljø, gjerde/innhegning.
- Steinkorsen på Kile; kulturminne, bautasteinslokalitet.
- Stove Ulvestad, Lauvstad; kulturminne, gardstun.
- Storlida, Åmelfoten; kulturmiljø, seter.
- Volda Elektriske Mylne; kulturminne, mølle/kvernhus.
- Årsetøya, Austefjorden; kulturmiljø, gardstun.

Kjelder:

(Prop. 1 S (2014 – 2015))

(Regional delplan for kulturminne)

(Talet på kommunar med kulturminneplan)

#### 4.16.3 Friluftsområde

Naturen i Volda gir eit unikt utgangspunkt for naturoppleving og friluftslivstilbod. Det er viktig å ta vare på viktige natur- og friluftsområde for framtidige generasjonar. Volda kommune har laga ein kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, som også inkluderar ein handlingsplan. Døme på satsingsområde i handlingsplanen er friområda ved Botnasanden, Elvadalen, Heltneelva, Kråkeneset (Lid), Åseneset (Mork/Ekset), Strandfjøra, Berkneset, Andaneset, skiløype Rotevassdalen og turveg rundt Rotevatnet (sjå også kap. 4.8.5 Friluftsliv). For å utvikle og ivareta areal for friluftslivet i Volda er det i tillegg behov for ein kartlegging og registrering av viktige friluftsområde.

Kjelder:

(Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder)

(Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2014–18)

#### 4.16.4 Kystsona

Til tross for mindre bygging i 100-meters beltet dei siste åra, minkar dei tilgjengelege areala i strandsona i Noreg. Særleg er presset stort i Sør-Noreg og nær byar og tettstadar. Også strandsona i Volda opplever press frå utbygging.

Kommunedelplan for kystsona 2003–2006 er eit godt styringsverktøy for arealbruk og ressursforvaltning i sjø og strandnære område i kommunen. Ein oppdatert plan for strandsona er viktig for rett forvaltning av desse areala.



#### 4.16.5 Grøne lunger og grønstruktur

Grønstruktur er veven av store og små samanhengande, naturprega område i byar og tettstadar. Ein samanhengande grønstruktur er viktig for innbyggjaranes helse og levekår, og for å oppretthalde det biologiske mangfaldet. I byar og tettstadar bidreg grønstrukturen til å redusere klimautslepp, fange opp overflatevatn og hindre flaum. Samtidig bidreg grønne areal til å gjere byar og tettstader attraktive og hyggelege stader å bu og opphalde seg i.

Ved fortetting i Volda sentrum er det viktig å bevare uteareal med kvalitet. Gode grøntområde nyttast som uformelle møteplassar og bidreg til tettstadsliv. Ustelte grøntareal kan ha motsett verknad, og fungera som barrierar eller gje eit "skjemmande" inntrykk av tettstaden. Grønne areal i Volda tettstad treng jamn skjøtsel og vedlikehald for at dei skal kunne fungera som attraktive bruksareal for innbyggjarar og besøkande.

Grønne kilar, nærleikeplassar og anna grøntareal er ofte utsett for press. Grønne lunger og nærleikeplassar kan få redusert kvalitet ved at bygningar blir sett opp for tett inntil desse areala, eller ved vanskeleg tilgjengelege tilkomst. Andre stader blir grøntareala ikkje opparbeidd eller nedprioritert. Også i Volda finnast det døme på nedprioriterte og lite verdsette grøntområde. Eit eksempel er dei mange regulerte grønne snarvegane i bustadområdet på Klepp, som etter utbygging ikkje fungerer som snarvegar. Fleire av desse grønne kilane er bygd igjen eller privatisert.

Nærleikeplassar og grønne kilar i bustadområde er med på å auke butrivsel og fremje utandørsaktivitet. Snarvegar bind saman område og bidrar til å gjere det attraktivt og effektivt å bruke beina som framkomstmiddel. Snarvegar fungerer også ofte som trygge og trafikksikre ferdselsårer. Ei medviten haldning til leikeplassar, grønstruktur og snarvegar er likevel viktig å ta vare på i vidare arbeid med kommuneplanen.

Tettstadsanalysen for Volda sentrum pekar på at Volda ikkje er god nok på å ivareta koplinga mellom land og sjø. Ei kopling mellom desse elementa er identitetsskapande og kan bidra til å styrke Volda som tettstad. Dersom E39 blir flytta ut av sentrum kan det opne moglegheitene for ein betre kopling mellom land og vatn.

Kjelder:

(Kommunedelplan for kystsona i Volda kommune 2003–2006)  
(Tettstadsanalyse Volda sentrum)

#### 4.16.6 Gravplassar

I følgje gravferdsforskrifta er det kommunane som har ansvar for å syte for at det er tilstrekkeleg areal til gravplassar i kommunen. Det er behov for å utrede behov for gravplassar i kommuneplanarbeidet.

Kjelder:

(Gravferdsforskriften)

#### 4.16.7 Massedeponi

Lagring av massar er ein utfordring i kommunen. Det er eit problem at fyllmassar blir dumpa på ulike plassar, og det er behov for å ta opp dette som eit tema i kommuneplanarbeidet.

## 5 Status og utfordringar – Volda kommune som organisasjon

### 5.1 Generelt

Under rådmannen er Volda kommune organisert i sju seksjonar og stabar, med kvar sine hovudansvarsområde som arbeider for å tilby innbyggjarane i Volda gode tenester og gode bu-, arbeids- og levevilkår. Volda kommune har med andre ord ei viktig oppgåve som samfunnsutviklar og arbeider for å vere ei attraktiv kommune for dei som bur i Volda og for potensielle innflyttarar.

God kvalitet på tenester og andre tilbod er viktig for at Volda skal ha eit godt omdøme og for at Volda kommune sin rolle som samfunnsutviklar og tenesteytar heng i hop.

Dette føreset også gode system for bestillingar og rapportering mellom politisk og administrativt nivå, slik at politikarane sine prioriteringar samsvarar med kapasiteten i administrasjonen, og at politikarane ser effekten og konsekvensen av dei vedtaka og prioriteringane dei gjer. Politikarane må også organisere seg slik at kommunen vert styrt politisk på grunnlag av god kunnskap om dei faktiske forholda og at styringa er samlande og innretta mot langsiktige og forutsigbare mål.

### 5.2 Økonomi

Økonomiske nøkkeltal i Økonomiplan 2015–2018 viser at Volda kommune sin økonomi er risikoutsett med pressa drift og store investeringar. Ein sunn kommuneøkonomi bør ha eit positivt netto driftsresultat som er 1,75 % av driftsinntektene. Volda kommune må betre det økonomiske resultat for å nå dette målet. Høg lånegjeld (ca 60 % større enn hos samanliknbare kommunar) og auke i pensjonsutgifter, er faktorar som gjer det utfordrande å sikre ein sunn økonomi i kommunen.

Kommunen sine pålagde oppgåver har vakse raskare enn dei kommunale inntekta og statleg finansiering. Fleire lovpålagde oppgåver utan nok midlar medfører at kommunen aukar sannsynet for å "bryte" lov og forskrifter. Konsekvens av dette er ei forsterking av at statlege myndigheter aukar kontroll gjennom fleire tilsyn, med ofte svært detaljerte krav. Kommunen må rette seg etter dette og mister i realiteten meir og meir av eiga handlingsrom.

Med overføring av fleire oppgåver, fleire eldre, auka krav og forventningar frå innbyggjarane forventar ein at behovet for tenesta auka i åra framover. Ein forventar ikkje at dei økonomiske ramma vert auka tilsvarende. Spørsmålet vert da kva tenestestruktur vil best møte utfordringane knytt til dette og korleis skal Volda oppretthalde dagens tenesteproduksjon og samstundes ha ein sunn økonomi?

### 5.3 Hovudutfordringar i organisasjonen

#### 5.3.1 Leiing og strategisk utvikling

Det er avgjerande å skape rom for leiing og strategisk utvikling for å unngå at daglege enkeltsaker tek for mykje tid. Kommunen er ein stor organisasjon og ein viktig aktør i lokalsamfunnet. Strategisk leiing og utvikling må ha stort fokus hos rådmannen og den sentrale leiinga. I den nye administrative

strukturen er det lagt til rette for at leiinga kan arbeide meir strategisk med færre leiarar i rådmannen sitt leiarteam. Den daglege drifta skal ivaretakast innanfor sektorane gjennom trygge og sjølvstendige leiarar som kjenner måla og kva som vert forventa av dei.

### 5.3.2 Struktur

Administrasjonen er sektororganisert med stab-/støttetenester som yter støtte til sektorane. Sektorane er inndelt etter tenesteområde som høyrer i lag. Rådmannen si leiargruppe består av åtte medlemmer. Dette er innanfor ein gruppestorleik der det kan fungere som eit strategisk team. Sektorane er oppdelt i underliggjande nivå med eigne leiarar. Det vil vere tenleg å gjere ei evaluering av strukturen før 2020. Dersom Volda skal inngå i ei ny kommune frå 2020, så kan ein ta med seg erfaringane med evalueringa av organisasjonsstrukturen inn i prosessen med etablering av ny kommune. Dersom kommunereforma medfører at kommunane får nye oppgåver, så kan det få konsekvens for organiseringa av kommunen sin politiske og administrative organisasjon.

Kommunen har ein desentralisert tenestestruktur. Dette vert utfordra av inntektssystemet som ikkje finansierer ei slik organisering av tenesteytinga. Volda kommune er pressa på økonomi og har fått auka gjeld i samband med bygging av ny sentrumsskule og rehabilitering av bygg. Med stadig meir pressa økonomi, så vil den desentraliserte tenestestrukturen måtte vurderast opp mot ei samla prioritering av kvaliteten på tenestetilbodet.

### 5.3.3 Kapasitet

Mange lovpålagde oppgåver, krav både frå statleg hold og frå innbyggerane, endra føresetnader og utviklingstrekk gjev daglege utfordringar til kommunen. Det er ei utfordring å tilpasse forventingane og oppgåvene til den menneskelege kapasiteten i organisasjonen. Kommunen har ein pressa økonomi. Trongt økonomisk handlingsrom fører også til at det vert eit større press på dei tilsette. Dei økonomiske rammene er heilt marginale, og det har vore kutta i ressursar dei seinare åra. I administrasjonen har dette ført til redusert kapasitet på sakshandsaming. Dette har gått seg utover kapasitet til strategisk utvikling og kulturarbeidet i kommunen.

Når kommunen ikkje har tilstrekkeleg utgreiingskapasitet til strategisk arbeid, så vert det lett at det vert den daglege drifta som får for sterkt fokus. Det er også ei utfordring at nivået på investeringsbudsjettet er større enn kapasiteten på planlegging og prosjektleiing. Dette gjer at det er svært utfordrande å halde framdrifta som er forventa i budsjett og økonomiplan på utbygging av bustadfelt, næringsområde, byggjeprojekt og infrastruktur.

Det er avgjerande viktig med god dialog og oversiktleg system som sikrar at politikarane gjer prioriteringar som er realistisk tilpassa kapasiteten for realisering. Går ein på akkord med dette kan det gå seg utover meistringskjensla hos dei tilsette og risikoen for slitasje og sjukefråver. Kapasiteten i administrasjonen heng også saman med godt arbeidsmiljø og full arbeidsstyrke ved høgt nærver. Volda kommune har vore gjennom store omstillingar dei siste åra. Dette kan ha vore ein medfaktor til at sjukefråveret i kommunen også har auka dei siste åra. Det er ein utfordring for kommunen å få ned sjukefråveret.

### 5.3.4 Kompetanse

Den demografiske utviklinga i det norske samfunnet viser at det vert fleire eldre i høve til tilgangen på arbeidskraft. Det vil verte konkurrans om arbeidskrafta. Kommunesektoren vil få store utfordringar med å rekruttere arbeidskraft. Det er særleg i omsorgssektoren og skulen utfordringane kan verte størst.

Volda kommune må arbeide med arbeidsgjevarpolitikken for å posisjonere seg som attraktiv arbeidsgjevar med sikte på å rekruttere framtidig arbeidskraft. Eit ledd i dette er også medviten satsing på kompetanseutvikling hos dei som allereie er tilsett i kommunen.

Tilflytting til Volda, folkevekst innanfor arbeidsdyktig alder, innbyggjarar med utdanning, både høg og lav, er moment som vil betre rekrutteringsgrunnlaget i kommunen.

### 5.3.5 Innovasjon

Press på økonomiske ressursar, endringar i behov og forventingar til kommunal tenester vil utfordre nye løysingar. Det vert stadig viktigare å leggje til rette for at administrasjonen kan prøve ut nye idear. Det er eit stort potensial i nettverksbygging mellom administrasjonen som tenesteytar, brukarane, næringslivet og forskingsmiljø. Det er viktig at kommunestyret etterspør innovasjon og har takhøgde for risikoleiing. Den sterke orienteringa mot kontroll og tilsyn som generert gjennom statlege prioriteringar bør tonast ned for å frigjere ressursar og energi for innovasjon og lokal verdiskaping.

Den digitale utviklinga vil utfordre kommunen på å digitalisere tenester for å rasjonalisere tenesteproduksjonen og organisere meir tilpassa og fleksible løysingar for brukarane.

### 5.3.6 Medverknad og forventningar til tenestetilbodet.

Dei siste åra har det også kome større krav til individuell tilpassing av offentlege tenester, brukarmedverknad og auka krav til kommunal service, informasjon og openheit. Openheit og auka brukarmedverknad har også gitt innbyggjarane auka forventningar til offentlege tenester. Ei utfordring for kommunen er å legge opp til brukarmedverknad som kan gje utslag i eit større brukaransvar og ikkje berre auka krav som vert forventa innfridd.

Ei stor utfordring i høve lokaldemokrati og samhandling mellom innbyggjarar/brukarar og kommunen er at kommunen skal ivareta ein heilskap, medan innbyggjarane gjerne legg engasjement i, og dannar pressgrupper i enkelt saker. I denne samheng vert det ofte at dei "sterke" i samfunnet overdøyyver andre grupper i samfunnet, som til dømes barn og andre med få ressursar.

Vi opplever auka etterspurnad innan mange av tenesteområda og avdelingane treng å vurdere kapasiteten i høve til økonomi og framtidige behov for tenesteyting til innbyggjarane i Volda kommune. Ei utfordring er å samsvare kommunen sine tenester med forventningar frå innbyggjarane. Det er behov for eintydig kommunalpolitikk, realistiske forventningar frå innbyggjarane samt ein kommune som leverer gode tenester.

Det er eit auke i skiljet mellom "dei vellukka" og dei som "fell utanfor samfunnet". Dette medfører auka kompleksitet i tenestetilbodet til kommunen. Det er ei utfordring er å gi individuelle tilbod til

innbyggjarar med særleg behov og komplekse problemstillingar som grip over fleire sektorar. Til dømes utsette barn og unge, unge som ikkje fullfører grunntdanning, flyktningar, folk med psykiske lidningar, fattige, folk med rusproblem osv.

På den andre sida har Volda mange innbyggjarar som er ressurssterke og høgt utdanna. Desse har høgt forventningsnivå til kvalitet på offentlege tenestar, forventningar om spennande og utfordrande jobbar, der ein er i stadig utvikling, eit variert fritids- kultur- og idrettstilbod samt høge krav til bumiljø og bustad.

### 5.3.7 Kommunereform

I komande kommuneplanperiode går vi inn i ei kommunereform. Det er i dag ope kva som vil skje med Volda i denne prosessen. Dersom det skal gjennomførast ei kommunesamanslåing, så vil det verte ein svært omfattande prosess der det vil vere viktig å ha avklart mål og ambisjonar. Gjennomføring av kommunesamanslåing vil i seg sjølv vere ein innovasjonsprosess.

Dersom Volda kommune skal inngå i ein ny og større kommune, så vil det medføre ein svært stor gjennomføringsprosess. Informasjon og involvering av dei tilsette vil vere ein kritisk suksessfaktor. Kommunestyret og den administrative toppleiinga må vere medviten om ansvaret for ein arbeidsgjevarpolitikk for å realisere ei vellykka kommunesamanslåing.

Kommunereforma er først og fremst ein politisk prosess. Dette vil vere ein prosess som vil utfordre politisk leiarskap for å få med seg folket i ei ny retning, og der det er viktig å vere tydeleg på behov, utfordringar og målsetting.

## 6 Kvalitetar og utfordringar

I dette kapittelet er det forsøkt å samle dei kvalitetane og utfordringane som er nevnt tidlegare i dokumentet. Lista er ikkje fullstendig, men peikar på mange viktige moment.

I eit utviklingsperspektiv er det viktig at Volda kommune er bevisst sine kvalitetar, og arbeidar for å behalde, styrke og framheve desse kvalitetane. Volda kan med sine sterke sider bidra til å løfte regionen saman med dei andre kommunane og deira sterke sider. I tillegg er det viktig å definere eksisterande og forventade utfordringar i kommunen, og å møte desse utfordringane på ein best mogleg måte.

### 6.1 Kvalitetar

- Befolkningsvekst i kommunen.
- Høg innvandring knytt til utdanning.
- Høgskulen i Volda er den største høgskulen i fylket (fleste studentar og ansatte, og høgast grad av vitskapeleg produksjon). Studentane er mellom anna viktig for kulturliv, handel og omdømmebygging for Volda.
- Fortettingspotensial i Volda sentrum.
- Volda er, saman med Ørsta, eit viktig regionalt knutepunkt.
- Godt samarbeid med Ørsta (interkommunalt samarbeid).
  
- Låg arbeidsløyse.
- Mange høgt utdanna.
- Mange offentlege arbeidsplassar, mange miljø med mykje kompetanse (sjukehus, offentlig tenesteyting, høgskule, Møreforskning, næringsliv). Volda er eit godt supplement til nabokommunane (industri, maritim verksmed og mannsdominerande arbeidsmarknad).
- Mindre påverka av konjunktursvingingar.
- Høg nyetableringsgrad.
- Landbruket ei viktig næring.
- Produktivt skogareal.
  
- Naturen gir eit unikt utgangspunkt for naturoppleving og friluftslivstilbod.
- Høgt aktivitetsnivå i kulturlivet.
- Bibliotek i nye lokale og med høge besøkstal.
- Mange og gode førebyggjande og helseframande tiltak i kommunen.
- Pionerkommune innan folkehelse.
- Mange og aktive lag, organisasjonar og frivillige.
- Naturen gir eit unikt utgangspunkt for naturopplevingar.
- Volda tettstad har relativt varierte idrettstilbod og fleire gode idrettsanlegg.
- Svangerskap og barselomsorga har god kvalitet.
- Alle som søker får barnehageplass.
- Aktivt ungdomsråd.
- I forhold til innbyggartalet har Volda færre som treng sosialhjelp og som er uføretrygda samanlikna med Møre og Romsdal og landet elles.

- Volda kjem godt ut i folkehelseprofilen.
- Urbane kvalitetar i sentrum av Volda, gåavstandar mellom mange målpunkt. Eit godt utgangspunkt for tettstadsutvikling.
- Gode kommunikasjonslinjer. Trafikalt knutepunkt. Flyplass.

## 6.2 utfordringar

- Fleire eldre.
  - Låge fødselstal.
  - Fråflytting frå bygdene.
  - Mange innvandrarak med flyktningbakgrunn. For dårleg utnytting av innvandrarak som ressursar i lokalmiljøet. Innvandrarak busett i Volda står i større grad utafor arbeidslivet enn i nabokommunane. Sikre god integrering av innvandrarakane.
  - For å sikre ei framtidig folketalsauke: legge til rette for at dei som kjem flyttande til Volda vert verande og at fleire finn kommunen attraktiv å busette seg i.
  - Jobbe for at unge som flyttar ut kjem tilbake etter ferdig utdanning, og at unge som studerar på høgskulen blir verande i kommunen/fylket.
  - Få kvinner per menn.
  - Fleire einpersonhushald enn tidlegare.
  - Fleire barn som bor med ein av foreldra.
  - Behov for fleire kommunale bustadar og fornying av eksisterande bustadmasse. Omsorsbustadar.
  - Auke i brukarak under 67 år som mottak pleie- og omsorgstenester.
  - Konkurransen på leigemarknaden er stor.
  - Sikre nok bustadareal, spesielt i tilknytting til sentrumsområda.
  - Sikre eit konkurransedyktig prisnivå på bustader og tomter i sentrum.
  - Tilpasse utviklinga etter forventna klimaendringar.
- 
- Jobbe for å utvikle Ørsta-Volda som eit regionalt knutepunkt.
  - Godt samarbeid mellom kompetansearbeidsplassane (sjukehuset, høgskulen, Møreforskning, kommunen, næringsliv med fleire) vil vere ein styrke for Volda.
  - Kamp om "dei kloke hovuda". utfordring å rekruttere arbeidskraft. Få fleire tilflyttarak og studentar til å bli værande i Volda og få unge voldingar til å flytte heim etter ferdig utdanning.
  - Volda har ein arbeidsmarknad som kvinner tradisjonelt finn meir attraktivt. Dette gjer Volda eit konkurransefortrinn og bør vidareutviklast.
  - Talet på aktive gardsbruk går ned. Landbruksnæringa er ein av grunnpilarane for busetnaden på bygdene. Det er viktig å ta vare både på miljøet og kunnskapsbasen som næringsutøvarane utgjer og produksjonspotensialet som ligg i arealressursane og bygningsmassen. Dette gjeld både som inntektsgrunnlag og som grunnlag for matproduksjon.
  - Sikre rasjonell skogsdrift (skogsvegnettet mm.).
- 
- Sikre eit breitt kulturtilbod.

- Oppretthalde idrettstilbod til dei som ikkje har interesse eller talent til å drive med idrett på høgt nivå (lågterskeltilbod for ungdom og vaksne).
  - Voldahallen trenger oppgradering.
  - Psykisk helse: Ungdom i Volda slit meir no enn tidlegare.
  - Helsestasjonslokala i sentrum er ikkje optimale for brukarane.
  - Dei kommunale barnehagane har behov for renovering.
  - Det er ein auke i barn, både i barnehagane og i skulane, som har behov for ekstra hjelp på grunn av nedsett funksjonsevne.
  - Kunne tilby skulebarn gode fysiske rammer både med omsyn til skulebygga og dei fysiske tilhøve knytt til uteområda og anlegg for fysisk aktivitet i skulen.
  - Naudsynt å utvide kapasitet og sikre areal til skuler. utfordring å kunne tilby gode fysiske rammer for skulebarn i sentrum. Forventa press på kapasiteten på sentrumsskulane.
  - Volda kommune disponerer ikkje eige basseng til symje- og livbergingsopplæring for elevane i Volda sentrum.
  - Gymnastikksalane som brukast av Volda ungdomsskule og Øyra skule har for liten kapasitet.
- 
- Legge til rette for at barn og unge har eit sunt kosthald og er i fysisk aktivitet i kvardagen. Setter krav mellom anna til utbygging av gang- og sykkelvegar.
  - Sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.
  - Innafor barnevern, sosialhjelp og tenester i helse og omsorg er det ei auke i tal mottakarar av støtte/hjelp. Med forventa vekst av eldre i Volda vil ein få auka press på desse tenestene.
  - Utfordrande å møte behov innanfor barnevern, sosialhjelp og tenester i helse og omsorg med dagens kompetanse og rekrutteringsmuligheiter.
  - Færre som gjennomfører vidaregåande skule.
  - Finne tilrettelagde arbeidsplassar til dei med nedsett arbeidsevne.
  - Store sosiale skilnadar knytt til helse.
  - Sikre nok og riktig plass/lokale til utviding av helsetenester (legesenter, forsterka sjukeheim, rehabilitering, andre helsetenester).
  - Lidningar, sjukdomar og plager ein forventar vil prege folkehelsebildet i Volda i tida framover: psykiske lidningar, livsstilsrelaterte sjukdomar, overvekt og fedme, muskel- og skjelettlidningar, kreft, demens.
  - For lite utbygde tenester innan rus og psykiatri. Bør byggast ut.
  - Fleire barn og unge har overvekt og fedme i Volda enn gjennomsnittet i Noreg.
  - Mykje av kommunens eksisterande bygningsmasse og anlegg er ikkje universelt utforma. Kommunen har ingen eigen plan eller retningslinjer for universell utforming.
- 
- Pressa areal i Volda tettstad, Mork-Furene og til dels langs kystsona. Behov for næringsstomter, bustadareal, areal til skule, kultur, idrettsformål med vidare
  - Jordbruksareal nær tettbygde strok er under press og står i fare for å verte nedbygde, medan perifere og ringare areal lett kan gro att.
  - Behalde grønne lungjer og grønstrukturen i Volda tettstad.
  - Sikre viktige ferdselsårer for mjuke trafikantar i tettbygde strøk.
  - Lite sykkeltrafikk, potensiale for meir.



- Ein kan i framtida vente auka nedbør, meir ekstremver, havnivåstigning og andre gradvise endringar som vil få store konsekvensar for helseforhold, jordbruk, fiskeri, samferdsel, bygg, anlegg og naturmangfald.
- Volda kommune sin økonomi er risikoutsett med pressa drift og store investeringar. Venter at behovet for teneste vil auke i åra framover.
- Stram økonomi går ut over mellom anna kapasitet til strategisk utvikling og kulturarbeid. Auka press på dei tilsette. Utfordrande å halde forventa framdrift på utbygging av bustadfelt, næringsområde, byggjeprojekt og infrastruktur.
- Kommunen skal ivareta ein heilskap. Av og til kan det vere utfordrande at dei "sterke" i samfunnet overdøyver andre grupper, som til dømes barn og andre med få ressursar.
- Det er eit auke i skiljet mellom "dei vellukka" og dei som "fell utanfor samfunnet". Dette medfører auka kompleksitet i tenestetilbodet.
- Mange ressurssterke innbyggjarar med høge forventningar til kvalitet på offentlege tenestar, jobbmoglegheiter, fritids-, kultur- og idrettstilbod samt høge krav til bumiljø og bustad.
- Gjennomføring av kommunereforma.

### 6.2.1 Andre utredningar

Parallelt med kommuneplanarbeidet er det sett i gang anna arbeid som vil kome til nytte i kommuneplanarbeidet:

- Hovudplan for vassforsyning
- Utviklingsplan Volda sentrum
- Viltkartlegging

Andre planar/informasjon/utredningar som kan verte aktuelle å lage:

- Kartlegging og verdsetting av friluftsområde
- Kloakkrammeplan
- Kulturminneplan
- Støyregistrering langs hovudvegane (Forurensingslova)
- Utarbeiding av fagrapport om kjerneområde landbruk
- Utrede behov for gravplassar
- Oversikt leikeplassar i Volda kommune
- Barnetråkk/syssel- gangvegregistrering

## 7 Veggen vidare – planprogrammet

I miljøverndepartementets vegleiar "Kommuneplanprosessen" står det at "Planprogrammets hovedoppgave er å tydeliggjøre og avklare hva som skal behandles i kommuneplanen. Videre er det viktig å få avklart hvilke tema man skal konsentrere seg om i den aktuelle revideringen av kommuneplanen. Dette gjelder både lokalpolitisk, i forhold til sentrale myndigheter og allmennheten" (Miljøverndepartementet, 2012, s. 18).

Det er eit mål å bruke planprogrammet til å definere og avgrense omfanget av samfunnsdelen og arealdelen, slik at kommunen kan gjennomføre revisjonen innafor rimelig ressurs- og tidsbruk. Planprogrammet bør vere eit tydelig og avgrensa program, som er realistisk å gjennomføre. For å få til dette bør planprogrammet for Volda kommune innehalde 5–10 strategiske satsingsfelt eller hovudtema, som kommuneplanarbeidet skal konsentrere seg om. Dette utfordringsnotatet er eit viktig bakgrunnsdokument for å diskutera kva som skal vere hovudtema i planen.

### 7.1 Tema i planstrategien

Planstrategien for Volda kommune, vedteken i kommunestyret 29. november 2012, fokuserte på følgjande hovudtema:

- **Økonomi** Økonomiske rammer, berekraftig utvikling
- **Areal** Sentrumsutvikling, næringsareal, variert busetnad og bustadtomter, klyngeutvikling på bygdene
- **Tenester** Kvalitet, leiing og struktur, kapasitet, samordning, rekruttering, behalde arbeidskraft
- **Volda i regionen** Regionalt funksjonsknutepunkt, samferdsel, komplementær arbeidsmarknad, vertskommune, kompetanse- og kultursenter, samarbeid og samhandling
- **Helse** "Helse i alt vi gjer", førebyggjande arbeid og innsats retta mot alle alderstrinn, særleg dei yngre aldersgrupper.
- **Omdøme** Framsnakke Volda, livskvalitet, trivsel, kultur, idrett, friluftsliv.

I tillegg vart samfunnsikkerheit og beredskap i kommunen framheva som eit viktig tema.

I arbeidet med planprogrammet må det tas stilling til om desse tema framleis er relevante og om dei også skal vere hovudtema i vidare kommuneplanarbeid.

## 7.2 Innspel frå administrasjonen

På bakgrunn av kvalitetar og utfordringar beskrive i kapittel 4: Status og utfordringar, meiner administrasjonen det bør fokuseras på følgjande hovudtema framover:

### Tenester

Fokus på økonomisk handlingsrom og prioritering av kommunale oppgåver med sikte på tilfredsstillande dekningsgrad og standard på dei kommunale velferdstenestene. Sterkare kopling mellom kommuneplan, budsjett og økonomiplan og arbeidsoppgåver. Sjå samanhengen mellom politiske vedtak og administrativ kapasitet. Sjå samheng mellom demografisk utvikling/folketalsutvikling, sosial utvikling med vidare og tenestebehov.

Kompetanseutvikling, rekruttering, behalde arbeidskraft og redusere sjukefråvær. Skape kultur for innovasjon gjennom samarbeid med omgjevnadene. Sentrale signal om behov for omstilling og effektivisering vil utfordre nye måtar å drive dagens og framtidige tenester, og det kan aktualisere behovet for å gjere tenester lettare tilgjengelege samtidig som tenestemottakaren opptreir meir sjølvstendig, gjennom mellom anna digitalisering.

Forventa auka press på kommunale tenester, særleg innanfor samansette brukarbehov, barnevern, rus, psykiatri og demens.

Eventuelle nye oppgåver gjennom kommunereforma kan utløyse ny organisering, eventuelt kommunestruktur og økonomisk usikkerheit med omsyn til finansiering av tenestene.

Berekraftig forvaltning og utvikling av bygningsmassen; organisering og prioritering av nye tiltak, forvaltning, drift og vedlikehald.

### Attraktivitet

- Folk: Befolkningsvekst. Rekruttering. Integrering og inkludering. Kompetanse. God og variert tilgang på bustadar og tomter, særleg i sentrumsområdet og Volda tettstad. Gode oppvekstvilkår. Infrastruktur. Universell utforming.
- Næring: Legge til rette for næringsareal og -tomter. Utvikle sentrumsområde med forankring i lokal identitet og tilhøyrse. Verdiskaping. Landbruk. Arbeidsplassvekst. Skape arena for å kople ulike kompetansmiljø for å utløyse vekst og verdiskaping innanfor for både tradisjonelle og utradisjonelle næringar kopla til ulike næringsmiljø i og utanfor regionen. Klima og miljø.
- Trivsel: Bustadattraktivitet. Barn og unge. Fritidstilbod. Kultur, idrett, friluftsliv, folkehelse. Frivillig sektor.

### Volda i regionen

Styrke Volda som eit regionalt funksjonsknutepunkt. Styrke og ta vare på Voldas kultur- og naturverdiar. Styrke og ta vare på kompetansen i Volda. Vere aktiv i StudiebygdA.

Strategi for å utvikle byfunksjonar i Volda saman med Ørsta for å verte rekna som den 4. byen i fylket.

Trekkje ut synergjar gjennom aktivt interkommunalt og regionalt samarbeid. Trekkje ut synergjar frå kommunereformprosessen.

Omdøme. Godt omdømme er ein premiss for samfunnsutvikling. Framsnakke Volda.

### **Volda sentrum**

Utvikle Volda sentrum til ein attraktiv stad for studentar, barn, handlande, næringsdrivande, unge vaksne, osb. Fortetting. Utfordringar knytt til parkering og anna infrastruktur. Mjuke trafikantar. Livet mellom bygningane.

Arbeide vidare med sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" og realisering av tiltak.

### **Busetting**

Arealpresset er størst i tettstaden Volda, medan folketalet på bygdene går jamt nedover. Strategi for busetting.

Attraktive bumiljø. Varierte bustadar. Kva type bustadar kvar? Tiltrekkingsstrategiar.

### **Folkehelse**

"Helse i alt vi gjer." Førebyggjande arbeid og innsats retta mot alle alderstrinn, særleg satsing på barn og ungdom og gode oppvekst- og læringsvilkår.

Førebyggjande arbeid for å redusere behovet for sjukeheimplass og lengre sjukehusopphald.

Legge til rette for fysisk aktivitet i kvardagen (sykkeltrafikk, gangtrafikk, idrett, friluftsliv, lågterskeltilbod). Innbyggjaranes livskvalitet (mellom anna trivsel, kultur, idrett, friluftsliv).

### **Klima og miljø**

Naturen er ein ressurs som må takast vare på.

Gjennomføre tiltak for å betre miljøet og redusere klimagassutslipp.

Bærekraftig arealbruk. Naturmangfald. Energiøkonomisering av bygningsmassen. Småkraftverk. Avfall. Miljøvenleg transport. Kollektivtrafikk, sykkel, gange.

### **Samfunnstryggleik**

Ras, flaum, stormflod, forureining og trafikkulykker er klassifisert som tema med høg risiko.

Kommunen må kunne handtere eventuelle kriser og katastrofer.

Grunna klimaendringar kan Volda kommune forvente auka nedbør, meir ekstremver, havnivåstigning og andre endringar i framtida.

## 8 Kjelder

*Artsdatabanken.* (u.d.). Hentet fra <http://artskart.artsdatabanken.no/FaneKart.aspx>

*Avinor: trafikkstatistikk.* (u.d.). Hentet fra <https://avinor.no/konsern/om-oss/trafikkstatistikk/#!trafikkstatistikk-6221>

*Bustadsosial handlingsplan 2010–2014 Volda kommune.* (u.d.). Henta frå <http://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=18&Filld=467>

(2015). *Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet.* Møreforskning Telemarksforskning.

*Cappelen Damm: Mål og visjoner.* (u.d.). Hentet fra <https://merkur3.cappelendamm.no/c406203/merkurmodul/vis.html?tid=406220>

*Distriktssenteret – Byregionprogrammet.* (u.d.). Henta frå <http://distriktssenteret.no/byregionprogrammet/>

*Felles barnevern for Hareid, Ulsetin, Volda og Ørsta.* (u.d.). Henta frå <http://www.hareid.kommune.no/nyhende/felles-barnevern-for-hareid-ulstein-volda-og-orsta.aspx>

*Folkehelseloven.* (u.d.). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

*Folkehelsemeldinga – God helse felles ansvar. St.34 (2012-2013).* (u.d.). Henta frå <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/meld-st-34-20122013/id723818/?docId=STM201220130034000DDDEPIS&ch=1&q=>

*Folkehelseprofil 2014 Volda.* (u.d.). Henta frå <http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1519&sp=2&PDFaar=2014>

*Folkehelse rapporten 2014.* (u.d.). Henta frå <http://www.fhi.no/publikasjoner-og-haandboker/folkehelse rapporten>

*Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten.* (u.d.). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-03-450>

*Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016.* (u.d.). Henta frå <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan>

*Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2014.* (u.d.). Henta frå <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>

*God Helse partnerskapet.* (u.d.). Henta frå <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur-og-folkehelse/Folkehelse-fysisk-aktivitet/God-Helse-partnerskapet>

- God oversikt – en føresetnad for god folkehelse. En veileder til arbeidet med oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer.* (u.d.). Henta frå <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/50/God-oversikt-en-forutsetning-for-god-folkehelse-IS-2110.pdf>
- Gravferdsforskriften.* (u.d.). Hentet fra <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-01-10-16>
- Grimsrud, G. M., & Giskeødegård, M. F. (2014). *Kjønnsperspektiv på rekruttering av innbyggjarar.* Møreforsking og Høgskulen i Volda. Henta frå <http://www.hivolda.no/neted/services/file/?hash=14023552d96b0e96c5578322d13e7fb0>
- Gythfeldt, K., & Heggen, K. (2012). *Er høgskolene regionale kvalifiseringsinstitusjoner?* Høgskolen i Oslo og Akershus. Henta frå <http://www.hioa.no/Om-HiOA/SPS/filer-sps/arbeidsnotater/Er-hoegskolene-regionale-kvalifiseringsinstitusjoner>
- Handelsanalyse for Ørsta-Volda.* (u.d.). Henta frå [http://www.orsta.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx\\_id/1157/epdd\\_id/1840](http://www.orsta.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/1157/epdd_id/1840)
- Helse- og omsorgstenesteloven.* (u.d.). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>
- Helse- og omsorgstjenesteloven.* (u.d.). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>
- Helsedirektoratet; kommunehelseprofiler.* (u.d.). Henta frå <http://khs.fhi.no>
- hivolda.no.* (u.d.). Henta frå <http://www.hivolda.no/>
- Hoppid.no.* (u.d.). Hentet fra <http://mrfylke.no/Tenestemraade/Regional-og-naeringsutvikling/hoppid.no>
- Hovudnett for sykkel i ørsta og volda.* (u.d.). Hentet fra [http://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=1&ved=0CCEQFjAA&url=http%3A%2F%2Fwww.orstakart.no%2Findex.php%2Fdokument%2Fdoc\\_download%2F16-sykelstrategi-orsta-og-volda-kommune&ei=UFTkVJ2IFMX4ywOD-4CYBw&usq=AFQjCNHekf3mBtAfdwjr9qImQdrNqSBtJA](http://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=1&ved=0CCEQFjAA&url=http%3A%2F%2Fwww.orstakart.no%2Findex.php%2Fdokument%2Fdoc_download%2F16-sykelstrategi-orsta-og-volda-kommune&ei=UFTkVJ2IFMX4ywOD-4CYBw&usq=AFQjCNHekf3mBtAfdwjr9qImQdrNqSBtJA)
- Høgskulen i Volda: Campusutviklingsprosjektet.* (u.d.). Hentet fra <http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/utval-ved-hvo/campusutviklingsprosjektet>
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder.* (u.d.). Hentet fra <http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M98/M98.pdf>
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2014–18.* (u.d.). Hentet fra <http://webhotel2.gisline.no/GisLinePlanarkiv/1519/2014001/dokumenter/KDP%20Fysisk%20aktivitet%20og%20anlegg%20for%20idrett%20,friluftsliv%20og%20nærmiljøtiltak%202014%20-%202018.pdf>

*Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2018.* (u.d.). Henta frå  
<http://webhotel2.gisline.no/GisLinePlanarkiv/1519/2014001/dokumenter/KDP%20Fysisk%20aktivitet%20og%20anlegg%20for%20idrett%20,friluftsliv%20og%20nærmiljøtiltak%202014%20-%2018.pdf>

*Kommunedelplan for kystsona i Volda kommune 2003–2006.* (u.d.). Henta frå  
<http://213.239.114.94/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=2402&Category.ID=1528>

*Kommunehelse statistikkbank.* (u.d.). Henta frå  
<http://www.fhi.no/helsestatistikk/statistikkbanker/kommunehelse>

*Kommunestatistikk Volda 2014.* (u.d.). Henta frå <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk>

*Kreftregisteret.* (u.d.). Henta frå <http://www.kreftregisteret.no/>

*Kultur- og fritidstilbod for alle? Kulturpendlarar, fritidspendlarar og andre kulturbrukarar i Møre og Romsdal.* (u.d.). Henta frå  
<http://www.moreforsk.no/publikasjoner/rapporter/samfunn/kultur--og-fritidstilbod-for-alle-kulturpendlarar-fritidspendlarar-og-andre-kulturbrukarar-i-more-og-romsdal/1075/782/>

*Lov om barneverntjenester.* (u.d.). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>

*LUK-rapporten "Strategiar for regionalt knutepunkt i Furene/Hovdebygda".* (u.d.). Henta frå  
[https://www.orsta.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx\\_id/1157/epdd\\_id/1928](https://www.orsta.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/1157/epdd_id/1928)

Miljødirektoratet. (u.d.). *Enorm helsegevinst ved aktiv transport.* Hentet fra  
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2014/September-2014/Helsegevinsten-ved-aktiv-transport-er-enorm/>

*miljøstatus.no.* (u.d.). Henta frå <http://www.miljostatus.no/>

Miljøverndepartementet. (2012). *Kommuneplanprosessen.*

*Møre og Romsdal fylkeskommune: Regional delplan for klima og energi.* (u.d.). Hentet fra  
<http://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Miljoeutvalet/Regional-delplan-for-klima-og-energi-er-lagt-ut-paa-hoeyring>

*Nasjonal transportplan 2014-2023.* (u.d.). Hentet fra  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/e6e7684b5d54473dadeeb7c599ff68b8/no/pdfs/stm201220130026000dddpdfs.pdf>

*Nasjonal transportplan 2014–2023.* (u.d.). Hentet fra  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/e6e7684b5d54473dadeeb7c599ff68b8/no/pdfs/stm201220130026000dddpdfs.pdf>

- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging.* (u.d.). Henta frå  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/60874174655646bba23d60d3e472d501/t-1497.pdf>
- Naturindeks for Norge 2010.* (u.d.). Henta frå  
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/DN-utredninger/Naturindeks-for-Norge-2010/>
- NAV. (u.d.). Hentet fra <https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Om+NAV/Organisering+av+NAV>
- NAV: Legemeldt sykefravær 2005–2014.* (u.d.). Henta frå  
<https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Statistikk/Sykefravar+-+statistikk/Tabeller/Legemeldt+sykefrav%C3%A6r+i+prosent+2+kvartal+2005-2014.+Totalt%2C+alder+og+kj%C3%B8nn..391461.cms>
- NAV: Utviklingen på arbeidsmarkedet.* (u.d.). Henta frå  
<https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Kunnskap/Analyser/Arbeid+og+velferd/Arbeid+og+velferd/Utviklingen+p%C3%A5+arbeidsmarkedet.355576.cms>
- NIVI Rapport 2013:3 Status for interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal.* (u.d.). Hentet fra  
[http://www.nivianalyse.no/images/NIVI\\_rapportarkiv/2013/NIVI\\_rapport\\_2013\\_3\\_Status\\_for\\_interkommunalt\\_samarbeid\\_i\\_More\\_og\\_Romsdal.pdf](http://www.nivianalyse.no/images/NIVI_rapportarkiv/2013/NIVI_rapport_2013_3_Status_for_interkommunalt_samarbeid_i_More_og_Romsdal.pdf)
- NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet.* (u.d.). Hentet fra  
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/nou-2011-3/id635173/>
- Nygaard, T. V. (2015). *Attraktivitetsanalyse Ørsta og Volda.*  
nykommune.no. (u.d.). *Kommunal- og moderniseringsdepartementet.* Henta frå  
<http://www.nykkommune.no/>
- Omsorgsplan 2014-2017.* (u.d.). Henta frå  
<http://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MIId=18&FIId=278>
- Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorer i Volda kommune.* (u.d.). Hentet fra  
<http://www.volda.kommune.no/artikkel.aspx?MIId=5&AIId=1605>
- Plan- og bygningsloven.* (u.d.). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>
- Prop. 1 S (2014 – 2015).* (u.d.). Hentet fra <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Prop-1-S-2014--2015/id2005434/>
- Rapport: Barns vekst i Norge 2008-2010-2012. Høyde, vekt og livvidde blant 3.klassinger.* (2014).  
Henta frå  
[http://www.fhi.no/eway/default.aspx?pid=239&trg=Content\\_6503&Main\\_6157=6246:0:25,5498&MainContent\\_6246=6503:0:25,5508&Content\\_6503=6259:111468:25,5508:0:6250:1:::0:0](http://www.fhi.no/eway/default.aspx?pid=239&trg=Content_6503&Main_6157=6246:0:25,5498&MainContent_6246=6503:0:25,5508&Content_6503=6259:111468:25,5508:0:6250:1:::0:0)
- Rapport: Utviklingen i norsk kosthold.* (u.d.). Henta frå  
<https://helsedirektoratet.no/publikasjoner/utviklingen-i-norsk-kosthold>



- Regional delplan for attraktive byar og tettstader.* (u.d.). Hentet fra <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar/Regional-delplan-for-attraktive-byar-og-tettstader>
- Regional delplan for kulturminne.* (u.d.). Hentet fra <https://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar/Regional-delplan-for-kulturminne>
- Regional planstrategi 2012-2016.* (u.d.). Henta frå <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regional-planstrategi>
- Regionale utviklingstrekk Møre og Romsdal.* (u.d.). Henta frå [http://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=1&ved=0CB8QFjAA&url=http%3A%2F%2Fmrfylke.no%2Fcontent%2Fdownload%2F59960%2F374584%2Ffile%2FRegionale%2Butviklingstrekk.pdf&ei=UZzhVJ\\_ZCsP4ywObiICYCQ&usg=AFQjCNGtrdbsHNTfeJM3EfVD3xKj0cueQw&bvm=bv](http://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=1&ved=0CB8QFjAA&url=http%3A%2F%2Fmrfylke.no%2Fcontent%2Fdownload%2F59960%2F374584%2Ffile%2FRegionale%2Butviklingstrekk.pdf&ei=UZzhVJ_ZCsP4ywObiICYCQ&usg=AFQjCNGtrdbsHNTfeJM3EfVD3xKj0cueQw&bvm=bv)
- Regjeringen: Oppdragsbrev til statlige utdanningsinstitusjoner.* (u.d.). Hentet fra [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/uh/brev/strukturemeldingen\\_oppdraagsbrev\\_til\\_statlige\\_utdanningsinstitusjoner.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/uh/brev/strukturemeldingen_oppdraagsbrev_til_statlige_utdanningsinstitusjoner.pdf)
- Risiko- og sårbarhetsanalyse for fjellskred i Møre og Romsdal.* (u.d.). Hentet fra <http://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Samfunnstryggleik%20og%20beredskap/53.1.%20ROS/Fylkesros%20fjellskred%202011.pdf?epslanguage=nn>
- Skulestaden Volda.* (u.d.). Hentet fra [https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Skulestaden\\_Volda](https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Skulestaden_Volda)
- Sosial ulikhet i helse (Høgskolen i Oslo og Akershus).* (2014). Henta frå <http://www.hioa.no/Forskning-og-utvikling/Hva-forsker-HiOA-paa/Forskning-og-utvikling-ved-Fakultet-for-samfunnsfag/Sosialforsk/Sosiale-ulikheter-i-helse/Rapportene>
- Sosial ulikhet i helse: En norsk kunnskapsoversikt.* (u.d.). Hentet fra <http://www.hioa.no/Forskning-og-utvikling/Hva-forsker-HiOA-paa/Forskning-og-utvikling-ved-Fakultet-for-samfunnsfag/Sosialforsk/Sosiale-ulikheter-i-helse/Sammendragsrapport>
- SSB. (2011). *Privathusholdninger og personer i privathusholdninger.* Henta frå <http://www.ssb.no/familie/tab-2011-04-07-04.html>
- SSB. (2012). *Folkemengd, etter kjønn, alder og kommune.* Henta frå <http://www.ssb.no/a/kortnavn/folkemengde/arkiv/tab-2012-02-23-16.html>
- SSB. (2012). *Innvandrere etter innvandringsgrunn.* Henta frå [www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvgrunn/aar/2012-08-30#content](http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvgrunn/aar/2012-08-30#content)
- SSB. (2014). *Nøkkeltall for offentlig sektor.* Henta frå <http://www.ssb.no/offentlig-sektor/nokkeltall>
- SSB. (2014). *Økonomiske analyser.* Henta frå [http://www.ssb.no/nasjonaltregnskap-og-konjunkturer/oa/\\_attachment/209620?\\_ts=14a1040b5e0](http://www.ssb.no/nasjonaltregnskap-og-konjunkturer/oa/_attachment/209620?_ts=14a1040b5e0)

SSB. (u.d.). *Idrett og friluftsliv, leveårsundersøkelsen 2011*. Henta frå <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/fritid/hvert-3-aar/2011-12-19>

SSB. (u.d.). *Kulturstatistikk 2010*. Henta frå <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk-2010>

SSB tabell 03321. (u.d.). Sysselsatte per 4. kvartal, etter arbeidssteds- og bostedskommune. Pendlingsstrømmer (K).

SSB tabell 04317. (u.d.). Folkemengde, etter grunnkrets (G).

SSB tabell 05456. (u.d.). Avfall og renovasjon.

SSB tabell 05940. (u.d.). Byggeareal. Boliger og bruksareal til bolig, etter bygningstype (K).

SSB tabell 06035. (u.d.). Selveierboliger. Gjennomsnittlig kvadratmeterpris og antall omsetninger (K).

SSB tabell 06070. (u.d.). Privathusholdninger, etter husholdningstype (K) (B).

SSB tabell 06079. (u.d.). Privathusholdninger og personer i privathusholdninger, etter husholdningsstørrelse (prosent) (K) (B).

SSB tabell 06265. (u.d.). Boliger, etter bygningstype (K) .

SSB tabell 06913. (u.d.). Folkemengde 1. januar og endringer i kalenderåret (K).

SSB tabell 06969. (u.d.). Brukarar av pleie- og omsorgstenester.

SSB tabell 07110. (u.d.). Innvandrere, etter landbakgrunn (verdensdel) og kjønn (K) .

SSB tabell 07115. (u.d.). Registrerte helt arbeidsledige innvandrere og deltakere på tiltak 15-74 år, i prosent av arbeidsstyrken eller bosatte, etter landbakgrunn (verdensregion) og bostedskommune/-fylke (K).

SSB tabell 07285. (u.d.). Sysselsatte innvandrere 15-74 år, etter kjønn, bosted og landbakgrunn (K).

SSB tabell 07459. (u.d.). Folkemengde, etter kjønn og ettårig alder.

SSB tabell 08915. (u.d.). Fullførte utdanninger ved universiteter og høyskoler i Norge, etter kjønn, nivå og skoleslag. Antall og prosent .

SSB tabell 09337. (u.d.). Gjennomstrømning i videregående opplæring, etter kjønn og fullføringsgrad.

SSB tabell 09588. (u.d.). Alle flyttinger til/fra hele landet, fylker og kommuner (K).

SSB tabell 09799. (u.d.). Beboede boliger, etter bygningstype, bruksareal og type eierskap (K) (B).

SSB tabell 09817. (u.d.). Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, etter innvandringskategori, landbakgrunn og andel av befolkningen (K).

SSB tabell 10209. (u.d.). SSB tabell 10209: Personer drept eller skadd i veitrafikkulykker.

SSB tabell 10213. (u.d.). Framskrevet folkemengde etter kjønn og alder, i 9 alternativer (K) (B).

SSB tabell 10593. (u.d.). Registrerte arbeidsledige 15-74 år, etter kjønn. (prosent) (K) .

SSB tabell 10594. (u.d.). Registrerte arbeidsledige 15-74 år, etter kjønn (K).

*SSB: Arbeidsledighet.* (u.d.). Henta frå <http://www.ssb.no/>

*Statistikk og oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar (Volda kommune).* (u.d.). Hentet fra <http://www.volda.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=5&AId=1606>

*Statusrapport God helse 2013 Møre og Romsdal fylkeskommune.* (u.d.). Henta frå <http://mrfylke.no/content/download/203279/1514371/file/Statusrapport+God+Helse+2013.pdf>

*Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014.* (u.d.). Henta frå <http://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=5&FillId=1631>

Studentsamskipnaden. (u.d.). Henta frå <http://www.studentsamskipnaden.no/default.asp?menu=122&page=201>

*StudiebygdA.* (u.d.). Hentet fra <http://studiebygda.no/om-studiebygda>

*Sunne kommuner.* (u.d.). Hentet fra <http://sunnekommuner.no/>

*Sunnmøre i framtida – Foresight prosess 2010.* (u.d.). Henta frå <http://www.alesund.kommune.no/fakta-om-alesund/styrende-planer/fag-og-handlingsplaner/3968-sunnmore-i-framtida-foresight-prosess-2010-sluttrapportering>

*Sunnmøre Kulturnæringshage.* (u.d.). Hentet fra <http://www.sknh.no/>

*Sykkelveinlig arbeidsplass.* (u.d.). Hentet fra <http://sykkelbyentrondheim.no/2014/05/vil-gjore-hverdagen-lettere-for-jobbsyklistene/>

*Talet på kommunar med kulturminneplan.* (u.d.). Hentet fra <http://www.miljostatus.no/miljomal/Mal-og-nokkeltall/Kulturminner/tap-kulturminner-minimaliseres/Talet-pa-kommunar-med-kommunedelplan-for-kulturminne-og-kulturmiljo/Talet-pa-kommunar/>

*Temp 2011.* (u.d.). Henta frå <https://www.sbm.no/default.aspx?menu=310&id=1555>

*Tettstadsanalyse Volda sentrum.* (u.d.). Henta frå <http://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=5&FillId=272>

Tønnesen, M., Syse, A., & Aase, K. N. (2014). *Befolkningsframskrivinger 2014-2100: Hovedresultater.* Henta frå Økonomiske analyser: [http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/\\_attachment/194974?\\_ts=1483a294018](http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/194974?_ts=1483a294018)

*Ung i Volda og Ørsta 2003-2013.* (u.d.). Henta frå <http://www.hivolda.no/hivolda/forskning-og-utvikling/publisering/hvos-skriftseriar/notat/2014?lang=nyn>

*Ung på Sunnmøre 2013.* (u.d.). Henta frå

<http://www.hivolda.no/neted/services/file/?hash=9c7db895aee533b64aceaf6d108d015f>

*ungdata.no.* (u.d.). Henta frå <http://www.ungdata.no/id/27318.0>

*Veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt.* (u.d.). Hentet fra

[http://www.dsb.no/Global/Publikasjoner/2012/Veiledning/veiledning\\_forskrift\\_kommunal\\_beredskapsplikt.pdf](http://www.dsb.no/Global/Publikasjoner/2012/Veiledning/veiledning_forskrift_kommunal_beredskapsplikt.pdf)

*Volda kommune Kommuneplan 1996-2008.* (u.d.).

*Volda Næringsforum.* (u.d.). Hentet fra <http://voldaforum.no/>

*Volda og Ørsta Reinhaldsverk.* (u.d.). Hentet fra <http://www.vor.no/>

*Volda VGS.* (u.d.). Hentet fra <http://www.volda.vgs.no/VoldaVGS/Om-skulen>

*Volda vidaregåande skule.* (u.d.). Hentet fra <http://www.volda.vgs.no/VoldaVGS/Om-skulen>

*Årsbudsjett 2015 – Økonomiplan 2015–2018 Volda kommune.* (u.d.). Henta frå

<http://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?FillId=1643&nomobile=true>



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Elisabeth Busengdal/P. Heltne      Arkivsak nr.: 2015/1416  
Arkivkode: 4-3

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/16	Forvaltningsstyret	14.01.2016

### SAKSFRAMLEGG- DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN, NAUST LID, GBR 4/3 OG 4/23

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsstyret viser til søknad og gjennomført høyring og gir med heimel i Plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Lid- Berknes for frådeling av nausttomt og oppsett av nytt naust på gnr 4 bnr 3 på Lid.
2. Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådelinga av tomt på 151m<sup>2</sup> for naust på eigedomen gnr 4 bnr 3. Delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen og ikkje føre til driftsmessige ulemper for drifta av landbrukseigedomen.
3. Frådelt nausttomt skal vere tillegg til gnr 4 bnr 23.
4. Forvaltningsstyret føreset at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

#### Vedleggsliste:

Søknad med vedlegg  
Høyringsuttale- merknadar  
Merknad til høyringsuttale frå søkjar

#### Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Lid- Berknes.

#### Samandrag av saka:

Det er søkt om dispensasjon frå kommunedelplan for å bygge naust og til frådeling av nausttomt på parsell av på gbr 4/3 på Lid. Den eine tomta skal gi plass for nytt naust for

hovudbruket (4/3- som vart rasert ved orkanen i 1992) medan aktuell frådelt nausttomta skal tilleggast eigedom 4/23 etter matrikkellova.

I det aktuelle området gjeld kommunedelplan Lid- Berknes. Planføremål i det aktuelle området er LNF - sone A.

Saka har vore ute til høyring i høve søknad om dispensasjon frå arealbruk i plan.

Det ligg ikkje føre vesentlege merknader ved høyring eller nabovarsel og dispensasjon frå plan og jordlova vert tilrådd.

### **Saksopplysningar:**

Det er søkt om dispensasjon frå kommunedelplan, Lid-Berknes for bygging av nytt naust på gnr 4 bnr 3 og til frådelling av nausttomt frå gbr 4/3. Tomta er planlagt tillagt eigedomen gnr 4 bnr 23.

Det aktuelle området har planføremål LNF sone A i kystsoneplanen.

I følgje søknaden har det vore naust her tidlegare, som vart øydelagt i nyttårsorkanen 1992.

Kart stadfestar dette.

Tiltakshavar ynskjer å byggje opp to nye naust på rekkje, der det eine skal høyre til garden og det andre delast frå. Denne tomta skal overtakast av eigar av gnr 4 bnr 23 og vere tillegg til denne eigedomen. Arealet som er tenkt frådelt er på 151 m<sup>2</sup>.

Arealet som planlagt bygd på og som er tenkt frådelt ligg i det sørlege hjørnet av eigedomen, mot bnr 2. Ein vil nytte eksisterande landbruksveg som tilkomst.

Det er for tida ikkje sjølvstendig drift på 4/3, men den dyrka jorda er utleigd til føretak i drift.

Som nemnt har det også tidlegare vore naust i dette området.

I området Lid – Bjerkvik er det elles ein tradisjon med naust knytt til dei aktuelle gardsbruka.

Vidare er det lenger sør mot Berkvika ei rekkje frådelte naust. Ei frådelling vil slik sett ikkje vere ny praksis i dette området.

Saka har i høve dispensasjon frå kommuneplan vore ute på offentleg høyring, følgjande merknadar ligg ved:

### **Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune:**

*"Automatisk freda kulturminne:*

*Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådelling. Vår merknad må sjåast i lys av dette.*

*Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådelling. Konkrete planar for tomta bør følgje med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.*

*Det er i nærområdet registrert fleire automatisk freda kulturminne. Det vil derfor vere stort sannsyn for at det også på her omsøkt område finnast fornminne. Samstundes kjem det fram av søknaden at dei nye nausta ynskjast oppført i same område som det har stått naust frå før. I tillegg kjem det fram opplysningar om at området elles er forstyrta etter oppdyrking på 1980-talet. Eventuelle fornminne i dette området vil då mest truleg vere øydelagde. På den vedlagte kartskissa er det teikna inn ei kai/brygge. Det kjem ikkje fram i søknaden at det er planer om et slikt bygg. Alle tiltak som gjærast i sjø skal oversendas NTNU Vitenskapsmuseet for å utrede forhold til automatisk freda kulturminne under vatn. Dersom det er planar om oppføring av brygge/kai må dette komme fram av søknaden og saka sendast til NTNU Vitenskapsmuseet for uttale.*

*Utover dette har Kulturavdelinga ingen spesielle merknadar knytt til planane når det gjeld automatisk freda kulturminne. Me ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere*

*automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.*”

*Kulturminne frå nyare tid:*

*”Opphavleg naust som vart øydelagt i samband med orkanen i 1992 var etter det vi kan sjå i kulturminneregisteret SEFRAK eit naust med veggjar av stein, med tak konstruksjon og port mot sjøen i tre. Vi vil tru at det er trekonstruksjonen som er borte, og kan hende er steinveggane noko medtatt etter over 20 år. Dersom det er mykje att av steinveggane og støa meiner vi dette må bli bevart. Bruken av stein i uthus var i tidlegare tider mykje nytta, særleg ute ved kysten, men altså også inne i fjordane i Volda. I periodar var tilgangen på trevirke dårleg, men og er stein vedlikehaldsvennleg og gjev eit godt klima for oppbevaring av trebåtar og anna som ikkje skal tørke ut eller bli for varmt.*

*Vi rår til at nye naust vert plassert eit anna sted, eller at det gamle steinnauset vert sett i stand. Vi ser at det ligg eit liknande naust på naboeigedommen som kan nyttast til døme. Vidare er vi gjerne tilgjengeleg for råd.*”

### **Kommentar:**

Omsyna til mogelege funn av freda kulturminne ved utbygging på tomtene vert det lagt som føresetnad i saka. Jf. Tilrådinga.

Når det gjeld omsyna til tidlegare naust er det dessverre svært lite att av dette då både treverk og murar er borte.

Ein er likevel samd i at ein ved nybygging i området gjerne kan ta omsyn til og lærdom av tidlegare byggeskikk-, for naust i området både med omsyn til materialbruk og utforming av både bygg og støder.

**Landbrukskontoret for Volda –Ørsta** har gitt uttale til saka, jf oversending datert 9.11.2015:

Konklusjonen her er slik:

*”I dette tilfellet er omsøkte nausttomt ikkje registrert som dyrka mark, og den kan ikkje seiast å vere dyrkbar. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9- Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.*

*Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.*

*Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget. Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulempar i høve landbruk.*

*Ein kan ikkje sjå at denne delinga vil ha innverknad på gardsdrifta i området. Det er dyrka jord på teigen slik at ein må pårekne jordbruksaktivitet, men ein føreset at ein nyttar eksisterande veg ned til sjøen.*

*Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ei deling ikkje vil svekkje landbrukseigedomen. Med heimel i jordlova tillet ein deling her. Landbrukskontoret vil ut frå dette også tilrå dispensasjon frå LNF-sona i kommuneplanen for frådelling.*”

**Ingen andre høyringsorgan har gitt uttale til saka.**

**Vurdering og konklusjon:**

Med grunnlag i søknad og gjennomført høyring finn ein at det er grunnlag for å tilrå dispensasjon frå kommunedelplan Lid- Berknes, jf. plan og bygningslova § 19-2 og frå jordlova § 12, for frådelinga av nausttomt og oppføring av naust på eigedomen gnr 4 bnr 3 i samsvar med søknaden. Delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen og ikkje føre til driftsmessige ulemper for drifta av landbrukseigedomen.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen særskilde endringar ved tiltaket, jf tilråding til vedtak.

**Økonomiske konsekvensar:**

Tiltaket har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen vesentlege.

.....  
Jørgen Vestgarden  
Utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Inger Johanne Lid og Kåre Johan Lid, Lidavegen 42, 6105 Volda  
Aleksander og Ingeborg Berget, Lidavegen 34, 6105 Volda  
Møre og Romsdal Fylkeskommune – Kulturavdelinga  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Utvikling – T. Stensø  
Landbrukskontoret

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Vedlegg 1

Kåre Johan Lid  
Lidavegen 42

6105 Volda

08.06.2015

#### SØKNAD OM Å BYGGE NAUST

#### SØKNAD OM DISPENSASJON TIL Å DELE FRÅ TOMT OG TIL Å BYGGE NAUST

Vi søker om dispensasjon til å bygge naust på (Grn 4 Bnr 3), og til å bygge naust på tomt som vi søker frådelt og knytta til naboeigedom Grn 4 Brn 23.

Det gamle naustet på garden vart totaløydelaagt under nyttårsorkanen i 1992. Av forskjellige grunnar har ikkje naustet vorte bygt opp igjen, noko vi no kjenner behov for, og ønskjer å gjere. Tradisjonelt har naust og fiske vore ein del av garden sitt livsgrunnlag, og det gamle naustet var eit stort naust, bygt skrått mot sjøen for større båtar tidlegare generasjonar brukte og dreiv kystgarnfiske med. Nausta vi søker om dispensasjon om å få bygge, er tenkt oppført i same området som gamle naustet stod.


På 1980 talet var dette området forsøkt dyrka og vart gjennomgravid, men det viste seg då at heile området har berg like under torva, og såleis ikkje er dyrkbart. Sidan den gong har det vakse opp krattskog.

Vi søker også om frådelling av nausttomt og om å bygge naust på den, i same området som det gamle naustet på garden stod. Ingeborg Berget, som er eitt av våre barn, har saman med Aleksander Berget kjøpt seg hus som opprinneleg var hus nr 2 på nabobruket, men som no er frådelt og har fått Grn 4 Brn 23.

Tomta som vi no søker frådelt og om løyve til å bygge naust på, kan få same G/B nr, Gnr 4 Bnr 23. At nausttomta eventuelt vert knytt til Gnr 4 og Brn 23, gjere at naustet ikkje er omsetteleg som eige objekt. Vidare vil dette naustet ikkje utløyse behov for avkøyrsløse eller biloppstillingsplass, sidan eigar vil bu like ved. Gangsti (eksisterande avlingsveg) vil vere gangsti.

Desse to nausta, side om side, vil svare til liknande oppføring av naust fleire stadar langs strandlina på Lid.

Helsing


  
Inger og Kåre Lid

# Sedlegg 2




1:1000

07.06.2015



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



# Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt.  
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Plass for kommunen sitt stempel

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/1416	Arb. nr. UTV
Løpenr.	Saksnr. STS
25 JUN 2015	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	4/3
Klassering S:	

Søknaden sendast:

**Volda kommune**  
**Stormyra 2**  
**6100 Volda**

**Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:**

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
4	3			INGER JOHANNE LID KÅRE JOHAN LID
				Underskrift: Inger Johanne lid

**Søknaden/rekvisisjonen gjeld:**

- Deling og oppmålingsforretning  
 Oppretting av festetomt  
 Oppretting av punktfeste  
 Anna: (spesifiser) \_\_\_\_\_  
 Dispensasjon (dispensasjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

**Parsellen(ane) skal nyttast til:**

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	151 m <sup>2</sup>	NAUST	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr. 4/23
2	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

**Arealdisponering**

Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

**Avstandar**

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ... m

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand:.... m

**Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette**

**Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)**

Er tiltaket plassert i flomutsatt område?  Nei  Ja, angi sikkerhetsklasse

F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år  
 F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år  
 F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år

Er tiltaket plassert i skredutsatt område?  Nei  Ja, angi sikkerhetsklasse

F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år  
 F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år  
 F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år

Andre natur- og miljøtilhøve?  Nei  Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i egne vedlegg

**Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43**

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkørsle eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkørsle frå offentlig veg (plan må vedleggast)  
 Utvida bruk av eksisterande avkørsle

*Sjå vedlegg 5*

Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørende dette leggast ved.

Er løyve til avkørsle gitt?  Ja  Nei

**Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2**

Offentleg vassverk:  Ja  Nei  
 Offentleg avløpsanlegg:  Ja  Nei  
 Privat vassverk:  Ja  Nei  
 Privat avløpsanlegg:  Ja  Nei

For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast.

Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.

**Vedlegg**

Vedl. nr.: Beskrivelse

Vedl. nr.: Beskrivelse

Kart/situasjonsplan  
 Gjenpart av nabovarsel  
 Dispensasjonssøknad  
 Fråsegn, samtykkje, løyver  
 Andre vedlegg

*Vedlegg 2  
 Vedlegg 7  
 Vedlegg 1  
 Vedlegg 6*

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.

**Underskrift av søkjar/rekvirent**

Dato <i>7/6-15</i>	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar) <i>Inger og Kåre Johan Lid</i>	Rekvirenten si underskrift <i>Kåre Lid</i>
Adresse <i>Lidavegen 42</i>	Postnr/stad <i>6105 VOLDA</i>	
E-postadresse <i>karejohanlid@gmail.com</i>	Telefon <i>906256116</i>	

**Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av**

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
Adresse		Postnr/stad



Volda kommune

Rådhuset  
6100 Volda

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2015/1793	14063/2015	SKAARA	1519/4/3	09.11.2015

### **1519 GNR/BNR 4/3 - SØKNAD OM DELING AV NAUSTTOMT PÅ LID - INGER OG KÅRE JOHAN LID - JORDLOVSHANDSAMING**

Saka gjeld: Handsaming etter jordlov  
ephorte saksnummer Volda: 2015/1416

#### **1519 gnr/bnr 4/3**

Tilråding til vedtak:

#### **Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:**

Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådelinga av tomt på 151m<sup>2</sup> for naust på eigedomen gnr 4 bnr 3. Grunngevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen og ikkje føre til driftsmessige ulemper for drifta av landbrukseigedomen.

Utskrift til:

Inger Johanne Lid og Kåre Johan Lid, Lidavegen 42, 6105 Volda

#### **Saksvedlegg:**

1. Søknad om deling m/vedlegg frå Inger Johanne og Kåre Johan Lid, dagsett 07.06.2015
2. Høyringsbrev frå Volda kommune, dagsett 29.06.2015

#### **Samandrag av saka:**

Eigar av gnr 4 bnr 3 i Volda søker om frådelinga av nausttomt som skal leggjast til gnr 4 bnr 23.

#### **Saksopplysningar:**

Søknaden er dagsett 07.06.15, og vart av Volda kommune sendt ut på høyring 29.06.15.

Tekst frå oversendinga:

På denne saka er det elles forventa følgjande saksgang:

- Saka vert sendt på høyring og førebudd for handsaming i forvaltningsstyret som dispensasjon frå kommuneplan.
- Landbruksmyndet vil gjennomføre handsaming etter jordlova.
- Etter dette vert sjølve delesøknaden vurdert og handsama i Sektor for Utvikling.
- Dersom det vert gitt løyve til deling vil saka verte oversendt oppmålingsansvarleg for utføring av oppmålingsforretning og utsetting av grensemerke.

Inger Johanne og Kåre Johan Lid er eigarar av gnr 4 bnr 3 på Lid. Eigedomen er ut frå gardskartet totalt på 95 daa – fordelt på 6 teigar. Fordeling i daa på ulike markslag:

Full-dyrka jord	Overflate-dyrka jord	Innmarks-beite	Skog sær- høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduk- tiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd	Ikkje klassi- fisert
26,7	0	14	0	48,3	0	0	0	0	6,3	0	0	0

Sakshandsamar har for tida ikkje tilgang til matrikkelen men ut frå kartdata kan det sjå ut som om eigedomen har 3 våningshus, 1 driftsbygningar for landbruk/husdyr, 2 buder og garasjer. Det kan godt vere at denne lista ikkje er komplett/riktig.

Ifølgje søknaden har det vore naust tidlegare som høyrde til garden som vart øydelagt i nyttårsorkanen 1992. Kart stadfestar det. Ein vil no byggje opp to nye naust på rekkje, der det eine skal høyre til garden og det andre delast frå.

Arealet som er tenkt frådelt er på 151 m<sup>2</sup>.

Det går ikkje fram av oversendinga om søknaden er sendt på høyring til Fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Det er for tida ikkje sjølvstendig drift på 4/3, men den dyrka jorda er utleigd til føretak i drift.

Arealet det vert søkt på er i kommuneplanen LNF-område, litt søraust for reguleringsplanen for Lid – Kråkeneset.

I området Lid – Bjerkvik har ein ei rekkje frådelt naust. Ei frådelling vil slik sett ikkje vere ny praksis.



Plasseringa av naust og frådelling på gnr 4 bnr 3

Arealet som frådelinga er markert på ligg i det sørlege hjørnet av teigen, mot bnr 2. Arealet er skog av høg bonitet (lauvskog). Ein vil nytt eksisterande landbruksveg som tilkomst.



Nausttomta markert i ortofoto.

### **Vurdering og konklusjon:**

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

*Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.*

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.*

*Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)*

I dette tilfellet er omsøkte nausttomt ikkje registrert som dyrka mark, og den kan ikkje seiast å vere dyrkbar. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9 Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.



Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulempar i høve landbruk.

I denne saka søkjer ein om frådelling av tomt for naust i eit område kor ein har mange tidlegare frådellingar.

Vurderinga skal sjå til at eigedomen etter ei deling har nok ressursar for ei framtidig drift, og ikkje vert vesentleg svekkja. Ein kan ikkje sjå at denne delinga vil ha innverknad på gardsdrifta i området. Det er dyrka jord på teigen slik at ein må pårekne jordbruksaktivitet, men ein føreset at ein nyttar eksisterande veg ned til sjøen.

Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ei deling ikkje vil svekkje landbrukseigedomen. Med heimel i jordlova tillet ein deling her. Landbrukskontoret vil ut frå dette tilrå dispensasjon frå LNF-sona i kommuneplanen for frådelling av tomt for naust.

Ørsta, 09.11.15

Med helsing

Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar

Børild Skåra  
Rådgevar

Hei,

Syner til oversendt søknad om bygging av to naust samt ei frådelling.

Automatisk freda kulturminne:

Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådelling. Vår merknad må sjåast i lys av dette. Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådelling. Konkrete planar for tomta bør følge med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.

Det er i nærområdet registrert fleire automatisk freda kulturminne. Det vil derfor vere stort sannsyn for at det også på her omsøkt område finnast fornminne. Samstundes kjem det fram av søknaden at dei nye nausta ynskjust oppført i same område som det har stått naust frå før. I tillegg kjem det fram opplysningar om at området elles er forstyrra etter oppdyrking på 1980-talet. Eventuelle fornminne i dette området vil då mest truleg vere øydelagte. På den vedlagte kartskissen er det tegnet inn en kai/brygge. Det kjem ikkje frem i søknaden at det er planer om et slikt bygg. Alle tiltak som gjærast i sjø skal oversendas NTNU Vitenskapsmuseet for å utrede forhold til automatisk freda kulturminne under vatn. Dersom det er planer om oppføring av brygge/kai må dette komme fram av søknaden og saka sendast til NTNU Vitenskapsmuseet for uttale. Utover dette har Kulturavdelinga ingen spesielle merknader knytt til planane når det gjeld automatisk freda kulturminne. Me ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

Med venleg helsing

Johanne Ranvik  
Arkeolog/rådgivar  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Tlf. 71 25 88 40

Kulturminne frå nyare tid:

Opphavleg naust som vart øydelagt i samband med orkanen i 1992 var etter det vi kan sjå i kulturminneregisteret SEFRAK eit naust medveggar av stein, med tak konstruksjon og port mot sjøen i tre. Vi vil tru at det er trekonstruksjonen som er borte, og kan hende er steinveggane noko medtatt etter over 20 år. Dersom det er mykje att av steinveggane og støa meiner vi dette må bli bevart. Bruken av stein i uthus var i tidlegare tider mykje nytta, særleg ute ved kysten, men altså også inne i fjordane i Volda. I periodar var tilgangen på trevirke dårleg, men og er stein vedlikehaldsvennleg og gjev eit godt klima for oppbevaring av trebåtar og anna som ikkje skal tørke ut eller bli for varmt.

Vi rår til at nye naust vert plassert eit anna sted, eller at det gamle steinnaustet vert sett i stand. Vi ser at det ligg eit liknande naust på naboeigedommen som kan nyttast til døme. Vidare er vi gjerne tilgjengeleg for råd.

Toril Moltubakk  
Arkitekt/ rådgiver Kulturvernseksjonen  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset 6404 Molde  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)

[www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)

Tlf 71 25 89 28  
[Toril.Moltubakk@mrfylke.no](mailto:Toril.Moltubakk@mrfylke.no)

Vedlegg 6

Kåre Johan Lid  
Lidavegen 42

6105 Volda

22.6.2015

#### FRÅSEGN OM TILKOMST TIL NAUSTTOMT

Vi viser til søknad om deling , punktet i skjema om tilkomst.


På Gnr 4 Brn 3 søker vi om frådelling av nausttomt i same området som det gamle naustet på garden stod.

Ingeborg Berget, som er eitt av våre barn, har saman med Aleksander Berget kjøpt seg hus som opprinneleg stod på nabobruket, men som er frådelt og har fått Grn 4 Brn 23. Nauttomta vi søker frådelt, skal knytast til Gnr 4 Bnr 23

Vi gjev fråsegn om tilkomst som gangsveg nemnde frådelt nausttomt over vår eigdom Gnr 4 Bnr 3.

Helsing

Inger og Kåre Lid



**Eg har no bestilt innsyn**

i Sak:2015/1416 Journalnr: 10957/2015 som gjeld fradeling av naustomt, byggesøknad to naust og vøling av molo på gnr/bnr 4/3 på Lid i Volda. Ved gjennomlesing av dokumenta har eg følgende merknad  
 - Eg les at dei frå fylket kommenterar storleiken av nausta. Til det vil vi frå vår side kommentere at hverken tidlegare naust på vår eigedom, eller nabonaust som er bygdde dei sinare åra er 40 kvadrat. Nausta vi  
 - Elles les vi at det vert drøfta å ta vare på naustmurane som har vore. Dei rasa delvis saman tidlegare for å unngå at nokon skal få dei over seg er dei no rivne ned, bortsett frå ein vegg som vil verte ståande og  
 - Når det gjeld fjøra og eventuelle forminne i den, vart det på 80 talet henta mykje stein til berelag i avlingsvegar. Fjøra vart då gravd rein for stein på heile fjøra på gnr 4/3.

Mvh Kåre Lid

2015-10-23 13:14 GMT+02:00 Jørgen Vestgarden <[Jorgen.Vestgarden@volda.kommune.no](mailto:Jorgen.Vestgarden@volda.kommune.no)>:

Beklagar, men eg oppdaga at eg ikkje hadde svare på denne.

Faktura du har motteke er nok for jordlovhandsaminga i Ørsta kommune. Dei sender ut faktura før saka vert handsama.

Som du skal ha fått kopi av i dag er saka sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 6 veker. Etter det vil den verte politisk handsaming her før eit evt delingsløyve vert gitt. Beklagar at saka har vorte liggande lenge hjå oss.

Mvh Jørgen Vestgarden

---

**Fra:** Kåre Johan Lid [mailto:[karejohanlid@gmail.com](mailto:karejohanlid@gmail.com)]  
**Sendt:** 8. oktober 2015 13:16  
**Til:** Jørgen Vestgarden  
**Emne:** Re: Førebels svar byggesøknad, gbr 4/3

Viser til tidlegare kommunikasjon. Mottok faktura og betalte 19.08.2015 handsamingsgebyr for delingsøknad. Kven kan svare meg på kva tidshorisont vi må rekne med for eventuell deløysløyve blir gitt, og saka går til vidare behandling?

Helsing

Kåre Johan Lid

2015-07-08 13:04 GMT+02:00 Jørgen Vestgarden <[Jorgen.Vestgarden@volda.kommune.no](mailto:Jorgen.Vestgarden@volda.kommune.no)>:

Viser til motteke søknad.

Søknaden vil først verte ferdig handsama når evt. delingsløyve er gitt.



**Jørgen Vestgarden**  
 Utviklingssjef  
 Tlf 70 05 87 62/904 70 915  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Elisabeth Busengdal/P. Heltne	Arkivsak nr.:	2015/1565
		Arkivkode:	42/ 2

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
6/16	Forvaltningsstyret	14.01.2016

### SAKSFRAMLEGG- DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN FRÅDELING HYTTETOMT GBNR 42/2 ÅRSET

#### Administrasjonen si tilråding:

- Med grunnlag i søknad frå Sunnmøre Jordskifterett for partane i jordskiftesak 1510-2014-0021 og gjennomført høyring i saka finn Forvaltningsstyret med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gi dispensasjon frå plan for frådeling av festetomt på 1,8 daa frå gnr 42 bnr 2.*
- Forvaltningsstyret finn ikkje at delinga vil svekkje ressursgrunnlaget for eigedomen i særleg grad, eller er til ulempe for landbruksdrift, og gir med heimel i jordlova § 12 løyve til frådeling av hyttetomt på inntil 1,8 daa frå eigedomen gnr 42 bnr 2.*

#### Vedleggsliste:

Søknad med vedlegg  
Bygsleavtale- oversending av jordskiftesak  
Merknader ved høyring - Jordlovshandsaming

#### Uprenta saksvedlegg:

Disposisjonsplan for Årset, godkjent 30.08.1983.

#### Samandrag av saka:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå hytteplan, disposisjonsplan for hytter på Årset godkjent 30.08.1983.

Området er avsett i plan som friluftsområde med innplasserte hyttepunkt. Det er bygd på alle godkjente hyttepunkt i området.

Saka gjeld frådeling av slikt bebygd tidlegare festetomt frå gnr 42 bnr 2.

Delinga er vurdert ikkje å medføre vesentlege endringar sett i høve til planintensjon.

Det er heller ikkje vesentlege merknader ved høyring.

Dispensasjon frå plan og i høve til jordlova §12 vert tilrådd.

### **Saksopplysningar:**

Hytteplan for gnr 42 bnr 2 –Årset er ein såkalla disposisjonsplan for hyttebygging utarbeidd etter reglane i bygningslova (1965) , vedtekt til §82.

I disposisjonsplanen er dette eit godkjent hyttepunkt. Det er gitt byggeløyve for hytte på eigedomen. Område omkring hyttene er i plan avsett til friluftsområde.

Det er i saka vist til jordskiftesak 1510-2014-0021, der det på vegne av partane søkjast om delingsløyve for eigedommen. Det er i saka tiltenkt at eigedommen skal frådelast hovudbruket i samband med innløyning av festekontrakt datert 01.09.1984.

Dei tidlegare etablerte festekontraktene for hytter er ikkje handsama etter reglane i bygningslova/jordlova. Ein vurderer såleis endringa som dispensasjon frå plan, og det er søkt dispensasjon frå kommunedelplan til frådeling av festetomt på 1,8 dekar frå gnr 42 bnr 2.

I høve dispensasjonshandsaming har saka vore til høyring. Ved høyring har ein motteke fylgjande innspel/merknader:

### **Landbrukskontoret, tilråding:**

*”I denne saka søkjer ein om frådeling av ei hyttetomt på 1,8 daa. No er dette eit punktbeste. Ut frå opplysningane som ligg føre er festetomta ikkje bebygd.*

*Vurderinga skal sjå til at eigedomen etter ei deling har nok ressursar for ei framtidig drift, og ikkje vert vesentleg svekkja. Av kartet går det fram at hovudbruket har fått delt frå ei rekkje tomter til fritidsføremål. Omfanget er så stort at landbrukseigedomen er svekka ressursmessig. Ein må stille spørsmål til om ikkje ein her burde sett krav til regulering. Ein forstår det slik at slikt krav til kome dersom nye delingar vert aktuelt.*

*Ein må og påpeike storleiken på tomta. Normalt ønskjer ein ikkje hyttetomter over 1 daa. Plasseringa er og uheldig då tomta vert liggjande som ei øy i hovudbruket.*

*Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ein ikkje vil gå imot ei deling. Storleiken og plasseringa er ikkje god med omsyn til hovudbruket sine ressursar, slik at eit løyve vert tilrådd under tvil. Men ein legg avgjerande vekt på at ein har hatt eit festepunkt i fleire tiår og at eigedomen frå før er sterkt svekka av frådelingar.”*

### **Fylkesmannen i Møre og Romsdal:**

*”1,8 dekar er stort for å vere hyttetomt. Det er fleire hytter i området, og området burde regulerast dersom det er aktuelt med vidare utbygging.”*

### **Møre og Romsdal fylkeskommune:**

*”Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådeling. Vår merknad må sjåast i lys av dette. Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådeling. Konkrete planar for tomta bør følge med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.*

*Kulturavdelinga er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Me ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som til dømes konsentrasjonar av kol eller steinsettingar, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.”*

**Vurdering og konklusjon:**

I kommunen si tilråding finn ein grunn til å vektlegge landbruksmynde si vurdering av saka og at det gjeld ei etablert hyttetomt med påståande hytte.

Det er vidare også tidlegare utført ei rekkje delingssaker knytt til hyttetomter i dette området frå hovudbruket gnr 42 bnr 2.

Frådelinga vil såleis ikkje i vesentleg grad avvike frå intensjon i plan.

Kommunen er noko skeptisk til storleiken på tomta (1,8 deka), då kommunen sjeldan tilrår hyttetomter på over 1 deka. Samstundes ligg den aktuelle hyttetomta i eit terreng som gjer det vanskeleg å regulere inn fleire tomter i det aktuelle området. Saka er vurdert i kommunen sitt planforum, her vart det diskutert om ein ved vidare utbygging av dette området burde setje krav om ny reguleringsplan.

Sjølv om omsåkte tomt er noko stor, har ein ikkje funne at dette i vesentleg grad er i konflikt med andre interesser, landbruk, natur eller friluftsliv.

Tomteområdet er ikkje vurdert som dyrka/dyrkbar jord, og ei omdisponering ikkje særleg grad vil endre ressursgrunnlaget for bruket.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen vesentlege endringar ved deling slik søkt om.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen kjende.

.....  
Jørgen Vestgarden  
Utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Sunnmøre Jordskifterett, Postboks 102, 6151 Ørsta

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal





SUNNMØRE  
JORDSKIFTERETT

VOLDA KOMMUNE	
Saksnummer: 2015/1565	Avg: UTV
Leidning:	Sfs: TS
25 JUN 2015	
Arkivdel: BYGG	
Klassering P: 42/2	
Klassering S:	

Volda kommune

Saksnummer  
1510-2014-0021

Vår referanse  
700/2015

Vår dato  
24.06.2015

**Sak 1510-2014-0021 Aarset, gnr. 42**

Jordskifteretten viser til melding om sak datert 17.09.2014. Saken gjelder eiendommene gbnr 42/2 og gbnr 42/2/10

På vegne av partene søkes det om delingsløyve for eiendommen gbnr 42/2/10 i Volda kommune. Eiendommen skal fradeles hovedbruket i forbindelse med innløsning av festekontrakt datert 01.09.1984 som del av jordskiftesak 1510-2014-0021. Det ble gjennomført rettsmøte den 17.06.15 der partene ble enige om en løsning på saken. Før en løsning kan gjennomføres må det foreligge fradelingsløyve fra kommunene.

Partene er enig om eiendommens utstrekning. Kartutkastet ligger ved.

Jordskifteretten vurderer det slik at det ikke er behov for nabovarsling i saken da ingen naboer blir berørt.

Med hilsen  
Sunnmøre jordskifterett

*Sen-Ann M. Aarstad*

*for*

Axel Bjørklid  
Jordskiftedommer  
Tlf. direkte innvalg: 70048185


Kopi av brev til partene.


Postadresse  
Postboks 102  
6151 Ørsta

Besøksadresse  
Strandgt. 5 A  
6150 Ørsta

Telefon 70048180  
Telefax 70048181  
sunnmøre.jordskifterett@domstol.no

www.jordskifte.no  
Bedriftsnr. 974 745 674





DISPOSISJONSPLAN FOR HYTTER PÅ ÅRSET.  
 GNR 42, BNR 2.  
 JFR. VEDTEKT TIL §82 I BYGNINGSLOVAV.  
 TEIKNINGSKLARING:  
 PLANRUGREIENING,  
 TILKOMSTVEG, BILVEG,  
 DRIFTSVEG/GANGVEG,  
 STI (klikk eller bånd),  
 EKISTERANDE BYGG,  
 NYE HYTTEPUNKT,  
 BRUNN / VASSKJELDE  
 JORDBRUK/SKOGBRUK  
 FRILUFTSOHMÅDE  
 ÅVGNENSINAV UTMYTTINGFORMÅL

VOLDA KOMMUNE 11/11-81  
 ÅRSET REVIDERT 16/05-83  
 M 1:2000 — 30/08-83

Konstruert av NORKART AS  
 etter fotografier oppatt 1961  
 Bilde målestokk: 1:15000

270

BYGSLEKONTRAKT

Aarseth, 1. september 1984

Bygslekcontrakt fra Kaspar Aarseth til Kari og Reidar Leinebø og deres livsarvinger.

- tilt hytte- 1. Kontrakten gjelder parsellen Brauta på gården Aarseth  
bunkefeste nr. 10 i Volda kommune, gr. 42 br. 2, samt båtopptrekk og  
1/4gnr.42, bnr.2 i båtfeste i østre enden av Flædaa.  
Volda.
- Brauta er begrenset av gårdsvei i nordøst, atlegg og knaus i sørøst og stup mot sjø og atlegg i sør til vest.
2. Vei til sjø går etter gårdsvei og langs stup på østre side av atlegg.
3. Brauta har rett til brønn i Ledet og rett å hente vann der.
4. Veirett for bil har parsellen i nåværende gårdsvei. Parsellen har samme rett i eventuell ny vei. Eier av hovedbruket skal opparbeide en parkeringsplass utenom det bygslede området.
5. Bygslekcontraktens varighet er 50 år, med rett til fornyelse etter avtale med eier.
6. Ved salg til andre enn livsarvinger skal eier godkjenne salget. Dersom eier ikke godkjenner salget har han plikt å kjøpe etter markedstakst fastsatt av offentlig myndighet.
7. Parsellen har rett til fremføring av linjer for strøm og telefon.

8. Parsellen har rett til legging av ledninger på hovedbruket for vann og kloakk i henhold til godkjent plan fra teknisk etat i Volda kommune.
9. Dersom det ikke blir gitt tillatelse til bygging av naust i østre enden av Flædaa, skal parsellen Brauta ha rett til del i eventuelt fellesnaust for en båt. Parsellen har da bruksrett i vei til fellesnaust.
10. Bygslebeløpet settes til kr. 300,- pr. år og kan innbetales til eieren i sin helhet med kr. 15.000,- for bygsletiden på 50 år.
11. Parsellen har gjerdeplikt etter avtale med eieren av hovedbruket.

Nordfjardeid, 7. september 1984

*Kaspar Aarseth*  
 Kaspar Aarseth, eier

Kaspar Aarseth har undertegnet i vårt nærvær og er over 20 år

*Kasper Lien*  
 Navn  
 Alder *62* år  
 Adr. *Nordfjardeid*

*Magnus Grotte*  
 Navn  
 Alder *30* år  
 Adr. *Svortevik*

Fyllingsdalen, 5. september 1984

*Kari Leinebø*  
 Kari Leinebø

*Reidar Leinebø*  
 Reidar Leinebø

Kari og Reidar Leinebø har undertegnet i vårt nærvær og er over 20 år.

*Jorunn Nygård*  
 Jorunn Nygård  
 Alder *31* år  
 Adr. *HJ. BRANTINGS VEI 6A*  
*5033 FYLLINGSDALEN*

*Helge Jacobsen*  
 Helge Jacobsen  
 Alder *35* år  
 Adr. *HJ. BRANTINGS VEI 6A*  
*5033 FYLLINGSDALEN*


*Livs arvinger:*  
*Vef Leinebø*  
*Ola Leinebø*

TINGLYST pb. 158A

Gebyr betalt med kr. 270,-

Dok. avgift betalt med kr. 0

Merknad etter tgl. § 11:





Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/1515	Avd. Utv
Løpnr.	Shs. Torgste
18 DES 2015	
Arkivnr. 3966	
Klassering P. 42/2	
Klassering S.	

**Volda kommune**  
**Frådeling av hyttetomt gnr42 bnr2**  
**Dispensasjon frå kommuneplan - hytteplan Årset**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**

Saka gjeld frådeling av ei bebygd hyttetomt (festetomt) på 1,8 dekar. Ifølgje kommunen er det aktuelle området i disposisjonsplan for hytter på Årset avsett til «friluftsområde», og det er fleire eksisterande hytter og hyttepunkt innanfor dette området.

**Konklusjon**

1,8 dekar er stort for å vere hyttetomt. Det er fleire hytter i området, og området burde regulert dersom det er aktuelt med vidare utbygging.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde  
Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Hei,

Syner til oversendt søknad om frådelling til hyttetomt på gbnr 42/2, Årset, Volda kommune.

Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådelling. Vår merknad må sjåast i lys av dette. Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådelling. Konkrete planar for tomta bør følge med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.

Kulturavdelinga er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Me ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som til dømes konsentrasjonar av kol eller steinsettingar, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

Med venleg helsing

Johanne Ranvik  
Arkeolog/rådgviar  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Tlf. 71 25 88 40





Volda kommune

postmottak@volda.kommune.no

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2015/1290	10380/2015	SKAARA	1519/42/2	11.08.2015

**1519 GNR/BNR 42/2 - SØKNAD OM DELING AV HYTTETOMT PÅ ÅRSET -  
BERNHARD REKKEDAL - JORDLOVSHANDSAMING MED SAKSUTGREIING OG  
FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Oversending av tekst for integrering i felles sak for politisk handsaming.  
Saka gjeld: Handsaming etter jordlova  
ePhorte saksnummer i Volda: 2015/1565

**1519 gnr/bnr 42/2**

Tilråding til vedtak:

**Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:**

Det vert vist til søknad frå Sunnmøre Jordskifterett for partane i jordskiftesak 1510-2014-0021 om deling av hyttetomt på 1,8 daa frå gnr 42 bnr 2 i Volda.

Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådelinga av hyttetomt på inntil 1,8 daa frå eigedomen gnr 42 bnr 2. Grunngevinga er at delinga ikkje ser ut til å svekkje ressursgrunnlaget for eigedomen i særleg grad, og ikkje er til ulempe for landbruksdrift.

**Saksvedlegg:**

1. Brev frå Sunnmøre Jordskifterett, dagsett 24.06.2015
2. Førebels svar frå Volda kommune, dagsett 20.07.2015

**Samandrag av saka:**

Det vert søkt om frådeling av festetomta 42/2/10, frå gnr 42 bnr 2 i Volda.

**Saksopplysningar:**

Søknaden er dagsett 24.06.2015, og innstempla i Volda kommune 25.05.2015. Volda kommune har sendt ut førebels svar 20.07.2015. Landbrukskontoret har motteke saka frå Volda kommune for handsaming etter jordlova.

Utdrag av brevet frå jordskifteretten: ”Jordskifteretten viser til melding om sak datert 17.09.2014. Saken gjelder eiendommene gbnr 42/2 og gbnr 42/2/10. På vegne av partene søkes det om delingsløyve for eiendommen gbnr 42/2/10 i Volda kommune. Eiendommen skal fradeles hovedbruket i forbindelse med innløsning av festekontrakt datert 01.09.1984 som del av jordskiftesak 1510-2014-0021. Det ble gjennomført rettsmøte den 17.06.15 der partene ble enige om en løsning på saken. Før en løsning kan gjennomføres må det foreligge fradelingsløyve fra kommunene. Partene er enig om eiendommens utstrekning. ... ”

Ein har altså punkt feste på hovudbruket med nemninga 42/2/10, og ein vil no endre frå punkt feste til frådelt tomt. Festenummer 10 vart oppretta i 1986.

Bernhard Rekkedal er eigar av gnr 42 bnr 2. Eigedomen er ut frå gardskartet totalt på 676 daa – fordelt på 4 teigar. Fordeling i daa på ulike markslag:

Full-dyrka jord	Overflate-dyrka jord	Innmarks-beite	Skog særst hög bonitet	Skog hög bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be-bygd	Ikkje klassifisert
15,9	4,8	5,3	0	22,9	169,1	132	230,5	0	10,9	84,9	0,1	0

Ut frå matrikkelen har eigedomen våningshus, 4 driftsbygningar for landbruk/husdyr, naust, garasje, 2 hytter og 2 sel. Det kan godt vere at denne lista ikkje er komplett.

Søknaden gjeld frådeling av ei festetomt til frådelt hyttetomt på 1,8 daa. Punkt festet/hytta ligg ut på neset.


Av kartet går det fram at det over tid er frådelt om lag 13 hyttetomter frå hovudbruket og oppretta 3 festetomter.

Etter det vi veit så er det ikkje sjølvstendig drift på 42/2 for tida.

Arealet det vert søkt på er i kommuneplanen LNF-område.

Tomta ein søker på ligg mot eit mindre dyrka areal i vest og ein eldre driftsveg i nord. Arealet er i hovudsak registrert som skogsmark av låg bonitet.


Tomta er på 1,8 daa der



Skjermdump frå gardkart (NIBIO) som syner teigane til 42/2.

storleik og utforming som partane (eigar og kjøpar) har vorte samde om i rettsmøte i Jordskifteretten.

Ein har ved søk i kartbasane ikkje funne spesielle verdier i området.



Skjermdump frå Kilden (NIBIO) der ein har prøvd å omtrentleg markere tomta.

### Vurdering og konklusjon:

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

*Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.*

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.*

*Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)*

I dette tilfellet er omsøkte hyttetomt ikkje registrert som dyrka mark, og ein finn ikkje informasjon om at jorda er dyrkbar. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9 Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulempar i høve landbruk.

I denne saka søkjer ein om frådeling av ei hyttetomt på 1,8 daa. No er dette eit punktfeite. Ut frå opplysningane som ligg føre er festetomta ikkje bebygd.

Vurderinga skal sjå til at eigedomen etter ei deling har nok ressursar for ei framtidig drift, og ikkje vert vesentleg svekkja.

Av kartet går det fram at hovudbruket har fått delt frå ei rekkje tomter til fritidsføremål. Omfanget er så stort at landbrukseigedomen er svekka ressursmessig. Ein må stille spørsmål til om ikkje ein her burde sett krav til regulering. Ein forstår det slik at slikt krav til kome dersom nye delingar vert aktuelt.

Ein må og påpeike storleiken på tomta. Normalt ønskjer ein ikkje hyttetomter over 1 daa. Plasseringa er og uheldig då tomta vert liggjande som ei øy i hovudbruket.

Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ein ikkje vil gå imot ei deling. Storleiken og plasseringa er ikkje god med omsyn til hovudbruket sine ressursar, slik at eit løyve vert tilrådd under tvil. Men ein legg avgjerande vekt på at ein har hatt eit festepunkt i fleire tiår og at eigedomen frå før er sterkt svekka av frådelingar.

Ørsta, 11.08.2015

Liv Bente Viddal  
seksjonsleiar

Børild Skåra  
rådgjevar



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Elisabeth Busengdal/ P. Heltne      Arkivsak nr.: 2015/732  
Arkivkode: 92/3

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/16	Forvaltningsstyret	14.01.2016

### SAKSFRAMLEGG- DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN FRÅDELING HYTTETOMTER HELSET GBR 92/3

#### Administrasjonen si tilråding:

*Forvaltningsstyret finn at omsøkte deling og planlagt driftsstruktur for garden og turistverksemda vil vere positivt både for å sikre busetnad og næringsaktiviteten i området, og gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Bjørkedalen for frådeling av bebygde hyttetomter og nausttomt frå gnr 92 bnr 3 i samsvar med søknad.*

#### Vedleggsliste:

Søknad med vedlegg.  
Merknadar ved høyring  
Jordlovshandsaming –Forvaltningsstyret sak 41/15

#### Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Bjørkedalen

#### Samandrag av saka:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Bjørkedalen. Området er regulert til LNF- sone B med høve til oppføring av utleiehytter. Det er tidlegare oppført utleiehytter i området og det er no søkt om frådeling av tre bebygde tomter på gbr 92/3. ( Ei tomt på ca 600 m2, ei hyttetomt på ca 800 m2 og ei nausttomt på ca. 1.400 m2 )

Søknaden er tidlegare handsama etter jordlova (forvaltningsstyret sak 41/15 den 09.06.2015) og det er gitt løyve til deling etter denne.

Kommunen har i ettertid motteke brev frå fylkesmannen - datert 12.06.2015 der det vert poengtert at søknaden - slik han ligg føre - krev handsaming som dispensasjon frå kommuneplanen og skal sendast på høyring til relevante sektorstyresmakter.

Slik høyring er seinare gjennomført.

Fylkesmannen rår i sin uttale til saka frå at dispensasjon vert gitt då dette er i strid med planintensjon og også vil kunne ha presedens for liknande saker i kommunen.

Administrasjonen finn likevel ut frå tidlegare vedtak i sak 41/15 der omsynet til landbruksinteressene vart vurdert å kunne tilrå dispensasjon frå kommuneplan for deling slik omsøkt.

### **Saksopplysningar:**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommunedelplan Bjørkedalen for frådeling av to bebygde hyttetomter og ei nausttomt frå gnr 92 bnr 3.

På dei aktuelle tomtene er det allereie oppførte utleiehytter og naustbygg.

Hyttene vert nytta til turist/reiselivsformål og var i si tid sett opp tiltenkt å skape ei ekstra inntekt til gardsbruket 92/3.

Formålet med frådelinga er no å skilje turistnæringa i frå gardsdrifta for komande generasjonsskifte. Det er meininga å oppretthalde drifta av turistnæringa.

Landbrukseigedomen vert leigt bort til gbnr 92/2 som driv med sau og slaktedyr.

Søkjjar understrekar at utleiehyttene ikkje er ei viktig tilleggsnæring for bruket, og er dermed ikkje ein vesentleg del av ressursgrunnlaget (sjå eige vedlegg der eigar av 92/3 gjer nærare greie for den deling som er søkt om).

Volda kommune har gitt løyve til deling etter jordlova, jf vedtak i Forvaltningsstyret i sak 41/15.

Fylkesmannen har etterspurt handsaming av saka også som dispensasjon i høve til kommuneplan.

I brev av 29.05.2015 heiter det såleis m.a:

*"Det går ikkje fram av saksutgreiinga til sak 41/15 at dei frådelte hyttene skal leggjast til andre gardsbruk. Idet delinga ikkje skjer til fordel for annan gardsdrift, legg Fylkesmannen til grunn at tiltaket er i strid med føresegnene i kommuneplanen.*

*Løyve til deling føreset derfor også grunngjeven søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2. Vidare må ein slik søknad sendast på høyring til relevante sektorstyresmakter, jf. plan- og bygningslova § 19-1. Dersom kommunen har merknader til denne vurderinga av det juridiske plangrunnlaget, imøteser vi dette saman med oversending av saksdokumenta. Løyve til deling føreset derfor også grunngjeven søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2."*

Saka har etter det vore sendt på høyring. Som grunngitt søknad om dispensasjon vert vist til tidlegare søknad, jf brev frå adv. Lars E. Sande og tilleggs skriv frå søkjar Jakob Helset i brev av 5.06.2015.

Ved høyring har ein motteke fylgjande uttale/merknader:

**Bjørkedal Grendautval:**

*"For Grendautvalet er det viktig å sikre busetnaden i bygda og legge tilhøva til rette for alle former for næringsverksemd. Vi oppmodar derfor Volda kommune om å gjere eit vedtak i saka som legg til rette for auka busetnad og mest mogleg aktivitet i Bjørkedalen."*

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal:**

*"Etter Fylkesmannen si vurdering framstår det som klart at LNF-B-2 områda er oppretta for å styrkje driftsgrunnlaget for eksisterande landbruksverksemd. Frådeling til andre formål eller sjølvstendige matrikkeleiningar bryt derfor med omsyna bak arealdisponeringa, jf. plan- og bygningslova § 19-2.*

*Det går fram av kommunen si oversending at formålet med tiltaket er å skilje tilleggsnæringa frå garden for komande generasjonsskifte, men at turistnæringa skal*

*opprethaldast. Fylkesmannen legg derfor til grunn at formålet i planen om å understøtte gardsbruket framleis gjeld med styrke, sjølv om inntektsgrunnlaget frå hyttene har vore mindre dei siste åra.*

*Fylkesmannen peikar også på at frådeling av hytter innanfor LNF-B-2 området på Helset, kan få presedensverknader for dei andre tilsvarande områda i kommunedelplanen for Bjørkedal og eventuelt andre stadar i Volda kommune. Ei slik utvikling av LNF-B-2 områda er uheldig ut frå landbruksinteressene og den måten kommuneplanlegginga for slike område er innretta.*

*Ut frå omsyna ovanfor vil Fylkesmannen rå frå at kommunen gjev dispensasjon for frådeling av dei tre utleiehyttene innanfor LNF-B-2-området. I den grad kommunen meiner at arealet er eigna for alminnelege fritidshytter eller turistnæring utan tilknytning til landbruk, bør slike arealbruksendringar eventuelt gjerast gjennom rullering av gjeldande plan.”*

### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunen er samd i fylkesmannen sin argumentasjon om at slike arealbruksendringar i hovudsak bør gjerast gjennom rullering av gjeldande plan. Kommunen skal i 2016 i gang med rullering av arealdelen i heile kommunen, dette vil verte ein tidkrevjande prosess. I dette tilfellet vurderer kommunen det som uheldig for tiltakshavar å måtte vente på ei slik rullering. Kommunen ynskjer derfor å tilrå dispensasjon frå kommunedelplan til frådeling av hyttetomter på Helset.

Saka er tidlegare handsama i forvaltningstyret, der det er gitt løyve til deling. Jf samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret sak 41/15 der det heiter:

*”Det vert vist til søknad om deling frå Jakob Helset, motteke 11.03.2015. Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådeling av to tomter med 1 og 2 utleiehytter frå eigedommen Helset gnr 92 bnr 3.*

*Grunngjevinga er at dei tre utleiehyttene vert vurdert til å vere uvesentlege som tilleggsnæring for bruket.”*

Kommunen vurderer det som positivt at søkjar ynskjer å oppretthalde næringsverksemd i Bjørkedalen, både at det er drift av jordbruksareala på gnr 92 bnr 3, gjennom utleige til gnr 92 bnr 2, og at ein ønskjer å drive turistnæringa vidare gjennom etablering av eit eige as. Kommunen ser det som positivt at eigar av gardsbruk 92/3 slik prøvar å leggje til rette for å sikre drifta både av garden, hyttene/servicebygget og båtbyggingsverksemda i samband med generasjonsskifte.

Kommunen vurderer frådelinga som ikkje å ha vesentleg innverknad på sjølve jordbruket, sjølv om ei frådeling truleg vil svekke ressursgrunnlaget til gbr 92/3 noko, jf vedtak i forvaltningsstyret sak 41/15.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen særskilde endringar ved tiltaket, jf tilråding til vedtak.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Tiltaket har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen vesentlege.

.....  
Jørgen Vestgarden  
Utviklingssjef


**Utskrift av endeleg vedtak:**

adv. Lars E.Sande, postboks 58, 6101 Volda  
Jakob Helset Nørdalsvegen 51 6120 Folkestad  
Utvikling – T.Stensøe  
Landbrukskontoret Volda-Ørsta  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal Fylkeskommune

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal





Side 233








# Se eiendom

informasjon fra matrikkel og grunnboken

31/01 2015





Side 236



# Se eiendom

informasjon fra matrikkel og grunnboken

12/02 2015



Side 237

ADVOKAT  
**LARS E. SANDE**

Volda kommune  
Stormyra 2

6100 VOLDA

Volda, 13.11.2012

**SØKNAD OM FRÅDELING – REKVISISJON AV KARTFORRETNING – GNR. 92  
BNR. 3 I VOLDA.**

Påvegne av Jakob Helset følger vedlagt:

1. Søknad om frådelling av ein hyttetomt på ca 600 m<sup>2</sup> frå gnr. 92 bnr. 3 i Volda

Parsellen som vert søkt frådelt er vist på vedlagte kart der parsellen er skravert med blått.

Parsellen ligg i området som i flg. kommunedelplanen er utlagt til byggeområde (hytteområde). På parsellen er i samsvar med byggeløyve, oppført hytte.

Parsellen grensar til hovudbruket på alle kantar og det er derfor ikkje utsendt nabovarsel.

2. Søknad om frådelling av ei hyttetomt på ca 800 m<sup>2</sup> og ei nausttomt på ca. 1.400 m<sup>2</sup> frå gnr. 92. bnr.3.

Parsellane som er søkte frådelt er viste på vedlagte kart der parsellane er skraverte med raudt

Parsellen ligg i området som i flg. kommunedelplanen er utlagt til byggeområde (hytteområde og service/turisme.) På parsellane er i samsvar med byggeløyve, oppført hytter og servicebygg..

Parsellen ved sjøen grensar til gnr. 92 bnr. 7, jfr. vedlagte nabovarsel og til kommunal veg. Det er ikkje sendt særskilt nabovarsel til Volda kommune.

Eg legg ved oversiktskart der parsellane er avmerka.

Når det no vert søkt om frådelling av område som i dag vert nytta i Jakob Helset si turistverksemd, har dette samanheng med det generasjonsskifte Jakob Helset er i ferd med å gjennomfør.

Delinga vil elles vere forsvarleg resursmessig og den vil ikkje skape drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

Med helsing

  
Lars E. Sande

Vedlegg

---

**Postadresse:**

Postboks 58  
6101 Volda

**E-post:**

post@advokatsande.no

**Telefon:**

70 07 74 00

**Heimeside:**

www.advokatsande.no

**Telefaks:**

70 07 67 53

**Kontoradresse:**

Halkjelsgata 1 (2. etg. Nordea bank)  
6100 Volda

**Organisasjonsnr.:**

871 465 142 MVA

Jakob Helset  
Nørdalsvegen 51  
6120 Folkestad

Bjørkedal 05.06. 15

Volda kommune  
Forvaltningsstyret  
Stormyra 2  
6100 Volda

SAK 41/15 SØKNAD OM FRÅDELING AV 3 UMLEIGEHYTTTER PÅ GBR 92/3,HELSET  
JORDLOVSHANDSAMING

Eg må seie at eg vart skuffa over den negative sakshandsaminga, og avslag på søknaden frå landbrukskontoret i Ørsta.

Avslaget byggjer på at dei tre utleiehyttene vert vurdert til å vere viktig tilleggsnæring for bruket, og dermed ein vesentleg del av ressursgrunnlaget, og kan såleis ikkje frådelast bruket.

Sakshandsamar har tydelegvis mistolka mine intensjonar og planar for framtida og for bruket. Eg hadde håpa på at eg skulle sleppe å gå i detaljar offentleg om privatlivet, og dei framtidige planar. Ein kort samtale mellom meg og sakshandsamar ville truleg vore avklarande.

Eg har ikkje høyrte noko om saka før i dag, og no er tida knapp. At saka skulle opp i forvaltningsstyret 9/6 fekk eg vite av ein kjenning.

Eg har livberga meg og bygd opp denne garden. Siste 40 åra ilag med kona mi som er 70 år, eg er 78. Vi dreiv garden med husdyr til eg var godt over pensjonsalder. Vi er begge opptekne av å halde garden velstelt, og innan familien. Fjøsene og gardsdrifta leiger vi no bort til ein nabo og slektning. Båtbygging og hytteutleige driv vi sjølve. Vi har to born, ein son på 38 år og ei dotter på 36. Begge kan av helsemessige årsaker ikkje drive med husdyr og gras (allergi). Vi er besteforeldre til to gutar på 4 og 7 år.

Spørsmålet vårt var då korleis kan ein då best sikra drifta både av garden, hyttene/servicebygget og båtane, og samtidig prøva å sikre busetnaden i bygda.

Vi hamna då på fylgjande plan:

Garden leiger vi bort som før til Erlend Helset som driv med sau og slaktedyr. Han er ikkje innteressert i å drive med reiseliv i tillegg.

Av reiselivet dvs. hyttene/servicebygget og båtane lagar vi eit A/S med tre aksjonerar. Eg med 34% og dei to «borna» våre 33% kvar. Selskapet vert drive av familien.

Så er det avtalt at den av dei to borna våre som overtek garden og pliktene der skal ha hovudhuset på bruket. Her bur Sissel dottera vår i andre etasje i dag. Sonen vår Nils Anders får den einsele

frådelte hytta skøytt over til seg. Hytta går inn i utleigedelen av aksjeselskapet når han ikkje brukar den. Så er det vidare meininga at dei byter jamt hytte mot hus alt etter kven som overtek garden.

Dette vert såleis gjort i eit forsøk på å sikre framleis drift og busetting i området. Då er det feil å bruke jordlova slik denne sakshandsamaren har gjort.

Elles så undrar det meg kvar påstanden om at ein vesentleg del av driftsgrunnlaget til bruket stammar frå utleiehyttene kjem i frå.

Driftsresultat for 2014	+ kr 13249,-
Minus eigedomskatt	kr 4710,-
Overskot til privat bruk	kr 8539,-

Kan og nemne at eg søkte om dyrkingstilskot for det som no er dyrka bak hyttene. Søknaden vart avslegen av landbrukskontoret fordi det ikkje var lønsamt.

Elles så merkar eg meg at det var lettare for eit tysk par å få frådelt ei hyttetomt i same området i 1998 enn kva det er i dag til sine egne etterkomarar , i nærings samanheng.

Til slutt eit hjartesukk: Heilt sidan eg starta i Bjørkedalsprosjektet, med utvikling og næringsverksemd, har eg møtt byråkratiet.

Det har ikkje alltid vore nokon lett veg. Difor tenkte eg at eg ville spare etterkomarane mine for mykje bry med å leggje til rette for neste generasjonar. Men den gang ei !

Med helsing Jakob Helset





**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Jakob Helset

Nørdalsvegen 51  
6120 FOLKESTAD

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/732	6288/2015	92/3	SVK/ BK	12.06.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - SØKNAD OM FRÅDELING AV 3  
UTLEIGEHYTTTER PÅ HELSET - JORDLOVSHANDSAMING**

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 09.06.2015, hadde føre ovannemnde som sak 41/15, der det vart gjort slikt vedtak:

**Jordlova - frådeling etter § 12, vedtak:**

*Det vert vist til søknad om deling frå Jakob Helset, motteke 11.03.2015. Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådeling av to tomter med 1 og 2 utleigehytter frå eigedomen Helset gnr 92 bnr 3.*

*Grunngjevinga er at dei tre utleigehyttene vert vurdert til å vere uvesentlege som tilleggsnæring for bruket.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel  
førstesekretær

Kopi til:

Landbrukskontoret Ørsta/Volda	Dalevegen 6	6150	ØRSTA
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	Molde

---

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058887	Telefaks: 70058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-----------------------	---	----------------------------

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Børild Skåra

Arkivsak nr.: 2015/732

Arkivkode: 92/3

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/15	Forvaltningsstyret	09.06.2015

## SØKNAD OM FRÅDELING AV 3 UTLEIGEHYTTER PÅ GBR 92/3, HELSET - JORDLOVSHANDSAMING

### **Handsaming:**

*Skriv frå Jakob Helset var delt ut i starten på møtet.*

*Jan Heltne, Kardis Hasfjord og Hild Våge vart samde om fylgjande endringsframlegg:*

#### Jordlova - frådeling etter § 12, vedtak:

*Det vert vist til søknad om deling frå Jakob Helset, motteke 11.03.2015. Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådeling av to tomter med 1 og 2 utleigehytter frå eigedomen Helset gnr 92 bnr 3.*

*Grunngjevinga er at dei tre utleigehyttene vert vurdert til å vere uvesentlege som tilleggsnæring for bruket.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk null røyster og fall. Framlegget frå Heltne, Hasfjord og Våge vart vedteke med fem (5) røyster.

### **Samrøystes vedtak i Forvaltningsstyret - 09.06.2015**

#### Jordlova - frådeling etter § 12, vedtak:

*Det vert vist til søknad om deling frå Jakob Helset, motteke 11.03.2015. Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådeling av to tomter med 1 og 2 utleigehytter frå eigedomen Helset gnr 92 bnr 3.*

*Grunngjevinga er at dei tre utleigehyttene vert vurdert til å vere uvesentlege som tilleggsnæring for bruket.*

### **Administrasjonen si tilråding:**

#### Jordlova - frådeling etter § 12, vedtak:

*Det vert vist til søknad om deling frå Jakob Helset, motteke 11.03.2015. Med heimel i jordlova § 12 vert det ikkje gitt løyve til frådelling av to tomter med 1 og 2 utleiehytter frå eigedomen Helset gnr 92 bnr 3. Grunngevinga er at dei tre utleiehyttene vert vurdert å vere viktig tilleggsnæring for bruket, og dermed ein vesentleg del av ressursgrunlaget til bruket.*

### **Vedleggsliste:**

1. Søknad om deling frå Jakob Helset med vedlegg, dagsett 07.09.2014
2. Høyingsbrev frå Volda kommune, dagsett 19.12.2014

### **Samandrag av saka:**

Eigar av gnr 92 bnr 3 i Volda, Jakob Helset, søker om å få dele frå 3 hytter og turistanlegg frå landbrukseigedomen.

### **Saksopplysningar:**

Søknaden er innstempla i Volda 11.03.2015. Volda kommune har i e-post 30.03.2015 bedt Landbrukskontoret Ørsta/Volda om å handsame søknaden etter jordlova.

Vedlagt søknaden ligg og brev frå Advokat Lars E. Sande. Nedanfor er delar av brevet sitert:

”

1. *Søknad om frådelling av ei hyttetomt på ca 600 m<sup>2</sup> frå gnr 92 bnr 3 i Volda. Parsellen som vert søkt frådelt er vist på vedlagte kart ..... Parsellen ligg i området som iflg. kommunedelplanen er utlagt til byggeområde. ... oppført hytte. ....*
2. *Søknad om frådelling av ei hyttetomt på ca 800 m<sup>2</sup> og ei nausttomt på ca 1.400 m<sup>2</sup> frå gnr 92 bnr 3.*

*Parsellane som er søkte frådelt er vist på vedlagte kart ....*

*Parsellane ligg i området som i flg kommunedelplanen er utlagt til byggeområde (hytteområde og service/turisme). På parsellane er i samsvar med byggeløyve, oppført hytter og servicebygg.*

*..... Når det no vert søkt om frådelling av område som i dag vert nytta i Jakob Helset si turistverksemd, har dette samanheng med det generasjonsskifte Jakob Helset er i ferd med å gjennomføre.*

*Delinga vil elles vere forsvarleg resursmessig og den vil ikkje skape drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.”*

Helset gnr 92 bnr 3 ligg i Bjørkedalen. Ut frå gardkartet er eigedomen totalt på 451 daa – fordelt på 6 teigar. Fordeling i daa på ulike markslag:

Full- dyrka jord	Overflate- dyrka jord	Innmarks- beite	Skog sær- høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduk- tiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd	Ikkje klassi- fisert
36,7	0	24,1	0	189,9	146,3	19,3	14,7	3,5	2,6	6,5	7,1	0

Ut frå matrikkelen har eigedomen våningshus, løde, to bygg for turisme/næring, to naust og 3 hytter. Her kan det vere at lista ikkje er komplett.

Søknaden gjeld frådelling av 3 areal; areal for turisme/service på 1,4 daa, areal med ei hytte på 0,6 daa og areal med to hytter på 0,8 daa.

Arealet på 1,4 daa kor det no står eit turist-/servicebygg ligg på areal som i kommunedelplanen er avsett til turisme/service. Då arealet ikkje er LNF-område vert ikkje denne delinga å handsame etter jordlova.

Dei to hyttetomtene vert å handsame etter jordlova då arealet her er LNF-B. Det vil seie LNF-område der ein har høve til å spreidd busetnad på visse vilkår.

Tomta på 0,6 daa (Nørdalsvegen 56) består i 0,1 daa fastmark og 0,5 daa uproduktiv skog. Tomta på 0,8 daa (Nørdalsvegen 58 og 60) består i 0,6 daa fastmark og 0,2 daa fulldyrka mark.

Båe tomtene har vegtilknytning. For å kome til den minste tomte må ein køyre over den største tomte. Ein føreset at ein sikrar vegrett til tomtene.

Andre registreringar:

Tomtene ligg like nord for Helsetnakken som er naturtype svært viktig kalkskog.

Tomtene ligg på lausmassar frå brelvavsetning.

Det har tidlegare vorte delt frå ei hyttetomt frå eigedomen. Det vart gjort i formannskaps sak nr 37/98 i 1998 og tomte fekk bnr 11. Tomta er på 0,5 daa og ligg like sørvest for dei to tomtene ein søkjer på no. Det vart gitt løyve til deling etter jordlova, men det var då ei ubebygde tomt som har vorte bebygde i ettertid. Tomta har og i ettertid skifta eigar.

Gnr 92 bnr 3 hadde på søknadstidspunktet ikkje sjølvstendig drift. Jordbruksareala - dyrka jord og beita - er leigd bort til gnr 92 bnr 2.



Tomta med turismeanlegget nede ved vatnet er sett av til turisme (blå farge).

Areala med hyttene er i kommunedelplanen LNF-område.

Hyttetomta ligg i god avstand til tun, men inn til dyrka jord. Tomta med 2 hytter ligg delvis inn på dyrka jord og ein må pårekne jordbruksaktivitet heilt inn til hyttene.


Tomtene har Helsetnakken i sør. Tilkomsten vert på eksisterande veg til hyttene.

For landbruket har ein her jordbruksinteresser med dyrka

	<p>Frådeling. Utsnitt frå kommuneplanen (Skjermdump sunnmorskart)</p> <p>Turismeanlegg</p> <p>To tomter med 1 og 2 hytter.</p>
	<p>Frådeling. Utnitt frå kart.</p> <p>Dyrka jord har orange farge og innmarksbeite har svak gul farge.</p> <p>pil: Dei to tomtene ligg her</p>

jord (0,2 daa) som vert innlemma i den største tomte med 2 hytter.

Dei tre hyttene er ført opp som utleiehytter og har vore ein del av satsinga mot turisme på garden. Etter det vi veit har dette vore ein viktig del av ressursgrunnet på garden.



### **Vurdering og konklusjon:**

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

*Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.*

*Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.*

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.*

*Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)*

I dette tilfellet er litt dyrka areal med i arealet som er søkt delt. Dette er berre 0,2 daa, og utgjer kanten av eit dyrka areal som ligg inn til hyttene. Ein vurderer det slik at det ikkje er naudsynt med vedtak etter § 9; omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast slik at dei gjev ein tenleg og variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området, med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget. Det skal vidare leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper for landbruket.

Her går saka konkret på frådeling av to tomter med påståande hytter, 3 i alt.

<b>Tema:</b>	<b>Vurdering og drøfting:</b>
Vurdering av konsekvens for ressursgrunnlaget på eigedomen:	<p>Dette er ein landbrukseigedom med jordbruksareal og skogareal. Bruket har ikkje sjølvstendig drift knytt til husdyrhald i dag, og jordbruksareala vert leigd ut. Frådelinga vil ikkje ha vesentleg innverknad på jordbruket. Her må ein vurdere dei totale ressursane på garden. Vil ei frådeling av 3 utleiehytter ha negativ verknad for ressursane på bruket og vil det t.d. skape ulempe for drift av areala ikring tomte. Når ein her ikkje har hatt jordbruksdrift vil ein tru at tilleggsnæringa knytt til turisme har utgjort ein relativt stor del av næringsinntekta frå garden. Utleiehyttene må vurderast å utgjere ein stor del av ressursgrunnlaget for bruket.</p>
Vurdering av konsekvens for busetnad i området:	Delinga gjeld allereie oppførte utleiehytter.
Vurdering av konsekvens for drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrift:	Tomtene er plassert attmed eit mindre dyrka areal på 1,8 daa. Sjølv om arealet er lite må ein pårekne aktivitet knytt til drift av jorda. Storleiken gjer at aktiviteten vert avgrensa og truleg er risikoen for konflikt liten.

Konklusjonen ut frå vurderingane er at ei omdisponering kan akseptrast då det berre er snakk om 0,2 daa. Deling krev ei meir omfattande vurdering, der spørsmålet er om ei deling av utleiehyttene kan forsvarast ut frå ressursgrunnlaget på eigedomen. Desse vart i si tid bygd for å gi ein ekstra fot å stå på. Gardsdrifta er trappa ned og turismen har truleg fått større andel av den totale verdiskapinga på bruket.

Ei samanstilling av dei vurderingane som skal gjerast ut frå jordlova, tilseier at ei deling vanskeleg kan forsvarast, til det er hyttene som ressurs for garden for stor. Med heimel i jordlova tilrår difor ikkje løyve til deling her.

Landbrukskontoret vil ut frå dette ikkje tilrå dispensasjon frå LNF-sona i kommuneplanen.

Ørsta, 29.04.2015

Liv Bente Viddal  
seksjonsleiar

Børild Skåra  
rådgjevar jordbruk

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Jakob Helset, Nørdalsvegen 51, 6120 Volda  
Landbrukskontoret i Ørsta/Volda  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Volda kommune

postmottak@volda.kommune.no

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2015/770	6345/2015	SKAARA	1519/92/3	04.05.2015

**1519 GNR/BNR 92/3 - SØKNAD OM FRÅDELING AV 3 UTLEIGEHYTTER PÅ  
HELSET - JAKOB HELSET - JORDLOVSHANDSAMING MED SAKSUTGREIING OG  
FRAMLEGG FOR OVERSENDING TIL VOLDA KOMMUNE**

som vert oversendt Volda kommune for innlemming i sak der:

Saka gjeld: Handsaming etter jordlov  
ephorte saksnummer Volda: 2015/732

**1519 gnr/bnr 92/3**

Tilråding til vedtak:

**Jordlova - frådeling etter § 12, vedtak:**

Det vert vist til søknad om deling frå Jakob Helset, motteke 11.03.2015. Med heimel i jordlova § 12 vert det ikkje gitt løyve til frådeling av to tomter med 1 og 2 utleigehytter frå eigedomen Helset gnr 92 bnr 3. Grunngevinga er at dei tre utleigehyttene vert vurdert å vere viktig tilleggsnæring for bruket, og dermed ein vesentleg del av ressursgrunnlaget til bruket.

Utskrift til:

Jakob Helset, Nørdalsvegen 51, 6120 Volda

**Saksvedlegg:**

1. Søknad om deling frå Jakob Helset med vedlegg, dagsett 07.09.2014
2. Høyringsbrev frå Volda kommune, dagsett 19.12.2014



### Samandrag av saka:

Eigar av gnr 92 bnr 3 i Volda, Jakob Helset, søker om å få dele frå 3 hytter og turistanlegg frå landbrukseigedomen.

### Saksopplysningar:

Søknaden er innstempla i Volda 11.03.2015. Volda kommune har i e-post 30.03.2015 bedt Landbrukskontoret Ørsta/Volda om å handsame søknaden etter jordlova.

Vedlagt søknaden ligg og brev frå Advokat Lars E. Sande. Nedanfor er delar av brevet sitert:

”

1. *Søknad om frådelling av ei hyttetomt på ca 600 m<sup>2</sup> frå gnr 92 bnr 3 i Volda. Parsellen som vert søkt frådelt er vist på vedlagte kart ..... . Parsellen ligg i området som iflg. kommunedelplanen er utlagt til byggeområde. ... oppført hytte. ....*

2. *Søknad om frådelling av ei hyttetomt på ca 800 m<sup>2</sup> og ei nausttomt på ca 1.400 m<sup>2</sup> frå gnr 92 bnr 3. Parsellane som er søkte frådelt er vist på vedlagte kart ....*

*Parsellane ligg i området som i flg kommunedelplanen er utlagt til byggeområde (hytteområde og service/turisme). På parsellane er i samsvar med byggeløyve, oppført hytter og servicebygg.*

*..... Når det no vert søkt om frådelling av område som i dag vert nytta i Jakob Helset si turistverksemd, har dette samanheng med det generasjonsskifte Jakob Helset er i ferd med å gjennomføre.*

*Delinga vil elles vere forsvarleg resursmessig og den vil ikkje skape drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.”*

Helset gnr 92 bnr 3 ligg i Bjørkedalen. Ut frå gardkartet er eigedomen totalt på 451 daa – fordelt på 6 teigar. Fordeling i daa på ulike markslag:

Full- dyrka jord	Overflate- dyrka jord	Innmarks- beite	Skog sær- høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduk- tiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd	Ikkje klassi- fisert
36,7	0	24,1	0	189,9	146,3	19,3	14,7	3,5	2,6	6,5	7,1	0

Ut frå matrikkelen har eigedomen våningshus, løde, to bygg for turisme/næring, to naust og 3 hytter. Her kan det vere at lista ikkje er komplett.

Søknaden gjeld frådelling av 3 areal; areal for turisme/service på 1,4 daa, areal med ei hytte på 0,6 daa og areal med to hytter på 0,8 daa.

Arealet på 1,4 daa kor det no står eit turist-/servicebygg ligg på areal som i kommunedelplanen er avsett til turisme/service. Då arealet ikkje er LNF-område vert ikkje denne delinga å handsame etter jordlova.

Dei to hyttetomtene vert å handsame etter jordlova då arealet her er LNF-B. Det vil seie LNF-område der ein har høve til å spreidd busetnad på visse vilkår.

Tomta på 0,6 daa (Nørdalsvegen 56) består i 0,1 daa fastmark og 0,5 daa uproduktiv skog. Tomta på 0,8 daa (Nørdalsvegen 58 og 60) består i 0,6 daa fastmark og 0,2 daa fulldyrka mark.

Båe tomtene har vegtilknytning. For å kome til den minste tomte må ein køyre over den største tomte. Ein føreset at ein sikrar vegrett til tomtene.

Andre registreringar:

Tomtene ligg like nord for Helsetnakken som er naturtype svært viktig kalkskog.

Tomtene ligg på lausmassar frå brelvavsetning.

Det har tidlegare vorte delt frå ei hyttetomt frå eigeiendomen. Det vart gjort i formannskaps sak nr 37/98 i 1998 og tomta fekk bnr 11. Tomta er på 0,5 daa og ligg like sørvest for dei to tomtene ein søker på no. Det vart gitt løyve til deling etter jordlova, men det var då ei ubebygde tomt som har vorte bebygd i ettertid. Tomta har og i ettertid skifta eigar.

Gnr 92 bnr 3 hadde på søknadstidspunktet ikkje sjølvstendig drift. Jordbruksareala - dyrka jord og beita - er leigd bort til gnr 92 bnr 2.

Tomta med turismeanlegget nede ved vatnet er sett av til turisme (blå farge).




Areal med hyttene er i kommunedelplanen LNF-område.

Hyttetomta ligg i god avstand til tun, men inn til dyrka jord. Tomta med 2 hytter ligg delvis inn på dyrka jord og ein må pårekne jordbruksaktivitet heilt inn til hyttene.

Tomtene har Helsetnakken i sør. Tilkomsten vert på eksisterande veg til hyttene.

For landbruket har ein her jordbruksinteresser med dyrka jord (0,2 daa) som vert innlemma i den største tomte med 2 hytter.

Dei tre hyttene er ført opp som utleiehytter og har vore ein del av satsinga mot turisme på garden. Etter det vi veit har dette vore ein viktig del av ressursgrunnlaget på garden.

	<p>Frådeling. Utsnitt frå kommuneplanen (Skjermdump sunnmorskart)</p> <p>Turismeanlegg</p> <p>To tomter med 1 og 2 hytter.</p>
	<p>Frådeling. Utmitt frå kart.</p> <p>Dyrka jord har orange farge og innmarksbeite har svak gul farge.</p> <p>pil: Dei to tomtene ligg her</p>
 <p>Skjermdump frå gardskartet som syner teigane til 92/3.</p>	

### Vurdering og konklusjon:

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

*Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.*

*Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.*

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.*

*Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)*

I dette tilfellet er litt dyrka areal med i arealet som er søkt delt. Dette er berre 0,2 daa, og utgjer kanten av eit dyrka areal som ligg inn til hyttene. Ein vurderer det slik at det ikkje er naudsynt med vedtak etter § 9; omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast slik at dei gjev ein tenleg og variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området, med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget. Det skal vidare leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper for landbruket.

Her går saka konkret på frådeling av to tomter med påståande hytter, 3 i alt.

<b>Tema:</b>	<b>Vurdering og drøfting:</b>
Vurdering av konsekvens for ressursgrunnlaget på eigedomen:	Dette er ein landbrukseigedom med jordbruksareal og skogareal. Bruket har ikkje sjølvstendig drift knytt til husdyrhald i dag, og jordbruksareala vert leigd ut. Frådelinga vil ikkje ha vesentleg innverknad på jordbruket. Her må ein vurdere dei totale ressursane på garden. Vil ei frådeling av 3 utleiehytter ha negativ verknad for ressursane på bruket og vil det t.d. skape ulempe for drift av areala ikring tomte. Når ein her ikkje har hatt jordbruksdrift vil ein tru at tilleggsnæringa knytt til turisme har utgjort ein relativt stor del av næringsinntekta frå garden. Utleiehyttene må vurderast å utgjere ein stor del av ressursgrunnlaget for bruket.
Vurdering av konsekvens for busetnad i området:	Delinga gjeld allereie oppførte utleiehytter.

Vurdering av konsekvens for drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrift:	Tomtene er plassert attmed eit mindre dyrka areal på 1,8 daa. Sjølv om arealet er lite må ein pårekne aktivitet knytt til drift av jorda. Storleiken gjer at aktiviteten vert avgrensa og truleg er risikoen for konflikt liten.
---	--

Konklusjonen ut frå vurderingane er at ei omdisponering kan akseptrast då det berre er snakk om 0,2 daa. Deling krev ei meir omfattande vurdering, der spørsmålet er om ei deling av utleiehyttene kan forsvarast ut frå ressursgrunnlaget på eigedomen. Desse vart i si tid bygd for å gi ein ekstra fot å stå på. Gardsdrifta er trappa ned og turismen har truleg fått større andel av den totale verdiskapinga på bruket.

Ei samanstilling av dei vurderingane som skal gjerast ut frå jordlova, tilseier at ei deling vanskeleg kan forsvarast, til det er hyttene som ressurs for garden for stor. Med heimel i jordlova tilrår difor ikkje løyve til deling her.

Landbrukskontoret vil ut frå dette ikkje tilrår dispensasjon frå LNF-sona i kommuneplanen.

Ørsta, 29.04.2015

Med helsing

Liv Bente Viddal  
seksjonsleiar

Børild Skåra  
rådgjevar jordbruk



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

rådgivar Arnt Erik Nordheim, 71 25 84 80

Vår dato

22.06.2015

Dykkar dato

12.06.2015

Vår ref.

2015/3786/FMMRARN0/422.5

Dykkar ref.

2015/732 – løpenr. 6288/2015

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/732	Ans. UTV
Løpenr.	Sns TS
24 JUN 2015	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	92/3
Klassering S:	

## Innhenting av saksdokument i jordlovssak, gnr92 bnr3, Volda kommune

Vi viser til motteken kopi av politisk vedtak frå forvaltningsstyret i Volda kommune 09.06.2015, sak 41/15. Saka gjeld samtykke til frådelling av 3 utleiehytter frå eigedomen gnr92 bnr3.

Forvaltningsstyret i Volda gjorde den 09.06.2015 følgjande vedtak i sak 41/15:

*Det vert vist til søknad om deling frå Jakob Helset, motteke 11.03.2015. Med heimel i jordlova § 12 vert det gitt løyve til frådelling av to tomter med 1 og 2 utleiehytter frå eigedomen Helset gnr 92 bnr 3.*

*Grunngjevinga er at dei tre utleiehyttene vert vurdert til å vere uvesentlege som tilleggsnæring for bruket.*

Med heimel i offentleglova § 3 og kommunelova § 59 nr. 6 ber Fylkesmannen om at kommunen oversender fullstendig sakstilfang i saka. Vi ber om at de viser til vårt saksnummer i oversendinga, **15/3786**. Fylkesmannen ber om snarleg svar på denne førespurnaden.

### Forholdet til plan- og bygningslova

Fylkesmannen viser elles til kommunedelplan for Bjørkedal, 2003 – 2006, der dei tre aktuelle hyttene er avsett til spreidd utbygging av utleiehytter, LNF-B-2, med påskrift «utleiehytter» i plankartet. I føresegnene til kommunedelplanen heiter det, sjå s. 12:

*...LNF-B-2 er område der det er gjeve høve til spreidd bygging av utleiehytter i tilknytning til gardsdrift...*

Det går ikkje fram av saksutgreiinga til sak 41/15 at dei frådeltte hyttene skal leggjast til andre gardsbruk. Idet delinga ikkje skjer til fordel for annan gardsdrift, legg Fylkesmannen til grunn at tiltaket er i strid med føresegnene i kommuneplanen.

Løyve til deling føreset derfor også grunngjeven søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2. Vidare må ein slik søknad sendast på høyring til relevante sektorstyresmakter, jf. plan- og bygningslova § 19-1. Dersom kommunen har merknader til denne vurderinga av det juridiske plangrunnlaget, imøteser vi dette saman med oversending av saksdokumenta.

Postadresse:  
Postboks 2520  
6404 Molde

Telefon:  
71 25 84 00

E-post:  
fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Web:  
www.fylkesmannen.no/mr

Org.nr:  
974 764 067

Med helsing

Arnt Erik Nordheim  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE			
Saksnr.	2015/732	Avg.	UTV
Løpnr.		St.	ELIBUS
14 DES 2015			
Arkivdel.	BYGG		
Klassering P.	92/3		
Klassering S.			

## Volda kommune

### Frådeling av 3 utleiehytter på Helset gnr92 bnr3 Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen

Vi viser til oversending 12.10.2015, der kommunen ber om eventuelle merknader til ovanfor nemnde tiltak innan 04.12.2015. Ved ein inkurie har fristen blitt overskriden herifrå, og Fylkesmannen beklagar dette. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Landbruksinteresser

Det er søkt om frådeling av to hyttetomter på 600 m<sup>2</sup> og 800 m<sup>2</sup>, der det er oppført tre utleiehytter. Det er i tillegg søkt om frådeling av ei nausttomt med servicebygg på 1,4 daa.

Dei omsøkte hyttetomtene ligg innanfor areal som i kommunedelplanen for Bjørkedal (2003-2006) er avsett til spreidd utbygging av inntil 6 utleiehytter (LNF-B-2). I føresegnene til kommunedelplanen pkt. 10 heiter det:

#### LNF-Sone B-1 og B-2

[...]

*LNF-B-2 er område der det er gjeve høve til spreidd utbygging av utleiehytter i tilknytning til gardsdrift. Det er sett av 4 mindre område til dette føremålet for spreidd utbygging, herav tre øymerka for utleiehytter. Områda for utleiehytter er lokalisert på Søre-Bjørkedal, Helset og på Nøre-Bjørkedal. I LNF-sone B2 området på Helset er tidlegare bygt 3 utleiehytter. Dette området er opna for inntil 3 nye hytter (5-6 hytter i alt).*

Etter Fylkesmannen si vurdering framstår det som klart at LNF-B-2 områda er oppretta for å styrkje driftsgrunnlaget for eksisterande landbruksverksemd. Frådeling til andre formål eller sjølvstendige matrikkeleiningar bryt derfor med omsyna bak arealdisponeringa, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Det går fram av kommunen si oversending at formålet med tiltaket er skilje tilleggsnæringa frå garden for komande generasjonsskifte, men at turistnæringa skal oppretthaldast. Fylkesmannen legg derfor til grunn at formålet i planen om å understøtte gardsbruket framleis gjeld med styrke, sjølv om inntektsgrunnlaget frå hyttene har vore mindre dei siste åra.

Fylkesmannen peiker også på at frådelling av hytter innanfor LNF-B-2 området på Helset, kan få presedensverknader for dei andre tilsvarende områda i kommunedelplanen for Bjørkedal og eventuelt andre stader i Volda kommune. Ei slik utvikling av LNF-B-2 områda er uheldig ut frå landbruksinteressene og den måten kommuneplanlegginga for slike område er innretta.

Ut frå omsyna ovanfor vil Fylkesmannen rå frå at kommunen gjev dispensasjon for frådelling av dei tre utleigehyttene innanfor LNF-B-2-området. I den grad kommunen meiner at arealet er eigna for alminnelege fritidshytter eller turistnæring utan tilknytning til landbruk, bør slike arealbruksendringar eventuelt gjerast gjennom rullering av gjeldande plan.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Arnt Erik Nordheim  
rådgivar

**Kopi:**Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Bjørkedalen, den 30. november 2015

Volda kommune  
v/ ordfører og rådmann  
Rådhuset  
6100 Volda

**Høyring i samband med søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Bjørkedalen.****Arkivsak nr.: 2015/732**

Saka vart drøfta på styremøte i Bjørkedal grendautval 20. november 2015.

Søknaden gjeld frådelling av to tomter med 3 utleigehytter på gnr 92 bnr 3 i Volda kommune. Tomtene er LNF-B område i kommunedelplanen for Bjørkedalen, og søknaden skal derfor handsamast etter jordlova.

Landbrukskontoret Ørsta/Volda kan ikkje tilrå ei frådelling etter jordlova §12 fordi dei tre hyttene vert vurderte som ein vesentleg del av ressursgrunnlaget til bruket.

Volda kommune gir derimot løyve til frådelling etter jordlova §12 fordi dei vurderer dei tre hyttene til å vere uvesentlege som tilleggsnæring for bruket.

Landbrukskontoret har laga ei grundig og god saksutgreiing. For oss ser det ut som dei i sin konklusjon legg stor vekt på at bruket som frittstående landbrukseining skal ha eit sterkast mogleg ressursgrunnlag.

Volda kommune opnar etter vårt syn for å disponere arealressursane slik at dei gir ein tenleg og variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga, med hovudvekt på busetnad, arbeid og tenlege løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk som også inneber å ta omsyn til at ressursane vert disponerte ut frå behovet til framtidige generasjonar.

For Grendautvalet er det viktig å sikre busetnaden i bygda og legge tilhøva til rette for alle former for næringsverksemd. Vi oppmodar derfor Volda kommune om å gjere eit vedtak i saka som legg til rette for auka busetnad og mest mogleg aktivitet i Bjørkedalen.

Med beste helsing  
Bjørkedal grendautval



Lars Kåre Kile  
-leiar-

# Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfyllt.  
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Søknaden sendast:

**Volda kommune**  
**Stormyra 2**  
**6100 Volda**

Plass for kommunen sitt stempel

Saksnr.	2015/732	Avd.	UTV
Løpnr.		Shs.	TS
11 MAR 2015			
Arkivnr.	BY66		
Klassering P:	92/3		
Klassering S:			

## Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

Gnr. Bnr. Fnr. Seksj.nr

92 3

Jakob Helset  
Underskrift:

## Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning  
 Oppretting av festetomt  
 Oppretting av punkt feste  
 Anna: (spesifiser) \_\_\_\_\_  
 Dispensasjon (dispensasjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

## Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr./bnr.	
					Gnr.	Bnr.
1	600 m <sup>2</sup>	Hytte	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

## Arealdisponering

Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell



Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

## Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ... m

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: .... m

**Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette**

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)		
Er tiltaket plassert i flomutsatt område?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Er tiltaket plassert i skredutsatt område?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Andre natur- og miljøtilhøve?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i egne vedlegg	
Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43		
Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?		
<input type="checkbox"/> Riksveg <input type="checkbox"/> Fylkesveg <input type="checkbox"/> Kommunal veg <input checked="" type="checkbox"/> Privat veg		
Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?		
<input type="checkbox"/> Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (plan må vedleggast)		
<input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse		
Er løyve til avkøyrsløse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørande dette leggast ved.		
Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2		
Offentleg vassverk:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast.
Offentleg avløpsanlegg:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat vassverk:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat avløpsanlegg:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.		
Vedlegg		
Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse	
<input checked="" type="checkbox"/> Kart/situasjonsplan		Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.
<input type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel		
<input type="checkbox"/> Dispensasjonssøknad		
<input type="checkbox"/> Fråsegn, samtykkje, løyver		
<input type="checkbox"/> Andre vedlegg		
Underskrift av søkjar/revirent		
Dato	Revirenten sitt namn (med blokkbokstavar)	Revirenten si underskrift
	Jakob Helset	
Adresse		Postnr/stad
E-postadresse		Telefon
Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av		
Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt revirent)		
Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
	Jakob Helset	
Adresse		Postnr/stad
	Nørdalsv. 51	6120 Folkestad



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Elisabeth Busengdal/P.Heltne      Arkivsak nr.: 2015/660  
Arkivkode: 107/ 1

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/16	Forvaltningsstyret	14.01.2016

### SAKSFRAMLEGG- DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN, FRÅDELING HYTTETOMT GBR 107/1 FOLKESTAD

#### Administrasjonen si tilråding:

- Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan Folkestad, for frådeling av bebygd hyttetomt på gnr 107 bnr 1 i samsvar med søknad.*
- Forvaltningsstyret finn ikkje at frådeling av tomte vil svekkje ressursane til eigedomen i særleg grad, eller at delinga fører til driftsmessige ulemper for landbrukseigedomen, og gir med heimel i jordlova § 12 løve til deling av hyttetomt på eigedomen gnr 107 bnr 1.*

#### Vedleggsliste:

Søknad med vedlegg  
Merknader/innspeil ved høyring

#### Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Folkestad

#### Samandrag av saka:

Saka gjeld deling og oppmålingsforretning etter matrikkellova, der det vert søkt om frådeling av tomt på 0,99 daa til fritidsbustad frå gnr 107, bnr 1 ved Folkestadvatnet.

På tomte er det oppført fritidsbustad, ca 1960.

Det ligg ikkje føre merknader til saka.

Arealet der aktuell tomt ligg er i kommunedelplan for Folkestad sett av til LNF- område.

I plan er det og her sett av ei sone med byggeforbod langs vassdrag.

Saka krev såleis dispensasjon frå kommunedelplan for Folkestad.

### **Saksopplysningar:**

Saka gjeld deling og oppmålingsforretning etter matrikellova, det er søkt om frådeling av tomt på 0,99 daa til fritidsbustad frå gnr 107, bnr 1 ved Folkestadvatnet.

Det vart oppført ei hytte på tomta i 1960, og søknaden om frådeling vert gjennomført for å få formalisert eigarforholdet til tomta.

Rundt Folkestadvatnet er det i tillegg ei sone med byggeforbod langs vassdrag. Tomta og hytta ligg i denne forbodssona. I saka er det såleis søkt dispensasjon frå kommunedelplan.

Saka er handsama av kommunens landbruksmynde etter jordlova § 12, og det vert tilrådd løyve til frådeling av hyttetomt som omsøk. Grunngevinga er at delinga ikkje vil svekkje ressursane til eigedomen i særleg grad, og at delinga heller ikkje fører til driftsmessige ulemper for landbrukseigedomen.

Den omsøkte hyttetomta er ikkje registrert som dyrka mark, og det ligg ikkje føre opplysningar om at jorda er dyrkbar. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9 omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

I landbrukskontoret si tilråding i saka heiter det:

6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve med omsyn til nabo- og eigedomstilhøve knytta til bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisiktsonar og tilkomstveg må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Slike rettar bør tinglysast.
7. Fører avkøyrsla over veggroft, må det leggast drenerøyr med diameter på minst 300 mm og i tilstrekkeleg lengde, sjå vedlegg *Krav til utforming av privat avkøyrslø*.
8. Så snart avkøyrsla er bygd må vedlagde skjema "Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø" underskrivast og returnerast.
9. Opparbeida avkøyrslø skal vere godkjend av Statens vegvesen før øvrige byggearbeid vert sett i gang/igangsettingsløyve blir gjeve. Endeleg godkjenning vil bli sendt til søkar med kopi til kommunen.
10. Løyvet fell bort dersom ikkje arbeidet med avkøyrsla er sett i gang innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt.

**Bakgrunn for vedtaket:**

Statens vegvesen har ved si vurdering lagt vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det er gjort ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også er tatt omsyn til framkomst og trafikksikkerheit på den vegen det er søkt om avkøyrslø frå.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

  
Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

  
Per Norvold Walderhaug

**Rett til å klage:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på, jfr forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er tre - 3 - veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Møre og Romsdal Fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Kopi: Volda kommune



## Statens vegvesen

Volda Maskin AS  
Hamnegata 3  
6100 VOLDA

Runar Grebstad

Behandlende enhet:  
Region midt

Saksbehandler/telefon:  
Per Norvald Walderhaug /  
90288380

Vår referanse:  
15/223540-5

Deres referanse:

Vår dato:  
09.12.2015

### Fv. 40 på Lauvstad – Gnr. 152 bnr. 9 i Volda kommune – Utvida bruk av avkjørsle

Vi viser til mottatt ferdigmelding datert 7.12.2015 om utvida bruk av avkjørsle for eigedomen 152/9 i Volda kommune.

Statens vegvesen stadfestar med dette at avkjørsla er godkjent på dei vilkår som er gitt i vårt skriv datert 30.6.2015.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med hilsen

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Kopi  
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø





Volda kommune

Rådhuset  
6100 Volda

*Saksnr*            *Løpenr.*            *Saksansvarleg*            *Arkiv*            *Dato*  
2015/1797        14095/2015        SKAARA            1519/152/9        09.11.2015

### **1519 GNR/BNR 152/9 - SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT PÅ SÆTRE - PER MAGNE GREBSTAD - JORDLOVSHANDSAMING**

Det vert vist til søknad frå Runar A. Grebstad innstempla 13.07.2015, om deling av tomt på 1,32 daa frå gnr 152 bnr 9 i Volda. Vidare vert det vist til oversending frå Volda kommune. I Volda kommune har saka fått saksnr. 2015/1605.

I det førebelse svaret til søkjaren vert det vist til at ein del av saksgangen vil vere at landbruksmynde gjennomfører handsaming etter jordlova.

Gnr 152 bnr 9 utgjer saman med hovudbruket 152/1 ein landbrukseigedom, der totalarealet er 220,7 daa. Arealta for dei to bruksnummera er slik:

Bnr	Full- dyrka jord	Overflate -dyrka jord	Innmarks- beite	Skog sær- høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd
1	52,7	0	17,8	33	59,1	22,5	0	11,5	0	12,6	5,8	0
9	1,7	0	2,7	0	0	0	0	0	0	0	0	1,3
<b>sum</b>	<b>54,4</b>	<b>0</b>	<b>20,5</b>	<b>33</b>	<b>59,1</b>	<b>22,5</b>	<b>0</b>	<b>11,5</b>	<b>0</b>	<b>12,6</b>	<b>5,8</b>	<b>1,3</b>

Det vert søkt om frådeling av tomt på 1,32 daa frå gnr 152 bnr 9. Arealet er klassifisert som innmarksbeite.

Vi har ikkje tilgang til matrikkelen for tida, men ut frå kartet har eigedomen to våningshus, to driftsbygningar/fjøs, garasje, buder og fleire naust.

På eigedomen er det aktiv drift med mjølkeproduksjon og sau. Ved sist søknad om produksjonstilskot hadde føretaket 31 mjølkekyr, 34 andre storfe og 91 søyer. I tillegg til eigd areal driv føretaket jordbruksareal på 11 andre bruk, totalt: 300 daa dyrka jord og 93 daa innmarksbeite. Føretaket disponerer ei mjølkekvote på om lag 120.000 liter inkl. leigd kvote.

Formålet med søknaden er oppgeve som tomt for bustad. Teksten under er henta frå søknaden om dispensasjon:


*"Søknaden gjeld frådeling av tomt i beiteareal... Tomta er tenkt plassert i eks klynge med hus, i eit hjørne mellom dei to eksisterande tomtene som er beite i dag. ....*

*Garden er under drift og det har vorte bygd nye fjøs for kyr og sau. .... , tomta ligg i nærleiken av driftssenteret, men det er også anna eksisterande bebyggd tomt som er nærmare. Tomta tek opp slett/plant og relativt ryddig beiteareal. ...*

*Eg som vil ha tomta har tilbydd meg ovanfor grunneigar og erstatte det tapte beitearealet ved å rydde/ dyrke opp andre områder på garden slik at det gardens effektive beitearealet forblir det same. På garden er det andre områder ikkje langt frå driftssenter som er igjenvakse av skog og/eller stein som er spredt utover. Desse areala kan gjerast til meir effektive beiter for dyra og gi meir nytteverdi for grunneigar. Ser føre meg at tilstelling av dei lite effektive beiteareala kan skjer samtidig som der er gravemaskin på tomta dersom frådelinga går greitt.”*

Areala det vert søkt på er i kommunedelplan Ulvestadbygda lagt ut med gul farge merka B3. Det vil seie område for bustader. Vidare på kommunedelplanen står det om byggeområda; ”Innanfor dette området skal arbeid og tiltak nevnt i lova sine §§84 og 93 samt frådeling til slike føremål ikkje finne stad før området inngår i stadfest reguleringsplan.

I kommunedelplanen er delar av B-områda regulert i ettertid. Vi kjenner ikkje korleis det er med B3 men det ligg ikkje inne digitalisert reguleringsplan i planinnsynet. Store delar av B3 er utbygd med bustader.



### Vurdering og konklusjon:

Av lov om jord (jordlova) §2 Virkeområde har vi følgjande:

*Denne lova gjeld for heile landet. Føresegnene i §§ 9 og 12 gjeld likevel ikkje for område som:*

*a) I reguleringsplan er lagt ut til anna føremål enn landbruk eller hensynssone som med tilhørende bestemmelse fastlegger faresone, jf. plan- og bygningsloven § 12-6.*

*b) I bindande arealdel av kommuneplan er lagt ut til*

*1. bebyggelse og anlegg, eller*

*2. landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift der grunnutnyttinga er i samsvar med føresegner om spreidd utbygging som krev at det ligg føre reguleringsplan før deling og utbygging kan skje.*

Ut frå at ein her har ein godkjent kommunedelplan der arealet ein søker på er avsett til bustader er arealet utanfor jordlova sitt virkeområde.

Tiltaket krev difor ikkje løyve til deling eller omdisponering etter jordlova.

Med helsing

Liv Bente Viddal  
seksjonsleiar

Børild Skåra  
rådgjevar

Hei,

Syner til søknad om frådelling til bustadtomt frå gbnr. 152/9, Lauvstad, Volda kommune.

Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådelling. Vår merknad må sjåast i lys av dette. Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådelling. Konkrete planar for tomta bør følge med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.

Kulturavdelinga er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Me ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som til dømes konsentrasjonar av kol eller steinsettingar, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

Med venleg helsing

Johanne Ranvik  
Arkeolog/rådgivar  
Møre og Romsdal fylkeskommune



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 2015/1605	A. UTV
Løpnr:	ELIBUS
9 DES 2015	
Arkivdel: BY66	
Klasse: P: 152/9	
Klassering S:	

## Volda kommune

### Frådeling av bustadtomt gnr152 bnr9 på Lauvstad Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Saka gjeld frådeling av bustadtomt i LNF-område. Like nord for omsøkte areal er det i kommunedelplanen for Ulvestadbygda sett av til bustader (B3).

#### Landbruksinteresser

Arealet er i dag nytta til beiting, og ligg inntil eksisterande byggeområde i gjeldande kommunedelplan. Det er positivt at omsøkte tomt ligg inntil andre bustader, men samstundes utgjer likevel arealet ein beiteressurs. Vi er ukjende med om det er ledige tomter i det arealet som er sett av til bustader i kommunedelplanen. Dersom så er tilfellet, vil vi rå til at nye bustader plasserast der.

#### Samfunnsikkerhet

Området er registrert som eit potensielt snøskredområde, men registreringane er grove, og kommunen må gjere ei vurdering og avklare dette.

#### Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

#### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde  
Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Elisabeth Busengdal/ P. Heltne      Arkivsak nr.: 2015/2142  
Arkivkode: 167/ 5

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/16	Forvaltningsstyret	14.01.2016

### SAKSFRAMLEGG- DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN FRÅDELING AV BUSTADTOMT GBNR 167/5 VELSVIKA

#### Administrasjonen si tilråding:

- Forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga nedanfor og tilrådinga frå landbrukskontoret, og finn at fordelane ved frådeling/-dispensasjon er klart større enn ulempene sett i høve til landbruk, natur og friluftsiinteresser, og gir i samsvar med PBL §19 dispensasjon frå kommuneplan for frådeling av bustadtomt som omsøkt, på fylgjande vilkår:*
  - *Løysing for kloakkuslepp frå eigedomen må nærare avklarast i samband med handsaming av delesaka og naudsynte vilkår som sikrar tilfredstillande løysingar til samsvar med gjeldande reglar for private enkeltutslepp må sikrast.*
- Fordelane ved frådeling/-dispensasjon er klart større enn ulempene sett i høve til landbruksomsyn, og i samsvar med Jordlova §12 vert det gitt løyve til frådeling av bustadtomt med påståande hus på 1,0 daa frå eigedomen gnr 167 bnr 5 i Velsvik.*

#### Vedleggsliste:

Søknad med vedlegg  
Merknadar ved høyring

#### Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Velsvika

#### Samandrag av saka:

Det er det søkt om dispensasjon frå kommunedelplan Velsvika for frådeling av tomt der våningshuset på bruket står.

Arealet er regulert til LNF- sone A.

Formålet med dispensasjonen er frådeling av bustaden som eiga tomt medan resten av garden vert selt som tilleggsareal til naboeigedomen gbnr 167/4.

Det har ikkje kome nokon innvendingar ved høyring, og dispensasjon frå plan og frå Jordlova vert tilrådd.

### **Saksopplysningar:**

Det er søkt om dispensasjon frå LNF- sone A område i kommunedelplan, Velsvika. Saka gjeld deling og oppmålingsforretning etter matrikkellova. Det er søkt om frådeling av bustadtomt på 1000 m<sup>2</sup> i frå gardsbruk 167/5. Formålet med frådelinga er i følgje tiltakshavar å frådele ei tomt rundt bustadhuset frå garden, medan resten av eksisterande jordbruksareal vert selt til naboeigedomen gbnr 167/4.

Arealet det er søkt deling av er i kommuneplanen LNF-område sone A. Innanfor desse områda kan ikkje bygge- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksnæringa tillatast.

Saka har vore ute til høyring i høve dispensasjon frå plan, fylgjande merknadar ligg ved:

**Landbrukskontoret** si vurdering:

*”Vi har data som syner at jordbruksareala på 167/5 har vore leigejord til 167/4 i minst 12 år. Bnr 4 driv med sau og har jordbruksareala på bnr 5 som ein viktig del av sitt fôrgrunnlag. Eigaren av 167/4 har søkt om konsesjon på overtaking av bnr 5.*

*Søknaden skal handsamast etter delingsparagrafen i jordlova; §12. Rundskriv M-1/2013 Omdisponering og deling, frå Landbruks- og matdepartementet ligg og til grunn for handsaminga.*

*I dette tilfellet er omsøkte tomt ikkje registrert som dyrka mark, og den er ikkje dyrkbar. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9 Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.*

*Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn ein at ei deling av eine våningshuset med 1,0 daa tomt ikkje vil svekkje landbrukseigedomen, når ein legg samanslåinga av bnr 4 og 5 til grunn. Med heimel i jordlova går ein inn for å gi løyve til deling her. Landbruksfagleg går ein ikkje imot at det vert gitt dispensasjon frå LNF-sona i kommunedelplanen for frådelinga som det vert søkt om.”*

**Statens Vegvesen:**

*”Fartsgrensa på fylkesveg 652 er på dette vegstrekket 60 km/t og årsdøgntrafikken er 380 kjøretøy. Eksisterande avkjørsle vert vurdert å vere tilfredsstillande. Statens vegvesen har ut i frå sitt ansvarsområde ingen merknad til søknaden om dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan for frådeling av bustadtomt.”*

**Møre og Romsdal fylkeskommune:**

*”Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådeling. Vår merknad må sjåast i lys av dette. Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådeling. Konkrete planar for tomta bør følgje med førespurnaden.*

*Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.*

*Kulturavdelinga er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Me ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som til dømes konsentrasjonar av kol eller steinsettingar, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.”*

#### **Fylkesmannen i Møre og Romsdal:**

*”Landbruksinteresser:*

*Under føresetnad at resten av eigedomen som opplyst seljast til aktivt bruk i drift, er saka å sjå på som bruksrasjonalisering, og tiltaket vil kunne styrke landbruksdrift i området. Vi har såleis ingen negative merknader til søknaden.*

*Konklusjon:*

*Eit eventuelt positivt, kommunalt vedtak må ha som føresetnad at heile resteigedomen seljast til eit aktivt bruk i nærleiken.”*

#### **Vurdering og konklusjon:**

Frådeling av bustadtomba og sal av jordbruksarealet vil bidra til å styrke ressursgrunnlaget for 167/4 betrakteleg. I kommunen ynskjer ein å fremje ein politikk som styrker aktive gardsbruk i kommunen. Landbruksavdelinga i kommunen vurderer delinga som positiv.

Det vert opplyst under handsaminga av saka at gbnr 167/5 har fleire tilhøyrande bygningar som krev vedlikehald, noko tiltakshavar ynskjer å gi frå seg ansvaret for. Det har heller ikkje vore sjølvstendig drift på gnr 167 bnr 5 på svært lang tid.

Merknaden frå M.R. Fylkeskommune er eit reint standardformular som heller ikkje tek omsyn til at dette er ei allereie bebygd bustadtomt. Ein ser såleis ikkje denne merknaden som relevant for saka.

Den avtalte tomta rundt huset gir tilfredstillande tomtearronding.

I høve deling skal ein og sjå til at andre tilhøve knytt til teknisk infrastruktur er på plass.

Det er i søknad vist til at vassforsyninga skal vere frå privat vassforsyning og privat kloakkanlegg.

Kommunen er kjend med at det er mange eldre dårlege løysingar for kloakkuslepp i området.

Dette må nærare avklarast i samband med handsaming av delesaka og naudsynte vilkår som sikrar tilfredstillande løysingar for dette må sikrast.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Ein kan ikkje sjå at delinga vil vere til nemnande drifts- eller miljømessig ulempe.

Mogelege krav til vassforsyning og avlaupsordning for eigedomen må nærare avklarast i delingssak.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen vesentlege økonomiske konsekvensar for kommunen.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen vesentlege.

.....  
Jørgen Vestgarden  
Utviklingsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Astrid Lillerovde, Velsvikvegen 663, 6133 Lauvstad

Arne Velsvik, Velsvikvegen 685, 6133 Lauvstad

Utviklingssektoren Torgeir Stensø

Teknisk sjef Rune Totland

**Klageinstans:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Volda Kommune

Vetsvik 6/10.15

Søker med dette dispensasjon  
frå kommuneplan på Gnr. 167.5.  
Eg vil skilje ut huset mitt  
og selge resten som tilleggsjord  
til naboane mine.

Astrid Lillevold



# Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfyllt.  
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Søknaden sendast:

**Volda kommune**  
**Stormyra 2**  
**6100 Volda**

Plass for kommunen sitt stempel

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2142	Avd. UTV
Løpnr.	Sns TS
8 OKT 2015	
Artydel	BYGG
Klassering P.	167/5
Klassering S.	

## Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

Gnr. Bnr. Fnr. Seksj.nr

167 5

Underskrift:

+ Astrid Lillestvede

## Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning
- Oppretting av festetomt
- Oppretting av punktfeite
- Anna: (spesifiser) \_\_\_\_\_
- Dispensasjon (dispensasjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

## Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
					Gnr.	Bnr.
1	1000 m <sup>2</sup>	BUSTAD	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

## Arealdisponering

Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

## Avstandar

Går det høgspenn kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ... m

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand:.... m

Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette

**Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)**

Er tiltaket plassert i flomutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Er tiltaket plassert i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Andre natur- og miljøtilhøve? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i eige vedlegg	

**Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43**

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (plan må vedleggast)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Er løyve til avkøyrsløse gitt?  Ja  Nei

**Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørende dette leggst ved.**

**Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2**

Offentleg vassverk: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	<b>For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast.</b>
Offentleg avløpsanlegg: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat vassverk: <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat avløpsanlegg: <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	

**Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.**

**Vedlegg**

Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse
<input checked="" type="checkbox"/> Kart/situasjonsplan	<b>Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.</b>
<input checked="" type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel	
<input checked="" type="checkbox"/> Dispensasjonssøknad	
<input type="checkbox"/> Fråsegn, samtykkje, løyver	
<input type="checkbox"/> Andre vedlegg	

**Underskrift av søkjar/revkirent**

Dato 7.10.15	Revkirenten sitt namn (med blokkbokstavar) ASTRID LILLERØYDE	Revkirenten si underskrift Astrid Lillerøyde
Adresse Vilsvinkvegen 663	Postnr/stad 6133 dauvstad	
E-postadresse	Telefon 9959614	

**Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av**

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt revkirent)

Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
Adresse	Postnr/stad	

Hei,

Syner til søknad om frådelling til bustadtomt på gbnr. 167/5, Velsvika, Volda kommune.

Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådelling. Vår merknad må sjåast i lys av dette. Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådelling. Konkrete planar for tomta bør følge med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.

Kulturavdelinga er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Me ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som til dømes konsentrasjonar av kol eller steinsettingar, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

Med venleg helsing

Johanne Ranvik  
Arkeolog/rådgivar  
Møre og Romsdal fylkeskommune



## Statens vegvesen

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Elisabeth Busengdal

Behandlende enhet:  
Region midt

Saksbehandler/telefon:  
Per Norvald Walderhaug /  
90288380

Vår referanse:  
15/230455-3

Deres referanse:

Vår dato:  
19.11.2015

### **Fv 652 – Frådeling – gnr. 167 bnr. 5 – Volda kommune – Høyring – søknad om dispensasjon frå kommunedelplan Velsvika – Fråsegn**

Vi viser til e-post datert 5.11.2015 med oversending av dokument til høyring i samband med søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplan for frådeling av parsell med bustadhus på eigedomen 167/5 i Velsvika.

Parsellen er om lag 1000m<sup>2</sup> og ligg i LNF-område. Tiltakshavar ynskjer å dele frå ei tomt kring bustadhuset på garden medan resten av jordbruksareal vert selt til naboeigedomen 167/4.

Fartsgrensa på fylkesveg 652 er på dette vegstrekke 60 km/t og årstdøgntrafikken er 380 kjøretøy. Eksisterande avkjørsle vert vurdert å vere tilfredsstillande.

Statens vegvesen har ut i frå sitt ansvarsområde ingen merknad til søknaden om dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan for frådeling av bustadtomt.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Sak: 2015/2142	UTV
Løpenr:	ELBUS
15 DES 2015	
Arkivnr:	BYGG
Klassering:	167/5
Klassering S:	

## Volda kommune Frådeling av bustadtomt gnr167 bnr5 Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Generelt

Saka gjeld frådeling av ei bebygd bustadtomt på 1000 m<sup>2</sup> frå eit gardsbruk utan sjølvstendig drift. Det er opplyst at resteigedomen skal seljast til naboeigedom som er eit aktivt gardsbruk.

### Landbruksinteresser

Under føresetnad at resten av eigedomen som opplyst seljast til aktivt bruk i drift, er saka å sjå på som bruksrasjonalisering, og tiltaket vil kunne styrke landbruksdrift i området. Vi har såleis ingen negative merknader til søknaden.

### Konklusjon

Eit eventuelt positivt, kommunalt vedtak må ha som føresetnad at heile resteigedomen seljast til eit aktivt bruk i nærleiken.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde  
Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*





Volda kommune

Rådhuset  
6100 Volda

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2015/1924	15160/2015	SKAARA	1519/167/5	07.12.2015

## **1519 GNR/BNR 167/5 - SØKNAD OM DELING AV 1,0 DAA MED BUSTAD, ASTRID LILLEROVDE - TILRÅDING TIL VEDTAK - JORDLOVSHANDSAMINGA**

Saksframlegg til Volda kommune - handsaming etter jordlov  
1519 gnr/bnr 167/5. ePhorte saksnummer Volda: 2015/2142

### Tilråding til vedtak:

#### **Frådeling etter jordlova § 12:**

Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 07.10.2015, frå eigar av Velsvik gnr 167 bnr 5, Astrid Lillerovde, om frådeling av våningshus med tomt på 1,0 daa. Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningstyret løyve til frådeling slik det er søkt om. Grunngevinga og vilkår for delinga - er at den er ein del av bruksrasjonalisering, der resten av gnr 167 bnr 5 vert tilleggsjord til gnr 167 bnr 4.

### Utskrift til:

Astrid Lillerovde, Velsvikvegen 663, 6133 Lauvstad  
Arne Velsvik, Velsvikvegen 685, 6133 Lauvstad

### **Saksvedlegg:**

1. Søknad om deling frå Astrid Lillerovde vedlagt kart, dagsett 07.10.15
2. Søknad om dispensasjon frå kommuneplan frå Astrid Lillerovde, dagsett 06.10.15

### **Samandrag av saka:**

Det vert søkt om frådeling av tomt på 1 daa frå gnr 167 bnr 5 i Volda, og at resterande areal skal gå som tilleggsjord til bnr 4.

### **Saksopplysningar:**

Søknaden om deling frå eigar av gnr 167 bnr 5, Astrid Lillerovde, er dagsett 07.10.15, og søknaden om dispensasjon frå kommuneplan er dagsett 06.10.15. Volda kommune oversendte sakspapira til landbrukskontoret i e-post 16.11.15.

Sitat frå dispensasjonssøknaden: "Søker med dette dispensasjon frå kommuneplan på gnr 167 bnr 5. Eg vil selje ut huset mitt og selje resten som tilleggsjord til naboane mine."

Søknaden gjeld frådelling av eit areal på 1,0 daa, som er klassifisert som tunområde der det står eit bustadhus. Eigaren vil behalde ei tomt med det eine våningshuset og selje resten av eigedomen til bnr 4.


Eigedomen er på 167 daa – fordelt på 13 teigar. Fordeling i daa på ulike markslag (gardskartdata):

Full-dyrka jord	Overflate-dyrka jord	Innmarks-beite	Skog sær s høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	U-produktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be-bygd
15,7	0	7,4	0	61,7	21,1	45	107	1	5,8	0,5	,3

Vi har ikkje tilgang til matrikkel, men ut frå kartet har eigedomen to våningshus (Velsvikvegen 663 og 673), løde, fleire buder og fleire naust. Gamle Velsvik skule ligg her, denne har eige bnr som ikkje står i kartet. Ved sjøkanten ligg det fleire naust, der ein har fått opplyst at fleire av desse høyrer til andre eigedomar som har naustrettar her. Etter det ein kan sjå er det tidlegare delt frå er bnr 14, bnr 21 (og kanskje fleire) i tunområdet.

Vi har data som syner at jordbruksareala på 167/5 har vore leiejord til 167/4 i minst 12 år. Bnr 4 driv med sau og har jordbruksareala på bnr 5 som ein viktig del av sitt fôrgrunnlag. Eigaren av 167/4 har søkt om konsesjon på overtaking av bnr 5.

Volda kommune har kommunedelplan for Velsvik frå 1999. I fylgje heimesida til Volda kommune er den planen utgått og erstatta av kystsoneplanen frå 2003. Det syner seg at det berre gjeld areala nord for Fv652. Sør for Fv652 gjeld kommunedelplanen framleis. Bnr 5 har eit område som er merka av i kommunedelplanen. Rett sør for tunet har ein eit areal kalla LNF-B3, med denne ordlyden; *Innanfor desse områda kan det tillatast spreidd bygging av fritidsbusetnad. For to eller fleire einingar vert bebyggelseplan kravd. Jordlova sine §§54 og 55 skal framleis gjelde.* I kystsoneplanen har ein to areal som er merka for anna enn landbruk.



Utsnitt frå gardskart som syner teigane (NIBIO) Tun

Skisse av tomte ein vil dele frå (NIBIO, kilden)

Store delar av bruket sin teig på Furneset er lagt ut til industri. I tunteigen har ein ei stripe langs sjøen avsett til naust, der kor det allereie er ein del naust frå før.

Arealet det vert søkt deling av er i kommuneplanen LNF-område sone A. Innanfor desse områda kan ikkje byggje- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksnæringa tillatast.

Her må ein og ta med opplysningar om bnr 4 som ein vil slå saman resten av bnr 5 med. Bnr 4 har desse arealressursane (totalt 145,4 daa fordelt på 12 teigar):

Full- dyrka jord	Overflate- dyrka jord	Innmarks- beite	Skog særs høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	U- produktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd
16,7	0	20,6	0	41,1	12,9	15,9	22,9	2,1	4,6	5,9	2,7

Dersom ein slår saman bnr 4 og 5 etter frådelinga får ein eit total areal på 314,6 daa der fordelinga på ulike markslag vert slik:

Full- dyrka jord	Overflate- dyrka jord	Innmarks- beite	Skog særs høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	U- produktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd
32,4	0	28	0	102,8	34	60,9	33,6	3,1	9,4	6,4	3

Volda kommune har sendt søknaden på høyring til Fylkeskommunen og Fylkesmannen.

### Vurdering og konklusjon:

Søknaden skal handsamast etter delingsparagrafen i jordlova; §12. Rundskriv M-1/2013 *Omdisponering og deling*, frå Landbruks- og matdepartementet ligg og til grunn for handsaminga.

§12 Deling i jordlova lyd slik:

*Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.*

*Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.*

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.*

*Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)*

I dette tilfellet er omsøkte tomt ikkje registrert som dyrka mark, og den er ikkje dyrkbar. Søknaden vert difor ikkje vurdert etter § 9 Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i § 12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulempar.

I denne saka er frådelinga av tomt med våningshus ein lekk i ei bruksrasjonalisering der resten av landbrukseigedomen vert seld som tilleggsjord til grannen. Dei to eigedomane er om lag like store, baa med relativt små jordbruksareal. Når ein slår saman bnr 4 og 5 får ein ei styrka eining. Slike tiltak er i samsvar med jordlova, sjølv om ein er får ei ny bustadtomt inne i LNF-området. Bruk nr 5 har all dyrka mark nord for Fv652. Ein kan ikkje sjå at delinga vil vere til nemnande drifts- eller miljømessig ulempe.

Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi at ei deling av eine våningshuset med 1,0 daa tomt ikkje vil svekkje landbrukseigedomen, når ein legg samanslåinga av bnr 4 og 5 til grunn. Med heimel i jordlova går ein inn for å gi løyve til deling her.

Landbruksfagleg går ein ikkje imot at det vert gitt dispensasjon frå LNF-sona i kommunedelplanen for frådelinga som det vert søkt om.

Ørsta, 07.12.15

Med helsing

Liv Bente Viddal  
seksjonsleiar

Børild Skåra  
rådgjevar



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2015/2578

Arkivkode: 243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/16	Forvaltningsstyret	14.01.2016

### **SPELEMIDDELSØKNADER 2016 - KOMMUNAL HANDSAMING**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune har følgjande prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane for 2016:*

Idrett og friluftslivsplanlegg:

1. *Mork il – Kunstgrasbane på Langemyra. (fornya søknad)*
2. *VTI – Skiskyting – Skiskyttaranlegg del 2. (fornya søknad)*
3. *VTI-Fotball – Fotballhall (fornya søknad)*
4. *Folkestad il - 7-er bane Kunstgras. (fornya søknad)*
5. *VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion*

Nærmiljøanlegg:

1. *Vestsida il – rehabilitering ballbinge – Ulvestad (fornya søknad)*

#### **Vedleggsliste:**

Søknader:

Mork il – Kunstgrasbane på Langemyra (fornya søknad)  
VTI – Skiskyting – Skiskyttaranlegg del 2 (fornya søknad)  
VTI-Fotball – Fotballhall (fornya søknad)  
Folkestad il - 7-er bane Kunstgras.  
VTI-Allianse – tilbygg til klubbhus Volda stadion  
Vestsida il – rehabilitering ballbinge - Ulvestad

KDP-Fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv- handlingsprogram 2014-18,  
27.02.2014.

#### **Uprenta saksvedlegg:**

Kommunedelplan fysisk aktivitet og anlegg for idrett-, friluftsliv og nærmiljøtiltak 2014-18.  
Tidlegare innsende vedlegg til fornya/gjentekne søknader

## Saksopplysningar:

Eg viser til prioritering av søknader for 2015, der det vart gjort fylgjande prioritering av kommunen:

### *Idrett og friluftslivsanlegg:*

1. *VTI – Skiskyting – Skiskyttaranlegg del 1. (gjentatt søknad)(rest kr 395.000)*
2. *Mork il – Kunstgrasbane på Langemyra. (fornya søknad)*
3. *VTI – Skiskyting – Skiskyttaranlegg del 2. (fornya søknad)*
4. *VTI-Fotball – Fotballhall (fornya søknad)*
5. *Volda kommune – Lys turveg Årneset –Volda stadion*
6. *Folkestad il – Tursti Folkestaddalen*

### *Nærmiljøanlegg:*

1. *Volda Skatepark – Skateanlegg del 3 (fornya søknad)*
2. *Vestsida il – rehabilitering ballbinge – Ulvestad (fornya søknad)*

Ved tildeling av spelemidlar for 2015 fekk Volda tildelt tilskot til fylgjande anlegg:

Idrett og friluftsliv:

VTI – Skiskyting – Skiskyttaranlegg del 1.-gjenntatt søknad.(tilskot rest kr 395.000)

Volda kommune – Lys turveg Årneset –Volda stadion (tilskot kr. 165.000)

Folkestad il – Tursti Folkestaddalen (tilskot kr. 277.000)

Og til nærmiljøtiltak:

Volda Skatepark – Skateanlegg del 3 -fornya søknad. (tilskot kr. 300.000)

(Samla tilskot til skateparken del 1,2 og 3 kr 800.000)

Dei andre søknadane nådde ikkje opp ved denne prioriteringa, slik at fornya søknad er sendt inn også i år.

Godkjende søknadsprosjekt i fylket har ei samla søknadsramme som langt overstig det tilskot som M.R.fylke truleg får tildelt også i 2016. Dette gir framleis ein del ventetid for tildeling av spelemidlar for mange typar anlegg. (2-5 år).

Friluftslivstiltak og lågterskel aktivitetsskapande tiltak er gitt særleg prioritering og her er det rom for auka aktivitet om kommunen og lag/organisasjonar finn å kunne prioritere slike tiltak.

Frå kommunen si side er det diverre ikkje fremja slike søknader i år, sjølv om behova er mange og det er avsett midlar til slike prosjekt i budsjett for 2016.

## **Kommunedelplan for Fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv og nærmiljø.**

Kommunedelplanen vart revidert i 2014 og har no eit nytt handlingsprogram for perioden 2014 -18. Jf kommunedelplan godkjent av kommunestyret i sak 22/2014, den 27.02.2014.

Alle søknader i år er anlegg og tiltak som er omtala og gitt prioritert plass i godkjent handlingsprogram for 2014-18.

Kunstgrasbane-anlegget på Folkestad vart teke inn ved rullering av handlingsprogram i 2015.

Planlagt tilbygg til klubbhuset ved Volda stadion er ikkje direkte nemnt i handlingsprogrammet som eige tiltak. Men sjølv anleggstaden er registrert og oppgradering av anlegget ved utviding/utbetring av klubbhuset er tidlegare registrerte behov knytt til utvikling av anlegget.

Ny anleggseining vert lagt inn i handlingsprogrammet og vert prioritert mellom årets søknader.

Jf. Her også tilrådinga frå Idrettsrådet.

**Vurdering og konklusjon:**

Alle dei gjentekne og fornya søknadane og vedlegg til desse er tidlegare godkjent for spelemiddeltilskot.

For desse anlegga vert berre nytt søknadsskjema og oppdatert kostnadsoverslag sendt inn. Desse anlegga er alle ferdige og er tekne i bruk.

For den nye søknaden ligg det føre fullstendig søknadsdokumentasjon og tilhøyrande førehandsgodkjenning av planar.

Prioriteringar i frå KDP for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøanleg, og prioriteringar frå 2015 vert tilrådd vidareført. Jf tilrådinga i saka.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Alle dei gjennomførte tiltaka og dei nye er positive bidrag til auka fysisk aktivitet, og styrking av folkehelsearbeid i kommunen og som miljøtiltak, jf. Også prioritering i kommunedelplan.

Særleg er dei nye friluftslivstiltaka med tursti ved Folkestadvatnet og lys langs turstien i Elvadalen mellom Årneset og Volda stadion viktige bidrag til auka aktivitet og trivsel. Lys langs turvegen vil også vere eit vesentleg bidrag i trafikktryggingssamanheng, der slike snarvegar kan bidra til at fleire kan gå/sykle til fritidsaktivitetar og at dette kan skje under trygge og trivelege tilhøve.

Aktiviteten ved Volda stadion er vesentleg auka dei siste åra med nye kunstgrasbaner og fotballhall. Idrettslaget sin SFO-tilbod her er også eit svært godt tilbod som saman med den nye skateparken i området genererer stor aktivitet.

Utviding av klubbhuset er eit naudsynt tiltak for å kunne ta hand om denne auka aktiviteten på området.

**Økonomiske konsekvensar:**

Avklara gjennom finansieringsvedtak for dei ulike anlegga og gjennom vedtak om kommunale garantiar for lån.

Lag og organisasjonar sin innsats og bidrag til finansiering gjer saman med tilskot frå spelemidlane at ein får etablert gode aktivitetstilbod til mange grupper i kommunen med relativt små kommunale investeringar/-tilskot.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Alle tiltaka er i samsvar med kommuneplan/kommuneplanen sin arealdel og/eller reguleringsplan og er såleis avklara der.

.....  
Jørgen Vestgarden  
Utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Går som melding til Møre og Romsdal Fylke, Kulturavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

**Kopi** med informasjon om klagerett til:

Volda idrettsråd v/Johann Roppen	Bøgardsvegen 30	6104	Volda
VTI-allidrett	Postboks 89	6101	VOLDA

VTI-Fotball	Postboks 135	6101	VOLDA
VTI- Skiskyting			
Mork IL v/Stian Færøy	Olaskogen 15	6105	Volda
Vestsida IL v/Erling Ulvestad		6133	LAUVSTAD
Folkestad il v/ Even Lillenes	Folkestad	6120	Folkestad

**Kopi:**

Økonomisjef Henrik Skovly  
Leiar rekneskap Gunnar L. Lillebø  
Teknisk sektor – v/Rune Totland  
Utvikling –T.Stensøe



# Søknad om spillemidler til idrettsanlegg

Referansenummer: ZGZMKW

Registrert dato: 2015-12-30 17:14:04

Søker
Søkernr 327802
Navn Mork IL
Adresse v/ Stian Færøy Olaskogen 15
Postnummer 6105
Poststed VOLDA
Hvis adressen over ikke er korrekt, kontakt kommunen eller DNT

Søknad
Søknad om tilskudd til <input checked="" type="radio"/> Ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet <input type="radio"/> Anlegg for friluftsliv ved kysten <input type="radio"/> Kulturbygg <input type="radio"/> Nærmiljøanlegg <input type="radio"/> Anlegg for friluftsliv i fjellet
Søknaden gjelder <input type="radio"/> Nytt anlegg <input checked="" type="radio"/> Rehabilitering
Anleggsnummer 1519000403
Anleggsnavn Langemyra Mork - Kunstgrasbane
Tittel på søknad Oppgradering av grusbane til 7-er kunstgrasbane på Langemyra stadion
Kommune <input checked="" type="checkbox"/> VOLDA
Anleggets samlede kostnad 1525000
Merknad til søknaden

Regnskaps- og kontaktinformasjon
Konto for alle inn- og utbetalinger 39910670291
Regnskapsansvarlig Rune Tøsse
Tlf. 97148597
Planene er forhåndsgodkjent 29.11.2012
av Per Heltne
Byggearbeidet ble/vil bli påbegynt 01.04.2013
og planlegges fullført 31.07.2013

Alle søkere plikter å gjøre seg kjent med gjeldende bestemmelser. Jeg erklærer herved at jeg har lest nødvendig informasjon, og at jeg samvittighetsfullt og etter beste evne har svart på spørsmålene. Jeg er oppmerksom på at hvis jeg ikke gir riktige opplysninger, kan dette føre til at søknaden ikke godkjennes.

Sted

Innvik

Dato

30.12.2015

Kontaktperson

Rune Tøsse

Tlf.

97148597

E-postadresse

kasserer@morkil.no

## Finansiering

De ulike delene av finansieringsplanen for anlegget må dokumenteres med vedlegg. Finansieringsplanen må dekke de samlede kostnadene ved bygging av anlegget.

Beskrivelse	Bilag nr.	Beløp
1. Søknadssum		508000
2. Egenkapital	3	50000
3. Kommunalt tilskudd		
4. Fylkeskommunalt tilskudd		
5. Private tilskudd	3	103000
6. Lån	3	366000
7. Dugnad	3	199000
8. Gaver	2 og 3	299000
9. Andre tilskudd		
10. Tidligere spillemidler		
		Sum: 1 525 000,00

Kostnadsoverslag

Opprinneleg Søknad\_635870924255275931.pdf

# Forklaring til feltene

## Navn

Navn på organisasjon.

## Adresse

Adresse til organisasjonen.

## Postnummer

Postnummer til organisasjonen.

## Poststed

Poststed til organisasjonen.

## Søknad om tilskudd til

Velg søknadstype for hva det søkes om tilskudd til.

## Søknaden gjelder

Her velger du om søknaden gjelder et nytt anlegg eller rehabilitering av et eksisterende anlegg.

## Samlokalisert med

Dette feltet er kun aktuelt for kulturbyggsøknader der kulturbygget det søkes om tilskudd til er samlokalisert med annen virksomhet.

## Søknaden gjelder

Velg hva slags type kulturbyggtiltak det søkes om tilskudd til.

## Anleggsnummer

Trykk på knappen Finn Anlegg for å søke frem anleggsenheten. Anleggsnummer og Anleggsnavn vil komme frem i i feltene og etter at anlegget er søkt frem og valgt.

## Tittel på søknad

Anleggets navn, og en beskrivelse av hva søknaden gjelder. Maks. 175 tegn.

## Kommune

Velg kommunen søknaden skal sendes til.

## Anleggets samlede kostnad

Kostnadsoverslag for anlegget. Skriv inn beløp uten mellomrom eller andre skille tegn.

## Merknad til søknaden

Skriv inn eventuell merknad til søknaden. Maks 254 tegn

## Konto for alle inn- og utbetalinger

Legg inn bankkonto for innbetalinger og utbetalinger. Kontonr skrives inn uten mellomrom eller andre skille tegn.

## Regnskapsansvarlig

Navn på regnskapsansvarlig.

## Tlf.

Telefonnummer til regnskapsansvarlig.

## Planene er forhåndsgodkjent

Dato for når planene er forhåndsgodkjent.

## av

Navn på etat/virksomhet som har forhåndsgodkjent planene.

## Byggearbeidet ble/vil bli påbegynt

Når byggearbeidet skal påbegynnes.

## og planlegges fullført

Når byggearbeidet er planlagt fullført.

Alle søkere plikter å gjøre seg kjent med gjeldende bestemmelser. Jeg erklærer herved at jeg har lest nødvendig informasjon, og at jeg samvittighetsfullt og etter beste evne har svart på spørsmålene. Jeg er oppmerksom på at hvis jeg ikke gir riktige opplysninger, kan dette føre til at søknaden ikke godkjennes. Kryss av i feltet for å gi bekreftelsen.

## Sted

Hvor du er når du leste teksten ovenfor.

## Dato

Dato for når du leste teksten ovenfor.

## Kontaktperson

Navn på person som kommunen kan kontakte i forbindelse med denne søknaden.

## Tlf.

Telefonnummer til kontaktpersonen.

## E-postadresse

E-post til kontaktpersonen. Bekreftelse på innsendt søknad vil sendes til denne e-postadressen.

## Bilag nr.

For elektroniske bilag skriv inn filnavnet for bilaget.

## Beløp

Beløpet angis i norske kroner avrundet til nærmeste tusen uten mellomrom eller andre skille tegn.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkeshuset

6404 MOLDE

## REKNESKAP FOR MORK IL – ANLEGGNUMMER 1519000403 – REVISOR SIN UTTALE

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlingar. Handlingane er utført for å bistå dykk i vurderinga av rekneskapen for anlegget i samsvar med Kulturdepartementets retningslinjer i V-0732 – Bestemmelsar om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Samla kostnader for anlegget er på kr. 1.503.850,- .

Vi har kontrollert at:

- inntekter og kostnader vedkjem anlegget, herunder at berre utgifter til tilskotsberettiga element inngår som ein del av dei tilskotsberettiga kostnadane
- oppgitte beløp for meirverdiavgift tilsvarar faktisk betalt meirverdiavgift
- inn-og utbetalingar som vedkjem anlegget er foreteke frå den konto som er oppgitt for dette formål
- det er eit klart skille mellom byggerekneskapet for anlegget og den øvrige drift
- verdien av dugnad, gåver og rabatter er i samsvar med retningslinjene for verdsettelsen av desse postane og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen
- dersom det er betalt for arbeid eller materialer som i søknaden var oppført som dugnad, gaver og/eller rabatter, er verdien av ikke-betalte utgifter i rekneskapen nedjustert med tilsvarende beløp
- rekneskapsamandraget er i samsvar med det kontrollerte rekneskapet

Vi har kontrollert at utgiftene er tilfredsstillande dokumentert.

Vi fastset sluttsommen til kr. 1.503.850,-, derav kompensasjonsberettiga momskompensasjon på kr. 212.465,-.

Larsnes 27/2-2015



Halldis Moltu  
-reg. revisor-

\*\*\*\*\*

\*

Kommunerevisjonsdistrikt 4 i Møre og Romsdal  
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

Regnskapssammendrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg:	Langemyra Mork - Kunstgrasbane	Anleggsnr.:	1519000403
Anleggseier:	Mork Idrettslag	Kommune:	Volda
Regnskapet er		for perioden fra 01.01.2013 til 01.10.2013	
<u>Volda</u>	13.10.2013	<u>Shim Fergo</u>	
Sted	Dato	Underskrift anleggseier	
Anlegget er fullført i samsvar med plan			
<u>Volda 31/10 2013</u>	31.10.2013	<u>Per Hjeltnes</u>	<b>VOLDA KOMMUNE</b>
Sted	Dato	Stempel og underskrift kommune	<b>REVISJON</b>
Regnskapet er kontrollert. Revisorattest er vedl:			
<u>Larsnes</u>	27/2-15	<u>Haldis Mørø</u>	<b>SUNNMØRE</b>
Sted	Dato	Stempel og underskrift revisor	<b>KOMMUNEREVISJON IKS</b>

Finansiering av anlegget

	Budsjett i søknaden	Regnskap
Tilskudd av spillemidlene (utbetalt)	508,000	0
Egenkapital	50,000	0
Kommunale tilskudd (Inkl. ikke-utbetalte tilskudd)	0	0
Fylkeskommunale tilskudd (inkl. ikke-utbetalte tilskudd)	0	0
Private tilskudd, kontanter	103,000	119,300
Andre tilskudd		
Lån	366,000	800,000
Sum kontantinntekter	1,027,000	919,300
Gaver, rabatter	90,000	190,000
Dugnad	199,000	0
Sum samlet finansiering i søknaden	1,316,000	
Ikke utbetalte spillemidler		508,000
Andre utestående fordringer		0
Sum samlet finansiering i regnskapet		1,617,300

Kulturdepartement  
 Idrettsavdelingen  
 Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo  
<input checked="" type="checkbox"/> Alle søkere plikter å gjøre seg kjent med gjeldende bestemmelser. Jeg erklærer herved at jeg har lest nødvendig informasjon, og at jeg samvittighetsfullt og etter beste evne har svart på spørsmålene. Jeg er oppmerksom på at hvis jeg ikke gir riktige opplysninger, kan dette føre til at søknaden ikke godkjennes.
Sted Lauvstad
Dato 26.10.2015
Kontaktperson Arild Sæterås
Tlf. 92405583
E-postadresse arild.seteras@morenett.no

Finansiering		
De ulike delene av finansieringsplanen for anlegget må dokumenteres med vedlegg. Finansieringsplanen må dekke de samlede kostnadene ved bygging av anlegget.		
Beskrivelse	Bilag nr.	Beløp
1. Søknadssum		170507
2. Egenkapital	Kontoutskrift+Vestsida+IL	62857
3. Kommunalt tilskudd		
4. Fylkeskommunalt tilskudd		
5. Private tilskudd		
6. Lån		
7. Dugnad		91650
8. Gaver		16000
9. Andre tilskudd		
10. Tidligere spillemidler		
		Sum: 341 014,00
Kostnadsoverslag		
Oppdatert_kostnadsoverslag_ballbinge_aug_2014_635814939199529819.pdf		

# Forklaring til feltene

**Navn**

Navn på organisasjon.

**Adresse**

Adresse til organisasjonen.

**Postnummer**

Postnummer til organisasjonen.

**Poststed**

Poststed til organisasjonen.

**Søknad om tilskudd til**

Velg søknadstype for hva det søkes om tilskudd til.

**Søknaden gjelder**

Her velger du om søknaden gjelder et nytt anlegg eller rehabilitering av et eksisterende anlegg.

**Samlokalisert med**

Dette feltet er kun aktuelt for kulturbyggsøknader der kulturbygget det søkes om tilskudd til er samlokalisert med annen virksomhet.

**Søknaden gjelder**

Velg hva slags type kulturbyggtiltak det søkes om tilskudd til.

**Anleggsnummer**

Trykk på knappen Finn Anlegg for å søke frem anleggsenheten. Anleggsnummer og Anleggsnavn vil komme frem i i feltene og etter at anlegget er søkt frem og valgt.

**Tittel på søknad**

Anleggets navn, og en beskrivelse av hva søknaden gjelder. Maks. 175 tegn.

**Kommune**

Velg kommunen søknaden skal sendes til.

**Anleggets samlede kostnad**

Kostnadsoverslag for anlegget. Skriv inn beløp uten mellomrom eller andre skilletegn.

**Merknad til søknaden**

Skriv inn eventuell merknad til søknaden. Maks 254 tegn

**Konto for alle inn- og utbetalinger**

Legg inn bankkonto for innbetalinger og utbetalinger. Kontonr skrives inn uten mellomrom eller andre skilletegn.

**Regnskapsansvarlig**

Navn på regnskapsansvarlig.

**Tlf.**

Telefonnummer til regnskapsansvarlig.

**Planene er forhåndsgodkjent**

Dato for når planene er forhåndsgodkjent.

**av**

Navn på etat/virksomhet som har forhåndsgodkjent planene.

**Byggearbeidet ble/vil bli påbegynt**

Når byggearbeidet skal påbegynnes.

**og planlegges fullført**

Når byggearbeidet er planlagt fullført.

Alle søkere plikter å gjøre seg kjent med gjeldende bestemmelser. Jeg erklærer herved at jeg har lest nødvendig informasjon, og at jeg samvittighetsfullt og etter beste evne har svart på spørsmålene. Jeg er oppmerksom på at hvis jeg ikke gir riktige opplysninger, kan dette føre til at søknaden ikke godkjennes. Kryss av i feltet for å gi bekreftelsen.

**Sted**

Hvor du er når du leste teksten ovenfor.

**Dato**

Dato for når du leste teksten ovenfor.

**Kontaktperson**

Navn på person som kommunen kan kontakte i forbindelse med denne søknaden.

**Tlf.**

Telefonnummer til kontaktpersonen.

**E-postadresse**

E-post til kontaktpersonen. Bekreftelse på innsendt søknad vil sendes til denne e-postadressen.

**Bilag nr.**

For elektroniske bilag skriv inn filnavnet for bilaget.

**Beløp**

Beløpet angis i norske kroner avrundet til nærmeste tusen uten mellomrom eller andre skilletegn.




Sum

Sum II:

**III Samla utgifter for anlegget**

(Sum I + Sum II)

kr


**341 014**

Folkestad IL - Fotball  
6120 Folkestad  
Tlf: 41930799 (Even Lillenes – leiar)  
E-post: evenli@online.no (Even Lillenes – leiar)

Folkestad, 12.04.2015

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

*Føse handsgodkjent for  
Søknad om tilskot for  
Spela midlane til idrettsanlegg.  
j.f. riggerar V-0732  
Volda 2015*



*e.f. for Heltun*

## **Søknad om godkjenning av byggeplan av kunstgrasbane på Myrane stadion:**

### **Plassering og utforming:**

Vi ynskjer å leggje kunstgras, ei 7ar-bane med mål 60x40 meter, med tilhøyrande sikkerheitssone . Det vert også planlagt nytt lysanlegg for bana.

Denne bana skal vi leggje på eine halva av Myrane stadion som er fotballbana til Folkestad IL (sjå vedlegg for plassering av bana). Myrane stadion er i dag ei grusbane. For å få til dette må vi fjerne delar av øvre gruslag og køyre på ny drenerande toppgrus på dei delane.

Bana fungerer svært godt i dag med tanke på drenering og tørkar raskt opp etter regnfall. Vi må likevel byte ut deler av toppgrusen i ytterkant av bana grunna groing.

Vi må også utvide grusbana om lag 4m-7m i den nye 7ar-bana si lengderetning (maks utviding 48mx7m) for å få plass til sikkerheitssoner.

Her må vi skrape av torv/mold, køyre på fyllmasse, drenerande pukkmasse og toppgrus. Vi legg og ned nye dreneringsrør, trekkerør og kabel for straum til lysmaster, bygg fundament til 2 lysmaster (16m høge) og set opp lysstolpar med lysrigger, (sjå vedlegg for plan for baneutviding, drensnedlegging, plassering av trekkerør for lys og plassering for lysmaster).

Prosjektet inneheld:

- Byte ut delar av toppdekket og justere fall før legging av kunstgras.
- Utbetring av kantar på bana
- Grave opp igjen avrenningsgrøfter rundt bana
- Utvide bana 4m-7m for å få plass til sikkerheitssoner
- Legge ned dreneringsrør langs heile langsida på 11ar-bana for å frakte vekk tilsig.
- Lage ballfangar-/reklamegjerde
- Setje opp stolpar (5m, 10stk) til ballfangarnett og monterer opp dette
- Nytt lysanlegg på komande 7ar-bane. 2 stolpar på 16m, med lysrigger.

### **Plass i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv:**

Fotballanlegget for Folkestad IL –Myrane, er eit etablert anlegg registrert innanfor gjeldande kommunedelplan. Anleggsnr. 15190002.

Det er her fotballbane grus 60x100m med anleggsnr . 1519000201 og klubbhus med anleggsnr 151900202.

Etablering av kunstgrasdekke på eine halvdelen av dagens grusbane er ein naturleg oppgradering for anlegget med sikte på eit aukande aktivitetstilbod for born og unge, der 5.ar og 7-stfotball i dag dekkjer aktuelt behov.

Vi ber om at prosjektet vert prioritert inn i handlingsplan for kommunedelplanen ved komande årssjullering.

### **Behov:**

Folkestad IL har om lag 120 medlemmar. Største aktiviteten er fotball, der vi sesongen 2014 hadde 45-50 aktive spelarar i barne og ungdomsseriane til Sunnmøre Fotballkrets. I tillegg har vi "aktive fotballmosjonistar" i voksen alder som jamleg nyttar anlegget vårt.

I tillegg organiserer vi "fjelltrim", med utlegging av bøker på utvalde løyper og fjell i bygdene våre. Vinterhalvåret tilbyr vi symjing for alle aldrar (symjebassenget på Folkestad skule), allidrett og ymse vinteraktivitetar som skirenn.

Meininga er å tilretteleggje for eit så bredt tilbod av fysisk aktivitet som mogleg, for så mange som mogleg. Vi er også medlem i Møre og Romsdal Friidrettskrins.

I tillegg til fysisk aktivitet ynskjer vi vere ein organisasjon som bidreg for å skape positive sosiale opplevingar i bygdene våre. Vi arrangerer tradisjonelle jonsokfeiringar, bingo, marknad m.m.

For å oppretthalde fotballaktiviteten på Folkestad (med aktive frå bygdene Steinsvik, Dalsbygda, Folkestad, Straumshamn og Bjørkedalen), og forhåpentleg skape nyrekrutering, ser vi det som formålstjenleg å legge kunstgras.

Ved å legge ei 7ar-bane (60m x 40m) på delar av Myrane grus, vil vi får eit anlegg som kan nytte oss i treningsituasjon og i kamp. Ved at vi vedlikeheld den resterande grusbana kan vi nytte denne ved behov i treningsarbeid og ved arrangement av turneringar.

Gjennom dette prosjektet får vi eit for oss funksjonelt anlegg til ei overkomeleg investering. Anlegget stettar då behovet vårt for fotball, samt andre aktivitetar og arrangement som skissert ovanfor.

### **Oppbygging av bana og drenering:**

Dageleg bruk viser at bana drenerer svært godt. Gjentekne gangar har vi opplevd bortimot tørr bana like etter kraftige regnfall (også etter "vekelang" nedbør).

Etter eiga vurdering og synfaring av kunstgrasleverandør og anleggskonsulent i fotballkretsen, er det konstatert at eksisterande bana er tilfredstillande for direkte legging av kunstgras, med berre nytt avrettande toppdekke (grus).

Underlaget der vi skal legge kunstgras består av toppgrus (5cm-10cm). Under toppgrusen ligg ei godt drenerande samfengt masse. Etter dei opplysningane vi har klart å hente inn er denne massen henta frå to ulike masseuttak i bygda, samt at mykje skal ha blitt henta til bygda med båt. Under denne samfengte massen er det truleg variasjonar på korleis bana er bygd opp. Dette grunna at deler av bana ligg på utsprengd grunn, og delar ligg på fylling. Våre erfaringar er at bana drenerer godt over heile planlagde 7ar-bane-området.

Eksisterande bana har einssidig fall mot sidekant.

Ny 7ar-bane vil såleis få einssidig fall i lengderetninga av ny bana.

Målingar utført med laser viser eit jamt fall på 1%.

Langs komande kortside er det eit avvik på desse på +-5cm. Vi vil nytte ny toppgrus til å justere inne på bana. Våre erfaringar er at mesteparten av overflatevatnet på bana (sjølv ved tungt regnfall) sig ned i bana og blir transportert vekk i grunnen.

Vi må lage ei utviding i 7ar-bana si lengderetning for å få plass til sikkerheitssoner. Utvidinga bli 4m-7m, alt etter kor langt ut vi greier å legge bana på andre sida. I denne utvidinga fjernar vi massen som ligg inntil bana og køyrer på ny fyllmasse.

Toppgrus vil vere vaska grus/sand frå Standal Knusverk AS, som har blitt nytta på ein rekke kunstgrasanlegg i området.



Drenering rundt bana blir tatt opp igjen ved oppgraving/avskraping av grøfter. Etter dekking av drenerør vil grøftene ligge minst 30cm lågare en bana sitt nedre punkt og grøftene vil ha fall mot bekkar som transporterer vekk vatnet. Vi grev dreneringsgrøft og legg ned dreneringsrør ved bana sin austlege del. Dreneringsgrøfta vil gå langs heile 11ar-bana, inkludert ved/under 7ar-bane-utvidinga vår, og blir knytt inn på rør som leier vatnet til bekk, slik det også fungerer i dag.

Sjå kart/vedlegg for baneplan, oppbygging og dreneringsplan, samt planløsning for lysmaster og straumkabel.

Bana ligg fint i terrenget og det vert lett tilkomst frå veg/parkeringsareal (vert utvida no) til bana. Tilkost her er vurdert å ha universell utforming.

### **Drift:**

Drifting av anlegget skal dekkast av klubbens ordinære omløpsmidlar. Auka utgifter knytt til drift av kunstgrasbana blir dekt av noko auka treningsavgift og forventa auka aktivitet innan fotballen.

Ein del av dagens utgifter til drifting av grusbana fell også vekk.

Kostnader knytt til slådding av kunstgrasbana vil truleg ikkje vere særleg større en slådding av tilsvarande grusbane. Utgifter til merkekalk til grusbana på 5000kr-10000kr per år fell no bort.

Det nye lysanlegget og større asktivitet/fleire brukstimar vil truleg føre til litt auka straumutgifter, men neppe mykje. Dette etter som vi forventar liten straumauke då det gamle lysanlegget på 11-bana er av elre type som brukar mykje straum når det er i bruk. Vi beheld desse lyskastarane også (slik at vi kan lyse opp heile 11ar-bana), men dei vil bli mindre brukt.

Bana blir tradisjonelt lite brukt om vinteren, då vi har tilbod om trening innandørs i gymsalen på Folkestad skule/Folkestad grendahus .

### **Kostnadsoverslag:**

Grunnarbeid og baneutviding	kjøp	kr.	340 622
Grunnarbeid og baneutviding	rabatt	kr	21.100
Grunnarbeid og baneutviding, dugnad		kr.	132 900
Kunstgrasbane		kr.	712 500
Lysanlegg	kjøp	kr.	344 524
Ballfangarstolpar	gåve	kr.	30 070
Ballfangarnett		kr.	26 613
Fundament stolpar		kr.	29 313
Arbeid stolpar og stolpefundament	dugnad	kr.	24 000
Toppgrus	kjøp	kr.	24 750
Utkøyring planering	dugnad	kr.	8 000
Ballfangar-/reklamegjerde	kjøp	kr.	41.688
- Oppsetting – dugnad		kr.	37.500
Slådd - gåve		kr.	33 000
Administrasjon og byggeleing			
3% av samla kostnad – dugnad		kr.	54.000
<b>Sum:</b>		<b>kr.</b>	<b>1.860.580 =kr. 1.860.600</b>

**Førebels plan for finansiering:**

Tilskot Spelemidlar	KR 620.000
Sponsormidlar (store og små)	
Forventa rabattar og gåvebrev	KR. 650.000
Dugnad / (hovudsakleg knytt til grunnarbeid, gjerde, stolpar ol.)	KR 256.400
Eigne klubbmidlar	KR. 334.200
<b><u>Totalt</u></b>	<b><u>KR.1.860.600</u></b>

**Kommentarar til postane i planlagt finansiering:**

Tilskot spelemidlar: Utrekna frå 33,3% av samla kostnad.

Sponsormidlar:

punktet inneheld store sponsorar (bankar mm), mindre sponsorar som lokalt næringsliv og kronerulling (privatpersonar kan få sponse "sin eigen kvadratmeter"), i bygdene våre. Det vert arbeidd med fullstendig oversikt over gåver/sponsormidlar fram mot endeleg søknad, som vil bli fremja for neste søknadsperiode 2016.

Posten "Eigne klubbmidlar" vil bli brukt som ein buffer i forhold til sponsormidlane.

Får vi inn mindre i sponsorstøtte vil klubben måtte dekke meir av prosjektet. Får vi inn meir sponsormidlar en her skissert, kan vi redusere det beløp klubben må dekke av egne midlar.

Dugnad/rabattar:

Posten er rekna ut i frå det som til no er avtalt av bidrag knytt til arbeid med grunn , gjerde, lysanlegg og ballnett, etter avtale med entreprenør og leverandør. Vil bli komplettert når vi har fått inn alle tilbud/prisar og søknad ver sendt inn.


Tiltaket må lånefinansierast fram til spelemidlar vert utbetalt. Vi føreset kommunal garanti for lån, og vil fremje slik søknad straks førehandsgodkjenning er på plass.

Lånetilsegn er gitt av bank under føresetnad av slik kommunal garanti.

Vi tek sikte på oppstart av arbeidet i vår, og ber om snarleg handsaming av søknaden.


Med vennleg helsing Folkestad IL,

v/leiar Even Lillenes



MYRANE  
FOTBALLBANE

FOLKESTAD IL  
KUNSTGRASBANE - 7-ar bane  
Anleggsnr. 1519000203



## Oppbygging av bana og drenering:

Dageleg bruk viser at bana drenerer svært godt. Gjentekne gangar har vi opplevd bortimot tørr bane like etter kraftige regnfall (også etter "vekelang" nedbør).

Etter eiga vurdering og synfaring av kunstgrasleverandør og anleggskonsulent i fotballkretsen, er det kostatert at eksisterande bane er tilfredstillande for direkte legging av kunstgras, med berre nytt avrettande toppdekke (grus).

Underlaget der vi skal legge kunstgras består av toppgrus (5cm-10cm). Under toppgrusen ligg ei godt drenerande samfengt masse. Etter dei opplysningane vi har klart å hente inn er denne massen henta frå to ulike masseuttak i bygda, samt at mykje skal ha blitt henta til bygda med båt. Under denne samfengte massen er det truleg variasjonar på korleis bana er bygd opp. Dette grunna at deler av bana ligg på utsprengd grunn, og delar ligg på fylling. Våre erfaringar er at bana drenerer godt over heile planlagde 7ar-bane-området.

Eksisterande bane har einssidig fall mot sidekant.

Ny 7ar-bane vil såleis få einssidig fall i lengderetninga av ny bane.

Målingar utført med laser viser eit jamt fall på 1%.


Langs komande kortside er det eit avvik på desse på +-5cm. Vi vil nytte ny toppgrus til å justere inne på bana. Våre erfaringar er at mesteparten av overflatevatnet på bana (sjølv ved tungt regnfall) sig ned i bana og blir transportert vekk i grunnen.


Vi må lage ei utviding i 7ar-bana si lengderetning for å få plass til sikkerheitssoner. Utvidinga bli 4m-7m, alt etter kor langt ut vi greier å legge bana på andre sida. I denne utvidinga fjernar vi massen som ligg inntil bana og køyrer på ny fyllmasse.

Toppgrus vil vere vaska grus/sand frå Standal Knusverk AS, som har blitt nytta på ein rekke kunstgrasanlegg i området.


Drenering rundt bana blir tatt opp igjen ved oppgraving/avskraping av grøfter. Etter dekking av drenerør vil grøftene ligge minst 30cm lågare en bana sitt nedre punkt og grøftene vil ha fall mot bekkar som transporterer vekk vatnet. Vi grev dreneringsgrøft og legg ned dreneringsrør ved bana sin austlege del. Dreneringsgrøfta vil gå langs heile 11ar-bana, inkludert ved/under 7ar-bane-utvidinga vår, og blir knytt inn på rør som leier vatnet til bekk, slik det også fungerer i dag.

Sjå kart/vedlegg for baneplan, oppbygging og dreneringsplan, samt planløyising for lysmaster og straumkabel.







Tittel <b>Revidert typisk snitt</b>			<b>M= 1:10 (A4-format)</b>		
Tegning nr. <b>02</b>		Tegnet av		Dato <b>28.10.2014</b>	
DAK filnavn <b>FOLKESTAD IL 7-er bane Kunstgras</b>					









## Utgreiande om lånesøknad til Folkestad IL sitt kunstgrasprosjekt

### Behov:

Folkestad IL bed om kommunal garanti på eit lån pålydande 750 000,- knytt til kunstgrasbane-prosjektet sitt i Myrane. Prosjektet er kostnadsrekna til 1.860.600 (sjå vedlegg «Signert kommunal førehandsgodkjenning» for detaljar).

Delar av prosjektet er innbetalt, og eit lån på 750 000 vil fjerne usikkerheit rundt endeleg finansiering. Ved eit lån på 750 000,- vil vi ha rammer til å fullføre prosjektet uavhengig av ytterlegare sponsorinntekter. Vi er fortsatt i ein prosess der vi søker sponsorstøtte, då vi enno ikkje har nådd sponsormålet vårt for prosjektet (og dermed foreløpig har ein større del av finansieringa av eigne klubbmidlar enn kva som var målet). Klubben har ute sponsorsøknader som samla kan gi betydelege moglegheiter for mindre klubbdel av finansieringa. Det vil då medføre nedbetaling på lånet.

### Betjening av lån:

Vi set av ein årleg sum på 50 000,- for å kunne betjene lånet. Dei siste åra har Folkestad IL hatt ei omsetning på omlag 110 000,- til 120 000,-. Aktivitet og inntjening har vore justert etter behov. 2014 var omsetninga auka til 164 000,-, hovudsakleg grunna ei større investering i nye drakter og fotballutstyr, og deltaking på Norway Cup. Dette er eit budjett som ikkje inneheld inntekt frå Malakoff-dugnaden (60 000,- dei to siste åra, «øyremerkt» kunstgrasbaneprojektet). Vi har som mål å auke inntjeninga til 200 000,- per år. Dette vil skje utan særleg auke i utgifter (forventa årlege driftsutgifter er omlag 130 000,-).

1) Sponsorinntekter	40000
2) Arrangement	60000
3) Medlemskontingent	20000
4) Treningsavgift fotball	30000
5) Kampavvikling fotball	30000
6) Grasrotandel	15000
7) Midlar idrettsforbundet	5000
8) Diverse inntekter	?
9) Malakoff-dugnad	?

1) Vi har i dag årlege sponsoravtaler på tilsaman 25 500,-. Nytt anlegg, og auka aktivitet gir oss betre forhold for stadionreklame, og vi anser 40 000,- i sponsorbudsjett per år som realistisk.

2) 3 bingoar, basar, bygdestafett, jonsokfeiring. I tillegg kjem andre mindre faste arrangement som marknad, skiløp mm. Slike arrangement har siste åra gitt omlag 10 000,- i snittoverskot.

3) Medlemskontingenten har siste åra gitt rundt 15 000,-. Frå og med inneverande år set vi litt opp kontingenten. I tillegg ser vi aukande medlemsmasse.

4) Treningsavgifta har siste åra gitt 20 000 - 25 000,- i inntekt. Frå og med inneverande år set vi litt opptreningsavgifta (vi er fortsatt billige!). I tillegg ser vi auka deltaking. Inneværande år kjem vi til å sende ut treningsavgift på 35 000-40 000,-.

5) Basert på snittinntekt på heimekampane, og antal heimekampar med dagens aktivitet.

6) Siste åra har vi fått inn rundt 15 000,- i grasrotandel.

7) Var i fjor 5000,-, etter mistydingar rundt idrettsregistreringa. Normalt rundt 10000,-.

8) Andre inntekter finst her og der (t.d. klubbdressalg, loddsalg), men vi tek ikkje det med i denne kalkyla.

9) Malakoff-dugnaden er no inne i sitt siste år av ei treårsavtale som har gitt oss 60 000,- per år. Vi har gode tilbakemeldingar frå Malakoff på arbeidet vårt, og vi forstår det slik at dei vil ha oss med vidare. Arbeidsmengda har auka gjennom perioda, og difor vil framtidig sum gjerne bli høgare.

Sidan det ikkje ligg fore vidare avtale for dei neste åra tek vi ikkje med dette som forventa inntekt, sjølv om det gjerne kan bli ei god inntektskilde for oss også dei komande åra.

Med tanke på skisseringa over ser vi for oss at Folkestad IL går ei trygg økonomisk tid i møte. Folkestad IL skulle såleis greitt kunne betjene eit lån på 750 000,-. God inntjening og aktivitet framover vil gje oss moglegheit til å betale ned på lånet før tippemidlane blir utbetalt.

#### Innløysing av lånet:

I hovudsak treng vi lån for å dekke spelemiddeldelen til prosjektet. Denne summen er skissert til 620 000,-. Ved utbetaling av spelemidlane vil dette i si heilheit gå til nedbetaling/innløysing av lånet. Det er eit klart mål at den resterande del av lånet (som ikkje blir dekt av spelemidlar) skal bli nedbetalt innan spelemiddeltildeling. Ved ytterlegare sponsorinntjening for prosjektet vil deler av lånet bli innbetalt fortløpande.

*Even Lillenes*

Folkestad IL, ved leiar Even Lillenes

Folkestad 01.06.2015

Folkestad Idrottslag  
c/o Kjetil Knutsen  
Dalsfjordvegen 4160  
6120 Folkestad

Deres ref.

Vår ref.  
2015.00701

sted Volda  
09.06.2015

## Tilsagn om finansiering

Vi viser til søknad om finansiering. Basert på den informasjon som her er fremkommet har vi gledet av å tilby følgende:

### Nedbetalingslån til følgende vilkår:

Låntakere:	Folkestad Idrottslag, 00875666312
Lånetype og beløp:	Annuitetslån kr 750.000,-
Kontonummer:	3991.82.20007
Nominell rente:	p.t. 4,500% p.a. med etterskuddsvis kapitalisering ved innbetalt terminbeløp
Effektiv rente:	p.t. 4,830%
Løpetid:	3 år 6 mnd
Avdragsfrihet:	3 år 5 mnd
Terminlengde:	30 dager
Terminbeløp:	kr 2.867,- Se vedlagt nedbetalingsplan.
Terminomkostninger:	kr 50,-
Etableringsomkostninger:	kr 3.000,-
Depotomkostninger:	kr 500,-
Tinglysningomkostninger:	
Belastningskonto:	3991.35.64468
Belastningsdato:	30.07.2015
Formål:	Bygging av kunstgrasbane

Nedbetalingsplan følger vedlagt. Eventuelle omkostninger til det offentlige er ikke med i beregning av effektiv rente.

Vi tar forbehold om endring i rentesatsene dersom det skjer endringer frem til tilsagnsbrevet med vedlegg er mottatt av banken i underskrevet stand. I låneperioden er satsene underlagt bankens alminnelige regler for renteregulering.

**Sikkerhet:**

Kausjonserklæring for bestemt mellomværende pålydende kr 750.000,-

Objekt(er): Kausjon fra 00939760946 - Volda Kommune

Overnevnte verdier skal tjene som sikkerhet i henhold til vedlagte erklæringer.

**Vilkår før utbetaling:**

Banken skal motta kopi av forsikringsdokumentasjon/forsikringsattest.

**Øvrige vilkår:**

Årlig revidert regnskap skal oversendes banken ved kundeansvarlig så snart det foreligger, innen 31.05. hvert år.

Finansieringen er innvilget på betingelse av at låntaker(ne) både per i dag, og til enhver tid i finansierings løpetid, utøver sin virksomhet i overensstemmelse med alle lovbestemte krav og innehar eventuelle nødvendige tillatelser/konsesjoner/dispensasjoner. Brudd på disse forutsetninger innebærer at finansieringen i sin helhet kan anses misligholdt.

Med unntak av de bestemmelser som fremkommer av finansavtalelovens § 2, 2.ledd gjelder ikke lovens øvrige bestemmelser.

**Forsikring:**

Pantsatte aktiva skal til enhver tid være tilfredsstillende forsikret for banken.

Forsikringsselskapet skal på bankens anmodning og for låntakers regning, ha notert banken som panthaver. Lovpålagte forsikringsdekninger forutsettes etablert.

**Motregningsrett:**

Ved ethvert forfalt utestående krav under nærværende kredittavtale inntreer automatisk motregningsrett for banken uten utstedelse av særskilt motregningserklæring.

Motregningsretten omfatter samtlige konti/tilgodehavender som kunden har i banken.

**Tilsagnet er gyldig i 1 - en måned fra dags dato,**

og må aksepteres skriftlig av den/de personer som kan signere i henhold til firmaattest.

Dersom lånet ikke er åpnet innen 3 - tre måneder fra dato, faller avtalen om finansiering bort.

## Akseptformular

Undertegnede bekrefter å ha mottatt tilsagnet med vedlagte dokumenter, som utgjør vår låneavtale. Vi er inneforstått med låneavtalens vilkår og aksepterer disse.

Volda, 19.06.2015

Sted, dato

Evan Lillenes

Folkestad Idrottslag

## Erklæring fra kausjonist

Jeg/vi bekrefter å ha mottatt følgende dokumentasjon:

- Tilsagnsbrev
- Gjeldsbrev
- Kausjonserklæring(er)/Realkausjonserklæring(er)
- Eventuelle pantedokumenter
- Orientering om kausjon
- Opplysninger om angreterrettløven (kun ved fjernsalg)

Jeg/vi har fått tilstrekkelig informasjon om forpliktelsene og rettighetene i henhold til finansavtaleloven, og tid nok til å sette meg/oss inn i vedlagte avtalers betingelser.

Avtale om kausjon er signert i bankens lokaler:

Ja [ ] / Nei [ ]

Aksept: sted/dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Volda Kommune

Vi ber vennligst om bekreftet kopi av godkjent legitimasjon (pass/fører kort utstedt etter 1998/ bankkort m/bilde og fødselsnummer) fra den/de som undertegner på dokumentene.

Vedlagt følger, for underskrift i henhold til firmaattest og snarlig retur til vår bank:

- Tilsagnsbrev
- Gjeldsbrev
- Pantsettelseserklæring(er)
- Pantedokument(er)
- Kausjonserklæring(er)/Realkausjonserklæring(er)
- Erklæring om forsikring
- Utbetalingsfullmakt

I tillegg vedlegges:

- Nedbetalingsplan

Vi håper dere finner vårt tilbud interessant og står gjerne til disposisjon dersom det skulle være noen spørsmål.

Med vennlig hilsen  
**SpareBank 1 Søre Sunnmøre**



Inger Mari Vik



Folkestad Idrettslag  
v/Even Normann Lillenes  
Stigedalsvegen 477

6120 FOLKESTAD

Volda, 9. juni 2015

**TILLEGG TIL TILSEGN OM FINANSIERING AV KUNSTGRASBANE DATERT 9 JUNI  
2015 SAK NR 2015.00701**

Vi viser til tilsegn av 09.06.2015 om finansiering på kr 750.000,- med lånenr 3991.82.20007. I tillegg til det som er avtalt i det tilsegnet, gjelder følgende vilkår for dette lånet:

**Formål med finansieringa på kr 750.000,-:**

Lånet skal nyttast i forbindelse med prosjekt "ny kunstgrasbank" viser til søknad frå Folkestad Idrettslag til SpareBank 1 Søre Sunnmøre.

Innvilga finansiering på kr. 750.000,- føreset at Volda Kommune stiller garanti for heile beløpet.

Ved eit eventuelt avslag vil vilkåra verte endra.

\*Før prosjektet vert sett i gong er det ein føresetnad at alle formelle beslutningar om bygging og låneopptak er godkjend og dokumentert av Folkestad Idrettslag.

\*Før prosjektet vert sett i gong skal det ligge føre endelig tilsegn om at prosjektet er innvilga spelemidlar i samsvar med søknaden.

\*Lånet er innvilga på bakgrunn av dei planar og kostnadsoverslag som er forelagt SpareBank 1 Søre Sunnmøre.

Med helsing  
SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Inger Mari Vik  
Iflg. Spesialfullmakt



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

fagkoordinator Martin Gjendem Mortensen, 71 25 84 40

Vår dato

23.11.2015

Dykkar dato

07.10.2015

Vår ref.

2015/5889/MAMO/334

Dykkar ref.

2015/2274

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2014/2274	Avd. Utv
Løpnr.	St# Fehel
24 NOV 2015	
Arkivde:	Emned
Klassering P:	D11
Klassering S:	

## Volda kommune - Kommunal garanti for lån - Folkestad IL

Med heimel i § 51 nr. 1 i kommunelova og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet), godkjenner fylkesmannen vedtak i kommunestyret frå 1. oktober i år, sak 93/15, om å garantere for eit lån til Folkestad idrettslag.

Lånet skal bli brukt til nytt kunstgrasanlegg med lys.

Kommunen sitt garantiansvar gjeld hovudstol pålydande 750 000 kroner

Garantien vert godkjent som simpel kausjon.

Kommunen sitt garantiansvar skal bli avkorta i takt med utbetaling av spelemidlar og eventuell kompensasjon av mva til anlegget, og i samsvar med føresett nedbetaling av lånet. Garantiansvaret fell bort etter 5 år.

Med helsing

Martin Gjendem Mortensen (e.f.)

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

kopi:

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS Bjørndalsveien 10 6065 ULSTEINVIK

Postadresse:  
Postboks 2520  
6404 Molde

Telefon:  
71 25 84 00

E-post:  
fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Web:  
www.fylkesmannen.no/mr

Org.nr:  
974 764 067



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Liv Bente Viddal	Arkivsak nr.:	2015/2142
		Arkivkode:	167/ 5

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
12/16	Forvaltningsstyret	14.01.2016

### **1519 GBR 167/5 - SØKNAD OM KONSESJON VED OVERTAKING AV FAST EIGEDOM - ARNE VELSVIK**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret viser til søknad datert 22.10.15, om konsesjon på gnr. 167 bnr. 5 i Volda kommune. Forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga og konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gir konsesjon til Arne Velsvik fødd 10.12.36, slik det er søkt om. Vilkår for konsesjonen er at eigedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 167 bnr. 4 i Velsvika.*

Saka gjeld: Handsaming etter konsesjonslova

ephorte saksnummer Volda: 2015/2142 (gjeld frådelling av bustadhus på eigedomen)

ephorte saksnummer Ørsta: 2015/1780

#### **Vedleggsliste:**

1. Søknad frå Arne Velsvik, datert 22.10.15
2. Verdivurdering
3. Gardskart, M 1:7500

#### **Uprenta saksvedlegg:**

1. Kjøpekontrakt

#### **Saksopplysningar:**

Arne Velsvik, fødd 10.12.36, har sendt inn søknad datert 22.10.15, om konsesjon på gnr. 167 bnr. 5 i Velsvika i Volda kommune. Seljar av eigedomen er Astrid Lillerovde, som bur på

bruket. Det ligg ved kopi av verdivurdering og kjøpekontrakt (ikkje prenta) på eigedomen. Det nyaste bustadhuset, bygd i 1981, er ikkje med i verdivurderinga og kjøpet. Seljar ynskjer å behalde dette sjølv, og det er søkt om frådelling i eiga sak, frådelings-saka har positiv tilråding til jordlovsvedtaket. Kjøpesum for eigedommen er oppgitt til 550 000 kr, det same som verdivurderinga lyder på, utanom bustadhuset som er søkt frådelt. Det er opplyst i søknaden at sækjar Arne Velsvik frå før eig gnr. 167 bnr. 4, og at konsesjonseigedomen skal vere tilleggsareal til dette bruket. Eigedomane grensar til kvarandre, og sækjar har drive denne eigedomen ilag med eigen eigedom i lang tid, og planen er å fortsetje med det. Sækjar har lang erfaring med drift og sauehald.

Konsesjonseigedomen gnr. 167 bnr. 5 har etter opplysningar på gardskartet (Skog og landskap) slikt areal: 15,7 da fulldyrka, 7,4 da beite, 138,5 da skog, 7,6 da anna areal; eit totalareal på 169,2 da. Det er oppgitt at det er eldre bustadhus, driftsbygning, røykstove (freda), bud/stabbur, vedbod, gamalskule og kvernhus på bruket. Desse står i tunområdet. Jordbruksarealet er leigd av Arne Velsvik, og er ført opp på hans søknad om produksjonstillegg. Etter våre opplysningar har han leigd arealet i minst 12 år.

Sækjar er busett på og eig gnr. 167 bnr. 4, som er naboeigedomen til bnr. 5. Gnr. 167 bnr. 4 har etter opplysningar på gardskartet (Skog og landskap) slikt areal: 16,7 da fulldyrka areal, 20,6 da beite, 92,8 da skog, 15,3 da anna areal; eit totalareal på 145,4 da. Det er bustadhus og driftsbygning på bruket, og det vert drive med sauehald. Dyretal i juli 2015 var 88 vinterføra sau, areal i drift var 53 da dyrka/overflatedyrka og 76 da beite, der mykje er leigejord.

### **Vurdering og konklusjon:**

I konsesjonslova § 1 står det:

*Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:*

- 1. framtidige generasjoners behov*
- 2. landbruksnæringa*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn*
- 4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser*
- 5. hensynet til bosettinga*

I § 9 står det om forhold av betydning for om konsesjon skal gis, spesielt for landbruks-eigedommar:

*Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særleg vekt på:*

- 1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,*
- 2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettinga i området,*
- 3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løysning,*
- 4. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
- 5. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.*

I tillegg til lovteksten, vert søknaden vurdert etter retningslinene i rundskriv M-2/2009.

Eg vurderer det slik etter dei enkelte punkta i § 9:

- Det føreligg verdivurdering av eigedomen, den er på 550 000 kr, det same som kjøpesummen. Det nyaste bustadhuset er ikkje med i salet, og er søkt frådelt, men eigedomen er likevel bebygd med andre bygningar. Jfr. rundskriv M 2/2012 skal prisvurderinga utelatast der eigedomen er bebygd og prisen er under 2,5 mill. kr, og nærare prisvurdering vert difor ikkje gjort her.

- Bruket har 15,7 da dyrka jord, og 69,9 da produktiv skog. Dette er difor ikkje eit bruk som det ville knyte seg buplikt til ved overdraging innafør nær familie (for at det skal vere buplikt er minimumskravet 25 da dyrka + overflatedyrka jord eller 500 da produktiv skog). I konsesjonshandsaming ved fritt sal kan likevel kommunen setje vilkår om buplikt ved lågare areal. I dette tilfellet bur søkjar på eige bruk, som er nabobruket, og konsesjonseigedommen skal vere tilleggsareal til dette bruket. Eg meiner difor det ikkje er aktuelt å setje vilkår om buplikt for overtaking i dette tilfellet. På sikt kan likevel styrking av søkjarane sitt eige bruk med tilleggsjord frå konsesjonseigedommen, vere med på å sikre framtidig busetjing og drift i området.
- Bruket skal vere tilleggsareal til eige bruk, og har i fleire år vore ein viktig del av driftsgrunnlaget på søkjar sitt eige bruk, så bruken vert jord- og skogbruk som før. Dei to bruka grensar innåt kvarandre, så samanslåinga er ei driftsmessig svært god løysing og ei god bruksrasjonalisering.
- Søkjar eig og driv eigen gard. Han er difor godt skikka til å ta over omsøkte eigedom.
- Sidan bruket framleis skal nyttast til landbruk, og skal vere tilleggsareal anna gardsbruk, vil ervervet ivareta omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Alle rettar og plikter som gjeld gnr. 167 bnr. 5, må følgje med i salet. Dette er naturleg sidan jakt-og beiterettar, m.m., skal fylgje areala.

Ved søknad om konsesjon kan det setjast vilkår etter konsesjonslova §11:

*Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.*

Eitt vilkår kan vere buplikt, men som skrive ovafor meiner eg det ikkje er aktuelt i dette tilfellet, sidan søkjar bur på nabobruket. Bruket er kjøpt for å vere tilleggsareal til søkjar sitt eige bruk, og konsesjonssøknaden er handsama med tanke på dette, slik at eg meiner det må setjast vilkår om at gnr. 167 bnr. 5 skal vere tilleggsareal til gnr. 167 bnr. 4.

### **Konklusjon:**

Det vert tilrådd at Arne Velsvik fødd 10.12.36, får konsesjon på gnr. 167 bnr. 5 i Volda kommune. Det vert sett vilkår etter konsesjonslova om at eigedommen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 167 bnr. 4.

Ørsta, 05.01.2016

Liv Bente Viddal  
Seksjonsleiar kultur og næring  
Landbrukskontoret Ørsta Volda

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Arne Velsvik, Velsvikvegen 687, 6133 Lauvstad  
Landbrukskontoret Ørsta Volda, Rådhuset, 6153 Ørsta

### **Klageinstans:**

**Statens landbruksforvaltning**

**Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eiendom etter konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98**  
 Det er eit krav at ein nyttar dette skjemaet når ein søker om konsesjon

Før ein fyller ut søknaden, bør ein undersøka om overtakinga er konsesjonsfri, jf. rettleiinga på side 3 og 4.

Viddal  
 05 NOV 2015  
 Saksnr. 2015/1780  
 Lapennr. A

Til ordføreren i

Volda.

(kommunen der eiendomen ligg)

Søknad om konsesjon skal sendast til ordføreren innan fire veker etter at avtalen er gjord eller overtakaren har fått rådevelde over eiendomen. På side 3 skal ein gjera greie for viktige tilhøve som ikkje går fram av svara som er gjevne på spørsmåla i felta 1-22. Skøyte, kjøpekontrakt, leigecontrakt eller annan avtale og dessutan takst skal leggjast ved i original eller stadfest avskrift så fram det finst slike dokument. Gjeld overtakinga landbrukseiendom, skal skogbruksplan leggjast ved, så fram det finst ein slik plan.

1	Namnet til søkeren (slektsnamn, føre- og mellomnamn) <b>ARNE VELSVIK</b>		Fødselsnr. (11 siffer) <b>10123648195</b>		
2	Adresse <b>VELSVIKVEGEN 687.</b>		Organisasjonsnr. (9 siffer)		
3	Telefonnr. (8 siffer) <b>97662807.</b>	E-postadresse			
4	Namnet til overdragaren <b>ASTRID LILLE ROVDE.</b>		Fødselsnr. (11 siffer) <b>30061742821</b>		
5	Adresse <b>VELSVIKVEGEN 663.</b>		Organisasjonsnr. (9 siffer)		
6	Nemninga på eiendomen/ane eller retten/ane (namn, gnr., bnr., festenr. eller liknande) <b>RASMUSGÅRDEN GARDS NR 167 bnr NR 5.</b>				
7	Kjøpesum/leigesum (ved arv eller gåve skal ein føra opp påreknna verdi) <b>Nr 550 000,-</b>	Kår av 5-årlig verdi	Kjøpesum for lausøyre		
8	Kommune <b>VOLDA</b>	Fylke <b>MØRE OG ROMSDAL.</b>			
9	Arealstorleik <b>169,2 dekar.</b>	Korleis arealet fordeler seg på dyrka jord, produktiv skog og anna areal <b>15,7 dekar. 138,5 d. 7,6 d.</b>			
10	Viss det ligg føre ein skogbruksplan, før opp fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog.				
11	<b>Bygningar som står på eiendomen i dag (bustadhus, hytte, driftsbygning, forretningsgård, industri og liknande)</b>				
	Bygning (type) <b>DRIFTSBYGN.</b>	Grunnflate i m <sup>2</sup> <b>144m<sup>2</sup></b>	Byggjeår <b>1950</b>	Kor mange etasjar <b>2+gj.kjeller.</b>	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) <b>DÅRLEG.</b>
	Bygning (type) <b>GAMLEHUSET.</b>	Grunnflate i m <sup>2</sup> <b>20</b>	Byggjeår <b>før 1920</b>	Kor mange etasjar <b>1.</b>	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) <b>BRA.</b>
	Bygning (type) <b>RØYKSTOVE</b>	Grunnflate i m <sup>2</sup> <b>33</b>	Byggjeår <b>GAMAL</b>	Kor mange etasjar <b>1.</b>	Teknisk tilstand (god, mjddels eller dårleg) <b>FREDA. (RIKSANTIKVAR)</b>
	Bygning (type) <b>BLID/STABBUR</b>	Grunnflate i m <sup>2</sup> <b>30</b>	Byggjeår <b>GAMAL</b>	Kor mange etasjar <b>1.</b>	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) <b>DÅRLEG.</b>
	Bygning (type) <b>VEDBUD.</b>	Grunnflate i m <sup>2</sup> <b>20</b>	Byggjeår <b>Kondemnabel.</b>	Kor mange etasjar <b>1.</b>	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) <b>SKAL RIVAST.</b>
	Bygning (type) <b>GAMALSKULE</b>	Grunnflate i m <sup>2</sup>	Byggjeår <b>Kondemnabel.</b>	Kor mange etasjar <b>1.</b>	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) <b>SKAL RIVAST.</b>
	Bygning (type) <b>NVERNUS.</b>	Grunnflate i m <sup>2</sup> <b>12</b>	Byggjeår <b>GAMALT.</b>	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) <b>DÅRLEG.</b>
Andre bygningar					

Med sikte på å redusere verksemdene sine oppgåveplikter, kan opplysningane ein gir i dette skjemaet i samsvar med lov om Oppgåveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta og av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningane. Opplysningar om eventuell samordning kan ein få ved førespurnad til Oppgåveregisteret på telefon 75 00 75 00.

12	Rettar som ligg til eigedomen eller som er avtala i samband med overdraginga	
13	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	I tilfelle kva for eigedomar? <i>GARDS NO 167 br No 4.</i>
14	<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	I tilfelle kva for eigedomar?
15	Gjer greie for korleis eigedomen blir nytta i dag (gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal ein gjera greie for drifta av eigedomen) <i>Me har slått gras, og holdt dyrka areal i brukbar hevd. og sauene våre har vår og høstbeita.</i>	
16	Kva planar har overtakaren for bruken av eigedomen? <i>Brøke det som tilleggsjord. Rydde skog og kratt for å kunne bruke det til beite. Eigen domane br no 4 og br no 5 grensar til kvarandre</i>	
<b>Særskilt for jord- og skogbrukseigedomar (landbrukseigedomar)</b>		
17	Ved overtaking av tilleggsjord skal ein her føra opp gnr. og bnr. på den eigedomen søkjaren eig frå før	
18	Kvalifikasjonane til søkjaren (teoretisk og/eller praktisk røynsle frå jord- og skogbruk) <i>LANG ERFARING med drift og sauehold.</i>	
19	Vil søkjaren forplikta seg til å busetja seg på eigedomen innan 1 – eitt – år og sjølv bu på eigedomen i minst 5 – fem – år samanhengande? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Eg søker konsesjon fordi eg ikkje skal busette meg på eigedommen, jf konsesjonslova § 5 annet ledd	
20	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Har overdragaren annan fast eigedom i kommunen som ikkje følger med i overdraginga? I tilfelle kva eigedomar
21	Er det fleire søkjarar, skal det opplysast om søkjarane er gifte eller sambuarar	
22	Dato	<i>22/10. 2015</i>
	Underskrifta til overdragaren	<i>Astrid Lillevaag</i>
22	Dato	<i>22/10 2015</i>
	Underskrifta til søkjaren	<i>Anne Elisabeth</i>
Desse skal ha melding om avgjerda:		
Liste over vedlegg:		

Skjemaet er tilgjengeleg på Internett: [www.sif.dep.no](http://www.sif.dep.no) under «Skjema» og <http://blanketter.dss.dep.no>  
Spørsmål om utfylling rettast til kommunen.

# VERDIVURDERING

av

Gnr 167 bnr 5 i Volda kommune.

Astrid Lillerovde har rekvirert takst over bruket i samband med at ho vurderer å selge bruket utanom våningshuset.

Eigar er Astrid Lillerovde f. 30.06.1947, og hennar medarvingar. Ho sit i uskifta bo.

Vi undertekna tok synfaring på bruket den 8. september 2015 saman med Astrid Lillerovde.

Eigedomen er eit gardsbruk som ligg i Velsvika i Volda kommune. Adressa er Velsvikvegen 663.

Tunet ligg ovanfor hovudvegen og det meste av den fulldyrka jorda nedanfor hovudvegen. Ein anna teig på ca 36 dekar udyrka jord ligg ovanfor og i tilknytning til tunområdet. Elles ligg teigane, 13 i alt, spreidd rundt i området der teigen lengst vest ligg ca 1,2 km unna og ein mindre teig lengst aust om lag like langt borte (sjå vedlagde kart).

I tillegg til dei 13 teigane eig bruket i felles utmark, som er delvis under utskiftning.

Bruket ligg mot nordvest. Sola er borte om lag 4 månader i året, men i sommarhalvåret ligg bruket solrikt til med ope landskap og sjø mot nord og nordvest. I vinterhalvåret er tunet utsett for ver frå nordvest.

Husa på bruket:

	Oppført	Grunnflate	Etasjar	Tilstand
Bustadhus	1981	77 m <sup>2</sup>	1 ½ med kjellar	God
Driftsbygning	Ca 1950	144	2 + gj. kjellar	Dårleg
Gamlehuset	Før 1920	70 m <sup>2</sup>	1	Bra
Røykstove	gamal	33 m <sup>2</sup>	1	Freda
Bud/stabbur	gamal	30 m <sup>2</sup>	1	Dårleg
Vedbu	kondemnable	20 m <sup>2</sup>	1	Skal rivast
Gamal skule	kondemnable		1	Skal rivast.
Kvernhus	gamalt	Ca 12 m <sup>2</sup>	1	Dårleg

Bustadhuset er bygd i reisverk med grunnmur delvis i tilstøyppt gråstein og delvis lekamurar. Tak av pappshingel, 10 cm isolering i vegg og kopla vindu.

Terrasser mot aust og nord, syd og vest. Huset er oppdatert fleire gongar sidan det vart bygd, m.a. terrasser i impregnert tre mot syd og vest og er i god stand. Ny drenering rundt huset i 2009. Privat kloakk med septiktank og privat vatn.



Gamlehuset har vore utleigd til bustad og er i bra stand, men er gammalt og treng ein del vedlikehald og oppussing. Tak av altaskifer. Skade på skifertak må reparerast.

Driftsbygninga : Båsfjøs med sju båsar og plass til ungdyr i bingar. Låve for høy og anna lager med silo . Fjøs og gjødselkjellar i betongmur. Tak av bølge-  
eternitt. Taket må vølast dersom bygninga skal nyttast vidare.

Driftsbygninga er lite tenleg etter dagens krav. I beste fall kan ho nyttast til nokre sauer med litt ombygging, men ei lita sauedrift vil ikkje gi forrentning av bygninga. Bygninga har ein liten verdi som lager for midre maskiner etc. på gardsbruk.

Røykstove: Ei gamal røykstove på bruket er freda og vil gi noko utgifter til vedlikehald i framtida. Har negativ verdi.

Bud/stabbud: I dårleg stand. Gammalt skifertak med skader. Negativ verdi.

Vedsbu: I dårleg stand og skal rivast. Negativ verdi.

Gammalt skulebygg: Er i dårleg stand og skal rivast. Negativ verdi.

Kvernhus: I dårleg stand. Negativ verdi.

Bruket har eit naust på ca 35 m<sup>2</sup> i bra stand, men med rusta dårleg tak av bølgejern. Naustet er fråskild bruket og står på eige bruksnummer (bnr 36) og vert ikkje teke med i taksten då det ikkje skal seljast no.

Arealet på bruket:

	dekar	dekar	
Fulldyrka jord	15,7		
Overflatedyrka jord	0		
Innmarksbeite	7,4		
Sum jordbruksareal		23,1	
Skog sers høg bon.	0		
Skog høg bonitet	61,7		
Skog av middels bonitet	21,1		
Skog av låg bonitet	45,0		
Uproduktiv skog	10,7		
Sum skog		138,5	
Myr	1,0		
Open jorddekt fastmark	5,8		
Open grunnlendt fastmark	0,5	7,3	
Bebygd m.m.	0,3		
Sum anna areal	0	0,3	
Sum areal		169,2	

Utmarsareal (under utskiftning)		327,0	
---------------------------------	--	-------	--

Den dyrka jorda ligg greitt til nær tunet. Det manglar noko drenering og ein del av arealet er vått.

Bruket har ca 130 dekar skog av ulik bonitet, delvis i brattlendt terreng. Bruket får tildelt 327 dekar av felles utmark i pågåande utskiftning. Ein mindre del av dette arealet kan fulldyrkast og ein større del kan dyrkast til beite. Delvis brattlendt areal, Bruket sin del av felles utmark er 23,21 % etter skylda på bruket.

Med grunnlag i utgreiinga ovanfor og etter beste skjøn set vi verdien av heile bruket med påståande bygningar til 1.6000.000,- kroner-  
einmillionsekshundretusen kroner-.

Av praktiske årsaker vil eigaren ha ein takst over bruket utan bustadhuset.


Verdien av bruket utan bustadhus set vi til 550.000,- kroner-  
femhundreogfemtitten kroner-.

Bustadhuset vert etter dette verdsett til 1.050.000,- kroner-  
einmillionogfemtitten kroner-.

Naustet har eige gardsnummer og er ikkje med i denne taksten.

Langevåg den 11, september 2015

  
Ove Kaldhol

  
Per Sortehaug

